

# FOLK i Ryfylke

2011



**tema**

**BEDEHUS**



# FOLK

## i Ryfylke

# 2011

Årbok for Ryfylkemuseet

Utgitt av Ryfylkemuseet

# FOLK i Ryfylke

## Årbok for Ryfylkemuseet

Redaktør: Roy Høibo, Trygve Brandal

Utgivar: Ryfylkemuseet

Nordenden 14

4230 SAND

Telefon: 52 79 29 50

Telefaks: 52 79 29 51

E-post: post@ryfylkemuseet.no

Heimeside: www.ryfylkemuseet.no

### ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.

Abonnementspris: kr. 300,-

Abonnementet inkluderer medlemskap i Venneforeininga til Ryfylkemuseet og gir fritt tilgjenge til alle avdelingar museet.

Bankgiro: 3202.07.01527

Når ikkje anna er sagt, er bileta henta frå Ryfylkemuseets arkiv eller fotograferte av museet i samband med bedehus-prosjektet.

Design: Nenad Ignjatic

Ombrekking og trykk: Gunnarshaug Trykkeri AS

Innbinding: Bokbinderiet Johnsen

ISSN 0800-4692

Foto på baksida:

Glasmaleri fra Bjørheimsbygd bedehus, Strand

# Innhald

## Lekmannsrørsla og bedehusa i Ryfylke

av Tone Alise Årtun

5 FØREORD	22 Det vestlandske indremisjonsforbund, Indremisjons-
7 INNLEIING	22 forbundet IMF
7 Kva er eigentleg eit bedehus?	22 Emissæren
8 102 bedehus	23 KRISTENFOLKET I RYFYLKE KRING 1850
9 KRISTENDOM I RYFYLKE FØR 1800	23 Dei to første bedehusa
9 Tidlege spor etter kristendommen	24 Haugianarsamlingane
10 Pietismen	25 Endringar på det moralske området
11 Kollektiv kristendomsforståing	26 Haugerørsla ikkje like sterk i heile Ryfylke
12 Brødrenevenene	26 Framleis kollektiv kristendomsforståing
13 HAUGIANISMEN	26 Lidingssoga i Suldal
13 Bondesonen som forkynnte til omvending	26 Kvekarane
13 Konventikkelpakten	28 LARS OFTEDAL
14 Skilje mellom "me" og "dei"	28 Prest og vekkingspredikant
14 Haugepredikantar i Ryfylke	29 "Den vestlandske Vækkelse"
15 John Haugvaldstad	31 Skildring av ei samling på Jørpeland i 1884
17 Elling Eielsen	31 Oftedal og bedehusa
17 Vekkingskristendom	32 Bedehuset Bethel på Finnøy
18 Omvending	35 ROSENIANISMEN
20 ASSOCIATIONER	35 "Gamlemisjonen" og Kinamisjonen
20 Stavanger Misjonslag	36 Fleire bedehus
20 Stavanger Bibelforening	37 Regler for Kålabygdens Bedehus
20 Stavanger Traktat-Selskap	38 Striden på Fogn
20 Misjonsforeiningar i Ryfylke skipa av Hans Christian Knudsen	40 SVEN FOLDØEN
21 Misjonsforeining i Strand <i>før</i> H.C. Knudsen	42 Møteform
21 Det norske misjonsselskap NMS	43 Forkynninga
22 Den norske Lutherstiftelsen, Indremisjonen	45 Strid
22 Det norske lutherske Kinamisjonsforbund, Norsk luthersk misjonssamband NLM	47 Emissær i 50 år

48	VERDIAR OG HALDNINGAR PÅ BEDEHUSET	93	BEDEHUSET OG AKTIVITETEN – FØR OG NÅ
48	Nei til liberal teologi	93	Det gamle bedehuset
49	Brodertuksaka på Jelsa	94	Utbetringar
50	Verdige og uverdige i Ten Sing-koret	94	Det nye bedehuset
50	Fokus på den andre trusartikkelen	95	Småmøte og bønemøte
51	Adiafora	95	Møte ved misjonsorganisasjonane
56	Synet på utdanning	97	Basar
59	Barndom på bedehuset	101	Juletrefest
61	Arbeid og pliktkjensle	103	Barne- og ungdomsarbeid
63	KVINNENE SIN PLASS	103	Nyare bedehusaktivitetar
64	Kvinnesynet i misjonsorganisasjonane	106	Lokale skilnader i Ryfylke
65	Kvinnene sine rettar i bedehusstatuttane	109	Huskyrkjene i Strand
65	Kvinneforeiningar	111	BEDEHUSA OG RYFYLKINGEN I DAG
69	BEDEHUS OG UNGDOMSLAG	111	Frå hest og kjerre til privatbil
69	Frilynte ungdomslag	112	Å legga ned eit bedehus
69	Kristelege ungdomslag	114	Å meina det ein ikkje seier
70	Amtsskule, folkehøgskule og kristeleg ungdomsskule	115	Smålåten og audmjuk?
70	Den norske kulturarven	117	Forteljinga om Ryfylke
72	Frå frilynt ungdomshus til bedehus i Kvilldal	119	KJELDER
75	Fekk ungdomslaget brukta bedehuset?	119	Bokliste
76	Kristelege møte i ungdomshuset	120	Upubliserte kjelder
77	Konkurrentar	120	Andre kjelder
79	KORLEIS BLIR VEKKINGA TIL?	121	102 BEDEHUS, EIT OVERSYN
79	Sett innanfrå	147	<b>Årsmelding og rekneskap</b>
81	Vekkinga på Finnøy i 1964, sett innanfrå	147	0 INNLÉILING OG SAMANDRAG
82	Sett utanfrå	148	1 ORGANISERING AV VERKSEMADA
84	Vekkinga i Suldal på 1930-talet, sett utanfrå	153	2 MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE
86	KAN DET KOMA VEKKINGSBØLGJER I DAG?	160	3 MUSEET SOM MØTEPLESS
86	Kristendommen pregar samfunnet i mindre grad	166	REKNESKAP 2010
88	Færre kristne i dag, men større polarisering	166	RESULTATREKNESKAPEN
88	Tryggare liv i dag, færre dramatiske hendingar	166	BALANSEREKNESKAPEN
89	Kristen utan omvending	167	ÅRSBERETNING 2010
90	Å spå om framtida ...		

# Føreord

Årets utgåve av FOLK i Ryfylke er annleis enn tidlegare. Det vanlege før har vore at årboka har romma ei rekke artiklar om eit emne. I år presenterer vi eitt enkelt bidrag, som handlar om lekmannsrørsla og bedehusa i Ryfylke og er ført i pennen av vår medarbeidar Tone Alise Årtun. I tillegg har vi som vanleg med årsmelding og rekneskap for det føregåande året.

Dette skriftet om bedehuskulturen i Ryfylke er eit resultat av det bedehusprosjektet som museet har hatt gåande i nokre år, med mest aktiv innsats i 2010 og 2011. Prosjektet kom i stand ut frå ei erkjenning av at museet sitt arbeid sidan skipinga i 1980 i liten grad hadde retta seg mot dei immaterielle sidene av livet i Ryfylke før og no. Museet har eit ansvar for og ei målsetjing om å ta opp tema som har vore og er viktige for regionen si utvikling. Religionen er opplagt eit slikt tema. Han har spelt ei stor rolle for folk i Ryfylke gjennom lange tider, og truleg større for tidlegare generasjonar enn vår eigen. Når styret for bedehuset Bethel på Judaberg, representert ved styreleiar Tor Øyvind Skeiseid, tok kontakt, var vi difor straks interesserte og gjekk i inn i eit samarbeid for å få til eit prosjekt for dokumentasjon og formidling av bedehuskulturen i Ryfylke. Dette skjedde i 2006 og 2007, og vi kom så langt at vi fekk laga ein fyldig prosjektomtale, som var grunnlaget for å arbeidet med å skaffa finansiering.

Måla som vart formulerte for prosjektet var m.a. å tilby kunnskap om dei materielle og åndelege sidene ved utviklinga av bedehuskulturen, gje bidrag til identitetsbygging og sjølvforståing og synleggjera sentrale verdiar i levesettet til ryfylkingar. For det er slik at bedehuset er ein del av Ryfylkesjela, uansett kva tru og standpunkt den enkelte måtte ha. Verdiane frå bedehuset har prega tankar og haldningar hos fleire generasjonar av ryfylkingar. Forkynninga på bedehuset var noko folk ikkje kunne stilla seg likegyldige til. Når bedehusrørsla var på sitt sterkeste, var ho ein premissleverandør

for folk sine verdival. Alle hadde eit forhold til bedehuset, ingen var likegyldig.

Etter ein del att og fram lukkast vi med å skaffa finansiering for prosjektet. Opprinneleg var det tenkt at ein prosjektmedarbeidar skulle jobba to år i prosjektet, men dette måtte reduserast til eitt år. Ryfylkefondet, Rogaland fylkeskommune og Norsk kulturråd er dei største bidragsytarane, attåt Sparebank 1 SR-Bank Finnøy og ei privat gavé.

Prosjektet kom så smått i gang i 2008 og heldt fram på sparebluss det følgjande året. Kristin Bolstad var engasjert på deltid til å gjera noko intervjuarbeid for prosjektet. I 2010 og 2011 har Tone Årtun vore prosjektmedarbeidar, i periodar kombinert med andre arbeidsoppgåver i museet.

Bedehusprosjektet har resultert i eit fyldig dokumentasjonsmateriale om bedehuskulturen i Ryfylke. Det er gjort mange intervju, det er samla inn arkivmateriale, foto og gjenstandar, og alle bedehusa i dei åtte Ryfylke-kommunane er registrerte. Formidlinga av resultata av prosjektet skjer gjennom ei utstilling på galleriet på bedehuset Bethel på Finnøy og gjennom utgjeving av dette skriftet. Som nemnt hadde vi opprinneleg planar om ei lengre prosjektperiode enn det som vart resultatet. Hadde vi hatt meir tid, kunne vi få gå djupare i analysen av dokumentasjonsmaterialet. Kanskje kan det bli gjort ved eit seinare høve?

Ved fullført løp takkar vi prosjektmedarbeidar Tone Årtun for engasjert og solid arbeid i prosjektet og med utarbeiding av dette skriftet. Og vi håpar lesarane finn mykje av interesse i årets utgåve av FOLK i Ryfylke.



Frå bedehuset Karmel, Jørstadvåg, Ombo.

# Innleiing

Alle kjenner eit bedehus når dei ser eit, og alle veit at eit bedehus ikkje er det same som ei kyrkje. Likevel er ikkje alle heilt sikre på den formelle skilnaden mellom kyrkje og bedehus, eller på kva behov bedehuset stettar, som kyrkja ikkje kan ta seg av.

Dette årsskriftet prøver å visa kva som førte til at bedehuset oppstod. Sjølv om den same utviklinga fann stad – i større eller mindre grad – over det meste av landet, er det særleg Sørvestlandet som er kjent for dei mange bedehusa, og som har fått tilnamnet "Bibelbeltet". Framstillinga vår koncentrerer seg om framveksten av lekmannsrørla i Ryfylke frå tidleg 1800-tal og følgjer denne utover på 1900-talet då dei religiøse vekkingane var på sitt mest intense. Bedehusa grodde fram i spora etter vekkingane. Framstillinga er forsøkt ført fram til nåtid, men eit fullstendig oversyn over det som skjedde, er dette ikkje. Emnet er altfor stort til det. Håpet er å gi nokre glimt inn i ein kultur som har sett sterkt preg på regionen vår, og som framleis – om enn i mindre grad – er ein del av Ryfylke.

## KVA ER EIGENTLEG EIT BEDEHUS?

Det er det offentlege som tar seg av kyrkjebygginga. Soknet har ansvaret for vedlikehaldet av kyrkjene, og kommunane gir økonomisk tilskot til dette arbeidet. Ein prest i den norske kyrkja må ha teologisk embeteksamen, han eller ho er statsstilsett og får løna si frå den norske staten.

Bedehuset har eit heilt anna opphav. Vanlegvis har det kome til etter ei vekking ved at dei nyfrelste har ønska seg ein plass der dei kan samlast om Guds ord, der dei gjennom fellesskapet kan styrka kvarandre i trua, og der dei kan halda møte som fører til at nye sjeler vert frelste. Ofte har dei mest brennande gått rundt i krinsen og bede folk teikna seg på ei liste dersom dei kunne bidra med pengar eller med dugnadssinnsats. Tomt fekk dei gjerne vederlagsfritt av ein grunnigar som høyrd med til den frelse flekken.

Kven som eigentleg eig bedehuset, har ikkje alltid vore avklart. Det vanlege var at det var "bygdefolket" eller "kristenfolket i krinsen". Det kunne og vera ei lokal misjonsforeining. Her er det eit visst skilje mellom Aust- og Vest-Noreg. På Austlandet var det vanlegast at ei misjonsforeining åtte bedehuset, mens det på Vestlandet oftast var bygdefolket eller kristenfolket.

På bedehuset kan lekfolk tala. Ein bedehuspredikant treng ikkje ha teologisk utdanning. Bedehuset har heller ingen fast predikant. Møta er ofte leia av ein kristen som bur i krinsen, og slik høyrrer til bedehuset. Ein av desse lokale truande kan og halda talen, men ofte kjem det ein tilreisande emissær, eller predikant, som står for talen. Han er vanlegvis utsendt frå ein av misjonsorganisasjonane og får løna si frå denne.

Bedehuset har altså kome til frå grasrotnivået og er slik eit uttrykk for ei demokratisk utvikling i Noreg. Samtidig har bedehuset, som den norske statskyrkja etter reformasjonen, stått fast på evangelisk luthersk grunn. Derfor har det ikkje kome til noko brot mellom kyrkja og bedehuset. Bedehusfolket har ofte deltatt på gudsteneste i kyrkja og sett bedehuset som eit supplement til denne, men tidvis har tilhøvet mellom kyrkje og bedehus vore vanskeleg.

I kyrkja er det teologane som rår, på bedehuset er det lekfolket. Det har likevel ikkje vore fritt fram for kven som helst på bedehuset. Statuttar, lovar, som regulerer bruken, har som regel blitt vedtekne så snart bedehuset har stått ferdig. Desse sikrar at huset vert bruk "rett". Statuttane for dei ulike bedehusa er ofte nokså like og ser ut til å vera laga etter same mal. Statuttane seier at det må veljast eit bedehusstyre som har ansvaret for at lovane vert følgde. Det vert og sagt noko om kven som har stemmerett på årsmøtet når nytt styre skal veljast. Stemmeretten er ofte avgrensa til dei som er "kristlig-innede", men ikkje alltid. Ofte har alle vaksne i bygda eller krinsen stemmerett.

Statuttane regulerer og kven som kan halda møte på bedehuset. Her er det alltid understreka at det må vera ein person som står på evangelisk luthersk grunn. Dermed er pinsevenner, baptistar, metodistar og andre dissentarar utestengte. Elles er døra høgare og vidare når det gjeld møteverksemd som ikkje er av religiøs art. Bedehuset har ofte fungert som eit grendahus, der bondeforeiningar, handelslag og andre har halde medlemsmøte. Det er styret som må gje løye i slike høve, og dei skal då bruka samvitet sitt og skjøn for å avgjera kven som kan låna huset.

Dei første bedehusa kom på 1800-talet. I Ryfylke har Strand og Hjelmeland knivast om å ta æra for landets første bedehus i høvesvis 1837 og 1840, men det var på byrjinga av

1900-talet at bedehusbygginga skaut fart. Kring 1960 stilna det av, men stoppa ikkje heilt opp. Det nyaste bedehuset i Ryfylke i dag ligg på Bru i Rennesøy kommune. Det vart sett opp i 2002 og erstatta då eit gammalt som hadde stått på øya sidan 1919.

## 102 BEDEHUS

Sistedelen av dette årsskriftet viser eit oversyn over alle bedehusa som står, eller har stått, i Ryfylke. Me har funne 102. Kanskje finst det fleire. Ofte har kristelege møte funne stad på skulehus eller ungdomshus, men desse er ikkje rekna med i oversynet vårt. Me har berre tatt med dei bygningane som har lovar, statutar eller vedtekter som kallar dei bedehus.

# Kristendom i Ryfylke før 1800

Kristendommen vart innført til Noreg for rundt rekna 1000 år sidan. Fram til 1536 var det katolisismen som rådde her i landet, men med reformasjonen vart den lutherske læra innført, og nordmennene gjekk frå å vera katolikkar til å bli lutheranarar eller protestantar, som dei og gjerne vart kalla.

## TIDLEGE SPOR ETTER KRISTENDOMMEN

Dei første kristne bygde tidleg gudshus for å ha ein stad å tilbe den nye guden som dei kalla Kvite-Krist. Den eldste kyrkja i fylket finn me i Stavanger. Domkyrkja der er påbegynt i 1125, altså i katolsk tid. Men også i Ryfylke vart det sett opp kristne byggverk lenge før reformasjonen.

Det eldste merket, som framleis står, og som ikkje er ein bygning, men ein steinkross, finn me på Kvitsøy. Han står ved Leiasundet og har vore brukt som seglingsmerke for skipsfarten i 1000 år. Det vil seia at han må ha blitt reist i kristendommens tidlegaste tider her til lands. Somme meiner at han kan vera ennå eldre, kanskje frå 900-talet, og då reist av engelske misjonærar. Elles har det og stått ei steinkyrkje ved krossen på Kvitsøy, og denne kyrkja kan ha vore ei av dei tidlegaste i Noreg.

På Rennesøy ligg Sørbø kyrkje, ei steinkyrkje som er den eldste kyrkja som framleis står i Ryfylke. Ho vart truleg bygd så tidleg som kring 1130. I Rennesøy kommune ligg og Utstein kloster, frå kring 1260. Munkane som budde her, høyrd til augustinarordenen og hadde strenge rutinar med bibellesing, bøn og messer. På det meste kan det ha vore 20 – 30 munkar her. Til klosteret hører ei steinkyrkje, truleg bygd samtidig med klosteret.

På øya Talgje i Finnøy kommune står ei steinkyrkje som er sett opp på midten av 1100-talet. Ho er bygd av vanleg gråstein, men med kleberstein i hjørna. Steinhoggarbeidet er av svært høg kvalitet og er kanskje utført av dei same som bygde Stavanger Domkyrkje. På sjølve Finnøy står Hesbykryr-



Steinkrossen ved Leiasundet på Kvitsøy har vore seglingsmerke for sjømenn i mange hundre år. Kanskje er han meir enn 1000 år gammal.

kja, også denne bygd i stein, men kring hundre år yngre enn den på Talgje. Ein reknar med at Hesbykyrkja vart sett opp kring 1250.

I dagens Strand kommune stod det i mellomalderen ei kyrkje på Strand og ei i Voster. Desse finst det skriftlege kjelder om, og ein reknar med at Vosterkyrkja var den eldste, sjølv om byggeåret er ukjent for begge. Årstalet 1175 skal ha stått på en eine klokka i Vosterkyrkja. Strandakyrkja låg truleg på Strand, der dagens kyrkje ligg. Den eldste var rimelegvis ei stavkyrkje og er første gong nemnt i 1280. I følgje tradisjonen skal det og ha stått ei kyrkje på Barka og ei lita kyrkje eller kapell i Bjørheimsbygd.<sup>1</sup>

På Jelsa, i dagens Suldal kommune, stod det ei kyrkje frå tidleg middelalder på same staden som dagens kyrkje står. Den første gongen ein møter denne kyrkja i skriftlege kjelder, er i 1286.<sup>2</sup> På Sand i Suldal er det nemnt ei kyrkje på 1200-talet. Det var ei stavkyrkje som stod på haugen der gravplassen ligg nå.<sup>3</sup> Ei klokke frå denne kyrkja heng på Ryfylkemuseet i dag.

I Suldal er det i 1319 nemnt ei stavkyrkje på Vinjar,<sup>4</sup> men når ho vart bygd, er uvisst.

I Årdal, Hjelmeland kommune, står det i dag ei renessansekyrkje frå 1620. Etter segna skal det ha stått ei trekyrkje, bygd kring 1200, på same staden.

Truleg har det stått ei mellomalder stavkyrkje på Fister.<sup>5</sup>

I 1860 vart den gamle kyrkja som låg i Hjelmelandsvågen, riven. Ho var då over 600 år gammal. Ein reknar med at ho var bygd ein gong på 1200-talet.

I Sauda stod det i mellomalderen ei lita trekyrkje på Kyrkjehaugen i Saudasjøen. Truleg var ho frå 11- eller 1200-talet.<sup>6</sup>

Som me ser, sette kristendommen tidleg spor etter seg i Ryfylke, som i resten av landet. Men dette årsskriftet skal handla om bedehusa i Ryfylke, ikkje om kyrkjene. Ikkje før på 1800-talet blei dei første bedehusa bygde. Folk hadde altså greidd seg med kyrkja i mange hundre år før det oppstod eit behov som denne ikkje kunne stetta. Dette behovet kom som

ein følge av at lekmannsfolket voks fram, og med dei – eit nytt kristedomssyn.

## PIETISMEN

Mange har hørt historia om dei to norske turistane som kom til passkontrollen i eit afrikansk land. Ein politimann sjekka passa nøye og spurde så kva religion dei høyrde til. Sidan dei nølte litt med svaret, prøvde afrikanaren å hjelpe til med eit nytt spørsmål. "Christians?" Nå vart nordmennene flakkande i blikket og begynte å diskutera seg imellom. Så vende dei seg til politimannen og prøvde å forklara noko om at dei ikkje akkurat var personleg kristne, men ... Dette forstod politimannen ingenting av, men han skjøna at dei var usikre på om dei var kristne, så for å hjelpe dei vidare, stilte han eit nytt spørsmål: "Muslims?" Først då kunne dei norske gi eit klart svar: "Nei, ikkje muslimar – kristne!"

Det at nordmenn ikkje utan vidare vil vedgå at dei er kristne, kan sjølv sagt ha med sekulariseringa å gjera. Sjølv om dei fleste framleis er medlemmer av den norske kyrkja, er det ikkje sikkert at dei er særleg sterke i trua eller tar kristendommen på alvor. Når dei er seg bevisste eit skilje mellom personleg kristne og andre kristne, har det med pietismen å gjera.

Pietisme blir ofte likestilt med eit mørkt og fordømmande kristendomssyn, og mange meiner at det er ein slik kristendom me finn på bedehuset. Det er korrekt at bedehus og pietisme høyrer saman, men det kan vera interessant å sjå litt bakover i tid for å finna opphavet til pietismen og kva som eigentleg ligg i ordet.

Då må me til Tyskland på 1600-talet. Der gav teologen Philip Jacob Spener i 1675 ut boka *Pia desideria*, som ordrett omsett til norsk blir *Fromme ønske*. Me har faktisk uttrykket "eit fromt ønske" i moderne norsk. I det ligg det noko om eit ønske som ein håpar skal gå i oppfylling, men som ein er nokså sikker på ikkje vil gjera det. Her har me nok over tid fått ei forskyving av innhaldet, for det var nok ikkje dette Spener hadde i tankane med tittelen på boka si. Det som ligg i tittelen kan kanskje heller omsetjast til "Åndelege behov". Likevel er det klart at ordet pietisme kjem av det latinske *pietas*, som på norsk tyder *from*, og det ligg noko audmjukt, snilt og forsiktig over det å vera from.

1 Holger Barkved, s. 79 – 80

2 Ola Foldøy, s. 214


3 Ola Foldøy, s. 231

4 Suldal heradstrye 1837 – 1937, s. 19

5 Trygve Brandal 1, s. 160 – 161

6 Arvid Lillehammer 1, s. 86

Spener hevda at kyrkja, det vil seia prestane, mangla ei varm og levande tru. Dei hadde nok intellektuell kunnskap om kristendommen, men innsikt og kunnskap er langt frå det same som ei brennande og nderleg tru. Det viktigaste var *omvendinga*, meinte Spener. Og ei omvending har med kjensler, ikkje fornuft, å gjera. Trua måtte flyttast frå hjernen til hjarta. Sjølv om dette, reint fysiologisk, berre gjeld ein distanse på kring 30 cm, fekk det store konsekvensar for kristendomssynet, også i Noreg.



Frå Bjørheimsbysgden bedehus, Strand.

Dersom det viktigaste var omvendinga, det å bli frelst, å berga sjela frå fortaping, ville det innebera eit tydeleg vendepunkt i livet og danna eit **før** og **etter**. Den som var omvendt, ville føla seg "fødd på ny" og bli fylt av ei sann glede over å vita seg frelst. For å få trua til å fylla hjarta, måtte ein først og fremst lesa i Bibelen, åleine og saman med andre, for gjennom Bibelen kunne Gud tala direkte til eit menneske. Dessutan var det viktig at bibellesinga ikkje skjedde etter nokon fastsett plan, slik det gjorde i kyrkja, men at lesinga skjedde fritt og "tilfeldig", slik at Gud fekk styringa. Ein person som hadde den personlege, levande trua i hjarta, ville automatisk leva eit liv som gjorde det synleg for alle at han var ein kristen. Det var trua som frelste, men eit endra levesett ville koma som ein konsekvens. Det er her det fromme, pietistiske, kjem inn. Ein from, pietistisk, kristen var audmjuk, nøysam og forsiktig på livsferda. Men når det gjaldt trua, var han brennande og urokkeleg.

Slike kristne har det vore mange av på norske bedehus.

Med pietismen fekk misjonsbefalinga i Bibelen ny aktualitet. Konsekvensane for dei som ikkje hadde gått gjennom ei omvending, var dramatiske. Helvete var ein realitet og verda var full av ufrelste heidningar. Ansvaret kvilte tungt på dei freste.

Til Noreg kom pietismen i ei moderat form kring 1700. Her vart desse nye tankane, saman med ideal frå opplysingstida, ei medverkande årsak til at staten tok på seg eit oppdragarsvar og innførte tvungen konfirmasjon i 1736 og allmenn skuleplikt tre år seinare. Opplæring i kristendom var hovudmålet med desse tiltaka. Denne varianten av pietismen blir gjerne kalla *statspietisme*, sidan det var staten, ikkje folket, som hadde regien.

### KOLLEKTIV KRISTENDOMSFORSTÅING

Nordmenn flest heldt fast på den gamle, kollektive kristendomsforståinga gjennom heile 1700-talet. Det vil seia at dei gjekk i kyrkja dei søndagane det var gudsteneste og til alters minst to gonger i året, som dei hadde plikt til å gjera. I tillegg konfirmerte dei seg i kyrkja, gifte seg og bar borna sine til dåpen. Når livet var slutt, ville presten stå for jordfestinga, og eit liv i det hinsidige var å rekna med. Det var få som stilte spørsmål ved dette. Kyrkja var ein naturleg, og nødvendig, del av livet. Var ein borgar av det dansk-norske riket, fekk ein



Frå bedehuset Betania, Reilstad, Finnøy.

kyrkja med på kjøpet. Så lenge folk heldt seg på rett side av lova, var presten, i alle fall på landsbygda, den offentlege tenestemannen dei hadde mest kontakt med.

Tanken om at det skulle vera nødvendig med ei omvending for å få den rette kjensla i hjarta, at det skulle vera nødvendig med eit personleg forhold til Gud, hadde ennå ikkje slått ned blant nordmenn flest. Dei godtok at det var presten, og berre han, som skulle forkynna Guds ord. Pietismen var framleis ukjent for dei fleste.

### BRØDREVENENE

Men det fanst unntak. Brødrenevenene, eller herrnhutarane, som dei også vart kalla, var ei grein av den tyske pietismen som kom til Noreg på 1700-talet. Denne retninga fekk først fotfeste i Christiania, men breidde seg sidan langs sørlands-kysten til Bergen. Stavanger hadde tidleg eit aktivt brødremenilmiljø. Medlemmene var for det meste frå eit høgare sosialt lag. I Stavanger var futen Søren D. Schiøtz, presten Gabriel Kielland, postmeister Caspar K. Kielland og forretningsmannen Sven E. Svensen aktive i rørsla. Dei heldt eigne samlingar der postille-lesing var viktig, og der dei song mykje. Folk

måtte sjå og føla seg som syndarar før dei kunne tru at dei ville få forlating for syndene. Det vart lagt stor vekt på nåden, og på den lidande og blodige Kristus. Dei stod for ein streng pietisme, og soknepresten i Hå såg med ublide auge på dei. Han uttalte at dei tvinga på samvitet ei mengde menneskeskapte lovar og reglar, og at dei stempla mange "i sig selv aldeles uskyldige Ting som syndige og aabenbare Djævelens Gjerninger".<sup>7</sup>

I Ryfylke oppstod det på 1800-talet brødresamfunn på Mosterøy, Finnøy, i Strand, Årdal og på Fister. Presten Gabriel Kielland kom til Finnøy i 1824 og var opphavet til at desse tankane slo rot der. Noko seinare på 1820-talet var han vikarprest i Strand, så det kan vera at han var opphavet til rørsla der og. På Fister var Sven S. Sigmundstad (1811 – 1891) ei tid ein av leiarane i kristenflokkene. Han var ein god ven av Stefan Due i Stavanger, som var aktiv i brødremenigheten der.<sup>8</sup>

7 Lars Gaute Jøssang, s. 34  
8 Åsmund Sigmundstad, s. 2

# Haugianismen

Kring 1800 begynte dei pietistiske tankane å bli kjente blant folk. Nokre følte ei uro over seg og tok til å tvila på om dei hadde det rette forholdet til Gud. Mange byrja å sjå med skeptiske auge på presten, som på den tid ofte var rasjonalist og la meir vekt på folkeopplysing enn på det åndelege livet. I tillegg var det vanskelege tider i landet. Folk flest hadde eit strevsamt liv. Avstanden mellom prest og ålmuge var enorm, noko som ikkje gjorde folks misnøye med presten mindre.

## BONDESONEN SOM FORKYNTE TIL OMVENDING

Hans Nielsen Hauge er det største namnet i Noreg når det gjeld lekpredikantar og pietisme. Det var han som gjekk og pløgde i april 1796 då han fekk ei openberring frå Gud om at han skulle gå ut blant folk og forkynna til omvending og frelse. Denne opplevinga fylte Hauge med ein inderleg fred og ei intens glede som han måtte dela med andre. Dei første han fortalte det til, var familien, og alt same kveld hadde to av søstrene hans opplevd ei liknande omvending. Etter dette begynte Hauge å reisa rundt, det vil seia – han gjekk til fots – for å forkynna at den gamle vanekristendommen ikkje var nok, folk måtte venda om og verkeleg sjå kor syndfulle dei var, før dei kunne ta imot nåden og frelsa. Det var altså dei pietistiske tankane som tidlegare hadde oppstått i Tyskland, han bar vidare. Hans Nielsen Hauge var bondeson, og han hadde inga formell utdanning. Likevel tala han med stort frimot Guds ord. Han var frå Østfold, og dei første reisene gjorde han på Austlandet. Seinare reiste han langs Sørlandskysten og heilt nord til Trøndelag. I Rogaland var han fire gonger. Over alt fekk han mange tilhøyrarar, og dei som tok læra hans til seg, vart kalla haugianarar etter leiaren.

## KONVENTIKKELPLAKATEN

I Hauges tid, tidleg på 1800-talet, var det ikkje uproblematisk å vera lekpredikant. Det var ei lov som forbaud lekfolk



Hans Nielsen Hauge, måla i København kring 1800.

å preika Guds ord i forsamlingar viss ikkje ein prest var til stades og hadde samtykka i at møtet kunne haldast. Denne lova er kalla "Konventikkelpakaten" og stod ved lag til 1842. Tanken var å sikra seg mot falsk og feil kristendomstolking og i tillegg unngå folkerørsler som kunne bli farlege og brysame for styresmaktene. Hans Nielsen Hauge si reiseverksemd og preikesamlingar kom i konflikt med Konventikkelpakaten, og han vart sett i arrest fleire gonger. Den siste gongen, i 1804, enda det med fengsel i 7 år. Han overlevde desse åra, men helsa fekk ein alvorleg knekk etter harde soningsvilkår, og han gav seg etter dette med reiseverksemda.

### SKILJE MELLOM "ME" OG "DEI"

Hauge braut aldri med statskyrkja, og haugianarane var flittige kyrkjegjengarar. I tillegg heldt dei møte, eller samlingar, som dei helst sa, dei søndagane det ikkje var gudsteneste og gjerne andre vekedagar og. Dei hadde ingen forsamlingshus å møtast i, så dei samlast i heimane. Kritikken deira av kyrkja gjekk på at mange av prestane mangla ei personleg gudstru og stod for ein kald og likegyldig vanekristendom. Haugianarane var altså meir brennande i trua enn prestane, dei hadde behov for å møtast ofte – til "oppbyggelse" og for å støtta kvarandre på den smale vegen mot himmelen. Haugianarane la stor vekt på omvendinga. Denne ville føra til ein djuptfølt syndeanger. Det var viktig å leva rett, slik dei ti boda kravde. Som ein konsekvens av dette førté dei ein puritansk livsstil og var prega av eit nokså dystert alvor. Forfattaren Alexander Kielland har skildra Madam Torvestad, enke etter ein av leiarane for brødrevnen, som ein streng og trøngsynt representant for pietismen i romanen "Skipper Worse".

Med pietismen og haugianarane kom det altså til eit skilje mellom "me" og "dei", mellom dei som var omvende, og dei som ikkje var det. Likevel tok dei ofte aktivt del i det jordiskelivet. Hans Nielsen Hauge var ein pioner når det galdt forretningsverksemd. Han fekk finansiert og sett i gang fleire forretningsverksemder. Pengar kunne han samla inn hos trusfrendane. Blant anna oppretta han eit trykkeri der han fekk mangfaldiggjort eigenprodusert oppbyggelseslitteratur.

### HAUGEPREDIKANTAR I RYFYLKE

Det at Hans Nielsen Hauge skreiv, trykte og fekk distribuert tankane sine om eit rett kristenliv, fekk mykje å seia for ut-

breiinga av haugianismen som slik nådde lengre enn Hauge sjølv. Som nemnt ovafor, var han fire turar i Rogaland, og truleg var han berre to av gongene innom Ryfylke, men få stader fekk tankane hans likevel betre grobotn enn her.

I 1802 kom Hans Nielsen Hauge frå Telemark og la reiseruta gjennom Røldal, Suldal og Sand, før han for vidare til Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats og Skjold. Det er ikkje så mykje som er kjent om denne ferda, men han skal ha halde møte i Suldal. Ei kone frå Littlehamar var i sjelenaud, og ho skal sagt at det letta mykje då ho fekk tala med Hauge.<sup>9</sup> Dessutan veit me at han må ha halde møte på Sand, for det er sagt at Lars Brekke frå Sauda vart gripen av Hans Nielsen Hauge si forkynning der i 1802.<sup>10</sup> Det same skal ha skjedd med sandsbuen Knut O. Hiim, som 19 år gammal vart frelst då.<sup>11</sup>

Fem år seinare, i juli 1807, fekk den 21 år gamle Lars Olsen Eide hjelp av to karar på Sand til å rømma over til Setesdal. Han hadde tidlegare rømt frå arresten på lensmannsgarden på Jelsa der han hadde hamna på grunn av kvegtjuveri. Ein av dei to som hjelpte han, var bonden Anders Hansen frå garden Helland. Han rodde rømlingen over Lågen i båten sin, og han stakk ei andaktsbok av Hans Nielsen Hauge i neven hans.<sup>12</sup> Det er tydeleg at Hauge sette spor etter seg på Sand.

I Skjold heldt Hans Nielsen Hauge møte på Svantesvoll. Lars Oftedal siterte seinare ei gammal kone han hadde snaka med, som den gongen i 1802 – som lita småjente – hadde vore på møtet med Hauge. Ho hugsa at han såg "bli'sleie og jille ut", og at han gjekk i kortbukse.<sup>13</sup>

Presten A. C. L. Heiberg på Rennesøy skreiv i 1804 eit brev til kanselliet i København der han skildrar innverknaden Hans Nielsen Hauge har hatt på det religiøse livet i soknet. Han skriv der at det er fire personar som utmerkar seg. Desse har gjort det til ein vane å samla dei såkalla "hellige" etter søndagspreika på, eller ved, kyrkjebakken, for å verva tilhengjarar. Det har til og med gått så langt, skriv Heiberg indigert, at "*man har istemt en salme.*" Presten skriv vidare at dei fire i det siste har gått over til å halda samlingane meir i det skjulte, og at dei har tatt til å reisa til framande sokn, "*især til*

<sup>9</sup> Johan Veka 1, s. 84

<sup>10</sup> Arvid Lillehammer 1, s. 583

<sup>11</sup> Johan Veka 1, s. 75

<sup>12</sup> Arvid Lillehammer 2, s. 83

<sup>13</sup> Johan Veka, s. 74



Målarstykket "Haugianerne" av Adolph Tidemand er frå 1852 og heng på Nasjonalgalleriet i Oslo. Foto: Nasjonalgalleriet.


fjells". Heiberg avsluttar denne rapporten med å uttrykka uro over kva denne "omflakning" kan føra med seg av "uleiligheter" og "smittsomme sykdommer".<sup>14</sup> Mellom dei fire personane han siktat til, var Willum Willumsen Hodnafjell (1760 – 1825) og Knud Jakobsen Hodnafjell (1760 -1832). Desse to er best kjende som "dei blinde på Hodnafjell". Begge vart blinde som følgje av ein koppeepidemi i barndommen. Kristendomssynet deira gjekk truleg meir i retning brødrevanene enn haugianarane. Den tredje personen Heiberg siktat til, var

drengen Nils Trulsen på Bru, og den siste var John Rasmusson på Haugvaldstad.

### JOHN HAUGVALDSTAD

Størst konsekvens for kristenlivet i Ryfylke hadde turen Hans Nielsen Hauge gjorde i 1801 då han oppsøkte bonden John Haugvaldstad på Mosterøy. Haugvaldstad hadde gjort fleire freistnader på å få kontakt med Hauge, han hadde gjort lange reiser for å nå i han, men utan hell. Dette må Hans Nielsen Hauge ha fått bod om, for i 1802 var det han som oppsøkte Haugvaldstad. Etter samtalane med Hauge, som berre stop-

14 Rennesøy prestegjeld 1937 – 1937, s. 176



Byste av John Haugvaldstad, som står ved Misjonshøgskulen i Stavanger.

pa eit par dagar på Mosterøy, vart Haugvaldstad haugianar. Han reiste rundt og talte folk til omvending, slik Hauge gjorde, og han var den første av haugevenene i Rogaland som torde å legga ut på preikeferd etter at Hans Nielsen Hauge var sett i arrest i 1804.<sup>15</sup> Haugvaldstad var ein av dei personane presten Heiberg sikta til då han i 1804 klaga over at det vart halde samlingar på kyrkjebakken etter søndagspreika.

I følge munnlege overleveringar i Sjernarøy skal Haugvaldstad på eit møte der ha hørt to unge jenter syngja og etterpå ha sagt til dei: "De må akta dykk at de ikkje syng for

15 Johan Veka 1, s. 32

Djevelen." Dette sette slik støkk i jentene at det gjekk lang tid før dei torde å syngja igjen.<sup>16</sup> Slik kunne nok Haugvaldstad skremma folk vekk frå seg. Han åtvvara gjerne mot farar som lurte over alt i det verdslege livet. Målet var å koma så nær Gud som mogeleg, og då måtte ein halda seg vekke frå alt som kunne øydeleggja for dette. Etter møta han heldt i Sjernarøy, skal likevel mange ha kome fram til liv i Gud, er det sagt. Det skjedde ikkje med ein gong, men grodde fram litt over tid.

I 1810 flytte John Haugvaldstad til Stavanger og tok borgarskap der i 1816. Han dreiv med tømmerhandel, sagbruk, notbruk og eksport av saltsild til hamnene ved Austersjøen. Som forretningsmann gjorde han det svært godt, og på det meste heldt han 30 mann i arbeid. I tillegg var han den åndelege hovdingen for haugevenene i Rogaland.

Haugvaldstad fekk tilnamnet "Hellig John", og han meinte det var viktig at ein kristen hadde ein audmjuk framtoning. Blant anna skal han ha lagt seg til ein spesiell måte å gå på. Haugevenene brukte uttrykket "Å gå som John" om ganglaget hans. Tradisjonen vil ha det til at Hans Nielsen Hauge sjølv skal ha reagert på at Haugvaldstad hadde ein påfallande måte å te seg på, og at han meinte dette ikkje var frå Gud, men heller noko han hadde funne på sjølv. Dette skal han ha sagt direkte til Haugvaldstad då desse to møttest i 1818.<sup>17</sup> Haugvaldstad var meir fokusert på ytre trekk ved eit sant og rett kristenliv enn mange av dei andre sentrale haugianarane. Av den grunn vart han av nokre skulda for gjerningskristendom.

Likevel er det ikkje tvil om at Haugvaldstad var høgt respektert i samtida, både som forretningsmann og leiar for haugianarane, i byen og på bygdene i Rogaland. "Venene", som haugianarane gjerne kalla kvarandre, flokka seg rundt han i samlingar dei heldt rundt om i heimane. Heimane vart etter kvart for små, og i Stavanger leigde dei eit lokale på Valberget der dei heldt samlingane sine, heilt til dette og vart for tront, og Haugvaldstad laga til eit større lokale i det nye huset sitt på Jorenholmen. Seinare organiserte han innsamling til Nygatens bedehus, som stod ferdig i 1845.<sup>18</sup>

16 Johannes Hidle, s. 313, i Emil Birkeliid

17 Svein Ivar Langhelle, s. 121, i Knut Helle (red.)

18 Jakob Straume, s. 41

At utanforståande kunne finna det underhaldande og morosamt å gå på møte med haugianarane, har me eit vitnemål om frå ei sytten år gammal Hjelmelands-jente. Kring 1829 reiste ho til Stavanger med nokre vener. Dei hadde sikkert ærend å utføra i byen, men dei fekk tid til litt "underhaldning" også. Då gjekk dei til Valberget for å sjå på dei "heilage" som hadde samling der. Dei hadde hørt folk seia at det var så "morosamt å gløsa på".<sup>19</sup>

Denne 17-åringen var Helga Byrkja, seinare gift Vormeland, som vart ein av dei mest kjende haugianarane i Ryfylke. Samlinga på Valberget fungerte kanskje ikkje berre som underhaldning for henne.

John Haugvaldstad døydde i 1850, 80 år gammal. Haugvaldstadsgate i Gamle Stavanger ber namnet etter han.

### ELLING EIelsen

Ein annan lekpredikant som sette preg på kristenlivet i Rogaland, var Elling Eielsen (1804 – 1883). Han var frå Voss, men drog i 1829 til Bergen der han gjekk i lære for å bli smed hos haugianarparet Karen og Peder Odland. Der vart han frelst i 1832 og vart ganske snart ein av dei mest særmerkte haugianarforkynnaraane.<sup>20</sup> Frå Hauge si tid hadde det vore skikk at predikantane berre heldt samlingar i venene sine hus, men denne skikken brydde ikkje Eielsen seg om. Han heldt samlingar kor som helst viss han fann ei dør som var open. Han kunne til og med betala for at dørene skulle opna seg for han, seier tradisjonen.

Eielsen la ut på ein stor vekkingskampanje i Ryfylke i 1835 etter først å ha snakka med Haugvaldstad i Stavanger og der å ha fått hans velsigning og samtykke. Eielsen sa sjølv etterpå at han hadde besøkt nesten "hver Dal og Ø" i Ryfylke. Reiseruta hans er ikkje kjent i detalj, men me veit at han reiste frå Stavanger til Hebnes og Jelsa, Hjelmeland og Årdal. Han samla over alt mange tilhørarar, og i Årdal vart det ei stor vekking. Eielsen reiste gjennom Hjelmeland og Årdal to gonger på 1830-talet, og talet på haugianarar i dei to sokna voks. Den siste gongen var våren 1839 då han kom frå Bergen stift over fjellet til Suldal og var innom Jelsa før han drog til Hjelmeland der han oppsøkte tidlegare venner.

19 Ibid., s. 187

20 Svein Ivar Langhelle, s. 122, i Knut Helle (red.)

Presten Thaulow i Hjelmeland såg med skepsis på det som skjedde. I 1840 skriv han om sokneborna:

*Folket er i Alm. trægt og ingenlunde kraftfuldt. Dette On-det har især i de senere Aar mere tiltaget, som det synes en Følge af Haugianismens Udbredelse, idet mange Mennesker derved finde sig opfordrede til, endog paa Søgnedage at vandre omkring deels som Prædikantere, deels som Tilhørere, ladende de timelige Ting skjøtte sig selv.<sup>21</sup>*

Same året, men i ein annan rapport, skriv Thaulow at dei tilreisande predikantane hadde ein forstyrrende innverknad på "den raae Almue", fordi mange av dei slo seg saman med han i fleire dagar, til og med vinterstid "–saa at fleire Fruentimer her ere blevne syge, ja, endog helseløse."

Om Thaulow er negativt innstilt til haugianarane, ser han likevel at dei fører noko godt med seg, for han nemner at både dei og brødrenevene har "bidraget meget til, at Drukkenskaben har aftaget, og til mere stille Sæder."<sup>22</sup>

Den same Thaulow skreiv nokre år seinare, i 1856, at den "haugianske iver" som hadde oppstått etter Elling Eielsen sine besøk, hadde minka ein god del dei siste åra. Han meinete at det i 1856 fanst 311 haugianarar i Hjelmeland sokn, 141 i Årdal sokn og 29 i Fister sokn, men at meir enn halvparten av desse var slike som var med i flokken "af udvortes Grunde".<sup>23</sup>

Presten Flood på Finnøy tok vel imot Eielsen då han kom dit i 1839. Han må altså ha hatt eit anna syn på haugianarane enn kollegaen i Hjelmeland. Etter å ha vore på Finnøy skal Eielsen ha reist innover til dei andre Ryfylke-øyane, blant anna til Ombo, før han vende tilbake til Stavanger. Same året, i 1839, emigrerte Elling Eielsen til Amerika der han vart den første norske lutherske presten.

Det er sagt om Eielsen at han var ein stri person og ein streng botspredikant. Han skildra det skrekkelege som ville skje i helvete så livfullt og dramatisk at mange av tilhørarane hans vart redde.

### VEKKINGSKRISTENDOM

Ovanfor er det nemnt at haugianarane forkynte at folk måtte venda om og bli frelse. Utan ei omvending kunne dei ikkje

21 Trygve Brandal 2, s. 129

22 Ibid.

23 Ibid., s. 130



Frå bedehuset Betania,  
Reilstad, Finnøy

vera sikre på frelsa, og utan frelsa ville dei gå fortapte og hamna i helvete etter døden. Dette er vekkingskristendom, og desse tankane kom med pietismen. Før pietismen, så lenge den kollektive kristendomsoppfattinga stod ved lag, var det ikkje nødvendig å venda om, derfor var det heller ikkje nødvendig å halda vekkingsmøte. Då var det godt nok om ein gjekk i kyrkja og tok del i sakramenta. Det var ikkje naturlig å snakka om eit personleg gudsforhold før lekpredikantar byrja å forkynna til vekking og omvending.

I religiøs samanheng inneber ordet vekking at mange personar omrent samtidig og på same stad opplever eit møte med Gud. Dette møtet kan arta seg som ei kjensle av at dei er komne til eit vendepunkt som krev eit klart svar: Ja eller nei til Gud. Det er altså snakk om å vakna opp frå noko som kan kallast ein religiøs dvale der ein tidlegare ikkje har late trua få konsekvensar for dagleglivet, eller det kan vera at ein person som ikkje har hatt noko gudstru før, under vekkinga plutselig føler at Gud er ein realitet likevel. Desse personane er vakte.

Eit vekkingsmøte har som mål at flest mogeleg av tilhøyrarane skal verta vakte og deretter omvendte og frelse. Det er nemleg ikkje slik at dei vakte automatisk vert frelse. Vekkinga er berre byrjinga på ein omvendingsprosess som kan ta kortare eller lengre tid, og som kan ha ulike utfall. Sjølv om ein person er vakt, kan det henda at han held fram med livet som før. Han kjem då ikkje til omvending og når ikkje fram til frelsa.

### OMVENDING

Det har gjennom tidene vore ulike oppskrifter på korleis ei omvending skulle gå rett føre seg.

Fram til kring 1870-åra rekna ein med at omvendinga hadde fleire utviklingstrinn, den såkalla "Saliggjørelsens Orden". Det første som skjedde, var at vekkinga ville føra til syndserkjenning, anger og bot, deretter kom omvending og rettferdigjering, så attføding og til sist omskapning til eit nytt liv og heilaggjering.



Frå Talgje bedehus, Finnøy

Perioden med anger og bot trorg ikkje vera like lang for alle, det var rom for individuelle skilnader, men kort kunne han aldri vera. Når ein person hadde kome til syndserkjening, ville ein djupfølt anger følgja, der han verkeleg innsåg sin eigen ussedom. Først etter å vera totalt broten ned av syndeanger kunne personen ta imot rettferdigjeringa gjennom Kristus og såleis verta omvendt. Dermed var han frelst og fødd på ny. Nå kunne glede sleppa til. For Guds åsyn var han ein av dei heilage. Løna var evig liv og frelse frå fortapninga og pinslene i helvete. Dessutan hørde han frå nå av med i veneflokken. Men frelsa gav likevel ikkje ein sikker og evigvarande billett til himmelen, for eit frelst menneske ville alltid streva etter å leva mest mogeleg likt Jesus, og det var ei stor utfordring for ei kvar sjel, om ho var frelst aldri så mykje. Djevelen var alltid ute etter å lokka dei frelste sjelene til seg. Dermed vart også livet etter omvendinga ein kamp for å halda stien rein. Gjennom bibellesing og bøn henta ein kraft og styrke til å greia dette. Postillelesing og salmesong var det og god hjelp i, og fellesskapet med dei andre frelste var viktig. Målet var å leva i heilaggjeringa, altså å leva eit heilagt liv der Jesus var førebiletet.

Hans Nielsen Hauge knytte rettferdigjeringa så tett saman med eit endra liv og ny måte å leva på at denne nye veremåten vart kjenneteiknet på at mennesket verkeleg var omvendt. "Vi ere forløste fra Lovens Forbandelse, men ey fra Lovens Lydighet", skreiv han. Konsekvensen vart altså at



Frå Vatland bedehus, Strand

haugianarane kunne oppfattast som tungesindige og dystre. Som nemnt ovanfor, var kanskje John Haugvalstad den som dreiv dette lengst.

Brødrene var også pietistar, men dei la større vekt på nåden og vart, av den grunn, ofte oppfatta som litt lettare til sinns enn haugianarane.

# Associationer

Kring år 1800 begynte det å dukka opp frivillige samanslutningar av folk som arbeidde for eit felles mål, og som var organiserte etter demokratiske prinsipp. Samtida kalla dette for *associationer*. I dag kallar me det lag eller foreiningar. Dei første foreiningane dukka opp i byane. Seinare spreidde dei seg utover på bygdene. Det store gjennombrotet for oppretting av frivillige foreiningar kom mellom 1830 og 1880. Misjonsforeiningar og lag som arbeidde for måtehald i omgangen med alkohol, vart vanlege. Det vart og skipa lag som arbeidde for folkeopplysing og for betre dyrkingsmåtar i landbruket.

Tidlegare hadde foreiningar med medlemslister, valte formenn og faste møte vore eit ukjent fenomen i norsk folkeliv. Dei første lekfolka i kristen samanheng var berre småflokkar som kom saman fordi dei hadde felles interesse for det åndelike livet. Leiaren var aldri valt eller utpeikt på nokon formell måte. Det var folk med tillit i lokalmiljøet og med ein markert personlegdom som vart leiarar. Hadde ein person først fått ein slik uformell leiarstatus, varte denne ofte livet ut.

## STAVANGER MISJONSLAG

I desember 1826 vart det skipa eit misjonslag i Stavanger. Initiativtakarane hadde vore i England og fått inspirasjonen derifrå. Det var 20 personar til stades på skipingsmøtet, berre ein av dei var haugianar, og han var der berre som observatør. Dei andre høyrd til brødrevnene. Ein av dei sentrale brødrevnene skal då ha uttalt: "Haugevenene trur dei ved gjerningane sine kan verte til hugnad for Gud. Difor pressar dei syndaren til å leggje av synder i staden for å vise han til Kristus."<sup>24</sup>

Misjonslaget hadde som mål å støtta misjonen mellom heidningane og å spreia kunnskap om kristendommen her i landet, særleg blant samane.

24 Jakob Straume, s. 45

## STAVANGER BIBELFORENING

I 1828 gjekk brødrevener og haugianarar saman om å skipa Stavanger Bibelforening som hadde som mål å få tak i biblar for å spreia desse blant folk. Biblar var mangelvare på den tida.

## STAVANGER TRAKTAT-SELSKAP

I 1832 samarbeidde igjen brødrevener og haugevener om å skipa Stavanger Traktat-Selskap som skulle gje ut og spreia kristelege småskrift og hefte.<sup>25</sup>

## MISJONSFOREININGAR I RYFYLKE SKIPA AV HANS CHRISTIAN KNUDSEN

H. C. Knudsen var fødd i Bergen og fekk utdanning på misjonsskulen i Barmeren i Tyskland. Vinteren 1839 – 40, mens han venta på å reisa ut som misjonær til Afrika, reiste han langs kysten frå Kristiania til Sunnhordland for å stifta misjonsforeiningar. I Ryfylke reiste han på kryss og tvers våren 1840, og mange stader lykkast han i å få folk til gå saman om å stifta foreiningar som skulle arbeida for misjonen. Sjølv mente han at så mange som 500 personar hadde blitt medlem i ei av dei mange foreiningane som vart stifta i Forsand, Lysefjord, Høle og Ims då han besøkte desse stadene. På Finnøy vart også han, til liks med Elling Eielsen litt tidlegare, tatt vel imot av sokneprest Flood, som han forresten kjente frå før.

H. C. Knudsen var berre 24 år i 1840. Det er forbausande at denne unge mannen møtte så stor velvilje blant folk, som i utgangspunktet ikkje var vane med organisert arbeid, at han greidde å få i stand den misjonsvekkinga som han gjorde. Sjølv skreiv han at den opne og tillitsfulle måten folk tok i mot

25 Ibid.

han på, gjorde sterkt inntrykk, men at han syntest han vart synt for mykje ære og fekk lovtalar som han ikkje fortente.<sup>26</sup>

I desse første misjonsforeiningane var det stort sett berre menn som vart medlemmer. Ei kvinne kunne vera med som hustru dersom ho kom i følgje med mannen sin på møte. Seinare var det kvinnene som kom til å dominera i misjonsforeningslivet.

H.C. Knudsen er og kjent for innsatsen han gjorde med å forsona ein bitter strid mellom haugianarane og brødrenevne i Årdal og Strand. I Årdal sokn fanst både haugianarar og brødrevener. Dei sistnemnde heldt til i sør, der dei hadde samkvem med brødrevene i nabosoknet Strand. Kva striden eigentleg handla om, er ikkje kjent i dag, men konflikten vart etter kvart så hard at dei to partane ikkje greidde å ha noko med kvarandre å gjera. Det er sagt at dei gjekk omvergar for å sleppa å treffa kvarandre. H.C. Knudsen vann tillit hos begge gruppene, og gjennom meklingar vart fiendskapen så godt som lagt vekk. Foreiningane han stifta, greidde stort sett å samla begge retningane.

H.C. Knudsen sjølv rekna seg som haugianar, men han hadde vakse opp med ein far som var brødrev. Denne bakgrunnen kan ha gjort han særleg godt rusta til åmekla i striden i Årdal.

### MISJONSFOREINING I STRAND FØR H.C. KNUDSEN

Alt i 1834 vart det skipa misjonsforeining i Strand, fleire år før Hans Christian Knudsen reiste rundt og grunnla foreiningar i mange bygder. Strand ligg ikkje så langt frå Stavanger der det hadde blitt stifta eit misjonslag ved utgangen av 1826. Kanskje kom inspirasjonen derifrå. Dessutan hadde misjonsvenen og presten Gabriel Kielland fungert som sokneprest i Strand mens Ole Schavland møtte på Stortinget i slutten av 1820-åra. Det er og mogeleg at det var han som inspirerte strandabuane til å organisera seg i arbeidet for misjonen.<sup>27</sup>

Det finst ei skriftleg melding frå denne misjonsforeininga, skriven i 1837 av skulehaldar – seinare den første ordføraren i Strand – Ole Thorsen Barkved. Det var han som tok initiativet til det første bedehuset i Strand i 1837. Sidan denne

meldinga gir eit interessant bilete av korleis dei arbeidde, og korleis dei tenkte, siterer me henne her:

*Vi holdt i December 1834 vort første Møde, for ogsaa i vor ringe Deel at opfylde den Pligt, som Frelseren har paalagt sine Troende, at virke Hans Riges Udbredelse, og besluttede os til at holde Møde 4 Gange om Aaret, thi Omstendighederne tillade os ikke, at komme sammen hver første Mandag i Maaneden, som det kan skje i Byerne, da vi bor fjernt fra hverandre. Ved vore Sammenkomster forene vi os i fælles Bøn for Guds Riges Udbredelse, saavel omkring os og i os, som ogsaa iblant Hedningerne, og læse Beretninger om Guds Riges Tilstand i fremmede Lande. En Missionsbøsse er hensatt, i hvilken enhver kan inndlægge sin Gave til Missionerne efter Kaar og Villie, useet af andre. Saaledes blev der iaar inndragt mest af Tjenestefolk og simple Børn 15 Spd. Som herved indsendes til Guds Riges Udbredelse blant Hedningerne. Han som begynder den gode Gjerning i de Troende, vil fuldføre den indtil Jesu Christi Dag.<sup>28</sup>*

### DET NORSKE MISJONSELSESKAP NMS

I 1842 vart det første landsdekkande misjonsselskapet skipa. Det skjedde i Stavanger, og satsingsområdet for den nye organisasjonen var misjon i utlandet, altså ytre misjon. 184 delegatar med stemmerett møtte på skipingsmøtet, mange av dei representerte misjonsforeiningane som H.C. Knudsen hadde stifta 2 – 3 år tidlegare.

Frå Ryfylke kjenner me desse namna:

Nordre Strand: Sokneprest Jæger

Fiskaaens misjonsforening: Thore J. Fiskå

Søndre Strand: Ole Thorsen Barkved

Høle misjonsforening: Ole R. Høle

Lysefjordens misjonsforening: Kristoffer Håheller og Daniel Nedrebø

Kullabygdens misjonsforening: Torger Meling

Lyselandets misjonsforening: Tarald Songesand

Rennesøy: Sokneprest F. W. Rode og bonde Truls Nilsen Bru

Finnøy: Prost B. J. Flood og Kristoffer Hanasand

Sjernarøy: Ole Olsen Hidle og Kristen Olsen Skjelsnes

Hjelmeland: Hans Ormson Øyehamn

Fister: Svend Sigmundstad

26 Emil Birkeli, s. 93

27 Alsvik, Jan, s. 206

28 Ibid., sitert etter Alsvik

Årdal: Torbjørn Tjentland og Peder O. Tysdal

Vormedalen og Jøsenfjorden: Ola Jensson Laugaland

Refsbygd: 1 utsending

Sand: Knud O. Sand

Sauda: Johannes Johannesson Saua

Som me ser, kom heile åtte utsendingar frå Strand, som den gongen inkluderte Forsand og Høle. Det var nok eit særsyn at det var så mange misjonsforeiningar i eitt prestegjeld, og me hugsar at H. C. Knudsen sjølv meinte at kring 500 personar her hadde blitt med i misjonsarbeidet. Elles var det både brødrevener og haugianarar som var med og skipa NMS, både teologar og lekfolk.

### **DEN NORSKE LUTHERSTIFTELSEN, INDREMISJONEN**

Det norske misjonsselskap skulle først og fremst ta seg av misjon blant heidningane, altså ytre misjon. Frå om lag 1860 var det stadig fleire som tok til orde for at det var viktig å styrke kristendommen blant eigne landsmenn. I 1868 vart så Den norske Lutherstiftelsen oppretta i Christiania. Dermed hadde og indremisjonen ein landsdekkande organisasjon.

I 1891 vart Lutherstiftelsen omorganisert og tok namnet Det norske lutherske indremisjonsselskap, i daglegtale helst omtalt som *Indremisjonen*. I 2001 slo Santalmisjonen og Indremisjonen seg saman og kalla det nye selskapet Normisjon.

### **DET NORSKE LUTHERSKE KINAMISJONSFORBUND, NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND NLM**

Denne misjonsorganisasjonen vart skipa i Bergen i 1891 og satsa sterkt på indre misjon i tillegg til arbeid i Kina. Etter andre verdskrig var denne organisasjonen trekka seg ut av landet og endra då namnet til Norsk luthersk misjonssamband, NLM.

### **DET VESTLANDSKE INDREMISJONSFORBUND, IN- DREMISJONSFORBUNDET IMF**

Også denne misjonsorganisasjonen hadde skipingsmøte i Bergen. Det skjedde i 1898. I året 2000 vart namnet blitt korta ned til Indremisjonsforbundet, IMF.

Det finst fleire misjonsorganisasjonar i Noreg, men desse fire som er nemnde ovanfor, er dei største. Dei to sistnemnde, som begge vart skipa i Bergen, hadde opphav i ein vestlandsk opposisjon som stod for ein meir radikal pietisme enn dei to andre. Her var skepsisen til presteskapet nokså stor, og trua på lekfolkets sin rett til å tala Guds ord ennå større. I tillegg la vestlandspietistane stor vekt på Rosenius og brukte tankane hans nokså målretta i forkynninga.<sup>29</sup> Meir om roseanianismen nedanfor.

### **EMISSÆREN**

Yrkestittelen emissær vart frå kring 1860 brukt om ein omreisande lekpredikant tilsett i ein av misjonsorganisasjonane. Emissæren reiste etter ei fastlagt reiserute og heldt møte på bedehusa. Dersom det braut ut vekking ein stad, kunne reiseruta endrast, slik at han kunne vera der lenger enn planlagt. Fram til 1960-talet var dei fleste emissærane rekrutterte blant bønder, småbrukarar, fiskarar og handverkarar. Dei reiste då i vinterhalvåret og dreiv med det vanlege arbeidet sitt om sommaren. Som regel hadde dei gått nokre månader på ein bibelskule, elles var dei utan teologisk utdanning.

Ein emissær var dermed ein mann av *folket*. Han snakka dialekt og hadde innsikt og forståing for kvardagslivet til dei han møtte på bedehuset. Dei var nesten alltid menn. Elisabeth Hovda frå Fogn er ei av dei få kvinnelege emissærane som har reist i Ryfylke. Yrkestittelen emissær blir ikkje brukt lenger. I dag snakkar ein heller om forkynnar eller predikant. Dei kjem i privatbil og treng ikkje så ofte innlosjera seg hos private slik emissærane gjorde.

29 Bjørg Seland og Olaf Aagedal, s. 34


# Kristenfolket i Ryfylke kring 1850

Det finst ikkje noko oversyn over kor mange haugianarar det var i Ryfylke ved midten av hundreåret, men dei var talrike, og dei hadde påverka normene i samfunnet. Fram til 1820-åra levde haugianarane eit religiøst liv som, med unntak av at dei møtte til gudsteneste i kyrkja, var nokså avskilt frå det offentlege kristenlivet. I 1830-åra hadde haugianarane blitt såpass mektige at prestane måtte ta omsyn til dei, sjølv om ein stor del av presteskapet framleis var svært skeptiske til haugianismen. Kring 1840 byrja dette å endra seg, og det var duka for eit samarbeid mellom prestane og lekfolket.<sup>30</sup>

I 1842 vart Konventikkelplakaten oppheva, og frå då av kunne lekfolk fritt halda religiøse møte og tala Guds ord utan at presten måtte vera til stades for å kontrollera det heile.

## DEI TO FØRSTE BEDEHUSA

Då Det norske misjonsselskap vart stifta i Stavanger i 1842, stod det alt to samlingshus, seinare kalla bedehus, i Ryfylke. I mange framstillingar er bedehuset i Hjelmelandsvågen nemnt som landets første. Det vart bygd i 1840, og ein av grunnane var truleg at det skulle vera ei slags kyrkjestove, der dei som hadde lang kyrkjeveg – og det hadde mange – kunne få ta inn for å bytta kler og eta nista før dei gjekk til kyrkjes. Etter gudstenesta pleidde haugianarane å samlast for å ha eit ekstra møte for seg sjølve. Før dei fekk bedehuset var det vanleg at dei i godt vær møttest i skråninga på prestegarden, der det nye bedehuset står nå. Det er då rimeleg at det voks fram ønske om eit hus å samlast i. Truleg var dette hovudgrunnen til at dei bygde bedehuset.<sup>31</sup> Etter kvart vart stova då eit samlingshus der haugianarane møttest for å samlast om Guds ord. Tidlegare hadde dei brukt heimane til slike møte, men nå kunne dei som budde høveleg til, i Vågen




Dette biletet av Jesus heng på svært mange av bedehusa i Ryfylke. Her frå Kjølvik bedehus, Ropeidhalvøya, Suldal.


og på dei nærmaste gardane, heller samlast i kyrkjestova eller samlingsstova dei søndagane i det ikkje var preik. Slik fekk huset meir og meir funksjon av bedehus og vart nytta som det heilt til det vart tatt av ein stor flaum i 1940, kort tid etter hundreårsmerkinga.

30 Svein Ivar Langhelle i Knut Helle (red.), s. 121

31 Trygve Brandal 2, s.133



Betel, eitt av landets første bedehus. Det stod i Hjelmelandsvågen i 100 år, frå 1840 til 1940.



Frå Karmel bedehus, Jørstadvåg, Ombo, Finnøy. Kaffikjelen kom tidleg i bruk på bedehuset.

I Strand fekk og kristenfolket sett opp ei samlingsstove. Det er noko usikkert kor denne stod: Fjelde har vore nemnt som ein mogeleg stad<sup>32</sup>, men det er og mogeleg at ho stod like ved Strandakyrkja, og truleg var ho eldre enn den i Hjelmelandsvågen, sannsynlegvis frå 1837.<sup>33</sup> Ole Thorsen Barkved var ei av drivkraftene for å få opp huset. Som nemnt ovanfor, hadde han vore med og stifta ei misjonsforeining alt i 1834 – altså før H.C. Knudsen si rundreise for å stifta foreiningar – og han var ein av utsendingane som møtte i Stavanger på skipingsmøtet for NMS i 1842. Kyrkjestova i Strand fungerte ikkje så lenge som bedehus, bruken er ikkje heilt klarlagt, men heradet kjøpte huset i 1871, og det fekk då sannsynlegvis ein annan funksjon. Kanskje hadde det og før den tid blitt nytta til andre føremål enn bedehus.

### HAUGIANARSAMLINGANE

Kring 1850 var det framleis berre i Hjelmelandsvågen og i Strand det fanst samlingshus, derfor heldt dei fleste haugia-

narane fram med å halda samlingane sine i heimane. I sommarhalvåret, når veret var fint, kunne dei og ha dei i friluft, gjerne i nærleiken av kyrkja etter gudstenesta. Då var det god plass. Folk flest hadde små hus, så det vart fort tront om plassen når dei måtte halda til innandørs. Stovene vart ofte så fulle at gang, kammers og kjøkken måtte takast i bruk. Då fekk ikkje alle sjå den som las eller bad, og det kunne lettare blei litt ståk og uro blant desse som sat lengst vekke. Samlinga skulle vera ei alvorsam høgtidsstund. Dei opna med ein salme, og etterpå fekk leiaren ein til å lesa epistelen for dagen og be. Så var det høgtlesing av ei preik frå ein postill, og denne kunne vera lang, gjerne på 10 – 12 sider. Då kunne det vera vanskeleg for slitne arbeidsfolk å halda seg vakne, og for ungar å halda seg i ro. Det hjelpte med salmesongen der alle kunne vera med, og der det var høve til å hosta litt og lea på beina. Etter at teksten var lesen ferdig, kom nokon med ein formaningstale, knytt til teksten, eller eit bibelord. Så slutta møtet med bøn. Mennene reiste seg under bøna, kvinnene sat.<sup>34</sup>

32 Jan Alsvik, s. 206

33 Kristoffer Fjelde

34 Jakob Straume, s. 189

Ei haugianarsamling inneholdt altså mykje tekstslesing. Det var ikkje alltid det var nokon til stades som følte seg skikka til å halda tale. Når ein omreisande predikant kom på besøk, var det han som tok seg av forkynninga. Som nemnt ovafor, reiste John Haugvaldstad og Elling Eielsen rundt i Ryfylke etter Hauge si tid, og det fanst sjølv sagt andre, meir lokale namn. Me veit, til dømes, at Johannes Saua frå Sauda reiste på preikeferd til Imsland, og at Ole Torbjørnsen frå Høgsfjord kring 1843 reiste gjennom Ryfylke, Hardanger, Voss og heilt til Hallingdal på forkynnarferd. Det var John Haugvaldstad som hadde bede han dra i veg. Den mest namngjetne er kanskje likevel ei kvinne. Den 17 år gamle jenta frå Hjelmeland som gjekk opp på Valberget for å kikka på "dei heilage" i Stavanger i 1829, var Helga Byrkja. Ho vart seinare gift til Vormeland, og som Helga Vormeland reiste ho rundt til nabosokna og heldt møte på Jelsa, Sand, Suldal og Sauda. Ho skal ha hatt ei vakker songröst, og ho kunne ta ordet for å halda bøn på samlingane. Om ho dreiv direkte forkynning, er derimot noko usikkert, men ho skal ha vore svært flink til å tala med folk på tomannshand.

Me hugsar at sokneprest Thaulow i Hjelmeland i 1840 var bekymra over at fleire av sokneborna kunne finna på å reka rundt som predikantar eller tilhøyrarar på søndagane. Han var rasjonalist og såg med skepsis på pietistane. Andre stader var stemninga meir positiv. Same året, i 1840, heiter det i ein uttale på eit formannskapsmøte i Sauda at haugianarane var "rolige og ulastelige Mennesker der jevnlig besøger i Kirken", og når det gjeld det religiøse livet dei har utanom kyrkja "synes der ikke at ligge noget ondt under, da de have bidraget til Moralitetens Forbedring."<sup>35</sup>

### **ENDRINGAR PÅ DET MORALSKE OMRÅDET**

Dei moralske forbettingane det er sikta til her, kan blant anna ha med alkoholbruken og festkulturen å gjera. Hyppig fyll var lenge akseptert og noko ein kunne skryta av. Ordet *barsel* kjem av *barns-øl* og viser til skikken med gildet rundt fødsel og barnedåp der ølet var ein viktig ingrediens. Ordet *gravøl* viser til den same skikken med øldrikking i gildet etter gravferda. Eit bryllaup varte i tre dagar, og øl og brennevin flaut rikeleg alle dagane. På Stord fortalte eit vitne i 1838 at han



Frå Voster bedehus, Strand.

kjente ein del bønder som ikkje rekna ein mann for å vera full så lenge han kunne gå eller stå på eigne bein.<sup>36</sup> I tillegg til rusbruk ved festlege samkommer, har og kvardagsfyll truleg vore ganske utbreidd.

Etter kvart som haugerørla breidde om seg, kom det til store endringar på dette området. I ein visitasprotokoll står dette skrive om Nedstrand i 1847: "*Brændevein er intetsteds at faa, dets brug som daglig Drik er saaatsige gandske og aldeles ophørt overalt og det er allerede en stor Sjeldenhed, naar det findes ved selskabelige Sammenkomster fEx. Bryllup.*"<sup>37</sup> Sannsynlegvis var situasjonen tilsvarannde over store delar av Ryfylke. Som nemnt ovanfor, påpeikte også Thaulow i Hjelmeland at det var mindre drukkenskap i soknet etter at haugianarane hadde fått fotteste.

Under påverknad frå haugianarane vart det ei strengare tolking av forbod mot søndagsarbeid enn før, og skjent og moro var ikkje av det gode. Omgangstonen mellom folk var prega av alvor og stille framferd. Folk skulle ikkje snakka el-

35 Arvid Lillehammer 1, s. 583

36 Svein Ivar Langhelle i Knut Helle (red.), s. 119  
37 Ibid.

ler le høgt. Heller ikkje skulle dei springa eller ri fort viss det ikkje var ein dramatisk situasjon som kravde det. Frå Skjold blir det fortalt at "etter haugerørsla var det mange som ikkje våga vera med på moro, eller høyra på det som var å le av." Ein haugianar kunne gjerne gå rundt og påtala det han såg av "ukristelig skikk" hos naboar og bygdefolk. Det kunne han gjera med Bibelen i hand og i trygg visse om at han ikkje berre hadde rett til å irettesetja andre, men at han hadde plikt til å gjera det. Han tolka ikkje Bibelen. Det som stod der, var Guds ord.

I Hinderåvåg i Nedstrand hadde dei planar om å byggja ny kyrkje i 1850. Heradsstyret gjekk då sterkt imot at det skulle vera tårn på kyrkja. Mange uttalte at dei ikkje ville gå i kyrkja viss ho fekk tårn, for det var ikkje til anna enn pynt, og dermed aldeles unødvendig.

Sjølv om haugianarane prega livet i store delar av Ryfylke, var dei truleg i mindretal over alt. Når dei likevel i så stor grad greidde å endra normer og veremåtar, må det bety at dei har hatt høg prestisje og vore respekterte blant folk flest. Haugianarane var arbeidsame, flittige, alvorlege, ærlege – og dei heldt seg vekke frå alkohol. Det betydde at dei hadde høg arbeidsmoral, noko som igjen førte til at mange av dei gjorde det godt økonomisk. På bygdene var dei fleste haugianarane bønder. Ein studie frå Haugesund i 1850 viser at det var mange haugianarar blant landhandlarane og sildesaltarane i byen. I tillegg var det slik at jo betre dei gjorde det i forretningsslivet, jo større var innslaget av haugianarar.<sup>38</sup>

## HAUGERØRSLA IKKJE LIKE STERK I HEILE RYFYLKE

I Rogaland var det Stavanger som var haugianarbyen. I Ryfylke fanst det haugianarar i alle bygdene kring midten av 1800-talet, men sterkest stod nok hauge-rørsla i Hjemmland, i Strand og på Rennesøy. På Finnøy var det eigentleg ikkje mange haugianarar, men der var kristenlivet sterkt prega av presten og brødrenevenen Gabriel Kielland som hadde kallet sitt der frå 1824 til 1837. I tillegg til å preika i soknekyrkjene, heldt han småmøte, såkalla konventiklar, heime på prestegarden ein kveld i veka. Finnøybuen møtte mannsterkt opp, men fleire teologar såg med skepsis på denne praksisen, og han fekk i 1828 påbod frå biskopen om å slutta med desse møta.

38 Ibid., s. 127

I 1832 kom det ny biskop, og Kielland tok til med småmøta att. Elles i Rogaland var Skudenes, Tysvær, Skjold og Vats sterkt prega av haugianismen.

## FRAMLEIS KOLLEKTIV KRISTENDOMSFORSTÅING

Den gamle kollektive kristendomsforståinga stod likevel framleis sterkt. I 1849 var Thormod Rettedal fødd i Forsand. Han kom seinare til å bli ein av dei mest særmerkte forkynnaraane på Vestlandet. Om barndomen hans er det fortalt at han heime fekk innprenta vyrnad for Gudsordet. Foreldra hadde respekt for alt som høyrdie kristendommen til, og dei brukte Gudsordet i heimen, som vanleg var i dei tider. Huspostilien kom fram kvar søndag og kvar kveld, og borna vart opplært til å be kveldsbøn før dei sovna. "Vist var ingen av foreldra personleg kristne. Heller ikkje hadde dei noko djupare skjøn på sann kristendom."<sup>39</sup> Sitatet er henta frå eit manuskript etter Andreas Rossavik, og han siterer Oscar Handeland, som uttalte dette på 1930-talet. Det viser skilnaden mellom det å vera kristen i følgje tradisjonen, og det å vera ein omvendt, personleg kristen i pakt med pietismen.

## LIDINGSSOGA I SULDAL

I Suldal fanst det til eit godt stykke inn på 1800-talet restar etter ein skikk som truleg var svært gammal. På langfredag gjekk folk ut i hardt arbeid, fastande og utan niste, uansett vær. Dei gjekk ikkje heim før det tok til å avdagast. Heime sette dei seg til med Bibelen og las lidingsoga. Først etter at det var gjort, kunne dei få mat. Denne skikken kalla dei "å li'a me' Kristus". Jon Aslakson Steinbru, f. 1779, kunne sitta ein heil dag i Ospetono og arbeida med å skava bork, svolten, i allslags vær. Han sa at han gjorde det for at han skulle få tid og ro til "å tenkja på Jesus og langfredagen hans". Far til Halvard Røynevarden var fødd i 1818, og han hugsa også godt denne skikken.<sup>40</sup>

## KVEKARANE

Då den første emigrantskuta, "Restauration", la ut frå Stavanger i 1825, var fleire av dei 52 personane om bord kvekarar. Dei reiste til eit land med full religionsfridom, noko Noreg ik-

39 Andreas Rossavik, s. 46

40 Halvard M. Hoftun, s. 291

kje hadde på den tida. Seinare reiste mange med sympati for kvekarlæra til Amerika.

Kvekarane i Ryfylke kring 1850 var ikkje mange, men dei fanst. Dei melde seg ut or den norske kyrkja, og nekta å bøya seg for både religiøse og verdslege autoritatar. Dei las flittig i Bibelen, og meinte at det inst inne i alle menneske var eit indre lys, og at dette lyset var i direkte kontakt med Gud.

Ein av dei største flokkane heldt til i Sauda, der dei bygde samlingshus i 1856 – med pengehjelp frå England – og fekk eigen gravplass. Kvekarane hadde eit godt omdøme i bygda. Det vart sagt at dei var bra, alvorlege kristne som vann vordnad for ærleg, rettvis framferd, og som heldt sine stille møte.<sup>41</sup> Presten Jacob Andreas Mohr hadde eit anna syn. Han kalla dei vranglærarar og skulda dei for å vill-leia "enfoldige sjele". Kvekarane reiste nemleg på misjonsferder gjennom heile prostiet og spreidde tusenvis av småskrift. Presten åtvara mot dei frå preikestolen, og då ein av dei, Ådne Tormodson Brekke, nekta å betale skattar og avgifter til prest og klokkar, enda det med ein rettsprosess der Ådne til slutt vart driven frå gard og grunn. Garden vart fleire gonger utlyst for sal, men ingen baud. Folk stilte seg solidariske med Ådne og familien og meinte presten her synte seg altfor hard. Det enda med at presten sin sakførar til slutt slo jorda til seg for ein billig penge. Skulda var i utgangspunktet 76 skilling, men hadde til slutt kosta Ådne 113 spesidalar.

Det fanst kvekarar fleire stader i Ryfylke, mellom anna i Strand, Rennesøy, Hjelmeland og i Erfjord. Ryfylkekvekarane hadde kontakt med kvekarane i Stavanger, og hadde i tillegg eit nokså nært samarbeid med engelske kvekarar. I 1853 var Eli og Sybil Jones på ei båtreise innover i ryfylkefjordane saman med trusfeller frå Stavanger. I Erfjord samla dei kring 70 personar til møte i ei lita husmannsstove i Hauasundet. Sybil Jones talte, og det var kanskje første gongen folk i Erfjord hørde ein kvinneleg predikant.<sup>42</sup> På det meste skal det ha vore 20 – 30 medlemmer av kvekarsamfunnet i Erfjord, dei fleste frå Tednes og Erøy.

Ved overgangen til 1900-talet var det ikkje mange kvekarar igjen i Ryfylke. I dag er det berre registrert kring 150 i heile Noreg.

---

41 Arvid Lillehammer 1, s. 587

42 Ernst Berge Drange 1, s. 19

# Lars Oftedal



Lars Oftedal (1838 – 1900) som stod i brodden for "Den vestlandske Vækkelse" i 1870-åra.

Foto: Statsarkivet i Stavanger.

Lars Oftedal var utdanna teolog og hadde hatt mange ulike kall. Først arbeidde han for Indremisjonen i Bergen i 1865, deretter var han sjømannsprest i Cardiff (1866 – 68), reisepredikant (1868 – 70), kapellan i Kristiansand stift (1870 – 74), residerande kapellan i Hetland (1874 – 80), residerande kapellan i St. Petri Menighed (1880 – 85) og deretter sokneprest i den same kyrkjelyden (1885 – 91).<sup>43</sup> Når han stod på prekestolen, minna faktene hans meir om ein lekpredikant enn om ein teolog. Han snakka dialekt, han hadde eit gjenomborande blikk, var direkte og pågående og fekk folk lett i tale. Han preika til bot og omvending som Hauge hadde gjort, samtidig som han kjente dei nye tankane til svensken Carl Olof Rosenius og hadde tatt mange av desse til seg. (Meir om Rosenius side 35.) Teologisk var ikkje Oftedal alltid konsekvent, han kunne endra litt av innhaldet i talane alt etter kor og når han preika. Reint taktisk var dette lurt, for slik kunne han nå fram både til folk som stod inne for "det gamle" og "det nye".

## PREST OG VEKKINGSPREDIKANT

Det var mens han var stiftskapellan på Avaldsnes han vart kjent som den store vekkings-predikanten. Pinsedag 1871 heldt han møte i Skjold kyrkje, og frammøtet var så stort at mange måtte stå ute. Vindauge og dører i kyrkja vart sette på vid vegg for at dei ute skulle få høyra det som gjekk føre seg inne. Ei kone sa at det var gildt berre å høyra "duren" frå han. Folk hadde kome langvegs frå, siglande frå Ombo og roande frå Erfjord. Ei av dei frå Erfjord har skildra det slik:

"Da Oftedal steg opp på stolen, var det stille som i en grav. Med kraft og myndig alvor leste han salmeverset: "Ånd over ånder, kom ned fra det høye!" Så tok han til å tale. Når han ville streke under noe, slo han i prekestolen med den ene

43 Lars Gaute Jøssang, s. 56

hånden. Og slik som han skildret syndelivet og veien ut fra det! Ungdommen glemte det aldri.”<sup>44</sup>

Same pinsehelga hadde Oftedal møte i Vikedal og Imsland. Over alt var det fulle hus. Mange av dei som kom langvegs frå, hadde vanskar med å finna overnatting, men vêret var fint, så dei kunne sova i lører og uthus, eller dei drog båten på land, kvelva han og la seg til å sova under. Det gjekk gjetord om desse pinsemøta.

Oftedal kom som prest til Jelsa i september 1871. Då arrangererte han eit utandørsstemne på Grytenuten, eit fjell på over 860 meter på Ropeidhalvøya. Folk strøynde til frå alle kantar. Noko seinare, i 1889 eller 1890, deltok Oftedal på Geitaflotstemnet under Fjetlandsnuten, også dette på Ropeidhalvøya. Han fekk då ri på merra til Ola Haug opp til Geitaflota. Etter at sjølve stemnet var over, ”tok Oftedal med seg heile møtebyden opp på Fjetlandsnuten.”<sup>45</sup> Han gjekk då til fots, som dei andre. Geitaflotstemnet kan ha kome til etter inspirasjon frå stemnet på Grytenuten. Det vart truleg halde første gong kring midten av 1880-talet, og har sidan vore arrangert så å seja årleg fram til vår tid, nå sist i juni 2011.

I 1872 heldt Misjonsselskapet krinsmøte på Hjelmeland med 3000 deltakarar.<sup>46</sup> Lars Oftedal var ein av talarane. 2. pinsedag seks år seinare reiste Oftedal til Hjelmeland igjen, denne gongen for å vera med på årsmøte i indremisjonen og på skipinga av fellesforeininga for Ryfylke og Jæren. Saman med venene la han frå Stavanger med dampbåten Haukelid. Slik har Oftedal skildra innseglinga til Hjelmeland i bladet Bibelbudet:

*Efterhaanden som vi nærmede os Hjelmeland, holdt regnen op, og da vi steg i land, begynte Skyteppet at fordele sig og love os en smuk Morgendag. Skarer af Folk fra alle Fjorde og Fjelde stod langs Strandbredden og lyttede til den liflige Sang af Bethania Sangkor, hvormed vi hilsede dem idet vi lagde til Bryggen.*<sup>47</sup>

Dette var eit storstemne med sommar og song, fest og friskt folkeliv.<sup>48</sup>

Oftedal hadde ei mektig songstemme, og han hadde gitt ut songboka ”Basunrøst og Harpetoner”. Blant lekfolk vart han hugsa like mykje for songen som for talane.

### ”DEN VESTLANDSKE VÆKKELSE”

Vekkinga ved Oftedal fekk nemninga ”Den vestlandske Vækkelse” og skilde seg frå tidlegare vekkingar på fleire vis. Samlingane var større nå. Medan haugianarane hadde tala i små stovehus, kunne Oftedal samla fulle kyrkjer. Han var og meir støyande og kraftfull enn dei audmjuke haugianarane. Utan tvil hadde han ei særeigen utstråling som fengja tilhøyrarane. Dessutan var han embetsmann. Men han stilte seg på folkets side og presenterte seg som ein av dei. Først og fremst var



Frå Fister bedehus, Hjelmeland.

44 Olav Golf 1, s. 19

45 Ludvig Fjetland

46 Trygve Brandal 3, s. 61

47 Bibelbudet 11.6. 1878

48 Trygve Brandal 3, s. 61

det småkårsfolk han vende seg til. Og han baud dei eit betre liv etter det jordiske. For livet på jorda var ikkje lett og skulle heller ikkje vera det. Omvendinga ville gje fred med Gud og fred i sinnet, men dette var ein fred dei stadig måtte kjempa for. Verda var full av freistinger og ulukker. Herren prøver heile tida sine gjennom Satans trengsler. Heldigvis varer ikkje jordelivet evig, det ventar noko betre etter døden. Småkårsfolket



Frå Helgøysund bedehus, Sjernarøy, Finnøy

kunne identifisera seg med dette – at livet her og nå var hardt og vanskeleg, og at nåden var den same for fattig og rik – syndrarar var dei alle. Det kunne då vera trøyst i at det skulle bli betre etterpå. Dei hadde ingenting å tapa på åtru det.

Dessutan var Lars Oftedal politikar og representerte Venstre på Stortinget mellom 1883 og 1885 og frå 1889 til 1891. Ved splittinga av partiet i 1888 gjekk han over til Moderate Venstre. Det var eit ideologisk fellesskap mellom lekmannsrørla og venstrerørla, bygd på felles sjølvstyreverdiar. Begge rørslene stod i opposisjon til dei øvre siktia i samfunnet; embetsmenn og høgare borgarskap som ville halda fast på kontroll over kyrkje og stat.

For Oftedal var kyrkjelyden slett ikkje eit samfunn av dei heilage. I kyrkja kunne ein finna mange vanekristne som sov "paa Syndesikkerhedens Sovepude". I tillegg mange vakte som var "berørte av Sandhedens Magt", "vagt, men ikke gjenfødt".<sup>49</sup> Det var om desse siste slaget stod. Det galdt om å få dei vakte over på dei frelstes side. Valet var ein personleg prosess som gjekk føre seg i hjarta til den einskilde. Uttrykket "personleg kristen" vart teke i bruk på denne tida.

I slutten av 1870-åra var det vekking i Strand ved Ole Henriksen frå Sauda. Han reiste for Ryfylke indremisjons fellesforeining, og i 1893, kring 15 år etter at vekkinga hadde vore på sitt høgaste, såg Lars Oftedal tilbake på denne tida i Strand og mintest henne slik:

*Overalt samledes folk til oppbyggelse, ikke alene om søndagene etter kirkjenesten, men ogsaa i ugen elles. De mure erfarte og viderekomne Jesu disciple gikk omkring to og to eller flere og havde møder med folkene opaa de forskjellige gaarde rundt i hele sognet, talte Guds ord til oppbyggelse, formaning og trøst, bad og sang med dem. Aa hvilket liv dengang! Husene var for smaa for alle dem, som droges sammen, saasnart de hørte, der skulde være noget, og sang hørtes overalt, i husene, paa baadene, i skog og mark, hvor de kom; det var som det levde alt, men ak, hvor ser det nu ud!<sup>50</sup>*

Lars Oftedal tok sjølv til å reisa i Strand frå sommaren 1892 til hausten 1893. Det var på den bakgrunnen han kunne koma med utbrotet: ...men ak, hvor ser det nu ud! Det han

<sup>49</sup> Berge Furie, s. 185

<sup>50</sup> Stavanger Aftenblad, september 1893, sitert etter Jan Alsvik, s. 212

erfarte, var at mange av dei som hadde blitt vakte og frelste i 1870-åra, hadde falle frå:

*Endog mænd, som med varme og ild vidnede om frelsen i Jesus og drog omkring iblandt folket, tildels som lønnede emissærer, og forkynnte ordet, ere siden ligesom hundene vendte tilbage til sit eget spy og vandrer nu paa en vei, som ikke er god. Maatte Herren snart faa fat i dem igjen og drage dem til sig! Thi endnu kunde de reddes!<sup>51</sup>*

Om Oftedal er skuffa, peikar han likevel på at situasjonen ikkje er like nedslåande over heile Strand. Området mellom Alsvik og Fiskå skildra han som "et Gosen i Ægyptens land".

### **SKILDRING AV EI SAMLING PÅ JØRPELAND I 1884**

Sigbjørn Obstfelder (1866 – 1900) er rekna som ein av Noregs første modernistar. Mest kjent er han kanskje for diktet "Jeg ser" som kom i samlinga "Digte" i 1893. Som 18-åring var han med på ei religiøs samling på Jørpeland i 1884 og har skrive ned korleis han opplevde det. Dette er særleg interessant sidan me dermed får ei skildring frå ein som såg det heile utanfrå; han var ikkje van med slike samlingar, og han var bygut som såg på folket på landet med ein viss avstand i blikket. Lars Oftedal var ikkje til stades, men me kan kanskje rekna med at mange av dei som deltok på samlinga, var slike som hadde kome med i "Den vestlandske Vækkelse".

*Vi trådte da ind i den lave stue under det græskledte tag. Man må selv have været i "samling", forat begribe den luft, som slog mig imøde. Stuen var fuld, og et lidet kammer havde man taget til hjælp.-*

*Stakkars folk! Hvor de svettede. Hvor deres ansigter blussede.-*

*Så begyndte sangen. Seminaristen, som sad bort i vinduet med slig nonchalant mine, og som sandsynligvis i egne øine dominerede hele forsamlingen, førte nok an. Hvis man ikke vidste, hvad diskant vilde sige, kunde man få høre det, da han begyndte. Hvis man ikke vidste, hva mislyd vilde sige, kunde man høre det i denne forsamling. Jeg følte mig så gyselig højtidelig stemt. Alle gjorde sit bedste. Kvindfolket vilde gjerne synge ørene af mig. Og alle følte de sig højtidelig stemte. Derfor gjorde de hist og her enkelte triller. Derfor slap de hist og her pligtmæssige suk. Denne sang har altid for mig havt no-*

*get trykkende. Det er just som den med et eneste slag fremstiller hele deres liv, al deres vermod, alle deres savn. Lad være det ikke er musikalsk! Jeg ved det. Tenk på deres ensformige liv, især kvinderne. Der sidder de, hele livet uden afveksling. Samme gjerning hver dag. Hvad under da, at de bliver religiøse? hvad under, at de føler trang til at synge du? Alt dette synes jeg der ligger i denne melankolske sang. Thi de vælger karakteristisk nok altid de mest skjærende moll-melodier. –*

*Nu rejste en af bygdens åndelige fedre sig. Han løftede sit øje mod tagbjælken og foldede sine hænder; han drog nogle krampaktige suk. Derpå bad han med en højst mulig skjælvende stemme en improvisert (?) bøn. Stille var der i salen – kun suk fra enkelte beklemte hjerter. Det er tungsinde, som naturen og livet avler, et tungsinde, som jeg finder min største glæde i, fordi byliv og dannelses har gjort mit gemyt modtageligt.*

*(...)*

*Så opløftede en anden af bygdens åndelige pengefædre sin stemme. Han vilde da læse et stykke af gamle Arndt. Han kunde man læse uden fare, etc. etc. Han læste da med behørige forsiringer på alle bygdemålet fremmede ord.*

*Da man var færdig, var det tid at beskue og beskues. Da skulde kostymerne nyde kritikk.-*

*Det var herlig at komme ud igjen i den friske luft. Glade sang bygdens unge sine viser – om søndagskvelden skulde de danse og more sig.-*

*Alvorlig gik jeg derifra. Det var den kveld jeg begyndte at tænke mod kristendommen.<sup>52</sup>*

### **OFTEDAL OG BEDEHUSA**

Lars Oftedal var og ein bedehusbyggjar. I Stavanger opna han Betania i 1875. Det var den gongen byens største forsamlingshus. Alt året etter måtte det utvidast, og ved opninga då var det 3000 personar til stades. På Bryne vart bedehuset Saron bygd i 1878 på initiativ frå Oftedal, og i Ryfylke kom Bethel på Judaberg same året. Med desse bedehusa fekk kyrkja ein tydeleg konkurrent. Møtekulturen var ein annan på bedehuset. Oftedal preika ikkje slik andre prestar gjorde. Han la heller ikkje skjul på at han meinte nokre av dei andre

51 Jan Alsvik, s. 214

52 Martin Nag: Sigbjørn Obstfelder – Øyeblikksbilder s. 58 – 59, sitert etter Jan Alsvik, s. 213 – 214

prestane ikkje var omvende. Lekfolket fekk sleppa til på Bethania. Dei opna og avslutta møta, og av og til kunne dei halda hovudtalen. Songen var annleis; livlegare og raskare enn i kyrkja, og ofte fylgde dei åndelege visene populære melodiar og folketonar. Bethaniakoret med hundre songarar fekk songen til å brusa mektig under bedehustaket. Oftedal sa nok at folk skulle gå i den kyrkja dei sokna til og berre brukta bedehuset som eit supplement, men ha let tydeleg uviljen mot prestane skina gjennom. Mange av tilhengarane hans gjekk berre i Bethania og heldt seg borte frå kyrkja.<sup>53</sup>

Berge Furre har skildra den nye møtekulturen som voksa fram med Bethania:

*Til kyrkle gjekk folk gjerne i sin beste stas. I Bethania skulle ein vera "tarvelig" kledd i reine, heile klede som ikkje stakk seg ut. Iallfall skulle ein ikkje visa sin rikdom om ein hadde noko slikt. Pyntesaker høyrdie ikkje til. Eit tørkle over glatt hår i rimeleg lengd var sørmeleg. Oftedal skulle ha sagt at han gjerne ville hatt ei seks alner lang saks til å klippa av "Pynteroser paa Fruentimmerhatte ... i Kirkegaden". Med eit alvorleg oppsyn viste ein at ein hadde fatta alvoret ved livet og døden. Folk sat tett saman i Bethania. Og der var ikkje manns- og kvinneside. Kjøpmann og lausarbeidar, hattedame og hushjelp sat på dei*



Plate ved inngangen til bedehuset Bethel, Judaberg, Finnøy.

53 Berge Furre, s. 204

same benkene: Her var ikkje jøde eller grekar ... og iallfall ikkje stolleige med rekjkjefylgle etter status og eige. (...) Nokre tårer over eiga og andres synd og den gode nåde høyrdie med til ein Bethania-kveld. Det var tillate å gråta for menn, synleg, men helst ikkje høgt. Fortvilinga skulle vera diskret, men altså synleg. Smil var der og plass til, men helst gjennom tårer.<sup>54</sup>

### BEDEHUSET BETHEL PÅ FINNØY

Det hadde vore ei stor og gjennomgripande vekking ved Oftedal på Finnøy i 1874. Det kom nytt engasjement i kristenlivet på øya, og misjonsinteressa fekk ny glød. Som eit resultat av dette vart bedehuset Bethel, det første på øya, påbegynt i 1877. Tanken var at det skulle tena som eit bedehus for eit mykje større område enn berre Finnøy. Bethel er derfor ein stor og ruvande bygning, bygd i stein funnen på plassen. Grunnsteinen var det Lars Oftedal som la ned, den 28. mai. Trass i storm og eit høljande regnvær, hadde over 1000 menneske møtt fram for å vera vitne til denne hendinga, rapporterer Oftedals eige blad "Bibelbudet". Båtar kom for fulle segl over fjorden, lasta med folk som ville vera med på høgtida. Betania Sangforening, med 43 medlemmer, var "tilstede og opbyggde og opmuntrede os med sine liflige Sange." Ein mann som stod og såg på då Oftedal la ned grunnsteinen, kom til å flira av eitt eller anna. Oftedal la merke til det og sa: "Du i den skotteluen der, gid du i dette hus måtte falde på kne og sørge over dine synder!"<sup>55</sup> Dette siste stod ikkje i "Bibelbudet", men er ein del av tradisjonen som lever om denne hendinga.

Innviinga fann stad 16. september 1878. Også denne gongen herja uvêret. Så gale var det at ingen tilreisande frå Stavanger kunne vera med på opninga. Ein "talrig Skare" hadde likevel samla seg til den fastsette tida, og frå nabosokna hadde folk greidd å ta seg fram, etter ei svært hard sjøreise.<sup>56</sup>


*Det Hus, vi have bygget, skulde kaldes "Bethel": Guds Hus; vor Bøn maatte nu være, at det maatte blive dette i Sandhed. (...) Herren lade nu sin Åre fremmes og Sjæle frelses i dette vort kjære "Bethel"!".<sup>57</sup>*

54 Ibid.

55 Nils Ladstein Vestbø 2, s. 3

56 Nils Ladstein Vestbø 1, s. 14

57 Ibid



Bethel på Judaberg, bygd i 1877 -78 av stein funnen på staden. Tanken var at denne staslege bygningen skulle tana som bedehus for store delar av Ryfylke.

Då Bethel berre var eitt år gamalt, romma det den største samlinga som til då, og lang tid framover, hadde vore på Finnøy. Langt frå alle som prøvde, kom inn. Det store bedehuset var for lite. Det er "pinssti"- møtet i 1879 det er snakk om. Lars Oftedal refererte sjølv frå møtet i "Bibelbudet" 10. juli. Han fortel at dampskipet "Rogaland" la frå kai i Stavanger om ettermiddagen andre pinsedag. Det var litt regn i lufta, men det klarna opp etter kvart. Skipet var stuende fullt, og passasjerane stod som sild i tønne på dekk. "Bethania Sangforening" var med. På veg innover fjorden fekk dei følgje av ei rekke andre båtar, små og store, som var ute i same ærend. Dei kom frå alle kantar av Ryfylke. Ferda gjekk til Judaberg, og folk strøymde frå kaien og opp mot bedehuset. Folkemeng-

da var så stor at det måtte stå vakt ved inngangsdøra for å passa på at barn og gamle ikkje vart nedtrødde. Oftedal skriv at då Bethel "som antagelig rommer 1600 mennesker", var fullt "til sidste kvadrattomme", stod det framleis mange ute. Løysinga vart at to misjonsstudentar tok med seg desse og heldt møte i eit skogholt ovanfor bedehuset. Etter at møta, både det inne og det i friluft, var slutt, vart folk innlosjerte kringom på Finnøy, "sålænge der fandtes Sængelengder". Neste morgen, så tidleg som klokka 7, samlast dei til andakt i Bethel. Folk strøymde til i slike skarar at emissær Ommund Kallem frå Etne, som skulle avslutta andakten, vart trengd opp på galleriet og måtte avrunda derifrå. Sjølve årsmøtet tok til klokka 9, men då det var uråd å få alle inn, ogvêret var fint,



*Salen på Bethel. Me skimtar så vidt galleriet, som omkransar salen på tre sider.*

vart møtet heller halde i friluft, i lunden ovanfor. "Rogaland" skulle tilbake til byen, derfor måtte møtet slutta klokka 15. Heile møtelyden gjekk ned til kaien, stavangerfolket steig om bord i dampskipet, andre gjekk om bord i seglskip og robåtar, og finnøybuen stod att på kaien, nes og knattar og vinka gjestene farvel.<sup>58</sup>

Bedehuset Bethel på Finnøy er det eldste bedehuset i Ryfylke som framleis er i bruk.

<sup>58</sup> Nils Ladstein Vestbø 2

# Rosenianismen

Kring 1870 hadde tankane til den svenske lekpredikanten Carl Olof Rosenius (1816 – 1868) begynt å gjera seg gjeldande i Noreg. Sjølv var han knapt nok her til lands, men i Sverige var han redaktør for tidsskriftet "Pietisten", og artiklane hans som hadde stått på prent der, vart seinare utgjevne i bokform og fekk ein stor leseskare i heile Norden.

Med Rosenius kom noko nytt inn i lekmannsrørsla. Han la mindre vekt på anger og bot enn tidlegare predikantar. Det var ikkje angeren som frelste eit menneske, men det Jesus hadde gjort. Og han hadde gjort det for alle. Det var berre å ta imot. Det kunne ein gjera her og nå. Det gagna ingen å gå og kjenna på ein vond syndeanger i veker og månader. Dermed kunne det gå mykje raskare å bli frelst etter at Rosenius sitt syn hadde fått innpass i vekkingskrinsar. Også han meinte at ein kristen skulle streva etter å leva eit så rett og godt liv som mogeleg, men rettferdig og heilag kunne ingen bli utan gjennom Kristus. Derfor gjaldt det å "ikle seg Jesus", halda seg i nåden. Ved eiga hjelp greidde ein likevel ingenting.

Striden handla og om tilhøvet mellom prest og lekmann.

## "GAMLEMISJONEN" OG KINAMISJONEN

Dei nye tankane som kom med Rosenius, braut med det gamle synet på omvendinga, og mange truande var sikre på at dette nye var vranglære. Ikkje uventa var det dei unge som lettast tok til seg dette med at ein kunne komma som ein var. Dei skulda "dei gamle" for å vera "loviske", det vil seia at dei gamle kristne levde under lova – dei ti boda – og gløymde evangeliet; at Jesus hadde tatt på seg all skuld.

Dermed oppstod ein konflikt som gjekk mellom "dei gamle" og "dei unge", der begge partar skulda kvarandre for vranglære. Medan "dei unge" sa at "dei gamle" var "loviske", meinte "dei gamle" at "dei unge" tok det for lett, og at det ikkje var så enkelt å bli frelst som dei trudde. Når "gamle" og "unge" her står i hermeteikn, er det fordi det fanst eldre personar som omfamna rosenianismen, og fordi det omvendt



fanst ungdom som hadde størst tru på den gamle måten å koma til frelse på. Hovudtendensen gjekk likevel på at dei gamle var meir loviske enn dei unge.

Denne konflikten kom og til syne mellom misjonsorganisasjonane. Kinamisjonen og Det vestlandske Indremisjons-selskap vart begge skipa i 1890-åra, ei tid då rosenianismen



Jesus bankar på. Ifølge rosenianismen var det berre å opna hjartedøra og ta imot Jesus, så var ein frelst.

hadde begynt å få fotfeste i Noreg. Følgjeleg byggjer forkynninga i begge desse organisasjonane på Rosenius. NMS og Indremisjonen var skipa tidlegare, og begge desse organisasjonane var skeptiske til den rosenianske forkynnninga. Det norske Misjonsselskap fekk tilnamnet "Gamlemisjonen". Det hendte og at nemninga "Prestemisjonen" vart brukt, og det var ingen heiderstittel når det kom frå lekfolket.

Striden mellom dei to fløyene kunne vera kvass og hard. I Ryfylke var Kinamisjonen svært aktiv frå byrjinga av 1900-ta-

let, og kom då i eit sterkt motsetnadstilhøve til "Gamlemisjonen". I tillegg til at "kinesarane" hadde eit anna syn på omvendinga, var dei meir kritiske til prestane enn dei tidlegare lekfolka hadde vore og gjekk inn for fri nattverd og fri barnedåp. Med det meinte dei at lekfolk kunne stå for både nattverd og dåp utan at presten var til stades. Dermed kunne dei flytta nattverd og dåp ut av kyrkjerommet og inn i samlinger på bedehuset eller i private heimar. Likevel braut dei ikkje offisielt med statskyrkja og meldte seg heller ikkje ut, men det var mange "kinesarar" som aldri sette sin fot i kyrkja. Frå Årdal er det fortalt at eit songkor som stod tilslutta Kinamisjonen, ein gong vart spurd om dei kunne koma og synga på ei høgmesse i kyrkja. Det kunne dei ikkje. Dei ville ikkje "kasta vekk" stemmene sine på slikt.<sup>59</sup> Andre heldt fram med å gå til alters i kyrkja og å bera barna sine til dåp der. Kinamisjonen stilte tilhengjarane sine fritt i så måte.

Som ein motreaksjon vart mange kyrkjer stengde for emsærar som reiste for Kinamisjonen. Det same galdt i fleire høve bedehusa. Nokre stader bygde då "kinesarane" eigne bedehus.

#### FLEIRE BEDEHUS

I året 1900 var det åtte bedehus i Ryfylke:

- "Betel", Hjelmelandsvågen, Hjelmeland, 1840
- "Zoar", Årdal, Hjelmeland, 1869
- Sand bedehus, Suldal, 1872
- "Bethel" på Judaberg, Finnøy, 1878
- Kvitsøy bedehus, Kvitsøy, 1881
- "Kististova" i Kjølvik på Ropeidhalvøya, Suldal, 1889
- Sørbø bedehus, Rennesøy, 1890
- Fjelde bedehus, Jørpeland, Strand, 1899

Det gamle bedehuset på Strand frå 1837 fungerte då ikkje lenger som bedehus.

20 år seinare hadde det kome 34 nye bedehus i regionen:

- Bjørheimsbygd bedehus, Strand, 1904
- "Fredheim", Sauda, 1904
- "Saron", Saudasjøen, Sauda, 1905

59 Intervju med mann frå Årdal, fødd 1921

## REGLER FOR KÅLABYGDENS BEDEHUS

§1. Formålet med dette hus er at etterkomme frelserens befaling i Mark.16.15. å forkynne evangeliet for all skapning. Dette mål søkes opnået ved opbyggelige møter, arbeide og sammenkomster til Guds rikes fremme for ytre og innremisjonen innen den evangeliske Lutherske bekjennelse.

§2. Adgang til og optredre som Guds ords forkynnere gives kun dem, der har godt vidnesbyrd og ikke giver anstød i liv eller lærer i overenstemmelse med bibelen og den evangelisk Lutherske bekjennelse. Huset kan også benyttes til ikke religiøse møter og sammenkomster med samfundsgavnlige ting for øie, som styret med god samvittighet kan gå med på.

§3. Ingen som ikke er utsendt av organisasjoner innen den Lutherske kirke bør gives rett til og tale i huset med mindre de er kjente som opriktige og guds fryktige troende menn som ikke arbeider eller medvirker til spittelse innen troende venneflokk.

§4. Huset skal bestyres av 5 levende kristne menn. De tre, der har flest stemmer etter representantene blir hvert år supplanter. Styret velger selv innen sin miste sine funksjoner. Ved hvert årsmøte utgår vekselsvis 2 og 3, første gang ved lodtrekning. Beslutninger kan fattes når 4 – fire er tilstede med simpel flertall. I tilfelle stemmelikhet utgjør formannen stemme utslaget.

§5. Styret kan og føre tilsyn med huset i økonomisk hensende. Styret gives rett til og fastsette en viss prosent av inntektene som kommer inn ved basarer og fester til maksimum 5%. I tilfelle avgang i styret, som ved dødsfall, bortflyttelse eller ved anstød i liv, lære eller bekjendelse, så utsettes denne, og første supleant inntrede i dennes sted.

§6. Styret sørger for, at møter blir avholdt hver lørdag, enten ved noen av dem selv eller ved dertil skikkende mend.

§7. Stemmeberiktige er alle bedehusbygdens troende bekjendede kristne kvinder og mænd, som viser interesse for opbyggelsesarbeidet og husets vedlikehold og er enige i disse paragrafers innhold.

§8. Årsmøte avholdes hvert år helst på dets invielsdag. Ved dette møte fremlegger formannen, der fører forhandlingsprotokol, årsberetning, kassereren revidert regnskap og valg foretas.

§9. Forandring av disse regler, der dog ikke må stride mot andre og prinsipi i disse kan foretas på et årsmøte med 2/3 av de avgivne stemmer. Den påtenkte forandring må forelegges styret minst fire uker før årsmøtet. Paregraf 2. og 3. kan ikke forandres.

Kålabygdens bedehus ligg i Forsand og er i dag kalla *Meling* bedehus.

- Langeland bedehus, Jørpeland, Strand, 1905
- Barkved bedehus, Strand, 1905
- Fiskå bedehus, Strand, 1905
- Mosterøy bedehus, Rennesøy, 1905
- Innakleivs bedehus, Rennesøy, 1905
- Heia bedehus, Strand, 1906
- Sørbø bedehus, Rennesøy, 1907 (Avløyste eit frå 1890)
- Kloster bedehus, Rennesøy, 1907
- Byrkjeland bedehus, Forsand, 1908
- Talgje bedehus, Finnøy, 1908
- Vatland bedehus, Strand, 1909

- "Fredtun", Runestad bedehus, Fogn, Finnøy, 1910
- "Nain", Hålandsosen, Suldal, 1910
- Sør-Bokn bedehus, Finnøy, 1910
- "Emmaus", Steinnesvåg, Finnøy, 1911
- Langeland bedehus, Fogn, Finnøy, 1911
- "Karmel", Jørstadvåg, Ombo, Finnøy, 1911
- "Håpet", Sandsbygda, Suldal, 1911
- "Betania", Reilstad, Finnøy, 1912
- Bedehuset i Kyrkjebøen, Årdal, Hjelmeland, 1912 (Avløyste eit frå 1869)
- Idse bedehus, Strand, 1913



Bedehuset på Runestad, Fogn, bygd 1910. Her var det "dei gamle" heldt samlingane sine.

- "Knut Fossaas Minde", Jøsneset, Hjelmeland, 1913
- Berge bedehus, Forsand, 1915
- "Siri og Lars Randas Minde", Randøy, Hjelmeland, 1916
- "Betel", Sauda, 1918
- "Soar", Astarheim, Sauda, 1918
- Lauvsnes bedehus, Finnøy, 1919
- Bru og Sokn bedehus, Rennesøy, 1919
- "Betel", Dalen, Årdal, Hjelmeland, 1919
- "Fredheim", Vikevåg, Rennesøy, 1919
- "Betel", Erfjord, Suldal, 1919
- 

Dei første tiåra av 1900-talet var ei generell oppblømingstid for lekmannsrørslene, uavhengig av striden mellom fløyene. Alle organisasjonane opplevde store vekkingar desse åra, og mange bedehus vart bygde som ein direkte konsekvens av ei vekking.

## STRIDEN PÅ FOGN

På øya Fogn i Finnøy kommune vart konflikten mellom tilhengjarane av Kinamisjonen og "dei gamle" særleg hard og førte til bygging av bedehuset på Runestad i 1910 og "Sion" i 1924. Dei to kristenflokkane greidde ikkje å ha kontakt med kvarandre. Johan Hovda (1901 – 1994) vokste opp der og har skrive ned såre minne frå denne striden i barne- og ungdomsåra:



Bedehuset Sion, Fogn, som "dei unge" bygde i 1924. Det ligg berre nokre hundre meter frå bedehuset på Runestad, men striden var så hard at dei to kristenflokkane på øya ikkje kunne vera i lag.

For i desse tider var det full "religionskrig" på denne vesle øya. Det tok til med ei stor vekkjing for Kinamisjonen med Sven Foldøen. Og alt gjekk så bra. Mange, mange kom igjennom og "vart med". Men så vart det motstand og. Dei "gamle" reiste bust. (...)

I teksten er ein av dei gamle, Andreas Selvåg, nemnt, men det vert understreka at han ikkje var åleine. Fleire "hovdingar" stod for det same synet, nemleg:

at denne rørla kunne ikkje vera av Gud; det var for laust og lett.

(...)

Ja, så vart det til det at dei kunne ikkje ha møte ihop lenger. Dei laut skiljast. Dei gamle bygde seg bedehus på Runestad og dei "nye" brukte skulehusa. Dei "gamle" sette seg ikkje imot at skulehusa vart brukte, så dei gjorde ikkje berre vondt. Seinare bygde Kinamisjonen Sion på Ærås. Så stod der då 2 bedehus snautt 200 m. frå kvarandre.

På begge husa var det møte om sundagane og helst på same tida. Stundom kunne det verta litt vekjing på øya, men religionsstriden gjorde at han ofte vart øydelagd.

(...)

Eg grubla og såg og tenkte, men fann ingen skilnad. Dei gamle arbeidde for negrane og dei unge for kinesarane. Men alle skulle då vera like gilde for Vår Herre. Dei gamle song

ofte, høyrd eg: "Når synderen rett ser sin våde", og "Herre jeg må klage". Dei unge song: "Nu er jeg glad og lykkelig" og "Vi stemmer i en frydesang". Eg prøvde etter fatig evne å analysera desse songane for å finna skilnaden, men fann ingen. Innhaldet vart det same. Og kva tone me brukta hadde vel ingenting å seia for Gud. Korleis eg grov og korleis eg vende på det, fann eg ut at dei gamle hadde like mykje rett som me andre.

Å, eg minnest ein fin sundag me var på veg til møte. Me gjekk framom bedehuset til dei gamle. Dei hadde alt byrja møtet sitt. Dei song derinne. Ei gamal salme. (...) Eg kikka som snoggast opp og såg alvorstunge andlet som bøygde seg over salmebøkene. Så kikka eg eldande snøgt bortpå dei eg fylgdest med, var rødd dei skulle seia noko eller flira litt. Og diverre, begge deler hende. Eg kjende kor det sukka og gret inne i meg. Eg visste at ein av dei karane der inne nett hadde vore gjennom ein hard sjelestrid. (...) Og så hadde eg sett hovuda til to av grannane mine – og så visste eg at far var derinne, og morbror Andreas – og mor.

Eg hadde det så vondt. Eg trudde nok eg høyrd til på Sion, men eg var glad i dei derinne og.

Og så var det mor. Ingen var som mor. Og ingen var så god kristen som mor. Det var eg heilt sikker om. Det kunne i det heile ikkje diskuterast. Det var fakta. Og dersom ikkje mor kom til himmelen, så var det ikkje rett ordna.<sup>60</sup>

I tillegg til strid lekfolket imellom var det og krasse frontar mellom kyrkja og Kinamisjonen. I 1908 skipa Kinamisjonen eit stort stemne på Jelsa og søkte då om å få nytt kyrkja. Svaret var nei, men avslaget kom så seint at predikantar og andre tilreisande alt var undervegs. Derfor kunne ikkje stemnet avlyst eller endrast, så det vart avgjort at møtet måtte haldast utandørs. Det hadde vore ein lang periode med austande regnvær, men akkurat på stemnedagen, som var ein søndag, stoppa regnet, og det vart eit strålande solskin. Det var nok ikkje utan triumf Ludvig Hope kunne opna møtet med orda: *Då kyrkja vart stengd av menneske, opna Gud ei kyrkje for oss, og der er rom for alle.*<sup>61</sup> Historia vart ikkje mindre god av at ruskevêret heldt fram neste dag.

60 Johan Hovda: "Religions-kriken" i Ryfylke har vore årsak til mykje sut, Stavanger Aftenblad, 23.04. 1959

61 Jakob Straume, s. 225

# Sven Foldøen



Sven Foldøen (1878 – 1953) reiste som emissær i nær 50 år. Få har sett så dype spor etter seg i Ryfylke.

Foto: Statsarkivet i Stavanger.

I 1903 heldt ein ung predikant som reiste for Kinamisjonen, møte på Sand. Frå Sauda kom Cornelius Andersen for å høyra på denne emissæren. Det låg is på fjorden, så han tok skeisen på og kom seg slik ut til Sandslandet, ei strekning som snøggbåten i dag bruker 25 minutt på. Når han var villig til å bruka så mykje energi for å vera til stades på kristelege møte, hadde det samanheng med at det gjekk gjetord om predikanten. Han viste folk ein rask og kort veg til frelsa, vart det sagt. Folk vart glade og frigjorte på møta hans.

Kornelius Andersen ville gjerne bli frelst, og han hadde prøvt å angra og be for å få det til, men han følte inga glede og ingen fred. "Du må lesa meir i Bibelen, be meir og angra meir", sa dei andre i kristenflokk til han. Men det hjelpte ikkje. Derfor håpte Andersen at forkynninga til Sven Foldøen kunne visa han vegen til fred og frelse.

Han gjekk på møte i seks dagar på Sand. Då han la ut på heimvegen, var det med fred og glede i hjarta. Han hadde blitt frelst. Og han gløymde aldri at det var Sven Foldøen som forkynte slik at han kunne høyra seg løyst og fri. Resten av livet var han ein trugen støttespelar for Kinamisjonen og Sven Foldøen.

Det er Arne Aano, sonen til Kornelius Andersen, som har fortalt om korleis faren vart frelst på Sand i 1903.<sup>62</sup> Aano reiste sjølv seinare som emissær for Kinamisjonen.

Sven Foldøen var fødd på den vesle øya Foldøy, om lag midt i Ryfylke, i november 1878. Han vokste opp i eit miljø prega av Hauge-rørsla og Oftedal-vekkinga. Han stod konfirmant i Jelsa-kyrkja, men nekta å møta til nattverd, som dei unge alltid gjorde etter konfirmasjonen. Då presten spurte faren kvifor guten heldt seg vekke, svara faren at Sven ikkje var omvendt og derfor ikkje syntest det var rett å gå til alters. Presten understreka då at før Sven hadde kome til nattverd, kunne

62 Liv Randi Bjørlykke s. 13 – 15

presten ikkje rekna seg som ferdig med han. Noko seinare kom Sven roande til Jelsa, deltok i nattverden i kyrkja, men ikkje utan motvilje, og denne motviljen mot prest og kyrkjeordning heldt han fast på resten av livet.<sup>63</sup>

Som ung vaksen reiste han over Atlanteren til Amerika, men kom tilbake i 1903, etter fire år. Då hadde det skjedd ei radikal endring i livet hans. Han var blitt frelst. På eit bønnemøte, der alle låg på kne og bad, hadde han blitt vakt. Likevel gjekk han ei veke og streva med ei stor uro over seg. Han følte seg ikkje frelst. Men så ein kveld, etter at han hadde vore på eit møte, skjedde dette:

"Guds Ånd kom med Jesu egne ord til meg og sa: "Sønn, vær frimodig. Din synd er deg forlatt."

Då han framleis twilte, fekk han for sitt indre sjå Jesus hengande på krossen med blodet rennande frå såra, og løysingsordet kom til han:

"I dette blod har du fått forlatelse for din synd."<sup>64</sup>

Alle bekymringar, all uro vart vekke, og han følte ei jublende glede. Ei tid etter opplevde han det som eit kall at han skulle reisa heim og forkynna til vekkinga der.

Det første møtet heldt han på Ombo, berre to veker etter at han hadde kome heim. Han kunne ro frå Foldøy til Ombo, og dessutan hadde han slekt der, så det var ein grei plass å begynna. Saman med han reiste ein eldre emissær frå Indremisjonen, Andreas Lodhiller frå Vats. Etter eit par dagar reiste Lodhiller vidare, slik skikken var. Sven reiste ikkje for nokon organisasjon, så han heldt fram med møta på Ombo. Han tala om korleis han sjølv hadde blitt frelst og om "løysingsordet", og brått var vekkinga der. Det var uråd for den unge predikanten å forlata øya så lenge vekkinga stod på. Dermed vart han verande der i eit par månader og meinte i ettermiddag at han hadde halde kring 100 møte.

Vækkelseren tog slik til at den blev som et vårbrus av regn og smelte sne som ingen magt kunne standse.<sup>65</sup>

Sitatet er frå eit notat Foldøen gjorde då han som eldre predikant såg tilbake på denne første vekkinga si.

Hausten 1903 begynte Sven Foldøen å reisa som emissær for Kinamisjonen, og fram til 1911 då han reiste ein tur til



Frå Bjørheimsbygd bedehus, Strand.

Amerika, var han innom nesten kvar einaste bygd i Ryfylke. Året etter kom han tilbake til Noreg og heldt då fram med reiseverksemda stort sett heile livet til han døydde i 1953. Med han fekk Stavanger krins av Kinamisjonen ein eventyrleg vekst. Før hadde krinsen berre hatt ein fast tilsett emissær, A. Nebdal. Tida var fattig på emissæremne, vert det sagt. Løna var lita og vanæra stor.<sup>66</sup> Gjennom dei store vekkingane

63 Olav Golf, s. 10

64 Olav Golf, s. 27

65 Olav Golf, s. 32

66 Jakob Straume, s. 500

som braut inn over krinsen ved Foldøen, dukka det opp fleire emissærer enn krinsen hadde bruk for. Nokre av desse gjekk derfor i teneste hos andre organisasjonar. I 1921 hadde Stavanger krins 47 arbeidatar på lønningslistene med ei samla arbeidstid på 120 månader.<sup>67</sup>

Som person var Sven Foldøen fritt-talande, slagkraftig, intens og fargerik. Denne personlegdomen tok han med seg på talarstolen, og det verserer eit utsat og anekdotar etter han. I bygdelaget Tveita på Ropeidhalvøya i 1903, då den unge Foldøen var fersk som predikant, hadde mange av dei gamle kameratane hans møtt fram for å oppleve den "nye og skikkelege" Sven. Han skal ha halde ein svært personleg og gripande tale der han blant anna uttalte:

*Eg ser fleire av kameratane mine her i kveld som siglar til helvete på toppa segi.*<sup>68</sup>

Eit liknande uttrykk kom han med mange år seinare i Sjernarøy, då han næraast ropte frå talarstolen til nokre ungdommar som sat på galleriet på ungdomshuset:

*Dokke som set på djevlavagle der, de siglar for toppa segl til helvite.*<sup>69</sup>

Ryfylkingen har kanskje ikkje ord på seg for å vera spesielt hardhuda eller rappkjefta, men når det gjaldt Sven Foldøen, kunne han gå langt og uttala seg krast, utan at folk vart fornærma, seiest det. Mange hadde altså evne til å ta det "han Sven" sa i beste mening og lata dei uvørnaste uttrykka prella av. "Det e berre slig han e." Like stor velvilje møtte han ikkje i andre landsdelar. På Austlandet hadde han ikkje same appellen som her vest. Det var i Ryfylke han stod sterkest. Så fekk han og tilnamnet "Ryfylkebispen".

## MØTEFORM

Såkalla "tennstikker" eller "fyrstikker" var det Elling Eielsen som hadde byrja med. Foldøen heldt fram med denne skikken. Det betydd at når han kom til ein ny plass, hadde han med seg ein liten flokk nyfrelste frå ein av stadene han hadde gjesta tidlegare. Dei song og vitna og fortalte om korleis dei hadde opplevd å bli frelse. Slik fungerte dei som fyrstikker

– dei varma opp, fekk opp stemninga – før predikanten begynte forkynninga.

Tidlegare hadde det vore slik at ein emissær berre stoppa eit par dagar i ei grend før han for vidare til neste. Me hugsar at Foldøen vart verande kring to månader på Ombo under den første vekkinga si. Dette heldt han fram med. Viss "vekkesesvinden blåste", kunne han gje seg til i vekevis på same staden. Ofte hadde han og med seg "fyrstikker" eller andre hjelparar. Vekkingsmøta kunne vara til langt på natt. Til Jelsa kom vekkinga ved Foldøen hausten 1905. Først vart møta haldne i heimane, men etter ei tid opna sokneprest Bugge kyrkja, og møta gjekk både dag og natt.<sup>70</sup>

Særleg på grunn av ettermøta var det mange som ikkje kom seg i seng før langt på natt.

Ettermøtet tok til etter at sjølv vekkingsmøtet var slutt. Mange drog då heim, men dei som følte seg kalla av Gud, vart bedne om å vera igjen. På ettermøta var det og vanleg at dei trufaste kristne, "den vesle flokk", deltok. Dei gjekk då ned på kne og bad, mens predikanten og nokre av dei andre som var "innanfor" gjekk rundt og snakka personleg med dei som sat, og som gjerne ville bli frelse. Håpet var då at desse ville overgje seg til Gud, at dei ville "bøya seg". Viss dei gjorde det, betydd det ikkje berre at dei la seg på kne og bad, men også at dei med denne handlinga offentleggjorde at dei ønskte å bli frelse, at dei ønskte å høyr til det kristne venesamfunnet. Fekk dei då eit "løysingsord", ville dei føla seg "løyste og fri". Frå Jelsa er det fortalt at folk i 1905 gav seg over til Gud på vegane, på berghaugane og i båtane.

Foldøen var ikkje den første som brukte ettermøte og bønemøte på kne, men han var den første som brukte det systematisk. Denne praksisen møtte ein god del motbør, både frå kristne og ikkje-kristne. På Fiskå i Strand heldt Foldøen vekkingsmøte i 1948, og han heldt på i tre veker med fulle hus. Folk kom frå nabokrinsen Kjølevik og gav seg over, men ingen frå Fiskå bøygde seg. Det skal ha vore fordi det der var sett ut ein påstand om at når det lei ut i møtet, og folk begynte å bli trøytte, skvette Foldøen nokre dråpar på golvet, og dette fekk folk til å saga i kne.<sup>71</sup> Likevel, den tredje søndagskvelden

67 Jakob Straume, s. 501

68 Jakob Straume, s. 218

69 Olav Golf, s. 40

70 Ernst Berge Drange 1, s. 515

71 Jakob Straume, s. 181.



Frå Hellandsbygd bedehus, Sauda.

"...brast det for den staute flokken av vaksne gutter, og no gjekk det slag i slag. Meir enn halvparten av den store ungdomsflokkene gav seg over til Gud, saman med mange eldre. Folk strøymde til frå andre krinsar, og bedehuset vart reint for lite."<sup>72</sup>

Også i Suldal skal ei gammal kone ha påstått at Foldøen skvete eitt eller anna på golvet som fekk folk til å siga i kne, så dette må ha vore ei utbreidd førestilling på den tida, eller så er det ei vandrehistorie som har oppstått i ettertid.

I Sauda heldt dei gamle truande lenge på eit forbod mot å ha bønemøte på kne på bedehuset. I private heimar fekk det nå heller tolast, men ikkje på bedehuset. Den kjente misjonsforeiningskvinnen Brita Ringhagen (f. 1853) kunne ha ei kvass tunga, og Straume fortel at ho

"...kom i skade for å kalla dei nye for "knehøner". Det var bønemøta på kne ho tenkte på då. Men så vart ho sjølv heller fri etterpå."<sup>73</sup>

Den nye vekkingsbølgja, som Foldøen representerte, aktiviserte møtelyden på ein ny måte ved å gje ordet fritt. Då kunne den som ønskte det, ta ordet og vitna om kva dei hadde opplevd i møte med Gud. Slike vitnemål gjorde ofte djupt inntrykk på venner og naboar som sat i salen og hørde på. Ofte kunne det bli så mange som ønskte å ta ordet, at emissären måtte ordna køen. Andre gonger vart det tyst når ordet vart gjeve fritt. Då hende det ikkje sjeldan at Foldøen vende seg direkte til ein person og bad vedkomande vitna. For mange var dette ei påkjenning. Det var ikkje alltid like lett å stå fram på den måten. Å ordlegga seg i forsamlingar var heller ikkje noko alle greidde like godt. Folk kunne nok frykta blikket til Foldøen når det sveipte over benkeradene for å finna eit kjent andlet han kunne namngje, når ingen vitne hadde meldt seg frivillig. Det var nok mange som såg ned, og som ønskte dei kunne siga gjennom golvet. Frå Årdal er det fortalt om ein småålåten, unseleg mann som nettopp hadde blitt frelst, og som reiste seg taust og tusla ut med hengjande hovud etter å ha blitt kalla til å vitna av Foldøen. Han viste seg aldri på bedehuset meir.

Likevel – det at alle, ikkje berre emissären, kunne ta ordet på eit møte, representerte ei demokratisering av kristenlivet, og mange såkalla "vanlege" folk fekk på bedehuset si første trening i å tala i forsamlingar. Nå må me like fullt innsjå at denne demokratiseringa hadde sine klare avgrensingar. Det var ikkje kva som helst som kunne seiast på eit bedehus. Statuttane regulerte kva som var den rette læra. Men blant dei som gjekk på møta, var det kanskje heller ingen som ville finna på å provosera ved å koma med noko som kunne oppfattast som vranglære i eit vitnemål. Respekten for bedehuset og for dei som styrte der, var nok for stor til det.

## FORKYNNINGA

Som Lars Oftedal talte Sven Foldøen dialekt og signaliserte dermed overfor tilhøyrarane at han var ein av dei. Når det gjaldt Foldøen, var dette og tilfelle; i tillegg til å vera emissær var han sjølv småbrukar og fiskar.

Foldøen var klar og konkret i forkynninga, og han hadde orda i si makt. Han kunne stå på prekestolen og kasta djevelen tvers gjennom rommet og ut eit vindauge langt bak i salen, slik at heile møtelyden snudde seg for å sjå at han fauk gjennom ruta. I universet hans var det berre to moge-

72 Ibid.

73 Jakob Straume, s. 252



Frå Vormedalen bedehus, Hjelmeland.

lege utgangar på livet; himmel eller helvete. Han hadde ikkje tru på at vaksne kunne leva på barnetrua si. Omvendinga var ei nødvendig, skjelsetjande oppleving. Dei som *trudde* dei var frelse, var det sannsynlegvis ikkje. Dei skulle vita at dei var det. Og dei skulle helst vita både time og dato for når omvendinga hadde funne stad, og dei hadde tatt imot frelsa.

Møta var prega av omvendingsforkynning. For den som alltid hadde tenkt på seg sjølv som kristen, kunne ei slik forkynning by på problem. "... eg er glad for at eg hadde gått på *dans slik at også eg kunne omvendas.*"<sup>74</sup> Slik uttrykte ho det, ei kvinne på Fister, fødd kring 1922.

<sup>74</sup> Åsmund Sigmundstad, s. 7

"Å bli løyste" var eit uttrykk som gjekk igjen og igjen i forkynninga til Foldøen. Den vakte måtte bli "løyste" frå lov og dom og "sjå seg frelst og frigjort". "Løysingsordet" vart dermed næraast eit vilkår for å vera med i veneflokk til Foldøen. Det kunne vera ord frå ein song eller salme, men det var oftaast eit bibelvers. Eit ord som plutseleg berre "kom" til ein, eller eit som auga fall på når ein – meir eller mindre tilfeldig – slo opp i Bibelen. Det kunne og vera eit ord som plutseleg vart "levande" og talte direkte til ein når ein las i Bibelen.

"Kom så du e" og "I kveld e det din kveld" var vanlege utsagn på vekkingsmøta til Foldøen. I følgje eit referat i Stavanger Aftenblad skal han på eit møte i Imsland i 1904 ha forkynt:

Motstår du Guds Ånds kallelse i dag, kaller den kanskje aldri mere på deg her i livet, og den evige fortapelse venter deg som djevelens lønn.<sup>75</sup>


## STRID

I leiinga for Kinamisjonsforbundet (Misjonssambandet) var det fleire som meinte at Foldøen var for subjektiv i forkynnингa og la for stor vekt på si eiga frelsesoppleving.<sup>76</sup> Blant desse var Ludvig Hope, predikant og kjent kristenleiar, dessutan generalsekretær i Kinamisjonsforbundet frå 1931 til 1936. Det var han som opna stemnet på Jelsa den gongen i 1908 då kyrkja var stengt for Kinamisjonen. Ikkje berre var Foldøen subjektiv, han var og impulsiv og fritt-talande. Krinsformann Br. P. Mugaas fekk fleire vanskelege saker å ordna opp i på grunn av dette. Jeg tror du trænger til at sætte en varetægt om din mund av og til, du kan vist ikke negte, den farer for fort stundom, skreiv han til Foldøen etter å ha fått inn klage på han til krinskontoret.

Den fritt-talande Foldøen kom i strid både med andre kristne – først og fremst "dei gamle" – og med prestane. For mange kunne det vera vanskeleg å skilja mellom dei personlege synspunkta hans og dei standpunktene Kinamisjonen som organisasjon stod inne for. I Ryfylke var Sven Foldøen for mange Kinamisjonen.

Diplomat var Sven Foldøen ikkje. Om han hadde ordlagt seg meir forsiktig når han kommenterte andre lekpredikantar og teologar, eller om han hadde late vera å kommentera dei, kunne fleire problem ha vore unngåtte. Han kunne namngi prestar og slå fast om dei var omvendte eller uomvendte.

I 1909 heldt Foldøen ei nyttårspreike i Hesby kyrkje på Finnøy som vekte stor forargning og førte til harmdirrande leserinnlegg i Stavanger Aftenblad. Debatten raste i avisene i lang tid etterpå og hamna til slutt i departementet. Striden kom til å stå om bruken av kyrkja. Kunne ein lekpredikant, med så kontroversielt syn som Sven Foldøen, få lov til å bruka kyrkja? Departementet reagerte med å gje kyrkjelysnet på Finnøy korreks fordi det ikkje hadde følgt dei reglane for utlån av kyrkja som alt fanst, og innskjerpa vidare:



Frå Bjørheimsbygd bedehus, Strand.

... om Lægmanden fremkommer med utilbørlige Utdaleller, som er skikket til at vække Forargelse i Menigheden, bør han selvfolgelig negtes at benytte Kirken. Dette bør og gjøres overfor Lægmænd, hvis Opræden forøvrig kan befrygtes at vække splid, f. ex. ved at delta i eller arbeide for privat Nadværdnytelse, der er stridende mot vor Statskirkes Lov og Orden. ... Endvidere skal man gjøre opmærksom paa at Kirken kun undtagelsesvis bør benyttes til Aftenmøter, og at saadanne i Tilfælde ikke bør være længer end til kl. 8, medmindre Sognepræsten selv er tilstede og paaser, at alt gaar sommelig og ordentlig til.<sup>77</sup>

75 Olav Golf, s. 31

76 Olav Golf, s. 29

77 Siterat etter Olav Golf, s. 46

Dette skrivet vart seinare vist til av prestar når dei nekta Foldøen og andre radikale emissærar frå Kinamisjonen å tala i kyrkja.<sup>78</sup>

Men kva var det eigentleg Sven Foldøen hadde sagt i Hesbykyrkja? Nokre av dei "utilbørlige Utdalelser" er siterte på avissidene, og me tar derfor med nokre utdrag frå Stavanger Aftenblad. Debatten starta med desse orda frå redaksjonen:

*Fra Finnø har vi mottat en udførlig artikel med sterk beklagelse over, at kirken i altfor stor udstrækning overlades til omreisende prædikanter, hvis virksomhed betegnes som snarere ledende til spittelse end til samhold i menigheden. Særlig nævnes emissær Foldøen, som ved etpar leiligheder – senest nytaarsdag – skal ha kommet med utdalelser, som har vagt forargelse. Utdalelsen fra nytaarsdag refereres saaledes: "De gamle paver paa Finnø skulde rundjules for derefter at sækkes i havets dyb".*

*Indsenderen fremholder ogsaa, at disse samlinger i kirken af mange yngre opfattes bare som en anledning til at faa en morsom stund.<sup>79</sup>*

Deretter let redaksjonen innsendaren, som har underteikna med initialane Chr. M., få koma direkte til orde:


*Det maa ikke taales længer, at kirken udlaanes til alle og enhver og allermindst til hr. Folløen, at den gjøres til et variéteater, hvor galleriets publikum, der bestaar af mer eller mindre kaad ungdom, morer sig og driver gjørn. Hr. Folløen og de øvrige faar finde sig andre lokaler, hvor de kan bruge de udtryk, de lyster, og hvor publikum kan føle sig friere; men kirken bør være stængt.*

I ei seinare utgåve av Stavanger Aftenblad har den same innsendaren, denne gongen underteikna med fullt namn Christopher Michelsen – eit nytt innlegg der han refererer noko av det som vart sagt på møtet i kyrkja:

*Hvorledes Foldøen omtaler andre emissærer, der ikke deler hans syn, kom klart frem i et uttryk, han ogsaa brukte nytaardsdags eftermiddag, idet han fortalte, at djævelen hadde været paa Finnø i en emissærers skikkelse; derefter var han reist til Strand sogn i samme skikkelse, hvor han hadde ødelagt hans arbeide og revet ned, hva han – Foldøen – hadde bygget op.*

78 Ibid.

79 Stavanger Aftenblad, nr. 4 1909



Hesby kyrkje på Finnøy, der Sven Foldøen i 1909 skal ha kome med "utilbørlige Utdalelser".

*Dette var kanskje det udtryk, som vakte størst forargelse, da de fleste skjønte, hvem der her var ment.<sup>80</sup>*

Emissæren det her handla om, var Andreas Lodhiller, som reiste for Indremisjonen. Det var han Foldøen hadde reist saman med til Ombo den gongen i 1903 då han la ut på si første preikeferd. Og Michelsen held fram:

*Det andet udtryk, Foldøen brukte samme aften, ... jeg gjen- tar det her, da det ikke kom frem i min forrige artikel, – var,*

80 Stavanger Aftenblad, nr.14 1909

at "de vagte var blevet vildledet af de gamle kristne her, som selv gikk paa veien til helvete, men", lagde han til, "lad gaa de, naar de bare ikke tog de unge med sig."

Ved en tidligere leilighed har han ogsaa udtalt i Finnø kirke, idet to gamle mænd paa over 80 aar noget før mødets slutning sent om aftenen forlod kirken: Se hvorledes djevelen drager dem, han har tidt nok draget dem ud kirkedørene og bedehusdørene paa Finnø!

Kinaemissær Daasvand udtalte paa nytaarsdagsmødet, hvad der ogsaa vakte forargelse. "at naar de uomvændte bad Fadervor, da kunde de ligesaa godt sige: Fader vor, du som er i helvede", som de sagde: Fader vor, du som er i himlene.

(...)

Saadanne udtalelser falder altsaa paa Kinaemissærernes gudelige opbyggelser i Finnø kirke. For disse staar kirken aaben dag og nat, de spørger ingen om adgang, den tages uden videre til brug eller misbrug. Dette taales. Her har ungdommen sin adspredelse, her møder børn op i alle aldre, – det er den opdragende magt.<sup>81</sup>

Det ytre presset mot Foldøen førte ofte til at "kinesarane" i Ryfylke slo ring kring han, og at samhaldet dei imellom vart ennå sterkare. Også i striden på Finnøy hadde han sine forsvaramar. Om det var vanskeleg å imøtegå kritikken av dei harde orda som hadde falle, peikte tilhengjarane på alt det gode han gjorde, på alle sjelene han viste vegen til frelse. Signaturen J. er ein av desse:

I anledning et par artikler intaget i "Stavanger Aftenblad" fra Finnø vil jeg faa lov at fremkomme med nogle faa bemerkninger:

Jeg er enig med forfatteren i, at Foldøens udtryk i kirken nytaarsdag var meget uheldige, og jeg beklager, at noget saa-dant blev udtalt. Det er saaledes ikke min mening at undskylde Foldøen for disse udtryk; men jeg vil faa lov at fremholde, at Foldøens virksomhed baade her paa Finnø og andre steder har været til velsignelse. Gud har faaet bruge ham som redskab til mange synderes frelse.

Det er en kjendsgjerning, som ikke kan modsiges, at mange mennesker baade paa Finnø og andre steder er komne til



Frå Finnvik forsamlingshus, Ropeidhalvøya, Suldal.

liv i Gud ved Foldøens virksomhed, og dette er store frugter. Ikke sandt?<sup>82</sup>

### EMISSÆR I 50 ÅR

Sven Foldøen reiste som forkynnari i heile 50 år. Han heldt tusenvis av møte i skulehus, bedehus og i kyrkjer, sjølv om han med rette kunne kallast "ukyrkleleg". Blant kinamisjonsfolket hadde han ein enorm autoritet, men frå dei andre misjonorganisasjonane møtte han mykje motstand. Olaf Golf avsluttar biografien om Sven Foldøen med desse orda:

Så mangt i dine arbeidsmetoder, innstillinger og holdninger deler jeg ikke med deg. Men derimot har jeg fått stor respekt for opprøreren i deg og livsverket ditt. Du satte et udødelighetens stempel på en avgjørende epoke i Ryfylkes historie, nemlig første halvdel av 1900-tallet. – Takk for en frisk, men farefull seilas mellom øyene og langs fjordene i ditt og mitt Ryfylke.<sup>83</sup>

81 Ibid

82 Stavanger Aftenblad, nr. 21, 1909

83 Olaf Golf 1, s. 175

# Verdiar og haldningar på bedehuset

Bedehuskristendommen har prega Ryfylke i lang tid, frå ein forsiktig start på tidleg 1800-talet, via vekkingsbølgjer kring 1870, 1905, i mellomkrigstida og krigen, til fram mot 1960 – 70-talet då ein tydeleg tilbakegang tok til. Bedehusfolket har ofte vore i mindretal, men dei har likevel prega verdiane i området på markant vis. Det var bedehuset som definerte kva det ville seia å vera "rett" kristen. Også dei som sjølvे stod utanfor bedehuset, godtok ofte denne definisjonen.

Sidan bedehuset ikkje braut med kyrkja, og sidan det ikkje var uvanleg at mange aktive bedehusfolk var flittige kyrkjegjengarar – sjølv om ikkje alle var det – er det ikkje sikkert at folk som stod utanfor det kristne miljøet, var klare over at det til tider kunne vera nokså skarpe motsetnader mellom kyrkje og bedehus, og at bedehuset då representerte det strengaste og mest konservative kristendomssynet. Av mange var bedehusfolket oppfatta som dei mest "skikkelige" kristne, dei personleg kristne, dei som hadde det inderlegaste og næreste forholdet til Gud.

Det var bedehuskristendommen dei fleste fekk nærkontakt med. Etter kvart som bedehusbygginga skaut fart, vart det mange fleire bedehus enn kyrkjebygningar i Ryfylke. Kyrkja har vore fjernare – både geografisk og åndeleg – meir høgtideleg og meir seremoniell og offisiell enn bedehuset. Dei som forkynnte på bedehuset, og dei som var aktive i miljøet der, kunne gå rundt i bygda og be folk koma på møte. Dei kunne og koma ubedne på heimebesøk og snakka om daglegdagse ting og så gå over til å snakka om det åndelege og spørja om korleis husets folk hadde det med Gud. Det gjorde ikkje presten, men mange oppfatta nok dei styrande på bedehuset som prestens medhjelparar og forlenga arm.

Sidan lekfolket på bedehuset definerte kva som var "rett" kristendom, kunne verdisynet deira også få innverknad på andre område i livet som ikkje direkte var knytte til religionen. Grunnen til det var nok at dei som hadde det nærmaste forhol-

det til Gud, måtte forventast å vita best kva som var rett og gale i alle samanhengar.

## NEI TIL LIBERAL TEOLOGI

Som nemnt ovanfor, var det stor aktivitet på lekmannsfronten dei første tiåra av 1900-talet. Store vekkingar prega landsdelen vår, og nye bedehus grodde opp i kjølvatnet av desse. Noko av forklaringa ligg i skipinga av Kinamisjonen i 1890 og den tilspissa situasjonen som då oppstod mellom denne nye organisasjonen og dei to som hadde rådd grunnen før, Misjonsselskapet og Indremisjonen. Forkynnarverksemda til Sven Foldøen resulterte i eit veldig engasjement blant folk flest i vår del av landet. Det var vanskeleg å stilla seg likegeldig til det som gjekk føre seg på lekfolkets arena, uansett personleg ståstad.

Ei anna årsak til engasjementet var ein strid som på denne tida gjekk føre seg mellom liberal og konservativ teologi. Den teologiske utdanninga ved universitetet var altfor liberal, meinte mange i kristenflokkene. Resultatet vart opprettninga av Det teologiske menighetsfakultetet i 1908. Med dette fekk dei konservative kreftene sikra ei presteutdanning som, etter deira syn, var meir på linje med Guds ord. Lekmannsrørsla støtta denne linja, og på sikt førte dette til mindre strid mellom kyrkje og bedehus. Lekfolket kunne i større grad oppfatta presten, dersom han var utdanna ved Menighetsfakultetet, som ein av sine eigne.

I 1920 vart det halde eit tredagars møte i Oslo, Calmeyer-gatens Misjonshus. Igjen var det liberal og ortodoks teologi det handla om. Det møtte 950 delegatar frå ulike kristne organisasjonar, og 1700 personar hadde kjøpt billett for å vera til stades som publikum. Fleire vedtak vart fatta for å halda den liberale teologien i størst mogeleg grad utestengt frå bedehusa. I hovudsak har vedtaka vore oppsummerte slik: "Ikke noko frivillig samarbeid med liberale teologar." I praksis

Hobbyrom i kjellaren på Fister bedehus. Jesus er med.



vart dermed liberal teologi utestengt frå bedehusa. Denne Calmeyergatelinja, som ho vert kalla, eksisterer ennå. Biskop Erling Pettersen fekk merka det då han i mai i år vart erklært uønska på Skudeneshallen bedehus på Karmøy. Som kjent godtar biskopen homofilt samliv, og for bedehusstyret var det uttrykk for ein liberalteologi dei ikkje kunne akseptera.

### BRODERTUKTSAKA PÅ JELSA

I 1936 var det ein konfrontasjon mellom kyrkja – det vil seia presten – og lekfolket på Jelsa. Det var Olav Valen-Sendstad som var prest på Jelsa då. Han hadde kome dit som ung sokneprest i 1931 og tok kyrkjelyden med storm. Ingen hadde hørt maken til forkynnar. Det uvanlege skjedde at soknepresten talte slik, at det braut ut vekking i prestegjeldet. Eit nytt misjonslag kom til; Jelsa Indremisjonslag, og Jelsa bedehus stod ferdig i 1934.

Etter å ha hatt studiepermisjon i to år, kom Valen-Sendstad tilbake til prestetenesta på Jelsa i 1936. Det var då det skar seg mellom han og mange av lekfolket. Opptakten til striden

var planar om å få Nils Skjælaaen til å tala på bedehuset. Skjælaaen var emissær og søramerikamisjonær, men noko omstridd, blant anna fordi han hadde snakka uklart om åndsdåp. Valen-Sendstad var formann i indremisjonsforeininga og nekta Skjælaaen talarstolen på bedehuset. Dette reagerte mange på og meinte at vekkingspresten deira hadde kome tilbake som ein lerd og stridslysten intellektuell.

I eit møte på bedehuset gav landhandlar Tjeltveit uttrykk for det han meinte i så sterke ordelag at Valen-Sendstad følte seg ærekrenka og hevda at Tjeltveit hadde synda mot han, og at det kvalifiserte til bruk av det nye testamentets tanke om "brodertukt" (Matteus 18,15ff.). Då Tjeltveit nekta å vedgå synda si – synda mot soknepresten – vart han av den same presten erklært å ikkje vera kristen. I tillegg vart han ekskludert frå indremisjonsforeininga og nekta nattverd i kyrkja. Krinsstyret sette seinare Tjeltveit inn att som medlem i Jelsa Indremisjonsforeining og erklærte Valen-Sendstad si bannlysing for ugyldig. Lokalt enda striden på eit møte i januar året etter ved at Tjeltveit bad soknepresten om tilgjeving. Valen-



Måleriet "Når Jesus kommer ind i Huset" er måla av den kjente bedehusmålaren Kristian Edland (1974 – 1958) frå Mosterøy. Dette biletet heng på Idse og Idsal bedehus, Strand. Det same motivet heng og på bedehuset Betel, Erøy, Suldal.  
Foto: Nikolai Edland.

Sendstad erklærte då "alt gjenopprettet her på Jelsa" og "resolusjonen mot Tjeltveit for ophevet".<sup>84</sup>

### VERDIGE OG UVERDIGE I TEN SING-KORET

I dømet ovanfor var det Valen-Sendstad som nekta ein emisær talarstolen på Jelsa bedehus. Sidan han både var sokneprest og formann i indremisjonsforeininga, hadde Valen-Sendstad her ei dobbelrolle. Emissären var uønska fordi han hadde "feil" eller uklart dåpssyn. Dette var altså ein teologisk debatt, og som me såg, delte ikkje alle bedehusfolka Valen-Sendstad sitt syn i denne saka.

Viss ikkje alle kan tala på bedehuset, kan alle då synga? Det kan ligga mykje forkynning i ein song eller salme. I allsongen kan alle delta, men det har til tider vore diskusjon om kven som kan stå framme på podiet og synga. I biografien om Bjørn Eidsvåg kjem det fram at bedehusstyret på Betel i

Sauda såg med skeptiske auge på at "kven som helst" kunne vera med og synga kristelege songar i Ten Sing-koret.

*Det ble snakket om jenter som kanskje hadde gått litt for mye på kaia når fremmede båter la inntil. Skulle slike mennesker få lov til å forkynne Guds ord gjennom sang på Betel?*<sup>85</sup>

I eitt høve fall orda så kvasse at tre av jentene i koret gjekk i protest for aldri å venda tilbake. Nokre hadde stempla desse jentene som "lausaktige". Om dette var sant eller ikkje – dømet viser ein tanke om at ein måtte vera "verdig" for å stå og synga om Jesus. Det er kring 40 år sidan dette skjedde.

### FOKUS PÅ DEN ANDRE TRUSARTIKKELEN

Når mange meiner at det har vore vanskeleg å vera ein glad kristen på bedehuset, heng det truleg saman med at mykje av forkynninga har tatt utgangspunkt i den andre trusartikkelen og dermed vore syndefalls- og omvendingsorientert. Det er det syndige mennesket, totalt avhengig av frelsa i

84 Ernst Berge Drange 2: s. 518ff.

85 Randi Berge Svendsen, s. 36

Kristus, som har vore halde fram. Det ofte stilte spørsmålet på bedehuset: "Har du det *rett* med Gud?" har verka knugande og fått mange til å føla skyld og skam og angst for konsekvensane, dersom dei ikkje var sikre på om dei hadde det heilt rett med Gud. Det var den som spurte – og det var ofte ein emissær – som hadde fasitsvaret på kva det ville seia å ha det rett med Gud, men det innebar alltid å halda seg vekke frå verdsleg fellesskap og aktivitetar og å vitna om han som hadde løyst ein ut, sett ein fri.

Den første trusartikkelen, som handlar om skaparverket, har ikkje hatt stor plass i forkynninga på bedehuset. Eit menneske som er medvite om at det er skapt i Guds bilete, har truleg eit meir positivt sjølvbilete enn det som berre har hørt forkynning om den syndige menneskenaturen og faren for å hamna i helvete.

#### Første trusartikkel:

Eg trur på Gud fader, den allmektige,  
som skapte himmel og jord.

#### Andre trusartikkel:

Eg trur på Jesus Kristus,  
Guds einborne son, vår Herre,  
som vart avla ved Den Heilage Ande,  
fødd av Maria møy,  
pint under Pontius Pilatus,  
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,  
fór ned til døsriket,  
stod opp frå dei døde tredje dagen,  
fór opp til himmelen,  
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,  
skal koma att derifrå  
og døma levande og døde.

#### Tredje trusartikkel:


Eg trur på Den Heilage Ande,  
ei heilag, allmenn kyrkje,  
eit samfunn av dei heilage,  
forlating frå syndene,  
oppstoda av lekamen  
og evig liv.

Den tredje trusartikkelen, som handlar om Den heilage ande, har det heller ikkje vore mykje snakk om på bedehusa. Her skjer det ei endring i våre dagar. Huskyrkjene (sjå side 109) har nok i større grad fokus på denne. Utviklinga går i retning av å legga større vekt på nådegåvane.

#### **ADIAFORA**

Ordet adiafora, med trykk på den midterste a'en, er gresk og tyder *mellomting*. For å skjøna kva dette har med kristendom å gjera, må me først tilbake til stoikarane. Dei meinte at det fanst handlingar og ting som i seg sjølv verken var gode eller dårlige, men heilt nøytrale. Dette var dei såkalla *mellomtinga* – adiafora. Pietistane heldt fram denne diskusjonen, men til skilnad frå stoikarane, som hadde meint at dans, kortspel og alkohol var adiafora, hevda pietistane at dette *ikkje* var adiafora, men tvert imot synd. Den strenge moralen pietistane stod for, hadde altså å gjera med at det var mykje dei ikkje ville godkjenna som adiafora. I dag finn me ofte dette ordet brukt om noko som vert vurdert som syndig i pietistisk samanheng.

For mange ligg sjølvé kjenneteiknet på bedehuskristne her, i grenseoppgangen mellom adiafora og ikkje adiafora. Så lenge livet på jorda vart sett som ei pilegrimsvandring på veg "heim" til himmelen, hadde jordelivet ingen verdi i seg sjølv, bortsett frå at det var ei prøvetid der ein måtte vakta



Frå Talgje bedehus, Finnøy.



Frå Byrkjeland bedehus, Forsand.

seg vel for ikkje å blanda seg med "verda" og slik koma på feil kurs. Svenske Lydia Lithell (1909 – 1957) sette ord på det i ein song som vart populær både i Sverige og her i Noreg. I norsk språkdrakt lyder refrenget slik:

*Jeg har valgt å gjøre selskap med Guds enkle vandringsmenn,  
det får koste hva det vil, men jeg må hjem til Himmelen.  
Det er lengselen hjem som driver meg,  
jeg kan ei stanse her,  
for en fremmed her i verden jeg jo er.*

Med eit slikt utgangspunkt hadde dei kristne ei vanskeleg oppgåve. Livet måtte levast i ei verd der dei definerte seg sjølvé som framande. Dermed var det kanskje naturleg at det oppstod reglar for korleis ein best skulle navigera gjennom farefulle farvatn.

I 1959 fekk ei 18 år gammal jente frå Ryfylke tilbod om å synga på ein stor fest i Stavanger der Erik Bye skulle vera konferansier. Festen var knytt opp mot ei stor landbruksutstilling, og dei artistane som deltok, kunne venta rause honorar og kanskje tilbod om platekontrakt. Jenta hadde tidlegare

vunne prisar for songen sin på mindre tilstellingar i fylket. Dette var ein gyllen sjanse for henne. Likevel takka ho nei: "Nei, det nyttar 'kje. Eg kan'kje vera med av samvittighetsgrunnar." Etterpå gret ho i fortvilning over at tilbodet skulle koma akkurat då. Kvelden før hadde ho nemleg "bøygð seg" på bedehuset i Sandnes.

*Likevel følte hun det som en seier at hun hadde klart å si nei til det som tidligere hadde holdt henne fra å bekjenne kristentroen.<sup>86</sup>*

Songtalentet hennar burde altså berre brukast i kristen samanheng. Som forkynning, men ikkje som underhaldning. Og absolutt ikkje for å oppnå heider og ære.

"Eg ser djevelen har vore og ruska deg i håret!" sa Sven Foldøen då han møtte ei bedehuskvinne han kjente på fjordabåten. Ho hadde vore i byen og tatt permanent. Då hans eiga dotter, som var elev på Tryggheim ungdomsskule, hadde klipytt håret kort, måtte både rektor og medelelevane tolka skjenneprekj frå Foldøen. Tryggheim var kristen internatskule, i Kinamisjonen sin regi. Alle elevane, og kanskje særleg jentene, skulle vera sømelege både i framferd og utsjånad. Hovudpersonen, dotter hans, fekk beskjed om å få langt hår igjen, straks – korleis ho nå skulle få det til.<sup>87</sup>

Ei saudakvinne, fødd i 1941, fortel at ho som tenåring var lei av å gå med to lange fletter nedover ryggen, men at foreldra nekta henne å klippa seg. Ein dag ho var åleine heime, tok ho mot til seg og klippte av den eine fletta. Då foreldra kom heim, møtte ho dei i døra med armane falda over brystet og eit trasig blikk. Ingenting vart sagt, men mora henta saksa og klippte av den andre fletta og. Isfronten låg lenge over heimen.

Sjølvsgagt har synet på adiafora endra seg over tid. Mens barn og unge på 1920- og 30-talet kunne få forbod mot å plystra, fordi det var å kalla på djevelen, eller fordi det betydde at djevelen dansa på tunga – forklaringa kunne nok variera litt – er det knapt nokon som er fødde etter 1960 som har hørt om dette.

Det er lenge sidan djevelen vart sett i samanheng med permanent og kortklipytt hår hos kvinner. Og det er ikkje lenger nødvendig å kle seg i skjørt eller kjole for å få innpass på bedehuset. Øyredobbar har fått aksept. Tidlegare hadde mot-



Bru-bru-brille ved Sørskår bedehus, Strand.  
Foto lånt av Petra Heggheim.

standarane vanskar med å forklara kvifor det var meir syndig å ha pynt i øyrrene enn rundt halsen og på fingeren. Det var berre slik det var. Men nå slepp dei altså å gje seg i kast med ein argumentasjon som, logisk sett, må koma til kort.

Film var lenge eit medium som vart møtt med skepsis i lekmannsmiljøet. Men mange bedehus opna for framsyning av filmen om Hans Nielsen Hauge, som kom i 1961. Kreative bedehusfolk av det meir liberale slaget har og sagt at dei tideleg fekk løyve til å visa film på bedehuset. Trikset gjekk ut på å unngå ordet "film". "Levande Ijosbilete" fekk lettare aksept hos bedehusstyret. Elles er det fortalt om ein prest i ei av ryfylkebygdene som på slutten av 1960-åra, i eit venelag, vedgjekk at det første han gjorde når han kom til Stavanger, var å sjekka om det gjekk ein cowboyfilm på ein av kinoane der. Gjorde det det, smatt han kjapt inn i kinosalen og bad Vårherre syta for at ingen av soknebarna nokon gong skulle få nyss om det.

Då radioen i 1920-åra begynte å bli allemannseige, var ikkje alle like sikre på om denne nyvinninga var av det gode. Det kunne vera gode og därlege program. Ei løysing var sjølvsgagt å skru av apparatet når verdslege og suspekte program var på eteren. Problematisk kunne det vera for foreldre å passa på at barn og unge ikkje tjuvlytta på skadeleg informasjon og

86 Tønnesen, Elise Seip og Solfrid Vika, s. 49

87 Olav Golf, s. 120



Frå ein påskeleir som vart halden på bedehuset i Hellandsbygd, Sauda i 1972. Deltakarane kom frå Haugalandet. Gutane sov på bedehuset, mens jentene sov på eit skulehus i nærleiken. Som me ser, hadde dei fullt program.

underhaldning. Så seint som på 1960-talet er det fortalt om ein far i ei kystbygd på Vestlandet som førte ein fortvila kamp mot ungdommane i huset som ville høyra den populære programposten "Ønskekonserten". Han måtte medgje at det var uskyldige barnesongar og vakre salmar å høyra. Problemet var berre at det kom både jazz og pop og rock og alskens verdsleg styggaskap utover i konserten. Det verste for han var at også kona hadde lyst til å høyra "Ønskekonserten". Han stod derfor åleine i kampen mot uvesenet og greidde ikkje å få dei andre til å skru av radioen når det kom songar han meinte var upassande. Familiemedlemmene opponerte

respektlaust mot påboda han kom med. Det heile enda med at husets herre kraup opp på høgaloftet og la seg til ved sikringsskapet. Han hørde godt duren frå radioen som stod i stova under, og når det kom songar han ikkje likte, sensurerte han kjapt og effektivt ved å skru ut sikringen. Dette var eit slag han var dømt til å tapa, men han streva i beste meining mot påverknad han var redd skulle føra det kjæraste han eigde ut i fortapinga.

Historia ovafor er av det meir ekstreme slaget. Denne familielaren var kanskje nokså einsam i kampen mot "Ønskekonserten" på 1960-talet. Men hausten 1967 kom slageren "Harper Valley P.T.A." i norsk omsetjing av Terje Mosnes, med tittelen "Fru Johnsen", framført av Inger Lise Andersen. Våren etter var denne stadig å høyra på NRK, blant anna i programmet "Ønskekonserten". Då var det fleire i bedehusmiljøet som resolutt skrudde av radioen. Teksten harselerte med "tilsynet for høg moral" som heldt til "langt innerst i en fjord", og det var særleg desse linjene som provoserte:

*Er det fra denne samling hykler jeg hører at jeg ikke strekker til, fordi min skjørtekant er nærmere den himmel dere aldri kommer til?*

Kritikken frå kristenfolket var så sterk at det i ein periode kom forbod mot å spela songen på NRK radio.



Fjellgardane forsamlingshus på Ingvaldstad i Hjelmeland. Opphavleg var dette eit skulehus som vart nedlagt og deretter omgjort til bedehus.

Elles var det ikkje alltid like lett å vita kor grensa skulle gå. Då emissær Søllesvik, truleg ein gong etter krigen, heldt møte på skulehuset på Ingvaldstad i Hjelmeland og var innlosjert hos private, stod radioen på inne i stova. Husfaren skunda seg å skrua av, han var usikker på korleis emissæren stilte seg til radiolytting. Då slo Søllesvik på igjen. "Dei trudde visst eg ikkje tålte radio!" fortalte han sjølv seinare og lo.<sup>88</sup>

Ei liknande problemstilling som kristne hadde møtt med radioen, kom dei og opp i då fjernsynet begynte å innta heime på 1960-talet. Dette var eit mykje sterkare medium enn radioen. Nå fekk ein bilet frå heile verda rett inn i heimen – lærerike og oppbyggjelige program – men og skadelege og nedbrytande. Mange var skeptiske, og bedehusfolket var sannsynlegvis ikkje blant dei første som skaffa seg dette nye mediet. Ein familie på Vestlandet, med røter i Misjonssambandet, hadde bestemt seg for at dei ikkje skulle ha tv, fordi det ikkje sørmete seg ein kristen familie. Dei levde lenge godt med denne avgjerda, men i 1986 vann dei eit tv i eit lotteri. Kva skulle dei så gjera? Det vart til at fjernsynet stod i stova, og etter kvart vart det nok skrudd på og. Dei hadde hamna i eit dilemma – for det var i Misjonssambandet sitt lotteri dei hadde vunne gevinsten!<sup>89</sup>

Danseløver finst det få av på bedehuset. Dei færraste har fått høve til å ova på denne kunsten. Lekfolket sin motstand mot dans er vel kjent. Det er ikkje sjølve dansen, men det som "følgjer med", som er farleg. Då tenker dei særleg på fyll og spetakkel, noko det – sant nok – ofte var rikeleg av på dei ulike dansetilstellingane på bygdene. Miljøet rundt dansen var altså klanderverdig og eit miljø kristne ikkje ville trivast i. Arne Aano har sagt det slik:

*Kva skulle me dansa for, som hadde fått Jesus? Fryden over "syndenes forlatelse" overgjekk alt som hadde med verdsleg glede å gjera. Mange av desse som gjekk på dansane, kom heim og hugsa ingenting av det dei hadde vore med på fordi dei hadde vore så fulle. Slike miljø passa ikke for den som ville vera ein kristen.*<sup>90</sup>

Forresten var det kanskje sjølve dansen og. Pardans, der ugifte kvinner og menn svinga seg i takt med musikken, kun-



Leik og dans på Mo grendahus i Suldal. Slikt kunne ikkje ein kristen vera med på.

ne nok opplevast som vel intimt. Ei saudakvinne, fødd 1945, fortel at det i hennar ungdom var vanleg å reisa på hytteturar i feriane. Då var det ein venninnesflokk på ei hytte og ein guteflokk på ei anna. Så møttest dei om kveldane og dansa som dei var galne, mens ein gul platespelar sytte for musikken. Ei av venninnene hadde foreldre som var bedehusfolk. På deira hytte var det forbod mot å dansa.


Eit eldre ektepar frå Finnøy, intervju i 2010, fortalte at dei aldri hadde gått på dans og heller ikkje hadde sakna det, men at då sonen deira gifta seg på 1990-talet, syntest dei det var vakkert å sjå brur og brudgom dansa brurevalsen. Sonen deira var ikkje så stø i dansekunsten, sa dei og lo, men han hadde øvt seg på førehand, og han fekk det til, sånn noko lunde.

Kortstokken var lenge uglesett i kristne miljø. Midt på 1960-talet sat ein tenåringsgut i Suldal på julafta og opna ei gave frå ein kamerat. Ut frå storleiken og forma på pakken frykta han at det kunne vera ein kortstokk. Og det var det. Ungguten kunne ikkje gleda seg over denne gåva, for i heimen hans var det ikkje lov å spela kort. Ikke slike kort – gnau kanskje, men ikkje slike med kløver og spar. Då faren såg at sonen prøvde å skjula kortstokken, forklarte han at det

88 Mann frå Hjelmeland, fødd kring 1930.

89 Olaf Aagedal 1, i Fossåskaret og Furre (red.), s. 101, 1987

90 Liv Randi Bjørlykke, s. 104



Helgøysund bedehus, Sjernarøy, Finnøy

ikkje var korta i seg sjølve. Det var ingenting gale med dei. Grunnen til at han ikkje likte dei, var at han hadde arbeidd på anlegg og sett folk spela seg til fant på poker. Det kunne altså følgja så mykje vondt med kortspelet. Denne haldninga til kortspel har vore utbreidd, men er i ferd med å forsvinna heilt. Det er nok ikkje så mange som har røynsle med at folk spelar seg frå gard og grunn ved hjelp av kortstokken lenger. Me veit jo at det går an å spela seg til armod i dag og, men til det treng ein ikkje den gamle kortstokken. I dag skjer det vel heller framfor ein pc eller ein speleautomat.

Alkohol har vore bannlyst i bedehusmiljøet. Det har ikkje vore vanskeleg å argumentera for eit slikt standpunkt. Alkohol og fyll har vore sett på som to sider av same sak. Ei kvinne som voks opp på Voster i Strand kommune på 1940-talet, fortel at far hennar vart sint ein gong han kom heim og såg at ungane hadde ei tomflaske ståande på kjøkkenbordet. Han tvilte ikkje på at dei snakka sant då dei sa at dei hadde hatt saft på flaska, det var ikkje det. Saka var at ei tom flaske på eit bord kunne minna om drukkenskap. Dei kunne gjerne drikka saft, men ikkje av flaske.

Bedehusfolk med sans for humor har sagt at det er mykje fyll i Ryfylke, men at ingen drikker seg fulle utan vondt samvit. Heldigvis!

Då KrF-politikar Valgerd Svarstad Haugland vedgjekk at ho kunne ta ei glas vin i godt selskap, vekte det misnøye blant partiet sine støttespelarar. Det same gjorde Kjell Magne Bondevik med høg sigarføring. Grensene for det ein kristen kan tillata seg, er stadig i endring.

#### SYNET PÅ UTDANNING

Dei første lekfolka hadde inga formell utdanning utover folkeskulen. Dei hadde lese i Bibelen på eiga hand og var slik sett autodidaktar. På eitt vis var det og litt av poenget, for kritikken mot teologane gjekk på at dei hadde intellektuell kunnskap, men mangla ei levande tru. Kunnskapen låg i hjernen, men trua låg i hjarta. Å satsa på kunnskap var å satsa på feil hest. Trua kom nemleg frå Gud og hadde med eit ope hjarta og eit lydhørt og audmjukt sinn å gjera. Då var det heilt unødvenlig å gå vegon om lærestader og tørre fakta. Delvis bygde og motstanden på ei redsle for at dei som satsa på fornuft og kunnskap, kunne øydeleggja trua si.

Denne haldninga heldt seg lenge i lekemannsmiljøet. Sven Foldøen gjekk vinteren 1904 på Framnes ungdomsskule i Norheimsund som var driven av Kinamisjonsforbundet, og som var ein slags bibelskule med eit allmenndannande preg. Redaktøren av "Misjonstidende" hadde i 1953 ein nekrolog over Foldøen med blant anna desse utsegne:

*Det var som hans forkynnelse var formet av norsk jord og stein, som om den var blitt til under dagliglivet i fiskebåten og på jordet. Guds Ånd hadde lært ham teologi, slik at hans ord var et klart ord om lov og evangelium. Han var sjælesørger og vekkelsesmann, usentimental og derfor så livsnær. Hans*



Finnøy kyrkjekor, her iført hatt, opptrer på Betania bedehus, Reilstad. Foto lånt av Osmund Halleland.

eksempler var klare. Han hadde fått merkelappen "ukirkelig", og kunne av og til svinge svøpen så den snertet ganske ettertrykkelig. Men kjente han åndelig fellesskap med en prest, så hadde han mange gode evangeliske råd å gi.<sup>91</sup>

Her er det ikkje skulen på Framnes, men Guds Ånd som har lært Foldøen teologi. Det er og interessant at redaktøren meiner Foldøen gav presten "mange gode evangeliske råd". Presten hadde sannsynleis ingenting å læra lekmannen? Nå kan det vera at dette siste er skrive med eit smil og meint som ein karakteristikk av Foldøen, for dei som hadde kjente

han, visste nok at det var lettare for han å gi råd til ein teolog enn å ta imot.

Jakob Straume gir og Gud æra. Han seier det slik:  
Sven var lite boklærd, kunne lite norsk rettskriving, men han var sjølvlærd og lerd av Gud.<sup>92</sup>

Forfattaren Alfred Hauge, fødd på Kyrkjøy i Sjernarøy 1915, fortel i sjølvbiografien "Barndom" at det førte til oppstyr, då det vart kjent i bygda, at han ville reisa til Bryne for å gå på landsgymnaset der. Det var ei "verdsleg" utdanning, meinte mange. Faren var og engstleleg for desse planane og forklarte det slik:

91 Jakob Straume, s. 468

92 Jakob Straume, s. 474



Måleriet "Golgata" av Kristian Edland heng på Jelsa bedehus, Suldal. Foto: Nikolai Edland.

*Eg er så redd for dét at du skal falla bort frå Gud om du reiser på gymnaset, Alfred. Det var kanskje best du blei heime ... Det kan no henda du ikkje kjem inn heller.<sup>93</sup>*

Det siste sa han nærest som ei trøyst til dei begge, skriv forfattaren. Seinare studerte Alfred Hauge i ein periode teologi ved Menighetsfakultetet og fekk då denne kommentaren frå ein emissær utanfor kyrkja på Kyrkjøy:

*Så det er du som studerer teologi? Det er ein farleg veg å gå det, farr!*

"Det var som å bli slegen med ei våt fille i fjeset, men eg fekk meg ikkje til å seia at det var vel knapt ufarleg å vera emissær heller for den som så lett kunne falla ein dom."<sup>94</sup> Slik reflekterte Hauge sjølv mange år seinare kring denne hendinga.

To ungdommar frå øyane hadde tatt eksamen artium som privatistar etter eit eitt-årig kurs. Dei tok fjordabåten heim til kvar si øy, den eine med studenthua på hovudet, den andre med hua i kofferten. Den første gjekk stolt av båten, mens den andre visste at han aldri kunne visa seg med studenthua på i si bygd, på nabøya. Grunnen var at faren var kinamisjonsmann, og ungdommen ville spara faren for kritikk frå

bedehusfolket. Det hjelpte i første omgang, men då sonen seinare reiste for å studera ved universitetet, grep venene fatt i faren og uttrykte at dei var engstellege for kunnskap som kunne resultera i nye tankar og verdiar.<sup>95</sup>

Sjølv om det er sikkert at bedehusfolk lenge var skeptiske til skulegang, er ikkje biletet heilt ein tydig. Det går an å finna døme på at ungdom som ville ta utdanning, fekk støtte frå heimen og frå bedehusmiljøet. Jakob Aano, fødd i Sauda, berre fem år yngre enn Alfred Hauge, møtte ikkje motbør då han drog ut i verda for å gå på skule. Broren, Arne, fortel det slik:

*Far og mor forstod at han (Jakob) hadde mest hug til å gå skulevegen, så han fekk reisa til Voss på gymnas, og før sidan til Oslo.<sup>96</sup>*

Brørne Aano voks opp og opp i ein heim prega av Kinamisjonen og bedehuset. Skepsis til utdanning finn ein truleg ikkje i lekemannsmiljøet i dag.

Arnfinn Fiskå vaks opp på Fiskå i Strand på 1950- og 60-talet. Han meiner at den kunnskapen han i tidleg barndom fekk innprenta på bedehuset, prega han i så sterkt grad at han ikkje greidde å tileigna seg skulelærdommen på same måte. For det han lærte på skulen, stemte ikkje alltid med det han hadde lært på bedehuset.

*Skulen blei møte med noko som på mange måtar verka framandt. (...) Berre dette å oppdaga at ein kunne syngja anna enn kristne songar var eit mildt kultursjokk. Likeeins kristendomsundervisninga som presenterte ein Gud meir human enn det søndagsskulen viste oss. Den hemske og smålege guden me kjende frå bedehuset fekk ein rival i ein Gud som tydeleg hadde varme og omsorgsfulle trekk. For berre dei færraste vart det mogeleg å smelta dette saman til eit spenningsfylt gudsbilete. Snarare blei det slik at ein levde med to gudsomgrep. Ein søndagsskulegud og ein skulegud; den siste var berre pensum, den første var domaren over våre syndige liv.*

*(...)*

*Alt i alt: Det me lærte i den obligatoriske skulegangen blei aldri vårt. Det kom ikkje til å gi oss eitt nytt perspektiv på livet. Vår bakgrunn hadde ikkje gitt oss den nødvendige reiskapen*

93 Alfred Hauge 1, s.

94 Alfred Hauge, i Olaf Aagedal (red.), s.130

95 Olav Golf 2, foredrag om forfattaren Alfred Hauge, 2008

96 Liv Randi Bjørlykke, s. 26



Fiskå bedehus, Strand. Det gamle skulehuset til høgre.

til å integrera det i vår personlegdom. Søndagsskulelærdomen blei vårt "skjold og verge" mot alt det som den vonde verda bar med seg.

(...)

I møtet med skulen var me snille. Også det var i stor grad ein arv me hadde med frå bedehuset, der me var lærte opp til å vera audmjuke og stillferdige, men samstundes forsiktige med kva me tok med oss av anna lærdom. Me måtte hugsa at det me hørde for Guds skuld måtte silast gjennom bedehuset sitt dogmatiske filter før me åt det.<sup>97</sup>

Fiskå studerte seinare teologi ved Universitetet i Oslo og er i dag leiar av Kirkens bymisjon i Rogaland. På eit seminar på Utstein Kloster i 1986 kasta han fram ein tanke – og han presiserte at det berre var ein laus påstand – om at ein ungdom frå eit vekkingsområde, til dømes Ryfylke, oftare vil studera realfag, økonomi, medisin, tekniske fag og liknande, framfor fag som psykologi, filosofi, filologi og samfunnsfag. Grunnen er at faktaorienterte fag ikkje verkar så trugande på det indre landskapet som bedehuskulturen har meisla inn i ein slik ungdom;

Når dei klappar læreboka saman og igjen går inn på bedehuset hentar dei fram tankegods og kjensler som var ferdigutvikla i 12 – 14 års alderen. Kritikken frå studiet er borte, dei kompliserte spørsmåla får leva sitt liv innanfor faget og skal ikkje forstyrra det religiøse livet. Ein slik schizofreni let seg lettare kombinera med realfag av ulike slag enn med humanistiske og samfunnsorienterte fag. I desse faga blir det lett til at veggene mellom fag og religion blir sterkt truga.<sup>98</sup>

Dessverre finst det ikkje noka undersøking som kan stadfestha eller avvisa denne påstanden.

### **BARNDOM PÅ BEDEHUSET**

Born som har vakse opp med bedehusforeldre, har ofte vore med på møte og sett bedehuset frå innsida, med barneauge. Tidlegare, når det var mykje snakk om helvete og det å gå fortapt, kunne det vera hard kost for sarte sjeler. Som sitatet ovanfor viser, opplevde Arnfinn Fiskå den guden han fekk presentert, som "småleg og hemsk" og som "domaren over våre syndige liv".

97 Arnfinn Fiskå 1, i Olaf Aagedal (red.), s. 228, 1986

98 Arnfinn Fiskå 2, i Fossåskaret og Furre (red.), s. 93, 1987



Det kan ha vore både godt og vondt å vera barn på bedehuset.  
Dette kunststykket er frå Sand bedehus, Suldal.

I 2005 kom det ein rapport om ei undersøking av korleis bedehusfolk i eit sokn i Nord-Ryfylke opplever Gud i livet sitt.<sup>99</sup> Intervju med sju personar mellom 35 og 70 år, alle bedehusfolk, danna bakgrunnen for rapporten. Seks av desse hadde vaks opp i ein kristen heim, fem av dei med både mor og far som var kristne. Den sjette hadde kristen mor, men ein far som ikkje var det. Alle desse seks rapporterer om ein trygg og god barndom. Dei møtte ein god og ivaretakande Gud både heime og på bedehuset. Fleire nemner og skulelærarar og søndagsskulelærarar som flinke formidlarar av trua. Ei av dei fortel det slik om det å gå på møte i kyrkje og bedehus som barn:

*Det var berre slik det var, på ein måte. Det var ikkje slik at eg blei dradd med mot min vilje, men eg tenkte av og til at det var kjedelege, og eg sovna på møte. Og dagleg bøn og bibellesing i heimen tykte eg nok var kjedelege, for det var ikkje alltid lagt opp på mitt barnenivå. Men eg forstod at det var viktig for mor og far, og då på ein måte, då var eg med på det.<sup>100</sup>*



Fjelllets bedehus, Erfjord, Suldal.

Den same informanten har også positive minne frå turar saman med andre kristne familiær på stemne, bibelcampingar og teiltmøte:

*Eg forstod ikkje så mykje av forkynninga. Men eg hadde ei veldig god oppleveling av å vera der. Eg visste det var kristne miljø, og det var godt å vera der, og det var kjekt å vera der ... Eg trur ikkje eg hadde peiling på dette med frelsen og kva det innebar å leva som kristen. Eg hadde ei veldig enkel tru på Gud, og ferdig med det. Eg berre trur eg tenkte at han var glad i meg. Det var det som blei formidla i dei samanhengar eg var, og det blei formidla heime hjå oss.<sup>101</sup>*

Like lys og bekymningslaus er kanskje ikkje denne utsegna frå ein av dei andre informantane:

*Det viktigaste i oppdragelsen var å oppføra meg fint, vera ærleg og følgja Jesus og ta vare på trua.<sup>102</sup>*

Kva som kunne skje om ho ikkje greidde å ta vare på trua, vert ikkje presisert. Alle informantane er, som nemnt, opptatt av å understreka at dei hadde ein trygg og god barndom. Ingen av dei nemner angst for helvete eller det å gå fortapt. Dei vaksne har altså greidd å skjerma dei for den delen av

99 Unni Eikeland

100 Unni Eikeland, s. 33

101 Ibid.

102 Unni Eikeland, s. 45

forkynninga, for på den tida då nokre av desse vaks opp på 40- og 50-talet, var helvete ei realitet i bedehussamanhang.

Dei informantane det her er tale om, har alle i vaksen alder, valt å halda fast på den trua foreldra presenterte dei for.

## ARBEID OG PLIKTKJENSLE

Lutherdomen, den anglikanske kyrkja og den reformerte kyrkja som oppstod etter reformasjonen, la vekt på eit meir asketisk og pietistisk kristenliv enn den katolske kyrkja. Professor Jan Brøgger har hevdat at skilnaden som finst i lynnet sør og nord for Alpane, mest sannsynleg skriv seg frå reformasjonen og har mindre å gjera med klimaet, som ofte har vore den forklaringa ein triv til, når ein skal forklara kvifor søreuropearen er livlegare, meir impulsiv og syner større livsglede enn nordeuropearen.<sup>103</sup> Han hevdar at nordeuropearen i middelalderen sannsynlegvis hadde eit lynne som likna meir på det søreuropeiske. Reformasjonen har endra oss, gjort oss meir nøysame, arbeidssame og flittige. I alle fall har desse eigenskapane blitt sett som ideal for oss nordbuarar. Ideala stikk så djupt i oss, seier Brøgger, at me blir rastlause av å ha ferie. Me får skuldkjensle av å ikkje gjera noko. Derfor, hevdar han, fører me eit heseblesande ferieliv om somrane, med fullpakka bil og fastsett timeplan. Så arbeidssame er me at ferien berre har vore vellykka dersom han har sett oss i stand til å vera ennå meir produktive når me begynner på jobb igjen.

Med bedehuskulturen vart desse ideale understreka ennå sterkare. Å vera nøysam var ein dyd, å gjera si plikt likeså. Ordet "plikt" er negativt ladd i dag. Plikter er oftaast sure og tunge. "Pliktoppfyllande", derimot, er framleis positivt ladd. Det er slike me vil tilsetja viss me har jobbar å tilby.

Jan Inge Sørbø, litteraturvitar, forfattar og journalist, vaks opp på Bru i Rennesøy kommune på 1950 og -60-talet. Han har skrive ned tankar om pliktetikken slik han kom til synne i det miljøet han voks opp i. Om foreldra sine skriv han blant anna dette:

*Foreldra mine fekk ikkje så mange medaljar og heidersprov. Men då dei var godt oppe i 70-åra, fekk dei ei gave frå bedehuset. Dei hadde stått for oppvarminga av bedehuset meir enn førti år. Det innebar å gå til bedehuset og fyra i vedomn fram til ein gong på sekstitallet, deretter var det å slå på*



Bru bedehus, Rennesøy. Det var her foreldra til Jan Inge Sørbø stod for oppvarminga i førti år. Foto: Nikolai Edland.

*den elektriske varmen. Men ein måtte fylgja med på møteplanen, så ingen kom til iskaldt hus. Innsatsen på søndagsskulen varte endå lenger.*

*(...)*

*Ein skulle gjera si plikt fordi det var rett å gjera det, ikkje fordi ein hadde lyst til det, eller fordi ein skulle få løn for det, eller for at nokon skulle leggja merke til det. Den indre motivasjonen kunne variera sørgeleg, det var ein kjend med. Ein kunne ikkje basera arbeidsliv og familieplikt på så ustabile storleikar. Nei, det gode skulle ein gjera fordi det var rett, anten ein hadde lyst eller ikkje. I lengda ville det nok også svara seg, men di mindre ein tenkte på det, di betre. Den venstre handa skulle ikkje vita kva den høgre gjorde. Motiva var i alle fall grumsete, og ein stemte fullt i med Luther, som bad om tilgjeving for alt, men særleg for sine gode gjerningar.<sup>104</sup>*

Sørbø seier vidare at denne pliktetikken kan ha ei uheldig side; for hard pliktstyring kan gå over i det tvangsmessige og dermed bli umenneskeleg. Det finst menneske som er så harde med seg sjølve at dei at forlangar at alt skal vera perfekt, noko som sjølv sagt er umogeleg.

103 Jan Brøgger, s.

104 Jan Inge Sørbø, s. 34

Når det gjeld den pietistiske pliktetikken, slik Sørbø har møtt han, målar han denne i lyse fargar:

*Den handlar ikkje, som mange trur, om reglar og forbod og straff. Den handlar først og fremst og gjennom alt om Guds merkelege og useielege nåde, om eit lys som finst ein stad inne i bibelordet, og som ein kan få lov til å sjå, om ein lever i teksten dag og natt. Når ein opplever dette lyset, skjønar ein at pliktoppfylling og gode gjerningar er heilt irrelevant for Gud. Han vil gje sine born alt, om dei er pliktmenneske eller ansvarslause, godmenneske eller syndebyltar. Dette lyset er så sterkt at det løfter deg heilt utover etikken, og set deg på Guds fang. I dette er alle like; alle får alt gratis. Her er ikkje mann eller kvinne, træl eller fri, bonde eller prest, her står alle heilt utan forteneste, og her kan alle få alt, utan vilkår. Dette er kjernen i pietismen. Den må ein sjå frå innsida. Frå utsida ser ein berre pliktene, som dei tok oppatt når dei kom ut i kvardagen.*

*Men det er det store og ufattelege lyset som gir energi til å gjera pliktene. Giennom tusen grå kvardagar og tusen grå plikter veit ein om dette lyset frå det høge, og stundom kan det gjera plikta så lett at ho glir av seg sjølv. Når ho ikkje gjer det, veit ein likevel om dette lyset, og ein veit at det vil koma att.*<sup>105</sup>



*Det har gått mange trufaste tenrar og fyrt opp i omnene for at møtesalen skulle vera god og varm når møtet begynte. Gratis ved sytte og nokre for. Denne omnene står på Byrkjeland bedehus, Forsand.*

<sup>105</sup> Jan Inge Sørbø, s. 35 – 36

# Kvinnene sin plass

Går me så langt tilbake som til Hans Nielsen Hauge si tid på byrjinga av 1800-talet, er det mogeleg at kvinnene stod ganske sterkt i lekmannsrørsla. Det har ovanfor vore reist tvil om Helga Vormeland frå Hjelmeland reiste som predikant. Kanskje gjorde ho det ikkje, men ho reiste i alle fall rundt i nabosokna og hadde stor tillit i miljøet. Ho song på møta,

og ho var aktiv på vitnemøta. Det er og sagt at ho var flink å snakka med folk på tomannshand. Utan tvil har ho vore ein av leiарane i haugianarmiljøet på Hjelmeland, men det at ho var kvinne, kan ha halde henne tilbake frå å opptre som vanleg forkynnar. John Haugvaldstad skal ha sagt at han først høyrd om haugianarane av ein mann og ei kvinne som kom



Vågen eldre kvinneforeining, Hjelmeland, fotografert 1947.



Indremisjonens jenteforeining, Mjølhusbygda/Hauskje, Hjelmeland 1910.

reisande til Rennesøy. Det var desse to som hadde tala om Hans Nielsen for han. Kven denne kvenna var, veit me ikkje i dag.

Seinare ser det ut for at kvinnene miste noko av posisjonen. Det kan ha samanheng med at dei tidlege haugianarane heldt samlingane sine i heimane, og i *heimen* kunne kvinnene tala. Det var i offentleg samanheng kvinner skulle tia i forsamlingar. Dermed vart det vanskelegare når aktiviteten flytte inn i bedehusa, for då var ein plutseleg på ein offentleg arena. I det gamle bondesamfunnet hadde og begge kjønn tilnærma lik makt, sjølv om arbeidsoppgåvene var ulike. Då kvenna utover på 1900-talet i større grad gjekk over til å bli heimeverande husmor med ein mann som kom heim med lønningspose, hadde ho på mange vis mist noko av autoriteiten formødrene hadde hatt.

Men det fanst unntak. Elisabeth Hovda frå Fogn begynte i 1926 å reisa som forkynnar for NLM. Dessutan reiste kvennene tidleg ut som misjonærar. Først var tanken at dei skulle vera med som ektefelle, eller dei skulle ta på seg omsorgsoppgåver som stell av born og sjuke. Etter kvart gjekk fleire over til å fungera som forkynnarar på misjonsmarka.

#### KVINNESYNET I MISJONSORGANISASJONANE

I dag har NMS nedfelt i statuttane sine at dei skal arbeida for likestilling mellom kjønna. I Normisjon er alle verv i organisasjonen opne for både menn og kvinner, medan det i NLM og IMF framleis er nedfelt i lovverket at kvinner ikkje kan ha læreansvar i organisasjonen. Argumentasjonen går då ut på ei arbeidsdeling, der begge kjønn er likeverdige, men der visse arbeidsoppgåver likevel ikkje høver for kvinner. 50 år etter

at Ingrid Bjerkås, den første kvinnelege presten vart vigsla i Noreg i 1961, er det dermed mange bedehuskristne som har vanskar med å godta kvinner i presterolla.

### KVINNENE SINE RETTAR I BEDEHUSSTATUTTANE

I 1910 fekk kvinner i Noreg allmenn stemmerett ved kommuneval og tre år seinare ved stortingsval. På mange bedehus hadde kvinnene stemmerett før den tid. Ofte fekk alle som høyde til i ein krins, stemmerett når nytt bedehusstyre skulle veljast. Det var ikkje vanleg å gjera skilnad på kjønna, men meir vanleg å gå opp eit skilje mellom dei som var "kristligsinnede", og dei som ikkje var det. Nokre bedehuslovar nemner at det berre er dei førstnemnde, altså dei med trua i orden, som kunne delta i avstemminga. Full likestilling mellom mann og kvinne var det likevel ikkje i bedehusstatuttane i den første tida. I mange protokollar står det uthøva at det berre er menn som kan veljast inn i styret. Dei meir liberale nemner at kvinner kan veljast inn, men at menn alltid skal vera i fleirtal, og at formannen skal vera akkurat det – mann.

Her har det likevel vore store skilnader. Bedehuset "Soar" på Vatland i Strand er frå 1909, og menn og kvinner er valbare til styret frå første stund. Men dei må vera "bekjendende troende" og stå på evangelisk luthersk grunn.

Nokre få kilometer unna ligg Voster bedehus. Sjølv om det er frå 1937, og såleis mykje yngre enn det på Vatland, er det her nedfelt i statuttane at huset skal "bestyres av fem troende kristne menn." I 1951 vart ei kvinne likevel valt inn i styret, truleg utan at lovane var endra.

Meling bedehus i Forsand er bygd i 1935. Statuttane er vedtekne same året, og der går det klart fram at "5 levende kristne menn" skal vera i styret. Berre eitt år seinare vert ordlyden diskutert og endra slik at kvinner kan veljast.

På 1970-talet vert dei siste lovane som hadde halde kvinnene vekke frå bedehusstyrja, fjerna. Utviklinga i samfunnet elles vann innpass på bedehuset og – med eitt unntak: Kvitsøy bedehus held framleis fast på dei gamle lovane som understrekar at berre menn kan veljast inn i styret.

### KVINNEFORENINGAR

Som nemnt tidlegare, var det menn som var medlemmer i dei første misjonsforeiningane, som var skipa kring 1840 og framover. Kvinnene kunne då vera med viss dei var gifte og

kom på møta saman med ektefellen. Det gjekk ikkje lang tid før dette mørsteret hadde endra seg, og det var kvinnene som dominerte i misjonsforeiningane. Dei gjekk saman og stifta eigne kvinneforeiningar som arbeidde for misjonen. Misjonsbøssa stod gjerne på bordet under møta, og dei som kunne, la på ein skjerv. Men då det var lite kontantar mellom dei, fann dei ein annan måte å samla inn pengar på. Løysinga vart å halda arbeidsmøte der dei dreiv med spinning, veving og spøting. Seinare utvikla det seg vidare med saum og broderi. Etterkvart som det vart bygde bedehus, kunne dei samlast der, men i byrjinga møttest dei heime i stovene hos kvarandre. Frå alle bygder er det fortalt om koner som kom berande på niste og handarbeid til huset der møtet skulle halda. Var det spinning som stod på programmet, måtte roken vera med, og då var dei lett synlege når dei kom gåande med denne på ryggen. Mange hadde lang veg og kom fram heller utslitne og forkava, sjølv om dei hadde hatt kvilepaukar undervegs. Dei heldigaste hadde kanskje fått hyrt inn ein halvstytting til å gjera berearbeitet. Sidan det var såpass kave å koma på desse møta, varte dei lenge. Øktene måtte vera lange, for dei kunne ikkje springa fram og tilbake i eininga.

På Sand vart det skipa kvinneforeining i 1858 eller 1859. Invitasjon til å vera med gjekk ut til alle kvinner på Sand. Det første møtet skulle vara i sju timer, frå klokka eitt om ettermiddagen til åtte om kvelden. Initiativtakaren foreslo at dei ikkje skulle ha servering for å unngå at nokre skulle føla at dei ikkje kunne delta på grunn av alt det ville føra med seg. Målet var å bidra til at heidningane i Zululand skulle få høyra om Kristus:

*Til de ærede Quinder paa Sand.*

Efter samtaler med flere indbydes i herved af Undertegnede til at deltage i en Eftermiddagsforening til bedste for vores Mission i Zululandet. Vi haver troet den kunde tage sin Begyndelse den første Mandag i næste Maaned, Allehelgensdag, hos Undertegnede, Kl. 1 – et – Eftermiddag for at tilbringe Tiden med Arbeide til Missionen indtil Kl. 8 – otte – Aften. Hver medtager det Arbeide de ville udføre og ofre til Bedste for vores Mission. Den mindste Skjærv, bliver modtaget med Taknæmlighed. For at bidrage til at flere kunde deltage tror vi det bedst, da Stedet er lite, at enhver kan gaa hjem, at man Intet nyder hos hinanden, for ikke at paalegge Nogen Tvang i saa Henseende hva Mad angaar; thi man komme sammen for arbeide og lære lidt til Oplysning om Missionen og der-



Nord-Hidle kvinneforeining av NMS, fotografert i høve 110 års-jubileet i 1985.  
Alle medlemmene ber etternamnet Hidle. 1. rekke: Laura, Marta Lauvsnes, Marta, Inger Johanne. 2. rekke: Kjellaug M., Ellen, Oddrun. Foto lånt av Kjellaug M. Hidle.

med bidrage en Smule til de arme Hedningers Oplysning i Kristus. – De som ønsker at deltagte, behage at tegne sig paa denne Indbydelsesliste, der er udsendt i Tro og Haab om, at Gud vil ikke lade vor ringe Bestrebelser være uden Frugter.

Sandslandet den 25de October 1858.

Med Agtelse

M.H. Johannessen<sup>106</sup>

Fra Ombo er det fortalt at konene måtte bruka lykt når dei skulle på spinnesamling om vintrane. Så tidleg la dei i veg at dagslyset ennå ikkje hadde kome. I byrjinga var dei til lått og løye for bygdefolket når dei kom berande på rokkane sine, og på garden Kalheim gøydde dei seg på loftet for å unngå spitor frå mannfolka når desse kom inn for å eta. Dei første tidene vart det servert middagsmat på spinnesamlingane, og menyen var alltid den same; fisk og mjølkesuppe. Frå dei større gardane tok dei mjølk med til dei som hadde lite. Etter

kvart fann dei ut at ei slik oppvarting førte med seg for mykje arbeid for kona på garden, og dermed sluttta dei med middag på samlingane.<sup>107</sup>

Stoffa som dei voy, sokkane og vottane dei spøta, skulle omgjerast i pengar som deretter vart gitt til misjonen. Me veit at dei kunne senda varene til byen og få dei selde der. Dei sende heile "misjonsvevar" til Stavanger, fortel Johannes Arneson frå Hjelmeland.<sup>108</sup> Seinare, mot slutten av 1800-talet, byrja dei med basar. Basaren er framleis árviss på mange av bedehusa i regionen, og store pengesummar vert sende til misjonen frå desse arrangementa.

... har mange kvinner fortjent hedersplassen og hederstittelen av frivillige arbeidere. Men det er forholdsvis få navn vi



Denne misjonsbøssa har kvinneforeininga på Nord-Hidle brukta heilt frå starten av 1875 fram til for få år sidan.

<sup>106</sup> Sandsposten nr. 1 1970

<sup>107</sup> Olav Gof, kåseri på Omboheia, 23. august 1998.

<sup>108</sup> Johannes Arneson 2, s. 24.



Kvinneforeininga på Øye, Randøy, Hjelmeland hadde handarbeidet i denne kista, som står på bedehuset i dag.



Ved Talgje bedehus. Me kjenner ikkje høvet, men det kan vera at det er ein kjekkengjeng som poserer på steinen. Frå v.: Dorthea Kjelvik, Berta Ravnås, Teodora Østerbø, Tora Meling og Jenny Meling.

kjenner. Kvinnene lot lenge mennene bringe sine gaver, og vi fikk mennenes navn, men kvinnenes ble gjemt og glemt.<sup>109</sup>

Sitatet gjeld tida før første verdskrigen og er henta fra 100-årsjubileet for NMS. Sidan Det Norske Misjonsselskap er den eldste organisasjonen, var dei fleste av dei gamle foreiningane tilslutta denne. Seinare kom indremisjonen og Kinamisjonen, og mange nye foreiningar vart skipa i fotefara deira. I tillegg gjekk nokre av dei gamle foreiningane over til dei nyare organisasjonane, men mange valte å dela pengane dei fekk inn, på fleire av organisasjonane. Misjonstanken var det overordna; berre bidraget kom misjonen til gode, var det ikkje så viktig kva organisasjon dei støtta.

I 2009 gav NMS ut eit oversyn over alle misjonsforeiningane i landet som – frå organisasjonen vart grunnlagt i 1842 og fram til 2009 – hadde vore etablerte med tilknyting til NMS. For heile landet var det over 6000 foreiningar. Dette galdt alle

typar misjonsforeiningar, både barnelag, ungdomslag og lag for vaksne. Men det var kvinneforeiningane som utgjorde den største gruppa. I Ryfylke var det registrert totalt 84 foreiningar. 57 av desse var reine kvinneforeiningar. Tilsvarande for menn var det svært få av på landsbasis og ingen i Ryfylke.

Kva kan grunnen vera til at misjonsforeiningane hadde så mykje større appell hos kvinnene enn hos mennene? Dei første foreiningane vart etablerte i ei tid då det å organisera seg i interesseorganisasjonar var noko nytt. Kvinnene hadde oppgåver som knytte dei til heimen og tunet. Mennene hadde ofte større aksjonsradius, dei deltok på fiske, eller dei dreiv med kjøp og sal av buskap og kunne slik spørja nytt og knyta kontaktar. Når kvinnene tok til med å gå i misjonsforeiningar, fekk dei ein legitim grunn til å vera borte frå kvardagen. Dei møta nabokona og andre, som dei såg sjeldnare, og sjølv om det var arbeidsmøte dei hadde, kunne dei likevel kvi-la føtene. Det var vanleg med høgtlesing, ofte frå eit misjonsblad. Dei kunne sjå seg sjølve som del av ei stor og viktig sak;

109 Emil Birkeli, s. 161



Kaffikanner er ingen mangelvare på bedehuset.



Mange bedehus kosta på seg dekkety med namn. Her kopp, tefat og asjett frå Saron bedehus, Saudasjøen, Sauda.



Kaffiservering på Finnvik forsamlingshus, Ropeidhalvøya, Suldal.  
Foto lånt av Gerd Helland.

dei arbeidde for misjonen, for Guds sak på jorda. Perspektiva gjekk langt utanom gardstunet heime. Dessutan kunne dei sitta i ro utan å ha vondt samvit for det. Ikkje å undrast over at dei fann det nytig med lange møte!

Mat høyrer med i godt lag, og ei felles matøkt har vore vanleg i kvinneforeiningane, sjølv om den første foreininga på Sand hadde planar om å greia seg utan mat, som me

hørde ovanfor. Hausten 1948 vedtok kvinneforeininga i Hellandsbygd i Sauda å sløyfa kaffien på møta, fordi dei meinte matpausen tok for lang tid. Dei kasta vekk verdifull arbeidstid på kaffi og mat. I januar 1952 gjorde dei vedtak om å innføra kaffipausen på nytt. Det hadde vore misnøye med at kaffien var vekke. Fleire av møtereferata mellom desse to datoane nemner likevel "deilige" matøkter, så dei må ha lurt seg til nokre kaffipausar i "forbodstida" og! I protokollen nemner dei og ein årleg skitur i mars/april, som må ha vore eit reit reint sosialt tiltak.

Arbeidet for misjonen var viktig for foreiningskvinnene. Omsorga for heidningane var ærleg og oppriktig, men det sosiale samværet må og ha vore ein del av det heile. Kan skje er dagens venninne- eller dameklubbar ei vidareføring av denne sida av misjonsforeiningane? Det er i alle fall interessant å merka seg at innvandrarar frå Nederland, som det nå finst mange av i Ryfylke, har kommentert dei mange venninnekubbane og damesamlingane dei har fått kjennskap til her. Når vener møtest på fritida i Nederland, er ektefellane saman, konene går ikkje frå mannen sin for å vera i lag med venninner. Det nederlendarane finn rart og merkeleg, er heilt vanleg for oss. Slikt har me lange tradisjonar for. Dei første misjonskvinnene tok til å møtast i 1840-åra. Mennene sat att heime då og.

# Bedehus og ungdomslag

Det følgde ei politisk og nasjonal vekking med unionsstriden i 1870-80 åra. For mange vart det eit mål at Noreg måtte bli eitt fritt og sjølvstendig land, som det ein gong hadde vore, og at folket måtte bli både politisk og kulturelt sjølvstendig.

## FRILYNTE UNGDOMSLAG

Mot slutten av 1800-talet vart det skipa frilynte ungdomslag i fleire bygder i Rogaland. I byrjinga kalla dei seg gjerne "Fri-sinnede ungdomsforeninger". I 1895 møtte kring 50 utsendingar frå desse i Stavanger og skipa Rogaland Ungdomslag. Forfattaren Rasmus Løland var ein av utsendingane, ein annan var lærar Jon Hovda frå Fogn. Laget ville arbeida for "Upplysning og for nasjonalt og sedelegt Liv hjaa Ungdomen".<sup>110</sup> Nasjonale spørsmål var viktige i denne tida. Det galdt om å visa at norsk kultur skilde seg frå den danske. Derfor vart språket, folkeviseleiken, bunaden og den norske naturen henta fram og dyrka som symbol for norsk kultur.

I Hjelmeland hadde det alt i 1887 blitt skipa ei samtaleforeining som var ein forløpar for ungdomslaget. Sand fekk ungdomslag i 1895, og etter at fylkeslaget var skipa, dukka det opp ungdomslag i bygd etter bygd i Rogaland, og mange av laga bygde seg eigne forsamlingshus. Parallelt med bedehusbygginga i Ryfylke fekk me altså og bygging av ungdomshus. Den kristne grunntanken merkte arbeidet i mange frilynte ungdomslag, men dei dreiv ikkje forkynning. Ungdomslaga satsa heller på opplysnande foredrag både om religiøse og andre spørsmål.<sup>111</sup> Slik skilde dei seg sterkt frå den kristne lekmannsrørsla der nettopp forkynninga stod i sentrum.

## KRISTELEGE UNGDOMSLAG

I tillegg til dei frilynte ungdomslaga fanst det og kristlege ungdomslag, dei såkalla ynglingeforeiningane. Skilnaden mellom desse kristlege ungdomslaga og dei frilynte var ikkje alltid så stor. Begge laga dreiv folkeopplysing, og på lagsmøta var det foredrag, diskusjon og handskrivne lagsblad. Naturleg nok hadde dei kristlege laga likevel ein klarare kristen idéprofil enn dei frilynte.<sup>112</sup> Stavanger ynglingeforeining vart grunnlagt i 1868, men på bygdene i Ryfylke fekk ikkje ynglingeforeiningane særleg sterkt fotfeste. På Rennesøy var det mellom 1906 og 1915 eit kristelig ungdomslag på Sørbø. Det første året heldt laget møta sine på det gamle skulehuset, men då det i 1907 kom nytt bedehus i krinsen, fekk ungdommane bruka dette. Det skjedde ikkje utan diskusjon. Mange av dei eldre var imot å sleppa dei inn i bedehuset, sjølv om dei var innmeldte i Rogaland kristelige ungdomslag og hadde både det religiøse og allmennytige på programmet. Til slutt var det presten Sverdrup som fekk det avgjerande ordet då han hevda at om ungdommen vart utestengt frå bedehuset nå, kunne ein risikera at dei seinare ville setja opp ein dansehus og heller gå dit enn på bedehuset.<sup>113</sup> Etter kvart som dei eldre såg at ungdommane oppførte seg fint og "...der ingen utskeierer blev, og ungdommen opførte sig mer intelligent end nogensinde før, blev snart mistenkeligheten slut, og laget havde sympati og godvilje fra hele bygdens befolkning."<sup>114</sup> Likevel, det kristlige ungdomslaget på Sørbø eksisterte berre i knappe 9 år. Eldsjelene vart eldre, mange hadde gifta seg, andre flytta vekk. "De yngre som kom til, fant ingen fornøielse i det." skriv Haagen Galta. "Det var for meget alvorlig, og de bryde sig ikke noget om det. Følgen blev at laget ligesom sluttet av sig selv."

<sup>110</sup> Bygdekultur i hundre. Rogaland Ungdomslag 1895 – 1995, s. 16  
<sup>111</sup> Njål Tjeltveit 1, s. 136

<sup>112</sup> Njål Tjeltveit 1, s. 138

<sup>113</sup> Haakon Galta, s. 54

<sup>114</sup> Ibid.

I Sauda hadde det kristelege ungdomslaget på 1940-talet konkrete planar om å mælda seg inn i Noregs Kristelige Ungdomsforbund, som ynglingeforeiningane hadde skifta namn til i 1898. Det fanst alt eit gutelag og eit jentelag tilslutta barneavdelingane for denne organisasjonen i bygda. Bedehusstyret for Betel var sterkt imot og baud ungdomslaget ein fast plass i styret dersom dei la vekk planane for innmelding i forbundet, og det enda med at ungdomslaget gjekk med på dette.<sup>115</sup> Historia gjentok seg då Bjørn Eidsvåg tidleg på 1970-talet ønska å mælda Ten Sing-koret han var dirigent for, inn i KFUK-KFUM, som var tilslutta Norges Kristelige Ungdomsforbund, fordi forbundet var sterkt engasjert i Ten Sing-rørsla, og fordi dei der kunne få praktisk hjelp med noter og liknande. Koret hadde øvingane sine på Betel, og bedehusstyret frårådde også nå innmelding i ein organisasjon som dei meinte var altfor liberal. Denne gongen greidde dei likevel ikkje stoppa ungdommane, og koret meldte seg inn i forbundet.<sup>116</sup>

I det store og heile stod ynglingeforeiningane sterkare i byane enn på landsbygda og har derfor i heller liten grad prega utviklinga i Ryfylke.

## AMTSSKULE, FOLKEHØGSKULE OG KRISTELEG UNGDOMSSKULE

Den frilynte ungdomsrørsla hadde tette band til folkehøgskulane og til amtsskulane, som i innhald og ideologi likna mykje på folkehøgskulane. Frå 1875 var det to amtsskulalar i drift i Rogaland fylke. Dei hadde ingen fast skulestad, men flytte frå bygd til bygd i nærmere 30 år. Først i 1903 vart det slutt på det omflakkande tilværet, og Rogaland fekk då tre stasjonære amtsskulalar; Rygjabø på Finnøy, Dalheim på Helleland og Utgarden på Karmøy. (I 1918 vart nemninga *amt* bytt ut med *fylke*, og amtsskulane heitte frå då av fylkesskulalar.)

Den første folkehøgskulen kom på Jæren i 1899, og i 1912 såg Ryfylke folkehøgskule dagens lys. Første året heldt denne til på Ombo, men etter berre eitt år vart han flytt til Sand.

I det lekkristne miljøet var skepsisen til folkehøgskulane og amtsskulane stor. Sjølv om mange av rektorane ved desse skulane kalla seg kristne og opna skuledagen med andakt,

markerte dei eit frilynt kristendomssyn, tufta på tankane til dansken Nikolai Grundtvig (1783 – 1872). Her var det lov å glede seg over jordelivet og å setja pris på verdslege kulturverdiar. "Menneske først, kristen så", var slagordet som følgde grundtvigiansk kristendom.<sup>117</sup> Dette var fjernt frå den pietistiske haldringa som rådde på bedehuset, der jordelivet mest var sett på som ei prøvingstid mennesket måtte gjennom før det kom "heim" til himmelen. Som ei motvekt kom det etter kvart to kristelege ungdomsskulalar i Rogaland; Solborg ved Stavanger i 1913, eigd av Indremisjonen, og Tryggheim på Nærø i 1919, med Misjonssambandet (tidlegare Kinamisjonen) som eigar. Dermed fekk me, frå tidleg på 1900-talet, ei todeling av ungdomsflokkene i Ryfylke også når det galdt skulegang utover folkeskulen. Det var ikkje alle som fekk høve til å gå vidare på skule, men av dei som gjorde det, hamna ungdom med røter i bedehusmiljøet mest sannsynleg på ein av dei kristelege ungdomsskulane, mens dei andre heller gjekk på amtsskule eller folkehøgskule. På folkehøgskulane trødde dei folkevisesteg når dei på ungdomsskulane tala om sjelenaud og omvending frå denne verdens freistinger, skriv Njål Tjeltveit.<sup>118</sup>

Dei kristelege ungdomsskulane (i dag er dei kalla folkehøgskular) arbeidde i nær tilknyting til bedehuset og ønskte å rekruttera ungdom til dette miljøet. Etter ein vinter på skulen skulle dei unge ha blitt omvendte eller ha fått ny kveik og dermed stå godt rusta til å gjera ein innsats på bedehuset i heimbygda.

## DEN NORSKE KULTURARVEN

Bedehuset og ungdomshuset stod for ulike livssyn og kom i mange bygder til å stå i eit spenningsfullt høve til kvarandre. Sett frå bedehuset var den gamle norske kulturarven syndig. Felespel og dans skulle ein kristen halda seg langt vekke frå. Det er fortalt om spelemenn som vart omvendte, at noko av det første dei då gjorde, var å knusa fela. Ruth Anne Moen, tidlegare konservator ved Folkemusikkarkivet for Rogaland, Ryfylkemuseet, fortel at det ikkje har vore enkelt å samla inn tradisjonsstoff om dans i fylket vårt;

115 Brevveksling mellom Sauda kristelige ungdomslag og KFUM-KFUK

116 Randi Berge Svendsen: s.37

117 Bjørg Seland og Olaf Aagedal, s. 26


118 Njål Tjeltveit 1, s. 146



Felespel på Suldal kulturhus. Bedehuset har stilt seg avisande til den norske kulturtradisjonen.

*Ein må trø varsamt, når ein spør etter dans her i fylket. Nokre område har vore sterkt prega av dei mange religiøse vekkingane i førre og byrjinga av dette århundret. I desse miljøa var det stor synd å dansa. Vi traff på fleire som ikkje hadde fått lov å dansa då dei var unge. Andre kunne fortelja at dei hadde nok dansa litt i ungdomen, "men så kom ei vekking i bygda..."*<sup>119</sup>

<sup>119</sup> Ruth Anne Moen, i Rogaland Ungdomslag 1895 – 1995, s. 56



Kart over Jødeland på Askvik bedehus, Hjelmeland. Her er mange heimslege namn for ein ryfylking. Både Nain, Karmel, Emmaus og Betania er namn på bedehus i Ryfylke.

I følgje Ruth Anne Moen var det i Forsand særleg vanskelig å finna folk som hadde dansa som unge.

Ikkje berre dansen, men og sketsjar og skodespel som ungdomslaga ofte hadde framsyninga av, skulle ein kristen halda seg vekk frå. Sven Foldøen hadde hatt møte på bedehuset i Imsland i 1903:

*Men utanfor bedehuset samlast ungdomen då møtet var slutt. Det var lite av lått og ståk. Sume meinte at dei no laut skunda seg med å øva inn spelestykket dei skulde ha på vår-*



Ungdomshuset i Kvilldal, Suldal, er her ennå ikkje bordkledd. Personane som står utanfor er deltakarar på eit snikkarkurs som heldt til på ungdomshuset.

festen, men det vann lite medhald. Det vart ikkje fleire møte i ungdomslaget den gong, av dei som då var unge. Ei ny tid skulle renna over Imsland.<sup>120</sup>

I mange bygder vart det sett opp både bedehus og ungdomshus, og kvart av husa hadde sin flokk. Det var så godt som uråd å høyra til begge flokkane samtidig.

Den ulike kulturelle forankringa mellom ungdomshus og bedehus kom og til uttrykk i namnevalet på husa. Medan ungdomshuset kunne få norske namn som "Tunet", "Heimen" og "Vonheim", henta lekfolket namn frå Jødeland når dei skulle gi eige namn til bedehuset. Me finn både Saron, Soar/Zoar, Betania, Nain, Emmaus, Sion, Karmel og Getsemene i Ryfylke. Det langt vanlegaste namnet på eit ryfylkebedehus er likevel Betel, som – i tillegg til å vera eit historisk namn på ein stad nord for Jerusalem – er hebraisk og tyder "Guds hus". Heile sju bedehus i regionen vår ber dette namnet.



Kvilldal ungdomshus vart gjort om til bedehus i 1934.

## FRÅ FRILYNT UNGDOMSHUS TIL BEDEHUS I KVILL-DAL

I Kvilldal i Suldal fekk ei vekking som gjekk over krinsen i 1932, konsekvensar for ungdomshuset som grenda hadde reist i 1922. Pastor Andreas Vatne frå Sandnes hadde kome til Kvilldal som forkynnar i oktober/november 1932. Han reiste då for Indremisjonen og var ein eldre kar i 70-års alderen. Sidan det ikkje fanst bedehus i kverven, vart møta haldne på ungdomshuset, og bygdefolket møtte fram kveld etter kveld. Etter ei tid vende nokre om:

... så losna det for alvor. Folk i kverven opplevde stor syn-denaud, og det hendte at fleire bad om forbøn på det same møtet. Somme uttala seg kritisk til vekkinga i førstninga; men etter ei tid vitna dei som nyfrelste. Store, sterke menn sokk saman i gråt. Folk kom i naud, både for seg sjølve og for barna sine. Gamle og unge blei løyste og fri. Somme ropa i syn-denaud, andre takka for fred. Det blei ei annleis tid enn alle andre tider i grenda. Alle heimar i kverven fekk direkte kontakt med vekkinga. I nokre heimar kom alle med, andre stader

120 Oscar Handeland, s. 227



Salen i Kvilldal bedehus. Her var det leik og dans tidlegare.

enkelte familiemedlemmer. På nokre månader var tyngda av folket i Kvilldal omvende til nytt liv i Gud.<sup>121</sup>

Alt i januar året etter vart Kvilldal Indremisjonsforening skipa, "som ein sluttstein paa det arbeidet som i vinter er nedlagt av pastor Vatne", som det står i protokollen for foreininga. Bygdefolket hadde fått nye interesser. Nå var det misjonsarbeidet og Guds ord som stod i fokus. Arbeidet til ungdomslaget med leikarring og dans og skodespel låg nede. Mange av dei som hadde vore aktivt med i dette laget, var blant dei nyfrelste og hadde ikkje lenger syn for slikt. Dermed oppstod tanken om at ungdomshuset kunne gjerast om til bedehus. 10. juni 1934 vart det halde avrøysting, og resultatet synte 37 for og 3 mot. Fleirtalet var overveldande, og saka syntest klar. 11. november stod innviingsfesten for bedehuset. Emisær Dysjaland talte, men sjølvé innviingstalen var det pastor Vatne som heldt. Han las opp lovane som var utarbeidde for bedehuset. Alt på avstemmingsmøtet 10. juni hadde tre menn blitt utpeika til å skriva lovar for huset.<sup>122</sup> Sannsynlegvis

hadde lovane så blitt godkjende på eit møte før dei vart lesne opp på festen.

Dei første paragrafane lyder slik:

§1. Huset som fyrr var Ungdomshus, skal no vera Bedehus. Eigar av huset er Kvilldal krins, som og stend inne for huset økonomisk.

§2. Fyremalet med huset er aa fremja og grunnfesta Guds rike si sak i Kvilldal. Det skal brukast til Guds ords forkynning paa den Lutherske vedkjennings grunn, av kjende menn, eller menn med godt vitnemaal.

§3. Huset maa ikkje brukast til leik eller dans. Men til aalmengagneleg fyremaal, som ikkje strider mot kristendom og sedeleg liv, kan huset brukast etter lovnad av styret, som har plikt paa seg til aa vaka yver at sømeleg aatferd raader naar huset vert brukt.

Paragraf tre vitnar om eit sterkt behov for å markera avstand til ungdomslaget og kulturen det stod for. Indirekte vert det sagt at mykje av det som hadde gått føre seg der, ikkje var "aalmengagneleg", og at det streid mot "kristendom og sedeleg liv". Ingen kunne vera i tvil om at ungdomshuset var historie. Bedehuset hadde tatt over.

I paragraf fire vert det rauast slått fast at alle som har fylt 15 år og budd i Kvilldal dei siste to åra, har røysterett i saker som gjeld huset.

Paragraf åtte seier at endring av lovane berre kan skje på årsmøte med to tredjedels fleirtal, og at vedtaket må fattast med same ordlyd på to årsmøte etter einannan før det vert gyldig. Det vanlege er at lovar kan endrast etter vedtak på **eitt** årsmøte. Kan bedehusfolket ha følt at dei trong ekstra sterke murar mot krefter som ønskete å riva ned arbeidet dei ville fremja?

I desember 2010 hadde Johannes Vårvik eit innlegg i lokalavisa Suldalsposten der han hevdar at omlegginga av ungdomshuset til bedehus i 1934 ikkje hadde vore så heilt smertefri. Han siterer bestemor si som skal ha sagt at ho angra på at ho hadde vore med på det. Han stiller og spørsmålsteikn ved om prosessen, juridisk sett, kan ha gått rett føre seg. Kva med innkallinga og kunngjeringa av møtet der røystinga skulle skje? Og kva med lovane som regulerte bruken av

121 Njål Tjeltveit 2, s. 62

122 Møtebok for Kvilldal Indremisjonsforening.



*Det gamle skulehuset i Kvilldal til venstre, bedehuset til høgre. På 1960-talet sluttet skulen å bruke huset, og bygda fekk overta. Reglane for bedehuset vart då gjort gjeldande for dette huset og.*

ungdomshuset? Han viser til at desse lovane vart brende rett etter at vedtaket om å gjera huset om til bedehus, var fatta.<sup>123</sup>

Det er sikkert ikkje tvil om at det som skjedde den gongen ungdomshuset vart omgjort til bedehus, skjedde i beste meinings, og at eit stort fleirtal av ungdommane som hadde vore flittige på ungdomshuset, hadde kome med i vekkinga og derfor ønskte bedehuset velkommen. I denne samanhengen er det likevel interessant å sjå på måten endringa gjekk føre seg på.

Lovane for bedehuset avslører at ungdomsrørsla, i alle fall den delen av rørsla som hadde med leik og dans å gjera, måtte haldast borte. Sannsynlegvis er dette eit uttrykk for

den store avstanden det må ha vore mellom den frilynte ungdomsrørsla og bedehusrørsla. Dei nyfrelste ser ut til å ha hatt behov for å ta eit tydeleg oppgjer med si eiga fortid. Kanskje vurderte dei ungdomsrørsla som så syndig og øydeleggjande for eit sunt kristenliv at det verkelegasta med å rydda henne av vegen. Haldninga til den kulturen som hadde bygd huset, og som åtte det – eller rettare; hadde ått det – rommar ingen varme eller takksemd, snarare tvert imot.

På 1960-talet fekk bygda overta det gamle skulehuset. Då vart reglane for bedehuset gjort gjeldande for skulehuset og. Framleis må det ha vore viktig å halda leik og dans borte, ikkje berre frå bedehuset, men frå heile bygda.

123 Johannes Vårvik, Suldalsposten 23. desember 2010.



I 1937 fekk det frilynte ungdomslaget i Årdal, Hjelmeland, halda eit skomakarkurs på bedehuset. Me har berre namnet på fire av dei fem personane som er med på biletet. Det er: Arne Valheim, Karl Ingvaldstad, Svend Hia og læraren Adolf Riskedal.

### FEKK UNGDOMSLAGET BRUKA BEDEHUSET?

På garden Randa i Hjelmeland vart det i 1916 sett opp eit privat bedehus. Der står det nedfelt i statuttane at "... den frisinndede ungdomsbevegelse negtes adgang til at bruge huset." Her er det altså i klartekst sagt at det gjeld heile rørsla, ikkje berre leiken og dansen.

Jøsenfjorden bedehuskapell, også dette i Hjelmeland kommune, stod ferdig i 1955. Statuttane opnar for at "Samkomer som ikkje bryt med det kristelege og moralsk sørmelege skal kunna haldast på huset." Deretter følgjer ei presisering av kva som ikkje kan tillatast: "Dans, folkeviseleik, rusdrykk og usørmeleg leik eller framsyning er strengt forbode."

På bedehuset i Viklevåg, Rennesøy, er det i 1921 derimot gjort vedtak om at "Ungdomslaget" har tilgang til bedehuset

på laurdagskveldane. Når det berre står "Ungdomslaget", er det vanskeleg å vita om det gjeld eit frilynt eller eit kristeleg ungdomslag, men truleg er det her snakk om eit frilynt, for i 1925 spør Hauskeidets Ungdomslag om løyve til å oppføra folkeviseleik eller folkevisedans på møta sine. Viklevåg bedehus har ein paragraf om at dans er forbode på huset, så her får ungdomslaget sjølvsagt avslag på søknaden. Likevel viser dette at det blant lekfolket i Viklevåg må ha vore aksept for mykje av arbeidet det frilynte ungdomslaget stod for. Om ikkje det var tilfelle, er det vanskeleg å tenka seg at ungdomslaget hadde fått bruka bedehuset i det heile.

Noko liknande ser me på Dalen i Hjelmeland. Bedehuset Betel vart innvia i 1919, og i lovane står det at styret kan leiga ut huset til "... møter og sammenkomster til kredsens og

*bygdens tarv – ungdomslag, avholdslag m. v. – naar alt gaar sommelig til, og de ikke kommer i strid med husets egentlige bestemmelse.*" Om denne paragrafen førte til diskusjonar om kva ungdomslaget og avhaldslaget kunne ha føre seg på møta sine, veit me ikkje, for protokollen er ført i ei svært knapp form, stort sett berre med korte referat frå årsmøta.

Frå Årdal i Hjelmeland kommune veit me at det frilynte ungdomslaget i mange år fekk brukta litlealen på bedehuset til lagsmøte. På desse møta var det tale, opplesing, song og diskusjon. I den lyse årstida hendte det at ungdommane samlast på ei slette i utmarka etter lagsmøta for å ta seg ein svingom. På årsfestane hadde dei både skodespel, leik og dans, derfor kunne dei ikkje vera på bedehuset då.<sup>124</sup> I bedehusprotokollen er det i 1919 nedskrive at ungdomslaget har hatt møte med lysbilete utan å spørja om det først. Bedehusstyret gjer då vedtak om å innskjerpa at ingen kan ha møte på huset utan å spørja om lov. Dette med lysbilete ser ut til å ha falle dei noko tungt for brystet, men to år seinare får ungdomslaget løyve til både å arrangera julefest og ha møte med lysbilete om storviltjakt. Då ungdomslaget i 1923 søker om å få ha basar til inntekt for eige hus – dei må ha hatt planar om å bygga ungdomshus – får dei negativt svar. Hopehavet mellom bedehuset og ungdomslaget i Årdal ser likevel ut til å ha halde seg godt i mange år. I 1937 får ungdomslaget løyve til å halda eit seks-vekers skomakarkurs på bedehuset.

Johan Veka skriv at Sand Ungdomslag i 1899 synte fram eit spelstykke på bedehuset, og at kristenfolket på Sand i 1890 hadde ei stor samling saman med den frilynte ungdomsrørsla,<sup>125</sup> men biletet er ikkje eintydig, for det er kjent at ungdomslaget fekk avslag, også på Sand, når dei sökte om å få leiga bedehuset, sjølv om dei kunne forsikra om at alt skulle gå føre seg på "Luthersk Grund".<sup>126</sup>

Biletet har altså vore noko samansett, men i det store og heile har lekmannsrørsla sett med skeptiske auge på den frilynte ungdomsrørsla. I utgangspunktet var det ofte lærarar som stod i brodden for ungdomsrørsla, og mange ungdomslag dreiv systematisk lagsarbeid med idealisme og folkeopplysing som drivkrefter.<sup>127</sup> Dette arbeidet bleikna mange stader

av utover i mellomkrigs- og etterkrigstida. Mange stader fall lagsarbeidet saman, og ungdomshusa enda opp som dansehus der alkoholen fløynde og sette husa i vanry. Etter 1960 – 70 har det vore drive lite aktivt ungdomslagsarbeid.

## KRISTELEGE MØTE I UNGDOMSHUSET

Om bedehusstyra har vore motvillige til å sleppa ungdomslaga inn i husa sine, har ungdomsrørsla vore rausare med å sleppa bedehusrørsla inn i sine hus. Der det ikkje var bedehus, leigde lekfolket ofte ungdomshuset til å halda møte i. Ungdomshusa hadde ingen statuttar som forbaud kristelege møte. Og for kristenfolket må det tydelegvis ha vore lettare å leiga seg inn i eit ungdomshus enn å sleppa ungdomslaget til i eigne hus.

Fister fekk ikkje bedehus før i 1960, mens det vart bygd ungdomshus alt i 1912. Njål Tjeltveit fortel dette om bruken av ungdomshuset:

*I praksis var ungdomshuset heile bygda sitt hus. Her slapp alle til som hadde bruk for det, og innhaldet i det huset vart nytta til, varierte også svært. Eldre folk på Fister kan likevel ikkje hugsa at nokon fekk nei på førespurnad om å bruka huset, og det var svært lite gnissingar mellom ulike interesser og føremål.*

*Det var liksom akseptert av alle at innhaldet i det som gjekk føre seg på ungdomshuset varierte sterkt, frå kveldar då folk låg på kne i bøn til Gud og emiserrøysta tona gjennom rommet, til lausslept dansemoro og ikkje alltid like støe føter som sopar over golvet nokre kveldar etter.*<sup>128</sup>

Styret for Heia bedehus i Strand bestemte i 1972 og 1973 at den årlege julefesten skulle haldast på ungdomshuset fordi bedehuset då var gammalt og därleg. Ungdomshuset var eit mykje betre og større hus, og dei håpa derfor at det ville koma fleire folk om dei la festen dit. Kvaliteten og storleiken på lokalet var ein ting, men kanskje var og terskelen lågare på ungdomshuset, slik at dei kunne håpa på fleire folk av den grunn.

Tre av dei mindre bygdelaga i Suldal kommune held framleis religiøse møte på ungdomshuset. Det gjeld Vanvik, Nesflaten og Bråtvæit. Fleire av dei som bur på desse stadene, hevdar at det har vore i god løysing, fordi det fører til mindre

124 Njål Tjeltveit 1, s. 148

125 Johan Veka: Norsk Etnologisk Gransking, emnenr. 88

126 Roy Høibo, s. 400

127 Njål Tjeltveit 1, s. 149

128 Njål Tjeltveit 3

skilje mellom folk når alle føler seg heime på det same huset, sjølv om dei kanskje ikkje treffest der på dei same møta. Ein mann frå ei av desse bygdene arbeidde på Finnøy på 1980-talet og vart forundra over det han såg der. Der var folk anten kristelege og gjekk på bedehuset, påstod han – eller dei var spinnville og gjekk og rava på ungdomshuset. Ei slik kløyving mellom folk var han ikkje van med heimafrå.

### KONKURRENTAR

I lovane for dei fleste bedehusa står det at huset kan leigast ut til ikkje-kristelege møte med "samfunnsgagnelege" føremål. Det er styret som må vurdera kor grensa skal gå. I praksis har det ikkje vore vanskeleg for handelslag, bondelag eller fiskarlag å få halda møte på bedehuset. Desse har representert yrke, ikkje livssyn, og har derfor aldri vore konkurrentar til bedehusaktiviteten. Verre var det då med ungdomslagsrørsla, som stod for eit livssyn og ein ideologi som ikkje var identisk med det lekfolket stod for. Derfor måtte fronten vera hard og avvisande mot denne rørsla.



Frå Nessa bedehus, Hjelmeland



Frå Betel, Sauda.

# Korleis blir vekkinga til?

Dette spørsmålet kan ha ulike svar. For det første kjem det an på ståstadten til den som skal svara.

## SETT INNANFRÅ

Bedehusfolket vil seia at det er Gud som styrer vekkinga. Utan at Gud grip inn, blir det inga vekking. Likevel veit dei at vekkinga gror i spora til lekpredikantane. Og visse namn kan knytast til fleire vekkingar enn andre. Forklaringsa på det vil vera at folk har ulike nådegåver. Nokre har den gåva at dei kan preika til vekking. Og det er Gud som deler ut nådegåvene. Arne Aano sa at han hadde fått evna til å preika slik at folk braut saman, men at han ikkje var flink til å byggja dei opp igjen. Derfor tok han med seg ein annan som var flink til akkurat det. Dermed utfylte dei kvarandre og kunne slik fungera som ein reiskap for Gud i lag. Heile kontrollen ligg likevel hos Gud. Predikantane er berre ein reiskap i hans teneste.

Då dei store vekkingane kring 1900 tok til i regi av Kinamisjonen, gjorde dei sine refleksjonar kring det i Misjonsselskapet og konkluderte med at Kinamisjonen sine utsendingar var unge, energiske og friske, og dei snakka eit folkeleg språk. Til samanlikning såg dei at deira eigne forkynnurar var gamle og ute av stand til å hamla opp med nykomlingane. Dette tok Misjonsselskapet konsekvensen av ved å avskaffa "det kunstige kravet om "kallet""<sup>129</sup> og heller satsa på "personlig skikkhet". Dessutan begynte dei å legga større vekt på utdanning og allmennkunnskap, og slik vart tilbod om kurs og hjelpemiddel aktualisert. Ei liknande utvikling fann stad i indremisjonen.<sup>130</sup>

Me ser altså at det pedagogiske, tilrettelegginga av møtet, tidleg kom i fokus. Sjølv om det var Gud som bestemte, kjenste medhjelparane sitt ansvar og visste at forkynnaren kunne

fungera som utløysar for vekkinga. Sjølvsgart var det då viktig å perfeksjonera seg så godt ein kunne, slik at alt som stod i menneskeleg makt, vart gjort.

Sidan tru og omvending har med kjensler å gjera, fekk song og musikk ein større og større plass i vekkingssammenheng. Sven Foldøen reiste ein del saman med Arne Aano som spelte trekkspel. "Det eg ikkje kan preika inn i dei, kan du spela inn i dei", sa han. Likeeins visste predikantane å nytta stemmeleie og intensitet for å understreka bodskapen i forkynninga. Eit vekkingsmøte skal overtyda møtelyden om at det er lønsamt å venda om. Løna er ikkje i kroner og øre, men i evig liv. Det ventar altså ein gevinst på den som bøyar seg. Fortaping og evig redsle ventar den som står imot. Ein dyktig forkynnare er flink til å nytta den rette retorikken i rett tid, rask til å oppfatta stemningsendringar i salen og å utnytta gruppodynamikken blant tilhørarane. Dersom ein person gjev seg over, kan mange andre følgja etter. Mennesket er eit flokkyd, og forkynnaren veit det. Lenge før marknadsføring vart eige fag ved høgskulane, brukte emissærane mange av dei same verkemidla som det vert undervist i der.

Denne balansegangen mellom det så sjå at korleis ein legg bodskapen fram, korleis ein byggjer opp talen, kva verkemiddel ein tar i bruk – at alt dette verkar inn på resultatet og utfallet av møtet – og likevel vita at ein ikkje skal ta noko av æra eller kritikken sjølv – er ei stor utfordring for forkynnarne. Sven Foldøen hadde periodar der han vart depressiv og klandra seg for å ha tatt æra for vekkingane sjølv og late Gud få for lite.

Er det då berre forkynnaren som kan vera Guds medhjelpar i vekkingsarbeidet? Kan resten av kristenfolket gjera noko for å framkalla ei vekking? Dei kan be, gå i forbøn, som det heiter. Salmen "Det er makt i de foldede hender" understrekar at bøner kan utretta mirakel. Mange ser det som si oppgåve å arbeida i det stille, å gå i forbøn for at namngjevne

129 Emil Birkeli, s 153

130 Bjørg Seland og Olaf Aagedal, s. 37




Fullsett sal på Bethel på jubileumsfesten. Foto lånt av Osmund Halleland.



Willmore Gundersen møtte på festen. Her sit han til venstre i rullestol, etter ei ulykke. Så følger kona hans, Torvald Espeland og Osmund Halleland. Foto lånt av Osmund Halleland.

# Jubileumsfest

på Bethel laurdag 3. april kl. 19.00



**“40 år siden vekkelsen”**

## Program:

- Vi får besøk av **Wilmore Gundersen** som var med oss for 40 år siden
- Sang og musikk
- Intervju med Solveig Nærland, Olav Bjørkvik og Sigmund Ladstein
- Det blir servert varmmat, kaffe og kaker

**Unge og eldre er hjarteleg velkomne!**



I 2004, 40 år etter vekkinga på Finnøy, var det stor fest og markering av jubileet.

personar skal koma til frelse, å be om vekking. Såkalla bøneringar er ei organisering av folk som ber om det same, samtidig og over lang tid. Det finst ei forestilling om "Forbønnens Skaaler" i himmelen, og at når desse blir fulle, vil bønene gå i oppfylling.<sup>131</sup> Uttrykket "bøne-menneske" tyder ein person som er uthaldande og trufast i sitt bøneliv, og som kan ha hatt innverknad når det kjem til vekking.

*Stadig viste den troende heims innflytelse seg og forbønnens betydning.*<sup>132</sup>

Sitatet er henta frå 100-årsjubileumsboka til NMS og er brukt som forklaring på at det i åra 1934 – 1943 var fleire store vekkingar.

Vennesamfunnet på bedehuset ser det og som si oppgåve å ta vel imot nye som vil vera med. Sviktar dei her, kan mange av dei nye lett falla frå.

#### VEKKINGA PÅ FINNØY I 1964, SETT INNANFRÅ

I 2006 gav Finnøy Misjonslag ut eit hefte i høve 100-års jubileet for laget. Vekkinga i 1964 er sjølv sagt med. Her følgjer skildringa slik ho stod i jubileumsskriftet:

1964 var eit merkeår og eit nådeår utanom det vanlege for kristenfolket på Finnøy. Ikke sidan 1905 hadde det vore ei så gjennomgripande vekking på øya.

Møteverksemda starta rett nok som vanleg i januar, også dette året, med Arne Aano og Willmore (Willy) Gundersen som talalarar og songarar. Men alt frå første møte i Bethel 14. januar, i nær fullsett sal, "kjende me at Gud var nær og rørte ved hjarto." Ella Andestad skriv vidare i protokollen:

"Det vart "vårloysing". Det er lenge sidan ei slik vekkingsbylgje gjekk over øya. Få var visst dei som trudde at me kunne få oppleva slike tider meir. "Vinden bles kvar den vil", sa Jesus. Det er berre nåde. Mange som i lange tider hadde bedt om frelse for sine, og for bygda, fekk sjå at Gud er trufast og at "Han gjer meir enn alt det me bed om eller skjønar." Difor skal Han åleine ha all æra og takk."

Alle møta var på Bethel den gongen, og "huset var fullt heile tida." Verksemda varte til midten av april, med korte avbrekk. Og kveld etter kveld lydde innbydinga frå talarstolen: "Du er innbydt til bryllup i himlen ..."

131 Bjørg Seland og Olaf Aagedal, s. 87

132 Emil Birkeli, s. 181

Arne Aano har skildra vekkinga i "Utsyn" nr. 10 i 1964. Me tek med noko av det han skreiv der:

"I lang tid har den trufaste veneflokken vore i bøn til Gud for folket på øya her. Det såg så mørkt ut, lite folk samlast, ja det var eit sjeldan syn å sjå at ufrelste fann vegen til bedehuset. Den 14. januar tok møta til, og **det låg mest i lufta** alt frå første kvelden at noko ville skje. Og folket kom, – kveld etter kveld samlast dei i store skarar. Og det store Lars Oftedal-bedehuset Bethel vart fylt av lengtande sjeler. Ordet nådde inn til hjarto på oss truande først, og mange var det som audijsjuka seg og kom fram til korset og der fekk møta Jesus til fornying, – ofte 15 – 20, ja, flokken var endå større somme kveldar. Og mange nye kom etter kvart med på himmelvegen. Mors og fars bøner fekk si oppfylling.

No på sundag var kampen svær! Guds ånd og djevelens ånd kjempa om sjelene. Me kjende at lufta dirra. Den gilde presten her på øya sa: "Dette er det sværaste eg har kjent." Etter at alle var gått, sat 4 unge att og gret over si synd, og ei gild 80 år gammal kvinne stansa og att. Nedi døra stod han Jakob:

"Du Arne, du må bli med opp i lensmannsstova!" sa han.

"Kva er det som er gale?" spurde eg.

"Å, det er mange der oppe i kveld som vil verta frelse."

Eg tok Bibelen og hatten og for av stad. Ja, det kan ikkje forklarast, og ikkje vil eg prøva på det heller.

Kva som den kvelden hende i lensmannsstova, vil aldri ver ta gløymt, då 4 mann i 40-åra og konene til 3 av dei, kasta seg i Frelsarens armar."

Heilt fram til avslutningshelga 11. og 12. april var det nokon som gav seg over til Gud. Møta heldt fram også ei tid etter at Arne og Willy hadde reist, 3 kveldar i veka. Og det vart og fylgt opp med ei bibelverke i mai, der Olav Hovda var talar.

Midt inne i vekkingsperioden vart det og avvikla både Fastelavnfest og offerveke. På Fastelavnfesten, som og var på Bethel dette året, var Torbjørn Pedersen med, 46 år etter at han sjølv stod i vekking på Finnøy. I offerveka var Karl Slethei med dei siste dagane.

"På festen Langfredag var huset sprengt. Det vart eit rikt samvær. Mange søkte frelse. Eit Guds verk me har sett."

Kor mange som vart frelse under denne vekkinga er det nok berre Gud som veit nøyaktig, men opp mot 50 – 60 personar skal det ha vore. Mange av desse lever i dag, og kan

*minnast med glede og takk dei ugløymelege vårdagane i 1964. Og ikkje minst gledde dei seg, dei som alt lenge hadde stått trufast i tenesta, og fekk oppleva dette Guds under.*

(...)

*Dette var verken første eller siste gong Arne Aano var på Finnøy. Etter vekkinga har Arne og Willmore vore her ei rekke gonger, både i offerveker, møteveker, og på enkeltmøte, både i lag og kvar for seg. Willmore var på Bethel så seint som i 2004, på 40-års jubileet for vekkinga.*

Når me på denne måten ser attende på vekkingar som har vore, må me aldri gløyma det store og viktige såmannasarbeidet som har gått føre seg mellom desse vekkingane.<sup>133</sup>

Sett frå innsida er det som skjedde på Finnøy eine og åleine Guds verk. Likevel vert "mors og fars bøner" og bønene til den trufaste veneflokken tillagt ei viss vekt. "Det store og viktige såmannasarbeidet" vert og sagt å ha vore viktig. Truleg viser denne utsegna til det trufaste arbeidet kristenfolket har utført i dei stille åra, dei åra då ingenting skjedde, då dei ikkje såg frukter av strevet. Plutseleg kom vekkinga og viste at dei ikkje hadde arbeidd forgjeves.

Mennesket kan altså påverka Gud. Men det er opp til Gud om han vil lata seg påverka.

## SETT UTANFRÅ

Strukturelle endringar i samfunnet kan vera ei medverkande årsak til at vekkingar oppstår. Grunnen er at slike endringar kan føra til at folk blir utrygge og engstelege, og at dei derfor vender seg til noko som er trygt og stabilt. Ei slik hamn kan bedehuset fungera som når verda utanfor verkar farleg. "Hør hvor det stormer der ute, her er det fredfullt og tyst", heiter det i refrenget til ein kjent salme frå 1904.

Som nemnt tidlegare, stod presten Lars Oftedal i 1870 – åra i spissen for ei vekkingsbølgje kalla "Den vestlandske vekkelse". I desse åra var det økonomiske nedgangstider i regionen. Silda hadde forsvunne, og vårsildfisket vart dermed ikkje lønsamt lenger. Dampbåten hadde utkonkurrert seglskuta. Treskipsvervane i fjordane gjekk konkurs. I tillegg var oppløysing av klyngetuna og utskifting av innmarka kome langt, og samværsformer med djupe røter i det gamle bonde-

samfunnet var dermed i ferd med å gå i oppløysing. Pengeø-konomien gjorde seg i større grad gjeldande i landbruket. Mykje var i omvelting, og det gjekk ein straum av ryfylkingar til Amerika. I slike oppbrotstider er det ikkje utenkjøleg at eit åndeleg og sosialt liv saman med "brødre og søstre i Herren" kunne fungera som eit vern mot alt det nye.

## "Eg kom med i 1964 ..."

Sverre Austbø vart omvend under vekkinga i 1964, i ein alder av 39 år. Han kjem frå ein kristen heim, men arven heime frå var liksom ikkje noko for han, – før Arne Aano og Willmore Gundersen kom til Bethel ...

"Eg fekk jo snart spørsmål om å vera med til Bethel for å høyra dei flinke songarane som var komne til Finnøy. Det sa eg ja til, men det vart med den eine kvelden i første omgang. Både kona og andre "masa" om at eg burde gå, men eg fann alltid på eitkvart anna å gjera."

Så kom Fastelavnfesten, den var lagt til Bethel det året. Akkurat den kvelden var det ikkje Aano, men Torbjørn Pedersen, som talte Guds ord.

"For å sleppa "maset", så tykte eg at eg kunne gå når det var fest. Det var liksom litt lettare. Og då Pedersen tala, var det noko som greip meg, eg var i alle fall ikkje meg sjølv den kvelden. Men meir vart det ikkje då."

Men Guds vegar er som kjent uranskelege, og same natta skjedde det noko:

"Midt på natta kom det for meg noko som sokneprest Harald Vestbø hadde sagt til meg: "Jesus døydde for deg for 2000 år sidan, og du er fri." Då rann lyset for meg, og eg fekk sjå meg frelst og fri."

Neste dag vart ein jubeldag for familie og vener: "Han Sverre er frelst!"<sup>134</sup>

133 Sigurd Risa, s. 19

134 Ibid.

### **"Det var som å vera i himmelen ...!"**

Sigmund Ladstein var formann i styret for misjonslaget under vekkinga i 1964. Han minnest v l denne v ren, og dei mange gilde m ta p  Bethel. Mellom anna har han minne om eit vitnem te eit stykke ut i vekkinga. Sigmund fortel:

*"Ein kveld hadde ein person p  galleriet eit inspirert vitnem l, mellom dei andre som vitna. Mannen hadde eit noko karismatisk preg, og han beskrev si frelsesoppleving som   ha vore fleire dagar i himmelen ... D  kom det h gelydt fr  Arne Aano: "At du kom ned att, d  du hadde det s  godt og gildt der oppe?"*

Vitnemannen stussa litt p  tiltalen, men s  kom svaret: "Nei, du kan skj na eg skulle ikkje ha kome ned att!" Forsamlinga storlo.<sup>135</sup>

Spanskejuka herja vinteren 1918 – 1919. Ein reknar med at annankvar nordmann vart smitta, og at 15 000 personar d yddde i laupet av nokre f  m nader, dei fleste som direkte offer for pandemien, men og ein del som offer for ettersjukdomar som ofte f lgde med. Fleirtalet av dei som omkom, var i aldersgruppa 20 – 40  r, men ogs  barn var ei risikogruppe. Dette m  ha vore ein uh ggeleg periode for dei som opplevde det, s rleg sidan dei som stod midt oppe i hendinga, ikkje kunne vita utfallet eller korleis det heile ville enda. I Ryfylke ser dei s rlegaste områda ut til   ha blitt hardast r ka, i Forsand d yddde 19 personar, i Rennes y (med Kvits y) 14 og i Strand 13.<sup>136</sup>

Den tunge stemninga som r dde, f rte til at mange vendte seg til Gud. Dette rapporterer fleire emiss r r om:

Ola Sandvik sier at fra 1918, da spanskesyken herjet bygde ne og det ikke var langt mellom hvert d dsfall, la det seg en alvorlig stemning over folkelivet. Det var lett   tale Guds ord og det var mange som ble vakt til liv og omvendelse. Dette var en almindelig erfaring hos alle arbeiderne.<sup>137</sup>

Diagram 1: Vekkingsintensiteten i Rogaland i perioden 1890-1920




Diagram 1 viser vekkingsintensiteten i Rogaland fylke fr  1890 til 1920. Som me ser, var det stille f r  rhundreskiftet, mens vekkingane kom tett etterp . B de diagram 1 og 2 er utarbeide av Lars Gaute J ssang i samband med 100  rs-jubileet til Stavanger krins av Norsk Luthersk Misjonssamband i 2000 og er henta fr  jubileumsboka "Aks i vind", som kom ut i 2001.

Diagram 2: Vekkingsintensiteten i Rogaland i perioden 1921-1950



Diagram 2 viser vekkingsintensiteten i Rogaland fr  1921 til 1950. Her ser me at det er toppar p  1920- og 30-talet, og at det dessutan var mange vekkingar i krigs ra. Etter krigen flatar det ut. Me ser og at Kinamisjonen ikkje har s  mange vekkingar som dei hadde i diagram 1.

135 Ibid.

136 Digitalarkivet, skanna kyrkjeb ker

137 Emil Birkeli, s. 176



Frå Fogn bedehus, Finnøy.

I året 1919 kom det to bedehus i Rennesøy herad, som resultat av ei vekking som gjekk over øyane då; det var Bru og Sokn bedehus og Vikevåg bedehus. Denne vekkinga skal ha oppstått på grunn av spanskesjuka. Lauvsnes bedehus på Finnøy stod og ferdig i 1919, og ei stor vekking i samband med spanskesjuka skal ha vore grunnen til at det vart bygd.<sup>138</sup>

Det var fleire vekkingar under den andre verdskrigen, og arbeidet på bedehuset stod sterkt i denne vanskelege perioden. Med freden gjekk arbeidet tilbake, noko den grafiske framstillinga tydeleg viser.

#### VEKKINGA I SULDAL PÅ 1930-TALET, SETT UTANFRÅ

Sigurd Sandvik, fødd 1913 i Bråtevit i Suldal, fortel om ei vekkingstid på 1930-talet ved pastor Vatne, som me hugsar var

han som talte i Kvilldal under vekkinga der. Sandvik gjekk på nokre av møta og har skrive ned korleis han opplevde det:

*Det vart meir tale om både himmel og helvete i åri som kom. Det braut ut vekkjing i Suldal. Serleg ein Døskjaland og so pastor Vatne dreiv hardt på. Døskjaland spela harpeleik og song. Folk møtte fram. Ola-morbro og eg var med nokre kveldar. Det var seinhaustes. Etter at me kom heim, hadde me veren til sauene – og skjemta då om kor mange som "vilde vera med" denne kvelden. Eit par av kameratane mine gav seg med i vekkjingi, saman med nokre jenter. Ein gong sat eg over på eit ettermøte, der dei låg på kne og bad. Døskjaland var straks over meg, men måtte gi seg. – Det kom føre meg at eg sat her plent som i gutedagane når eg gjætte kyrne og dei låg og kvilte rundt meg.*

*Visst kjende eg påverknad! De hadde kome over meg sterkt alt fyrste året etter eg var konfirmsert – eg gjekk åleine heimet-*

<sup>138</sup> Kleppa, Johannes og Alf Henry Rasmussen (red.), s. 124

ter stølsvegen – at eg var visst fortapt. Det var so mangt nytt som strøynde på, og som eg kjende for synd. Ei natt hadde eg ein underleg draum: Eg tykte Gud gjekk oppover meg, liksom på eit ribbegolv. Og millom ribbene sleppte han ned til meg eit mannakorn, som var so på mode då. Og på det stod det: "Hald fast på det du har!" – Eg visste ikkje då at det stod i Bibelen; men det var med og roa meg.

Sumaren etter var det høgfjellsstemne på Krokevass-stolen, som ligg lageleg til millom Bråteit og Bleskestad-gardane. Døskjaland kom og helsa i handi på dei to kameratane mine som hadde "vore med" om hausten – dei stod ein på kvar side av meg; meg lest han aldri sjå. Harpeleiken let veikt og vesalt ute på den vide stølsvollen med høgfjellsnatur rundt ikring. Og stemninga frå møteromi i dei myrke haustkveldane vilde ikkje koma. Stølsjentene skravla og lo og gantast med gutane, og hadde berre so måteleg respekt for emissæren. Og borte i eit dalsøkk gjekk nokre sauер og beitte.<sup>139</sup>

Sjølv om han vart påverka, let Sandvik seg ikkje riva med av vekkinga. Kanskje kom han heller aldri i skikkeleg sjelenaud. Det synest som han held ein viss avstand ved å sjå noko komisk i situasjonen. Interessant er det å lesa at han, gjennom ein draum, "fekk" eit bibelord som ga han ein slags fred. Men i dette tilfellet var det ikkje snakk om eit "løysingsord", for det første ikkje til at han "bøygde seg" eller "gav seg over", kanskje snarare tvert imot. Det verkar heller som han roa seg med at det var greitt nok som det var, han trong ikkje "vera med". Skildringa frå stølsvollen viser at emissæren gjorde "feil" då han oversåg ungguten som ikkje hadde bøygd seg. Dessutan oppstod ikkje den rette stemninga.

Frå det Sandvik fortel vidare, skjønar me at foreldra hans ikkje var blant dei frelse. Dette kan ha gjort sitt til at han stod imot presset om å bøya seg. For ein ungdom som visste at det var det inderlegaste ønske til foreldra, dette at han skulle ta imot frelsa, må situasjonen ha vore ein heilt annan.

139 Sandvik, Sigurd, s. 278 ff

# Kan det koma vekkingsbølgjer i dag?

Den største vekkingsbølgjene som har gått over Ryfylke, var først "Den vestlandske vekkelse" ved Lars Oftedal i 1870-åra. Seinare følgde ei ny bølgje, som slo over store delar av landet, kring år 1900. Denne vert ofte kalla "Den rosenianske vekkinga", og det var då det nye slagordet "Kom som du er" oppstod. I Ryfylke var Sven Foldøen den mest kjente rosenianske predikanten. Det vert og snakka om ei vekkingsbølgje i mellomkrigstida, men denne er ikkje så tydeleg som dei to første, og ho slo heller ikkje til like sterkt over heile regionen. I dei fem krigsåra mellom 1940 og 1945 opplevde mange bedehus nokså godt oppmøte, og ein del omvendte seg i desse åra. Det er vel likevel ikkje snakk om noko vekkingsbølgje i den perioden. Dei påfølgjande fredsåra vart ikkje noko oppblømingstid for bedehusmiljøet, tvert imot. Fredsoptimismen såg ut til å gjera folk meir opptekne av materielle ting. Framover mot 1960 og -70-talet var aktiviteten på bedehusa i Ryfylke likevel nokså stor. Vekkingar kom og gjekk, men dei var stort sett mindre i omfang. Vekkinga på Finnøy i 1964 ved Arne Aano og Willmore Gundersen er skildra ovanfor. Dette var ei stor og gjennomgripande vekking, ikkje heilt typisk for tida ho oppstod i. Den siste vekkinga av ein viss storleik er kanskje den i Hjelmeland i 1981. Kring 20 personar skal ha omvendt seg då.

## KRISTENDOMMEN PREGAR SAMFUNNET I MINDRE GRAD

Folk hadde mykje større kristendomskunnskapar før enn dei har i dag. Faget stod sterkt i skulen, og konfirmasjonsførebuinga var obligatorisk. Pontoppidans forklaring vart brukt som lærebok fram til siste halvdel av 1800-talet, og ungdommane burde kunna brorparten av alle dei 759 spørsmåla og svara, helst utanåt, før dei slapp fram for presten. Ikkje berre hadde folk faktakunnskap om kristendommen, dei fekk han og presentert som ei grunnleggande sanning og som ei allmenn moralsk rettesnor. Det går kanskje an å snakka om ei programmering; folk flest var programmerte til å meina og tru at

MINNE!

Alt det du treng  
for Himmel og Jord  
er gjemt i det eine  
ord — Jesus!

L  
V E L  
V

Telsing

Ingolf

10 1/2 år

Ingolf skreiv dette minnet til ei jente i klassen i 1964. Han kom ikkje frå ein kristen heim og høyrde ikkje til i noko kristeleg miljø. Likevel var det naturleg for han å velja eit slikt minne. Det viser kor sterkt den kristelege tankegangen var på den tida.



Strandakameratane syng på Bjørheimsbygd bedehus i 2004. Foto lånt av Martin Holta.

kristendommen forvalta sanninga om livet og døden. Både kyrkja og skulen stod for denne programmeringa, men i vår del av landet var bedehusa ei særleg stor påverkingskraft.

For ryfylkingar flest var vegen til bedehuset kort. Mest alle bygder hadde eige bedehus, og dei som var utan, hadde ungdomshus eller skulehus som kunne leigast til kristelege møte. Det var på bedehuset det meste skjedde. Der var det juletrefest og basar der heile bygda møtte fram. I tillegg var det vanlege misjonsmøte, men desse kunne også fungera som ei form for sosial samkomme og møteplass. Som me har sett ovanfor, kunne ungdomshuset og den kulturen det stod for, representera ein konkurranse for bedehuset, men det var fleire bedehus enn ungdomshus i Ryfylke.

Folk vart ikkje utsette for så mange impulsar. I 1920-åra inntok radioen mange heimar, men det var berre ein kanal å høyra på, og gudstenesta på søndagane var fast programinnslag. Då fjernsynet begynte å bli ein del av inventaret i dei fleste stovene på 1960-talet, kom verda nærmare på ein heilt ny måte, og seinare har utviklinga eksplodert med eit utsal av kanalar å velja mellom både på radio og tv. Reklamen får me på kjøpet. Med internett kom så definitivt verda endå

nærare. Me blir altså i dag utsette for ein massiv påverknad frå mange hald. I tillegg har ulike kulturar rykka nærmare med innvandringa hit til landet, og nordmenn møter nye kulturinngangar på sine reiser ute i verda. Kristendomsfaget i skulen er erstatta av religion, livssyn og etikk der andre religionar blir framstilte som kvalitativt likeverdige med kristendommen.

Samanliknar me ein ryfylking i dag med ein ryfylking kring 1905, då dei store vekkingane ved Kinamisjonen prega regionen, vil me sjå at dei har vaks opp under svært ulike kulturelle tilhøve. Truleg ville ein Sven Foldøen anno 2011 ha hatt større vanskar med å slå gjennom enn han hadde då han under tilnamnet "Ryfylkebispen" reiste rundt i området og fekk store menneskemengder på kne for Kristus. Dei personane han møtte, var sannsynlegvis lettare å påverka og overtalha enn me er i dag. Folk som er oppvaksne med reklame, må læra seg å lata ein god del intensiv påverknad prella av. I tillegg var ryfylkingen for hundre år sidan kristendomsprogrammert på ein heilt annan måte enn i dag. Det Sven Foldøen forkynte, samsvara nok i stor grad med det tilhøyrarane alt "visste" frå før. Redsla for helvete var reell hos mange, og emissærane var ofte flinke til å gje detaljerte skildringar av pinslene der. Et-



*Jesus lever og leverer på Tau i 2010.*

ter den såkalla "Helvetesdebatten" på 1950-talet har helvete vore lite framme i forkynninga i kyrkja. På bedehuset heldt det seg nok varmt – bokstavleg talt – lenger, men også der vart det etter kvart mykje mindre fokus på denne mogelege endestaden, sjølv om helvete på ingen måte er "avskaffa". Angsten for helvete er likevel garantert mykje mindre i dag enn for nokre tiår sidan.

#### **FÆRRE KRISTNE I DAG, MEN STØRRE POLARISERING**

I 2010 presenterte Synovate ei undersøking som viser at trua på Gud stadig går tilbake i Noreg. For 24 år sidan sa 53% at dei hadde ei gudstru, mens talet hadde gått ned til 43% i 2010. Likevel er ikkje utviklinga eintydig, for på 1980-talet var det 20% som brukte merkelappen "personleg kristen" om seg sjølv, mens dette talet hadde stige til 26% i 2010. Me er altså vitne til ei polarisering, der det er fleire som tar avstand frå religionen, mens det samtidig er fleire som har ei veldig sterkt tru.<sup>140</sup> Eldre trur meir enn yngre. Derfor går talet på truande tilbake. Likevel skjer det ei viss nyrekritteting blant ein del godt vaksne personar. Det er ein tendens til at folk trur meir di nærmare dei kjem døden. Professor i statsvitenskap, Ottar Hellevik, understrekar at desse tala er sikre, fordi dei same

spørsmåla har vore stilte til ei stor gruppe menneske anna-kwart år sidan 1985.

#### **TRYGGARE LIV I DAG, FÆRRE DRAMATISKE HENDINGAR**

Ei omvending, slik ho gjekk føre seg på bedehuset, markerte ei dramatisk byrjing på eit nytt liv. Gamle vanar skulle vendast, nye skulle tileignast. Frå nå av skulle alt handla om dette eine; frelsa i Jesus Kristus. Og alt måtte forkynnast offentleg på ein slik måte at bygdesamfunnet fekk vita om omvendinga. Når me høyrer at vaksne menn låg på kne, gret og bad om nåde, skjønar me at det var alvor, for mannsrolla gav ikkje stort rom til å visa seg sårbar. Bedehuset var kanskje den einaste offentlege arenaen der det var tillate, der ein mann kunne gråta utan å tapa ære.

Mange vil i dag hevda at vekkingane, slik me høyrer dei skildra på byrjinga av 1900-talet, høyrest overdramatiserte ut, men livet var truleg meir dramatisk den gongen. Grensene mellom liv og død var nokså skjøre. Folk levde med vissa om at døden var ein realitet som kunne innhenta dei sjølve eller ein av dei nærmaste, når som helst. Tuberkulose, eller tæring, tok mange liv. Kring førre århundreskifte døydde om lag 6000 nordmenn av denne sjukdommen årleg. Fram til 1950

140 www.vl.no, 04. 04.2010



Frå Fogn bedehus, Finnøy

var tuberkulose rekna som ein folkesjukdom i Noreg.<sup>141</sup> På 1950-talet kom og penicillin i vanleg medisinsk bruk. Før den tid kunne ein lungebetennelse eller ein sårskade utvikla seg fatalt. Me har tidlegare vore innom spanskesjuka i 1918 og 1919 som førte til vekking fleire stader i Ryfylke. Svært mange hadde erfart at brå død kunne gjesta heimane.

Det kan høyrast sjølvmotseende ut å påstå at livet var meir dramatisk for 100 år sidan. Media bringer jo dei voldsamaste hendingane direkte inn i stovene våre på store hd-skjermar. Me er ikkje ukjente med at folk dør. Ein norsk 16-åring har sett tusenvis av drap på tv, dei fleste fiktive, rett nok, for actionprega spelefilmar med mord og drap som viktig ingrediens, er storindustri. Men i tillegg har 16-åringen sett innslag som er reelle nok, med krig og flyktningeleiarar og terroraksjona. At verda mange stader er ein farleg plass, er 16-åringen fullt klar over. Sjølv om folk før kunne oppleva dramatiske endringar i eige liv, var dei sparte for slike scenar. Skilnaden ligg altså i at det dramatiske me er vitne til i dag, skjer langt vekke. Så lenge me har chipsposen eller kaffikoppen innan rekkevidde og sit trygt i vår eiga stova, er det farlege så langt borte at det ikkje verkar trugande. Me har kontroll. Og med fjernkontrollen kan me svitsja over til eit moroprogram viss nyheitene skulle bli for ubehagelege. I vårt eige liv er døden

stort sett fjern og institusjonalisert. Dei færreste har sett ein av sine nære dø ein brå og uventa død.

Tidlegare kunne gjerne eldre folk, etter å ha sagt noko om planar dei hadde framover, tilføya "viss eg lever", som for å understreka at dei var klare over at ingenting var sikkert, og at dei visste det var mogeleg at dei planane dei nettopp hadde uttalt seg om, kanskje aldri ville kunna setjast ut i livet. Denne utsegna er sjeldnare å høyra nå. Stort sett reknar folk med at dei ikkje vert innhenta av ein ublid skjebne som kan hindra dei i å gjennomføra planane dei måtte ha.

I tillegg var livet før dramatisk på det viset at nære band mellom personar kunne brytast over for alltid viss ein av dei reiste bort. Emigrasjonen til Amerika gjorde store innhogg i folketalet i Noreg. Ryfylke var eit av dei områda som hadde flest emigrantar. "Restauration", den første norske emigrantkuta, la i 1825 ut frå Stavanger med fleire ryfylkingar om bord. Seinare følgde mange i deira fotspor. Berre frå Hjelme land reiste over 1890 personar før 1876.<sup>142</sup> Dei som tok farvel med desse tidlege emigrantane, visste nokså sikkert at dei aldri fekk sjå dei att. Dei som vart omvendte kring 1905, hadde truleg vore vitne til mange oppbrot der familie eller naboar reiste frå heimlandet. Dei var altså vane med at livet baud på dramatiske val. Det kunne stå mellom å emigrera eller å bli heime, mellom å bøya seg for Gud eller å lata det vera. I begge høva fekk valet djuptgripande konsekvensar.

## KRISTEN UTAN OMVENDING

I dag har det lenge vore aksept for at det er mogeleg å leva som kristen *utan ei omvending* for dei som har hatt ei kristentru med seg frå barndommen av.

Etter kvart som dei første generasjonane av nyfreliste vart eldre, var det ofte etterkomarane deira som sat som tilhøyrarar på bedehuset. Dei hadde då vokse opp i kristne heimar og hadde kanskje ikkje stilt spørsmål ved barnelærdomen. Å høyra forkynning om at ein ikkje kunne vera kristen utan først å omvenda seg, gav lite mening for dei. Det var ikkje alle som hadde så mykje å omvenda seg *frå*.

Intervju av 28 personar, menn og kvinner i ulik alder, i bedehusmiljøet på Finnøy i 2007 viste at ingen av dei hadde

141 Wikipedia, oppslagsord: Tuberkulose

142 Trygve Brandal 4, s. 47



I 2010 heldt IMF Rogaland og NLM Stavanger krins bedehuskonferanse på Tau. Som me ser av plakaten, handlar det framleis om å bli fødd på ny.

blitt omvendte i ei vekking, og at svært få hadde ei konkret omvendingshistorie å fortelja;

*De fleste har alltid hatt den kristne troen, de har vokst opp med den, "fått an inn med morsmelkå", og den er følgelig helt naturlig for dem. Mange kommenterte at de gjerne skulle*

ønske at de hadde hatt en sterk omvendelsesopplevelse med et konkret frelsestidspunkt, noe som henger igjen fra omvendelsesidealet som slo spesielt sterkt igjennom med Foldøen. Allikevel hadde de med årene slått seg til ro med at det ikke er nødvendig med "denne store frelsesopplevelsen" for å være skikkelig kristen. Her henviste de ofte til at de var blitt tryggere på seg selv og troen med alderen, og at de mente det var det personlige forholdet til Gud som til syvende og sist betydde noe. Heller enn å bli omvendt, har de fleste hatt en gradvis bevisstgjøring av troen, ...<sup>143</sup>

På bedehusa er likevel ikkje bønene og håpet om nye vekkingar lagt vekk;

*"Me ber om at det må få komma ein vekkelse te Finnøy, te Norge. La folk få se kor godt det e å ver i lag med deg, Gud. Dor e så mye følt i verden i dag, og landet vårt e jo så å sei blitt avkristna. Me stole på deg, Gud, og vett at du har kontroll, men me ber alligavel om ein vekkelse. Me trenge det." Denne bønnen i ulike varianter kom gjerne opp på møter, enten av taleren, innledningsvis eller under vitningen. Dette er med på å opprettholde ideen eller idealet vekkelse – et ideal om at vekkelse kan redde verden, eller folkene som lever i den.<sup>144</sup>*

### Å SPÅ OM FRAMTIDA ...

Ei eldre kvinne frå Forsand oppsummerte kanskje det meste som er sagt ovanfor då ho sa dette:

*Folk i dag veit så mykje meir enn me gjorde før. Dei er urolegare. Dei skal hit og dit og har det så travelt. Ungar, ungdom og vaksne går kvar sine vegar, dei splittest opp. Før var me rolegare. Vaksne og ungar var i lag. Dei eldre hadde ei veldig omsut for dei unge. Me visste så lite. Og me hadde ein ro inni oss.*

Med dei store endringane som har skjedd på alle nivå i samfunnet, er det vanskeleg å førestilla seg at gjennomgrindande vekkingar som snur opp ned på heile bygdesamfunn, kan inntreffa i dag. Det tette, homogene lokalsamfunnet finst ikkje lenger.

Når talet på dei som kalla seg "personleg kristne" er stigande (sjå side 88), må det likevel bety at folk som ikkje alltid har kalla seg kristne, på eitt eller anna tidspunkt i livet

143 Edle Lerang Nes, s. 54

144 Ibid.



Oppslagstavle ved Forsand bedehus med annonsering av Alpha-kurs.

går gjennom ei form for omvending. Nokre snakkar om "ei vekking i det stille". Det handlar ikkje nødvendigvis lenger om dramatiske omvendingsscener med knefall og tårer og jubelrop i fullpakka bedehus. Dei såkalla Alpha-kursa som mange kyrkjesamfunn arrangerer, er introduksjonskurs i kristendomslære. Resultatet har vore at ein del av deltagarane kjem fram til eit medvite kristenliv. Fleire av dei som har vore med her, karakteriserer det som skjer, for ei vekking, mens

andre er skeptiske til bruken av ordet i ein slik samanheng og meiner at det berre er dei gode, gammaldagse vekkingane det skal brukast om.<sup>145</sup>

145 [www.normisjon.no](http://www.normisjon.no) (20.02.2009)



Bedehuset på Randa, Hjelmeland, har alltid vore i privat eige. Det er frå 1916 og står stort sett som det gjorde då det var nytt.

# Bedehuset og aktiviteten – før og nå

Dei fleste bedehusa har gjennomgått ei gradvis oppgradering, frå dei stod der som enkle små stover, til utviklinga forlanga betre standard på det meste.

## DET GAMLE BEDEHUSET

Det gamle bedehuset hadde ein møtesal med trebenker vendte mot ein talarstol med eit bilet over. Ved inngangsdøra stod ein stor og svart vedomn. Frå gangen kunne ein gå opp ei trapp og koma til galleriet. Det var det heile.


Bedehuset "Siri og Lars Randas Minde" på Randøy i Hjelmeland frå 1916 står framleis slik. Den einaste endringa som har skjedd, er at galleriet er kledd igjen. Då vart det enklare å varma opp salen. I tillegg er det lagt inn elektrisk straum. Dette bedehuset har ikkje vore i vanleg bruk sidan 1970-talet.

Som biletet viser, hadde bedehuset på Randa benker med ryggstø. Ein slik luksus var ikkje alle utstyrt med. Smale benker utan ryggstø var ikkje uvanleg. Så seint som i 1948 takkar Kvalvåg kinamisjonslag i Strand for at dei endeleg kan få sitta betre:

*... Ein har lenge stunda etter benkjer å støa ryggen til. No er målet nått.. Materialen til benkjene har Lars Berge gjeve gratis, hjerteleg takk skal han ha.<sup>146</sup>*

Enkelt og spartansk skulle det vera. Det var i pietismens ånd. Dessutan måtte dei setta tæring etter næring. Å få oppført eit bedehus var eit stort økonomisk løft for krinsen.

Dei første bedehusa var kalde. Vinterstid hadde trufaste medhjelparar i oppgåve å fyra i omnen i god tid før møtet skulle begynna. Veden fekk dei ofte kløyvd og opplødd frå misjonsvener. Ei finnøydame fortel at ho som jentunge hadde ansvar for å varma opp to mursteinar på omnen heime, pakka dei inn i avispapir og så ta dei med til bedehuset og legga dei på golvet bak talarstolen. Då kunne emissären stå på



Galleriet er kledd igjen, og det er innlagt straum. Elles er salen på Randa bedehus, Hjelmeland, som han var i 1916.

146 Annalisa Thelin Knutsen



Dette var komfortable benker i si tid. Det var ikke alle bedehus som hadde benker med ryggstø. Frå Randa bedehus, Hjelmeland.

desse når han talte og slik halda seg varm på føtene. Nokre ekstra centimeter til å ruva over forsamlinga med fekk han på kjøpet.

Innlagt vatn var det sjølv sagt ikkje på dei gamle bedehusa. Frå Forsand fortel ei kvinne, f. kring 1930, at dei henta vatn i ein bekk, når det var tilstellingar på Berge bedehus. Dermed lærte dei fort å gå i takt med den store sinkbaljen mellom seg. Greidde dei ikkje det, skumpa vatnet over så dei blei klissblaute.

#### UTBETRINGER

I takt med utviklinga elles i samfunnet fekk bedehusa etter kvart innlagt både elektrisk straum og vatn. Deretter følgde tilbygg som gav rom for kjøkken og toalett. Garderobe og utbetra inngangsparti blei og nødvendig. Matsal og eit ekstra møterom i tillegg kosta mange på bedehuset sitt, og ofte blei det gjort ved å grava ut kjellar under huset slik at ein fekk ekstraarealet der. Bedehusa på Tau, Talgje og Vikevåg er døme på bygningar som har gått gjennom mange og store utbetringer. I dag ser dei nye ut, og sjølv om det gamle aldri blei rive, finst det truleg ikkje ein spikar av det att i det huset som står der nå.



Frå Fjellets bedehus, Erfjord, Suldal.

#### DET NYE BEDEHUSET

Over 170 år har gått sidan det første bedehuset blei bygd i Ryfylke. Frå og med 1980 har desse nybygga kome til:

- Fogn bedehus, Finnøy 1980
- Forsand bedehus 1986
- Årdal bedehus, Hjelmeland 1987
- Suldal bedehus 1988
- Idse og Ildsal bedehus, Strand 1989
- Kvitsøy bedehus 1996
- Halsnøy bedehus "Sion", Finnøy 1998
- Bru og Sokn bedehus, Rennesøy 2002

I tillegg har mange av dei gamle, som nemnt ovanfor, blitt påbygde og fornya i så stor grad at dei ser ut som nybygg.

Dei nye bedehusa er store bygningar med mange rom, fylte av ulike aktivitetar. Barne- og ungdomsarbeid er tilrettelagt med leike- og hobbyrom. Sofagrupper og småbord innbyr til samtalar eller avslapping. Møterom finst i ulike storleikar. Hovudsalen er velutstyrt med mikrofonar, lydanlegg og prosjektorar. Kjøkkenet tilfredsstiller mattilsynet og rømmingsvegane branntilsynet.

Tau bedehus og Kvitsøy bedehus har eigne fyldige heimesider som opplyser om alt som skjer på huset.



Bru og Sokn bedehus er frå 2002 og det nyaste i Ryfylke.



Kvitsøy bedehus frå 1996.

## SMÅMØTE OG BØNEMØTE

Den indre krinsen på bedehuset har sannsynlegvis alltid vore liten. Det er dei som er mest aktive i det kristne miljøet, som høyrer med her. Ofte er dei med i bedehusstyret eller med i styret for dei lokale misjonsforeiningane. Når det vert arrangert såkalla småmøte, er det kanskje berre desse som møter. Eit småmøte vert vanlegvis ikkje annonsert på annan måte enn at det kan henga eit oppslag på bedehuset om faste tider, gjerne ein gong i veka eller annakvar veke, for desse møta. Målet er oppbygging for dei truande og sosialt samvære. Nokre arrangerer faste bønemøte i tillegg til, eller i staden for, småmøta. Til slike møte kjem ingen tilreisande predikant, dei lokale tar seg av alt sjølve. Vanlegvis vert Littlesalen brukt i slike høve. Han er stor nok. Det er heller ikkje vanleg at bønemøta vert annonserte i avisar, men i Suldal kommune finst det to bedehus som gjer det:

På Suldalsosen bedehus blir det halde bønemøte så å seia kvar onsdag gjennom heile året, og her skjer kunngjeringa under spalta "Dette skjer" i lokalavisa Suldalsposten. Også på Sand bedehus blir det annonsert bønemøte på same vis, men her er dei sjeldnare, kring ein gong i månaden.



Loftstova på Årdal bedehus, Hjelmeland.

## MØTE VED MISJONSORGANISASJONANE

Ei av oppgåvene til bedehusstyret er å sjå til at det vert halde oppbyggingsmøte på huset. Dette gjer dei i samarbeid med misjonsorganisasjonane, som sender forkynnurar. Det vanlege er at bedehuset ønskjer utsendingar frå ulike organisa-



Oppslag på Årdal bedehus.



På småstader fungerer ein handskriven lapp like godt som avisannonse. Billegare blir det og.

sjonar velkomne. Slike møte kan vera einskildmøte, berre eitt møte på kveldstid, eller det kan vera ei møtehelg som går over to eller tre kveldar. Det kan og vera ei møteveke som gjerne går over fem eller seks dagar. Slike møte vert vanlegvis annonserte i lokalavisene, då frammøtet er venta å vera mykje større enn til småmøta. Tidlegare var det desse møta som kunne utvikla seg til vekkingsmøte, og forkynnaren kunne bryta av reiseruta si og vera lengre ein stad enn planlagt viss atmosfæren og stemninga var slik at det gav grunn til å håpa på vekking.


Mange gjekk på desse møta før, sjølv om dei ikkje rekna seg å høyra med i bedehusflokkene. Frå galleriet kunne det som gjekk føre seg nede i salen, arta seg som ei teaterfram-syning. Dei som sat der oppe, hadde fullt oversyn og kunne sjå på det heile med ein viss distanse. I bedehus utan galleri fekk bakerste benk denne funksjonen. "Å koma ned frå galleriet" var eit uttrykk som innebar at nokon gjekk frå å vera tilskodar til å bli deltakar i salen nede.

I dag er det sjeldnare at andre enn dei som alt er kristne, kjem på eit bedehusmøte, derfor er det og vanleg at forkynnarane oftare talar til oppbygging og styrking av kristenlivet, enn til vekking.

På ti månader, mellom oktober 2010 og mai 2011, har det på bedehusa i Ryfylke, i følgje annonsane, vore arrangert 507 misjonsmøtedagar. Ei møteveke er i dette oversynet rekna som fem eller seks møtedagar, alt etter kor mange dagar veka er annonsert å skulla ha. Her er NLM desidert størst med 309 dagar åleine. Normisjon har halde 71 møtedagar, NMS 29 og IMF 15. På landsbasis er dette dei fire største misjonsorganisasjonane, men i Ryfylke har Den indre sjømannsmisjonen halde 32 møtedagar i den same perioden. Altså fleire enn både NMS og IMF. Andre organisasjoner som har hatt møte i regionen er Samemisjonen, Israelsmisjonen, Kristen muslimmisjon, Flymisjonen, Evangelisten og Åpne dører.

Utanom dette oversynet kjem Kvitsøy bedehus med stor aktivitet. Dei fleste misjonsorganisasjonane held møte på bedehuset der, men kor mange dagar det gjeld i året, har me ikkje tal for her.

Rundt rekna er det 300 dagar i ti månader. Med 509 misjonsmøtedagar vil det seia at det har vore nesten 1, 8 slike møte kvar dag ein eller annan stad i Ryfylke. Plussar ein så



I 1906 var det basar for Det Norske Misjonsselskap, "Gamlemisjonen", på det gamle skulehuset på Erøy i Erfjord, Suldal. Bygdefolket har møtt mannstekt opp! Me må vel rekna med at det meste av arrangementet gjekk føre seg utandørs.

på Kvitsøy og dei små bedehusa, som ikkje annonserer i lokalisene, blir talet ein god del høgare.

## BASAR

Dei arrangementa som alltid har hatt, og framleis har, størst appell, også for personar som elles ikkje går på bedehuset, er basarar og juletrefestar. Sjølv om dei går føre seg på bedehuset i kristen regi med tilhøyrande andakt og salmesong, har dei preg av bygdefestar og samkomme for alle i grannelaget.

Basaren er ofte arrangert av ei kvinneforeining som loddar ut handarbeid dei har produsert i laupet av året. Inntektene vert sendte til ein av misjonsorganisasjonane. Det hender og at inntektene, eller delar av dei, går til vedlikehald av bedehuset. Ved mange bedehus føregår det eit utstrekkt barne- og ungdomsarbeid. Desse kan og laga ting som dei loddar ut på basar.

Basarane tok til i siste halvdel av 1800-talet. Nøyaktig når det skjedde, veit me ikkje, men frå Fister er det fortalt at kvinneforeininga tok til med basar frå 1870, fordi det fall



Basar på Refsbygd bedehus Emaus, Ropeidhalvøya, Suldal, 1996.  
Foto lånt av Lars Olav Fjetland.

vanskeleg å få selt ulltyet dei hadde vove.<sup>147</sup> Frå Kvitsøy er det fortalt at basarane som vart haldne i skulestova, før øya hadde fått bedehus, utvikla seg til reine folkefestar med mat og kaffiservering.<sup>148</sup> Seinare vart det vanskeleg for dei å få

147 Emil Birkeli, s. 368

148 Anne-Marie og Odd Svendsen, s. 8



Basar på Utstein Kloster bedehus, Rennesøy, 1991. Dette bedehuset er rive nå. Foto lånt av Odd Jakob Finnesand.

låna skulehuset, og då gjekk dei tilbake til å halda kristelege møte i private heimar. Der hadde dei og basarar fram til dei fekk bygd bedehus i 1881. Det var truleg tidleg på 1870-talet og nokre år framover dei heldt til i skulehuset. På Rennesøy skal den første basaren der ha vorte halden i den nybygde låven på prestegarden på Hausken i 1870-åra.<sup>149</sup> For å samla inn midlar til det planlagde bedehuset Bethel på Judaberg, Finnøy, vart det halde basar der i juni 1877.<sup>150</sup> I Hjelmeland skal den første basaren ha funne stad noko seinare, midt på 1880-talet.<sup>151</sup> Tradisjonen har altså halde seg i minst 140 år, for basarane samlar framleis folk på bedehuset.

Gevinstane er ikkje lenger berre handarbeid. Etter kvart som folk har meir pengar enn tid, vel mange å kjøpa ting å loddna ut i staden for å laga dei sjølve. Det er gjevt å vinna både sengetøy og handkle, og fruktkorga er kanskje kveldens hovudgevinst. Heimespøta sokkar og vottar står framleis høgt i kurs, men sofaputene med fargerike motiv i korssting eller diamantsaum har gått av moten.

149 Rennesøy prestegjeld 1837 – 1937

150 Nils Ladstein Vestbø 1, s.10

151 Johannes Arneson 1, s. 53

"Folk har fodle hus!" sa ei misjonskvinne våren 2011. Foreininga hennar hadde gått over til berre å lodd ut gevinstar som kunne etast opp. Fruktkorg, sjokolade og proviant av ulike slag var deira svar på dei tradisjonelle handarbeida. Basardamene er elles oppfinnssame og veit at folk flest kjempar mot tidslemma. Derfor har kakeboksar med skikkeleg heimebakte julekaker blitt eit vellukka innslag på basaren som vert haldne ved juletider.

Men nå er det ikkje sikkert at det er gevinstane som er hovudatraksjonen likevel. God mat og kaffi og prat er vel så viktig. Stemninga er høg på basaren. Huset er fullt, og gjestene er fleire enn det faste talet på innbyggjarar i bygda. Grunnen er at basaren ofte blir lagt til påske, rundt jul eller andre tider på året når det er mange tilreisande i området. Desse gjer det til ein tradisjon å koma på basaren. Dei har kanskje ei kjensle av at dei der skodar inn i eit landskap med djupe røter ned i bygdekulturen. For det handlar i stor grad om nostalgi.

Ein kameratgjeng frå Haugesundskanten, som ikkje høyrer med i noko kristeleg miljø, har gjort det til ein tradisjon å finlesa annonsane i avisar for å finna ut når det er basar på bedehusa i bygdene rundt byen. Då reiser dei dit og tar entusiastisk del i arrangementet. Sjølv sagt kjøper dei lodd, men set mest pris på maten og atmosfæren i lokalet. For dei er det som ei eksotisk reise bakover i tid. Og så er det så snille damer der, seier dei. Runde og gode, med grått hår, spiralloff-skiver på brettet og fulle kaffikjelar.

Jo fleire folk på basaren, jo større inntekter, og dei er sjølv sagt viktige ein slik kveld. Målet er å senda mest mogeleg til misjonen eller til kassen for bedehuset. Dessutan er det positivt at "folk flest" kjem på bedehuset. På møta elles i året er ei av utfordingane å få andre enn dei trufaste i veneflokk til å koma. Basaren gjev høvet til å få dei som står utanfor kristenflokk, i tale. Det vemonlige er kanskje at mange av desse andre nokså tydeleg ikkje er interesserte i talen eller andakten. Dei er komne for å ha det moro og sosialt. Det er liv og røre over møtelyden, men lite alvor. Denne konflikten har alltid vore til stades, kanskje i sterkare grad før. I 1916 skriv fellesstyret for Kinamisjonsforbundet:

*Til disse strømmer der som regel store folkemasser, og livlig er der nesten altid, saa basarene mange steder errene folkefester. Før utlodningen begynder og tilslut blir der holdt opbyggelige taler, og ofte er der den bedste orden under hele*

*tilstelningen. Da kan nok basarene med en viss ret ogsaa kaldes "Guds folks fester". Men av og til hændte det, og hænder endda, at kaat og lystig ungdom og ældre med møter op og holder et svare leven med drikk og anden styggedom, saa skikkelige folk helst maatte ønske sig bort fra et slikt stevne.<sup>152</sup>*

Vidare vert det sagt at basarane i stor grad handlar om "folks vindesyge", og at det kanskje var noko å sorgja over om basarvesenet forsvann frå bedehuset. Det kan koma inn like mange pengar om ein heller organiserer "offerveker", konkluderer fellesstyret. Etter at Den første verdskriga er over, synest motstanden mot basaren å avta.

Nedanfor følgjer minne frå ein misjonsbasar i det gamle skulehuset i Kvalvåg i Strand, forfatta av Elin N. Aga. Handlinga er lagt til 1960 – talet og er sett gjennom augene til ei stavangerjente.

Kvalvågbasaren var for oss bybarn først og fremst forbundet med spenning. På skjærtorsdag er det basar! Det blir spennende. Lurer på om vi vinner i år? Lurer på hvem som kommer? Kommer det noen fulle folk?

Når selve dagen kom, hadde vi sommerfugler i magen helt fra morgen av. Vi sprang bort til skolehuset for å se på forberedelsene. Tiden ville ikke gå fort nok. Endelig åpnet dørene og vi kunne gå inn og kjøpe "nummer". Det navnet syntes vi var litt rart og koselig, for i byen sa vi "lodd". Oppe ved kateret satt tvillingene fra Erlandsdalen og skrev navnet på de som kjøpte nummer ned i gule linjerte kladdebøker. Den ene tvillingen hadde hjelp av kona si. Peder og Ester Berge var til stede med sine blide åsyn. Særlig Esters varme smil lyste opp i skolestua. Vi følte oss velkomne selv om vi var barn. Rommet fyltes snart opp med folk. På første benk satt Brynjulf Lima og ventet på at trekningen skulle begynne slik at han skulle få røre i bøtta med nummer. Ved siden av satt "de Berge" fra Berge-gården oppe i skogen. De kjøpte alltid veldig mange lodd. Olava og Bernhard Kvalvåg var der. Bedehusfolk fra fjern og nær satt inne i skolestua hele ettermiddagen. Ovnene brant, og det ble stadig varmere og tettere luft. Over hodene på folk hang gevinstene på klessnorer. De var så flotte; hekla duker og broderte duker og håndklær og sokker. Vi barna tittet ekstra på de harde gevinstene. Glass med fint mønster, og det aller beste: Frukturen. Om vi en gang kunne vinne den?

152 Fellesstyret for Det norsk lutherske Kinamissionsforbund, s 64



Skulehuset i Kvalvåg, Strand, der den spennande Kvalvågbasaren gjekk føre seg.

Det var uendelig lenge å vente til de skulle begynne trekningen, men vi unger og ungdom hadde mange kjekke ting å ta oss til. Vi kunne snike oss opp på skoleloftet. Der var der støv og museskitt, men også flotte gamle plakater med dyr og fugler på, og gamle kart. Noen ungdommer så mer på andre ungdommer enn på kartene, selv sagt. Vi kunne lure oss ut og gå på nedsiden av doen. Der kunne vi se den kjempestore haugen med menneskelige etterlatenskaper, og følge med på de som gikk på do. Kjempe-ekkelt, men litt spennende også.

Så hørte vi støy fra plassen foran skolebygningen. Hva var det? Et par unge menn som tydelig hadde forsyt seg godt av hjemmebrenten brøytet seg vei mot skolestua.

"Me ska kjøba nommer," brølte de. Vel inne gikk den ene av dem fram til en av tvillingene og ropte: "Du kan sedja 20 nommer på 'an Gestapo Heiå". Det gikk kaldt ned i gjen-

nom ryggen på oss barna. Vi forsto at dette måtte regnes for en dobbelt synd her inne på Kvalvåg. Men, det var veldig morsomt og utrolig spennende å oppleve likevel.

Nå var det endelig tid for trekning. Vi fant så vidt en plass i trappa opp mot loftet. Der hadde vi oversikten. Inne var det sprengfullt, og en fortettet stemning. Alle var spente på om de kom til å vinne. Brynjulf Lima fikk ståltråden med nummerlapper i hendene, løsnet hektet og helte dem oppi en plastikkbøtte. "Nå må du røra, Brynjulf," ropte folk. "Eg røre, eg røre", svarte Brynjulf stolt. Peder fikk trekke. "Nommer firahundre-å -forti. Kem bler det?" Tvillingene lette i bøkene sine. "Jo, det går te dei Bergje". Peder balanserte rundt på stoler og plukket ned gevinst fra snorene. Vant vi noe i år? Nei, ikke i år heller. Men, hva gjorde vel det, når vi hadde fått en slik flott opplevelse?



Bjergøy bedehus, Sjernarøy, Finnøy.

Vi følte nok at en høyere makt var til stede og passet på Kvalvågbasaren. Trygge og fulle av gode minner gikk vi hjem og la oss.<sup>153</sup>

På Bjergøy bedehus i Sjernarøy har aktiviteten gått drastisk ned dei siste åra. Eit haustmøte og eit vårmøte finn vanlegvis stad, men frammettet er lite. Basaren, som vert halden ved juletider, har likevel godt frammette. I 2010 kom det inn heile 32.000 kroner, noko som var ny rekord. Det er to pensjonistar som står for arrangementet, men dei understrekar at mange er snille og hjelper til. Huset vert halde ved like utan basarpengar. Misjonssambandet fekk heile summen i år, som åra før.<sup>154</sup>

33 basarar er annonserte i Ryfylke dei siste ti månadene. Dette er ei klar underrapportering, for mykje tyder på at basartradisjonen har halde seg lengst i dei små bygdene, og der er det sjeldnare at tilstellingane vert kunngjorde gjennom annonse. Blant anna gjeld dette basaren på Bjergøy, som er nemnt ovanfor. I utkantane strevar mange bedehusstyre med å halda huset ved like. Nokre stader er det berre eitt arrangement att, og det er bedehusbasaren. Inntektene går då ofte til vedlikehald.

153 Annalisa Thelin Knutsen, s.17

154 Protokoll for Bjergøy bedehus



Refsbygd bedehus, Ropeidhalvøya, Suldal.

Dei siste åra har det dukka opp nye måtar å annonsera på, og det er på nettet. Kvitsøy er eit lite, avgrensa samfunn, der jungeltelegrafen og plakatar i nærmiljøet fungerer godt. I tillegg ligg møteplanane på eiga heimeside. Der vert det operert med åtte årlege basarar berre på Kvitsøy bedehus i 2011.

#### JULETREFEST

Til liks med basaren har og juletrefesten på bedehuset karakter av å vera ein bygdafest. På denne festen vert det vanlegvis



Juletre på Forsand bedehus.

ikkje samla inn pengar til misjonen, så her er det samkoma i seg sjølv som står i fokus. Nokre stader vart det tidlegare arrangert to juletrefestar; ein for barn og ein for vaksne.

I romjula 1950 hadde søndagsskulen jultrefest på skulehuset i Kvalvåg, Strand. Trass i uvêr var mange born og ein del vaksne møtt fram. Festen opna med opplesing av juleevangeliet og understrekning av kor viktig det var å ta imot han som kom til jorda for å frelsa syndrarar. Deretter var det tale

over eit ord frå profeten Esaias. Igjen vart det understreka kor viktig det er å høyra etter den gode hyrdings røyst. Så var det matpause, deretter to vitnemål og mellom desse gang rundt juletreet. Vitnemåla uttrykte håp om at dei som ikkje kjende Jesus, måtte bli kjende med han. Deretter vart festen avrunna med eit tredje vitnemål.<sup>155</sup> Her står forkynninga tydeleg i sentrum, sjølv om dette var ein fest primært for barn. Tendensen i dag går nok mot ein fest for heile familien, og ein andakt eller ein tale hører med, men er det mange små til stades, held ikkje talaren på så lenge. Hovudattraksjonen er mat og gang rundt juletreet. I tillegg kan det vera leikar eller konkurransar på programmet. Samanlikna med festen i Kvalvåg i 1950 er det meir moro og mindre alvor nå enn det var den gongen.

Opp gjennom åra har det vore diskusjonar om kva songar som høvde seg for gangen rundt treet. Nokre sette grensa ved "Enebærbusken" og meinte denne var ein verdsleg song som ikkje hadde noko på bedehuset å gjera. Kanskje held nokre krinsar att ennå, men på mange bedehus er "Enebærbusken" like årvis som "Deilig er jorden".

Innimellan har ufin åtferd hos ein del av gjestene skapt vanskar for arrangørane. Frå Refsbygd bedehus på Ropeidhalvøya kjem desse sitata:

*Saa var det kaffipause. Derefter gang kring Juletræet hvor saamegen ungdom som kunde faa plas deltog. Neste møte begynte Svend Vatland hvorefter en del frie Vidnesbyrd, og saa maatte ungdommen igjen faa sig en tur rundt Juletræet hvor de sang sine deilige julesange under strengenes myke toner. Ole Vilhelmsen Vatland afsluttet med tak og bøn.*

Det som særpræget denne fest var at endog denne ikke troende ungdom syntes at finde sig saa vel til rette i de troendes rekker, saa al ungdom opførte sig rosverdig, saa vi med god grund kan sige det var en hyggelig og lykkelig Juletræfest.<sup>156</sup>

Denne vellykka juletrefesten fann stad første søndagen i 1931, og sidan referenten særleg understrekar at ungdommen har oppført seg fint og rosverdig, må ein tru dei har hatt meir negative røynsler tidlegare år. Og det stemmer nok, for året etter står dette referatet i protokollen:

*Festen foregikk ogsaa denne gang paa en for anledningen sommelig maate hva vaar bygdeungdom angaar, men dess-*

155 Protokoll for Kvalvåg Kinamisjonsforening

156 "Protokol for Revsbygdens bedehus Emaus"



Frå Østhusvik bedehus, Rennesøy.

verre var der denne gang ogsaa mødt frem urostiftere fra andre kanter som gjorde avslutningen mindre hyggelig.

Det same skjer i 1935 då avsluttinga vart "mindre hyggelig" på grunn av ein del "noget støiende" ungdom. Så er det ikkje sant at alt var betre før; ingen rapporterer om bråk på juletrefestane i våre dagar!

Jula 2010 var det tillyst 12 juletrefestar på bedehusa i Ryfylke. Sannsynlegvis kan det reelle talet også her ha vore høgare. Juletrefestar er, som basarar, tradisjonsrike grändafestar som truleg har halde seg lengst på småstader der det er like vanleg med ein plakat i nærmiljøet som med ein annonse i avis. I tillegg til juletrefestane vart det i 2010 arrangert 5 julemesser.

## BARNE- OG UNGDOMSARBEID

Den første søndagsskulen, slik me kjenner han, starta i Stavanger i 1844. I 1889 vart så Norsk Søndagsskoleforbund skipa for å styrka arbeidet med å etablera fleire søndagsskular og for å laga materiell til bruk i undervisinga.

Me veit ikkje når den første søndagsskulen vart starta i Ryfylke, men Hjelmeland var tidleg ute. Der skipa lærar Osmund Stensland søndagsskule i 1870-åra. I Fister kom søndagskulen etter at det hadde vore vekking ved Morten Olsen i

1887.<sup>157</sup> Protokollen for Berge bedehus på Forsand nemner søndagsskulen frå 1914, same året som bedehuset vart reist, men det er ikkje sagt at søndagsskulen vart skipa det året. Truleg hadde han eksistert tidlegare og.

Jenteforeiningar og guteforeiningar kom og tidleg til. Det var vanleg at dei laga ting som seinare vart loddna ut. Inntektene kom så misjonen til gode. I tillegg fekk dei små læra om misjonen. Ungdomsforeiningar har og hørt til på dei fleste bedehusa.

Det mest av barne- og ungdomsarbeidet går føre seg etter faste planar. Foreiningane har møte kvar eller annakvar veke.

## NYARE BEDEHUSAKTIVITETAR

Tidene endrar seg. Mange som er aktive i kristenflokkene har erfart at helga er ei travel tid for familien. For at folket skal få "slappa av", reiser mange vekk, eller dei tar del i aktivitetar som fører til at dei er opptatt på ulikt vis. Det har vist seg vanskeleg å samla borna på søndagsskule til fast tid kvar veke.

På bedehuset Betel i Erfjord, Suldal kommune, har dei i staden for søndagsskule heller "Onsdagsklubb" for borna to gonger i månaden, på ettermiddagstid.

På Sand, også Suldal kommune, har dei erfart at søndagen er den vanskelegaste dagen, derfor har dei satsa på noko nytt: Laurdagssøndagskule. I tillegg legg dei øving i barnekoret rett før og kafé rett etter. Dermed kan dei tilby ein heil pakke, som det heiter i våre dagar, frå klokka 10.30 til 13.15. Når dei vaksne kjem for å henta borna, kan dei stikka innom kafeen og få litt sosialt samvære før dei drar vidare.

Barne- og ungdomsforeiningar har ikkje lenger misjonen i sentrum. Målet er oftare å koma saman for å trivast. Til det driv dei med ulike formingsaktivitetar og hobbyar. Turar og uteliv er ofte med på programmet. Eit tilleggsmål er å påverka dei unge i "rett" retning. Til det kan ein liten andakt eller ein samtale høyra med på samlinga.

På Fister bedehus i Hjelmeland kommune møtest vaksne – truleg helst menn – og unge til mekkekveldar i Motorklubben. Dei skrur på motorar av ulike slag. Slik får både vaksne og unge driva med noko dei har interesse av, og dei får vera saman i trygge omgjevnader.

157 Jakob Straume, s. 211



Søndagsskuleungar ved Betania bedehus på Reilstad, Finnøy, kring 1926.

Det finst mange barne- og ungdomskor som øver på bedehusa. Dei syng både norske og engelske songar, har det tekniske utstyret i orden, og swingar i takt med musikken. Det er ikkje mangel på utstråling og livsglede når dei opptrer. "Finnøy Fun Children", med engelsk namn, presenterer seg ikkje som hengjehovud. Skal tru kva "Hellig John" Haugvaldstad ville ha sagt om slikt?

Elles er det mange bedehus som satsar på kafé. Vikevåg bedehus på Rennesøy har fast kafé kvar onsdag, elles er det vanleg med slike tilstellingar berre nokre få gonger i året. Det hender at det vert servert komlemiddag på Bru og Sokn bedehus, mens kafé med bingo, loppemarknad eller utloddning frå tid til annan finn stad på Mosterøy, Østhustvik, Talgje og Halsnøy. På Kvitsøy bedehus er det marknadsdag kvart år i oktober. Då vert det selt poteter, grønsaker og fiskeprodukt, i tillegg til at det samtidig både er loppemarknad og kafé på huset.

Kring 1970 hadde bedehusstyret på bedehuset Betel i Sauda eit møte der dei i klare ordelag tok sterkt avstand frå dei – sannsynlegvis var det ungdommar – som hadde sett inn ein annonse om at det skulle vera bingo på ei tilstelling på bedehuset. Dette var ikkje klarert med styret på førehand, og dei syntest svært opprørte over hendinga. Sjølv om dei hadde forstått at det ikkje var snakk om eit pengespel, avviste dei på det sterkeste at slikt høyrer heime på eit bedehus.

I dag er det tydelegvis heilt legitimt å arrangera bingo. Det kan fungera som eit sosialt innslag, og det gir pengar i bedehuskassen. På Helgøysund bedehus i Sjernarøy har dei arrangert bingo i staden for basar, fordi det er enklare og mindre tidkrevjande å gjennomføra. Me hugsar at basaren og hang i ein tynn tråd for lenge sidan, og at mange meinte det var best å slutta med slikt då "havesyken" stod for sterkt i fokus på slike arrangement.



FFC, barnekoret Finnøy Fun Children, 2011. Foto: Tolli Frestad.

NLM arrangerer av og til bibeltimar på nokre av bedehusa, kanskje for å bøta på manglande bibelkunnskapar som gjer seg gjeldande blant folk i stadig sterkare grad. I følgje annonsane har slike funne stad på Tau i Strand, Vikevåg på Rennesøy og Askvik bedehus i Hjelmeland det siste året. I tillegg har ein utsending frå Misjonshøgskulen gjesta Mosterøy bedehus med foredrag. På Kvitsøy arrangerer bedehusstyret nokre bibelkveldar i året.

Pensionisttreff og småbarnstreff er det mange av på bedehuset i dag. Det er tydeleg at bedehuset satsar på å vera ein stad der folk kan møtast og vera saman. Det er ikkje alltid nødvendig med program. Slik bygger dei ned terskelen som til tider har vore høg å stiga over. Bedehuset presenterer seg sjølv som folkeleg og ope. Alle er velkomne inn til uforplikta samvære.



Enkel kjøkkenkrok på Bjergøy bedehus, Sjernarøy, Finnøy.

## LOKALE SKILNADER I RYFYLKE

Målt i aktiviteten på bedehusa finst det store skilnader mellom kommunane i Ryfylke. Også innan kommunane kan ein peika på ulikskapar. Kvitsøy er ikkje med i oversynet, men me veit at det er stor aktivitet der, for i 2006 er det rekna med 350 samlingar i løpet av året.<sup>158</sup> Dette er alle typar samlingar, men misjonsorganisasjonane er representerte i stor mon.

Basert på betalte annonsar i lokalavisene dei ti månadene frå og med oktober 2010 til og med juli 2011 viser dette resultatet seg:

Kommune	Misjonsmøtedagar okt. 2010 – juli 2011	Folketal 2010
Strand	144	11.206
Rennesøy	121	4.035
Suldal	85	3.849
Hjelmeland	58	2.744
Forsand	50	1.149
Finnøy	39	2.824
Sauda	10	4.695

Oversynet må lesast med nokså stor skepsis, for det viser ikkje det heile og sanne biletet. Finnøy kommune er samansett av mange øyar. Det er nokså stor aktivitet på bedehusa på Talgje, Fogn og Halsnøy. Dette er små avgrensa samfunn som ikkje annonserer møta i avisene. Ein plakat eller ein handskriven lapp på butikken eller på kaien gjer same nytten og er heilt gratis. Heller ikkje har dei begynt å legga ut møteplanen på internett. Dermed er aktiviteten på desse bedehusa ikkje med i oversynet. Det same gjeld bedehusa i Sjernarøy og på Ombo, som og hører til Finnøy kommune (berre halve øya når det gjeld Ombo), men her er det generelt liten aktivitet nå.

Dessutan seier oversynet ingenting om frammøtet. Strand er den folkerikaste kommunen. Kanskje møter det fram 50 personar på eit møte der, mens det berre møter fram ei handfull på Hjelmeland?

Dersom ein korrigerer for folketalet, er det Suldal, Rennesøy og Forsand som kjem ut med flest møtedagar. Strand,

Hjelmeland og Finnøy kjem kanskje i ei slags mellomstilling, medan Sauda har absolutt minst aktivitet. Ein skal nok vera forsiktig med å dra for sikre konklusjonar sidan framstillinga på mange måtar er så mangefull.

Likevel er resultatet for Sauda påfallande. Der er det i dag tre bedehus (det fjerde vart lagt ned i 2011), men det er stort sett berre på det eine, Betel, det vert arrangert misjonsmøte, og der er det vanleg å annonsera i lokalavisa. Dermed kan ein ikkje rekna med underrapportering for Sauda sin del.

Noko av forklaringa kan ligga i industri- og fabrikkarbeidar-kulturen. Vanlegvis har arbeidarrørla og bedehusrørla gått heller därleg saman. Dessutan driv Pinsemenigheten Salem aktivt i Sauda. Dei har 78 medlemmer<sup>159</sup>, men når mange fleire gjennom eit utoverretta ungdomsarbeid. Kanskje utgjer dei ein konkurranse for bedehuset?

I Strand kommune ligg Jørpeland med vel 6.000 innbyggjarar. Også dette er ein industristad, og også her er pinseørsla aktiv. Pinsemenigheten Klippen på Jørpeland har 274 medlemmer.<sup>160</sup> Både Sauda og Jørpeland fekk bystatus i 1998 og er dei einaste byane i Ryfylke. Ei samanlikning viser altså fleire like trekk ved desse to byane. Likevel synest det ikkje å vera samanfall på bedehusfronten. Når Strand kjem ut med 144 misjonsmøtedagar i tabellen ovanfor, gjeld det heile kommunen, ikkje berre Jørpeland, men me kan vel likevel rekna med at Sauda med berre 10 misjonsmøtedagar, har langt færre møte enn Jørpeland.

Sauda ligg langt borte frå kysten, inst i Saudafjorden og grensar i nordaust til innlandsbygda Røldal i Hordaland fylke. Tradisjonelt har lekmannsrørla stått sterkest langs kysten og sterkest sør i Ryfylke enn i nord. Samanlikninga mellom Sauda og Jørpeland stadfester langt på veg at det er slik ennå, men Suldal, som ligg i nord, kjem i oversynet ut med mange misjonsmøte, og forstyrrar dermed dette biletet. Det må då nemnast at Suldal er sett saman av fire tidlegare kommunar: Jelsa, Erfjord, Sand og Suldal. Jelsa og Erfjord er dei sørlegaste delane av den nye Suldal kommune. Halvparten av misjonsmøta (29 stk.) finn stad på bedehusa i desse områda, sjølv om mindre enn halve folkemengda i dagens Suldal kommune er busett her.

159 [www.pinsebevegelsen.no/menigheter](http://www.pinsebevegelsen.no/menigheter)

160 ibid.

158 Anne-Marie og Odd Svendsen, s. 40



Moderne kjøkken på Suldal bedehus.

I biografien om Rasmus Løland<sup>161</sup> skildrar Ernst Berge Drange eit samfunn i Indre Ryfylke som ikkje let seg riva med av dei nye evangeliske vekkingane frå 1860-talet og utover. Det seinhaugianske venesamfunnet i Hylsfjorden og på Sand i gamle Suldal kommune hadde nær tilknyting til den offisielle kyrkja og til embetspresten. Haugianismen var for lengst stoverein, og dei nyare vekkingane fekk aldri nedslag i Hylsfjorden.

Sommaren 1880 stod det eit noko uvanleg bryllaup i Hylsfjorden. Det var Anna Bjørga som gifta seg med Ola Nesheim frå Sjernarøyane. Brudgommen og folket hans var bønefolk, pietistar, frå øyane, og hylsfjordingane opplevde det truleg som ein kulturkollisjon då bror til brudgommen heldt religiøs samling i Litlastovå på laurdagskvelden. På søndagen var det ny samling der Ola Nesheim d.e. heldt bøn og las teksten om den gode hyrdingen som leita etter den bortkomne sauene. Rasmus Løland noterer dette i dagboka si. Han nemner og to sandsbuar som diskuterer grundtvigianismen med "øybuadn".

Det var ulike religiøse syn som støytte saman, med pietistane frå øyane og frilynde frå Sand og Hylsfjorden.<sup>162</sup>

I Hylsfjorden kom det aldri bedehus. Bedehus fekk dei heller aldri på Nesflaten eller i Bråtvæit, øvst i Suldal. På Sand

kom det rett nok tidleg bedehus. Det stod ferdig i 1872 og er eitt av dei tidlegaste i Ryfylke, men det kan ha vore eit seinhaugiansk fenomen like mykje som det var eit resultat av nyare straumdrag.

I bygdeboka for Sand<sup>163</sup> er det ei skildring av det store pinsesestemnet på Sand i 1876. Lars Oftedal stod på talarstolen i bedehuset, som var meir enn fullt. Mange stod ute. Dampen hadde kome overfylt med folk frå Stavanger, og folk frå grannebygdene hadde sett segl for å ta seg fram til Sandslandet. På ettermiddagen måtte møtet flyttast ut og haldast under open himmel. Slike skildringar er ikkje uvanlege. Dei store Ryfylke-stemna, som vart lagde til ulike stader kvart år, finst det mange nedteikningar om.

Frå mange av stemnene, og frå mange av ferdene til emissærane, ligg det føre utførlege skildringar av vekkingane som følgde. Særleg i fotefara til dei som etterkvar tok til å reise for Kinamisjonen. Men ikkje frå Sand. Frå Sand ligg det ikkje føre konkrete skildringar av vekkingar. I alle fall ikkje i dei kjeldene som er tilgjengelege. Og vi hører ikkje om samfunn av frelse på sida av kyrkja. I staden får vi stadige vitnemål om det nære samarbeidet mellom misjonsfolket, bedehuset og presten. Sjølv om kjeldegrunnlaget er svakt, kan det vera grunnlag for å trekke den konklusjonen at kristenlivet i Sand var nærmare knyttta til kyrkja enn det ein fann i andre bygder, og at det grunnlaget for vekkingar som ein fann mange andre stader ikkje var til stades her.<sup>164</sup>

Frå Sand er det også interessant å merka seg at læraren Bertrand Vandvik i si tid var formann både for den frilynte folkehøgskulen på Eide (Ryfylke folkehøgskule) og for bedehuset.<sup>165</sup>

Sjøen og fjordane var hovudvegen før. Reisa mellom Stavanger og Ryfylke gjekk føre seg med båt. Me hugsar at Sven Foldøen gjerne kom roande eller seglende dei første predikantåra sine. Seinare kom han heller med fjordabåten. Men han kom helst sjøvegen. Det same gjorde dei fleste emissærane. Det har alltid vore størst bedehusaktivitet sør i Ryfylke. Kanskje har det med kommunikasjonane å gjera. Var det slik

161 Drange, Ernst Berge 4, s. 60 ff

162 Drange, Ernst Berge 4, s. 61

163 Høibo, Roy, s.188 ff

164 Ibid.

165 Drange, Ernst Berge 3, s. 333



Jørpeland bedehus, Strand, med ny foajé som knyter det saman med nabobygget "Kraftverket", ei stifting der det blir drive ungdomsarbeid av Jørpeland sokneråd og dei ulike misjonsorganisasjonane.

at dei bygdene som låg laglegast til, var dei som oftast fekk emissærbesök?

Ei anna forklaring på at bedehusa har stått tettare på øyane og på kysten enn inne i fjordane, er at kystbuen levde eit farlegare liv enn fjordabuen. Kystfolket sin kvar dag innebar at mannen i lange periodar var borte på fiske, med eit farefullt og hardt yrke, mens kona var heime, med ansvaret for borna og arbeidsoppgåvene på garden. Eit slikt tilvære kravde at folk måtte venja seg til å leva tett på døden – mennene på havet, kvinnene på land i angst og venting. Forlis og drukningsulykker førte ofte til at mange "bleiv" på havet, som dei sa.<sup>166</sup>

Denne teorien kan høva godt på Kvitsøy og Rennesøy som begge representerer kommunar der bedehuskulturen har stått – og framleis står – sterkt. Vanskelegare vert det med Forsand, som har ein sterk bedehuskultur, men som ikkje

kan reknast til kystkommunane i Ryfylke. Forsand er heller ein fjordakommune med store heievanner. Slik sett minner han mest om gamle Suldal og Sauda.

I Hjelmeland kommune er Vormedalen ei av dei bygdene som ligg inne i landet, lengst vekke frå fjorden. Her vart det tidleg eit sterkt haugianarmiljø og seinare bedehusmiljø. Der som det seinhaugianske miljøet i Hylsfjorden danna ein front mot dei nye evangeliske vekkingane frå 1860 og utover, slik me har nemnt ovanfor, gjeld det same ikkje for Vormedalen. Me hugsar at den sentrale haugianaren Helga Vormeland budde her. Ho opplevde aldri å møta Sven Foldøen, men ho levde lenge nok til at ho fekk høyrar om han og forkynninga hans, og ho stilte seg positiv til det ho høyarde.<sup>167</sup> Kanskje kan engasjerte og sterke enkeltpersonar prega miljøet i ei bygd, slik at det kan oppstå meir eller mindre "tilfeldige" område med ulike tradisjonar?

<sup>166</sup> Johansen, Karl Egil: "Den gamle kystkulturen og bedehusa", artikkel i Kulturhistorisk leksikon, digitalisert utgåve

<sup>167</sup> Straume, Jakob, s. 198

Dette feltet krev meir forsking skal ein kunna koma fram til sikre konklusjonar om kvifor bedehustradisjonen står sterkeare sør i Ryfylke enn i nord.

## HUSKYRKJENE I STRAND

Sjølv om bedehuskulturen har endra seg i løpet av dei 170 åra han har eksistert i Ryfylke, er eit bedehus framleis eit bedehus. Dei gamle statuttane som regulerer bruken av bedehuset, vert framleis følgde, sjølv om justeringar har funne stad.

Nokså nyleg har det skjedd noko nytt i miljøet. Kanskje kan det karakteriserast som ei knoppskyting. I Ryfylke finst det nye fenomenet førebels berre i Strand. Det er etableringa av huskyrkjene det her er tale om. Slik presenterer dei seg på eiga heimeside på nettet:

*Vi kaller vårt felleskap for huskirker fordi det er kristne som samles i et hus. Det står om de første kristne at de samlet seg i hjemmene. Vi tror at det er mindre viktig hvor og hvordan vi samles, men at når vi kommer sammen så kan vi dele liv, dele Guds ord, bønn og nattverd. Vi ønsker å ta vare på hverandre som søsken, ansvarligjøre hverandre, forplikte hverandre, hjelpe hverandre. Gud har gitt oss hverandre (kirken) til å hjelpe, trøste og oppmuntre hverandre gjennom livet.*

Av sitatet ovanfor ser me at dei deler nattverd på møta. I tillegg kan dei ha barnedåp. Slik sett markerer dei ein viss avstand til den norske kyrkja, men dette har Misjonssambandet og Indremisjonsforbundet gjort lenge, og IMI-kyrkja i Stavanger, som sorterer under Normisjon, gjer det same – så her viderefører huskyrkjene ein tradisjon som delar av bedehusrørsla har lang erfaring med.

Med jamne mellomrom er det fellessamlingar for alle huskyrkjene, åtte i talet i 2011, på Jørpeland bedehus. Privathusa er ikkje store nok til ei slik samling. Elles seier huskyrkjene at dei ønsker å vera ein del av bedehusrørsla. Formelt sett står dei tilslutta Normisjon region Rogaland.

Når det gjeld misjonsarbeid, støttar huskyrkjene det arbeidet som blir drive av Normisjon og NLM, men dei understrekar at det er like viktig å driva misjonsarbeid i nærmiljøet:

*Vi vil være en del av Jesu kropp i Strand.*

*Som Jesu armer, Jesu føtter og Jesu kjærlighet, Jesu tilgivelse og Jesu omsorg.*



Heia bedehus, Strand.

*Vi tror at vi som Jesu disipler er sendt av Gud til mennesker i Strand for å møte deres menneskelige og åndelige behov.*

*Derfor ønsker vi å invitere mennesker rundt oss til fellesskap med Gud og hverandre.*

Strand huskyrkjer samarbeider med Bedehuskyrkja på Bryne, som oppstod i 2007, med utspring frå både Indremisjonsforbundet og Normisjon på Bryne. På heimesida viser huskyrkjene til nyttige lenker. Bedehuskyrkja er ei av desse. Dessutan finn me lenke til pinsemenigheten Klippen på Jørpeland, NLM Strand, NLM Ryfylke, Normisjon og Den Norske kyrkja i Strand.

Medlemmene i huskyrkjene ønsker å møtast ofte og i små flokkar, og dei snakkar om at dei "som Jesu disipler er sendt av Gud til Strand for å møte deres menneskelige og åndelige behov." Nå skal me ikkje her prøva på ei nærrare tolking av denne utsegna, men det handlar om ein kallstanke, og eitt eller anna minner om noko me har hørt før ... Er pendelen i ferd med å slå tilbake? Er det *bedehusmiljøet* som denne gongen har stivna såpass i formene at nokre grupperingar vel å etablira eigne, enklare og meir underlege samfunn innanfor, men likevel på sida av det etablerte?



Båtar ved kaien i Årdal under Misjonssambandet sitt årsmøte i 1933.

# Bedehusa og ryfylkingen i dag

Skal ein døma etter det ein ser når ein kører langs vegane i Ryfylke, står det därleg til med bedehuskulturen i dag. Samtidig blir det klart at det må ha vore ei svært livskraftig og aktiv rørsle tidlegare. For ein skal ikkje køyra langt før ein passerer eit bedehus, og så eitt til, berre nokre kilometer lenger vekke. Dei fleste er kvitmåla, men den svarte overflatesoppen breier seg i det fuktige klimaet vårt og gir husa eit grått preg. Dessutan har kratt og buskar begynt å krypa oppover veggene og innover vegen fram til inngangsdøra. Alt vitnar om at dei som ein gong gjekk her, har sluttat å koma. Kanskje finst dei ikkje meir. Kanskje går dei nå andre stader.

## FRÅ HEST OG KJERRE TIL PRIVATBIL

I 1927 vedtok eit samstemmig styre for bedehuset på Dalen i Hjelmeland å bygga eit "hesthus" på 5,7 x 3m ved bedehuset.<sup>168</sup> Berge bedehus på Forsand er rive i dag, men i 1939 vart det gjort vedtak om å forlenga eit uthus som hørde til bedehuset, slik at det kunne gi plass til ein hestestall med to båsar.<sup>169</sup> Dette talar om svunne tider. Folk tok seg fram til fotos, til hest eller i båt og hadde dermed ein heilt annan aksjonsradius enn me har i dag. Skulle dei nå fram til bedehuset, kunne det ikkje ligga for langt frå heimen.

I nordre Strand ligg dei fem bedehusa Sørskår, Fiskå, Vatland, Voster og Bjørheimsbygd så tett at ein med bil kan svinga innom alle på vel ein halvtime. Frå Bjørheimsbygd kan ein deretter ta sørover og nå innom dei to bedehusa på Tjøstheim og Heia på 10 – 12 minutt. Utviklinga har gjort mange bedehus overflødige.

Derfor er det naturleg at dei små, kvite trebygningane gror til. Utviklinga har plassert dei på sidelinja. Folketalet i utkantane går tilbake. Dei som framleis bur der, har privatbil og kan



Dette fotoet er og frå kaien i Årdal, men mange år seinare. Det er tatt Kr. Himmelfartsdag i 1967. Inst ligg "Haugesund", så følgjer "Årdalsfjord", "Jøsenfjord", "Sand", "Bokn", "Fjordsol", "Erfjord"? og "Fjorddrott".

køyra til sentrum og gå på det store bedehuset der, om dei vil. Det vesle bedehuset tvers over vegen heime, har ingen bruk for lenger.

Det skjer ei klar sentralisering på bedehusfronten, som på alle andre frontar. Skule, post og butikk har gått gjennom den same prosessen for lenge sidan. I kvar kommune peikar det seg ut eitt, to eller tre bedehus som er store nok til å imøtekoma alle aktivitetane som eit moderne bedehus må romma. Det kan vera gamle bygningar som har gått gjennom stadige oppgraderingar, eller det kan vera bygningar som er sette opp dei siste 20 – 30 åra.

Dei mange tome bedehusa er derfor i seg sjølvé ikkje bevis på at det står därleg til med bedehuskulturen.

168 Protokoll for bedehuset Betel, Dalen i Årdal

169 Tormod Rossavik. s. 17-18




Frå bedehuset Betel på Dalen i Årdal, Hjelmeland.

## Å LEGGA NED EIT BEDEHUS

Mykje frivillig arbeid har vore lagt ned i samband med bygging og vedlikehald av bedehusa. Stor dugnadsånd har alltid prega bedehusmiljøet. Pengar til bygging og vedlikehald er samla inn i krinsen. Folk føler derfor at dei eig bedehuset. Formelt sett gjer dei og ofte det, sidan det i lovane for huset gjerne står at det hører til dei som bur i krinsen. Nokre gonger er det spesifisert at det er "kristenfolket" i krinsen som eig det. Det kan og vera at ei misjonsforeining står som eigar.

Mange minne og kjensler er knytte til bedehuset og aktiviteten som har vore der. Derfor er det vernodig og vanskeleg å avvikla eit bedehus. Særleg for dei som har lyse minne knytte til oppvekst og ungdom – ja, gjerne eit heilt liv – på bedehuset.

Nokre gonger blir det derfor aldri tatt nokon avgjerd om nedlegging. Aktiviteten stoppar berre gradvis opp av seg sjølv ved at dei som var aktive, "legg ned vandrarstaven" – som dei sjølve kanskje ville ha uttrykt det – og ingen tar over. Før eller seinare må nokon då ta ei avgjerd om kva som skal skje med bygningen. Skal vatnet skruast av? Kven skal betale for



Frå Vatland bedehus, Strand.

straum, og kven skal ha ansvaret for vedlikehaldet? Privatpersonar har tatt på seg store årlege kostnader for å forsikra bedehuset som står tomt. Det kan vera ei juridisk nøtt å finna ut av eigartilhøvet i nokre saker, for kven er eigentleg "kristenfolket i krinsen" når all misjonsverksemad ligg nede? Bedehuset "Soar" på Austarheim i Sauda vart selt som "herrelauast gods" i 1997, og salssummen gjekk til misjonen.

I mange høve blir vedtak om nedlegging gjort mens det framleis er eit fungerande bedehusstyre som kan kalla inn til årsmøte. Det var det som skjedde med dei bedehusa som vart avvikla i år, og som er nemnde nedanfor.

I 2003 kom det ei bok med bilete av og informasjon om alle bedehusa i Rogaland.<sup>170</sup> Ein oppteiling viser at Ryfylke er representert med 66 bedehus i boka, men fire av desse er sagt å vera utan aktivitet. I tillegg er skulehuset "Øytun" på Nord-Hidle i Sjernarøy presentert med bilete og tekst. "Øytun" vart overtatt av bygda då skulen vart nedlagt kring 1955, men sjølv om mange kristelege aktivitetar har funne stad på

170 Kleppa, Johannes og Alf Henry Rasmussen (red.)



Østhusvik bedehus, Rennesøy, nedlagt 2011.




Eidssund bedehus, Ombo, Finnøy, lyst ut for sal i 2011.



Getsemane bedehus, Sandanger, Randøy, Hjelmeland, nedlagt 2011. Foto lånt av Jorunn Johanna Sørestad.



To bedehus i Sauda sentrum. Til venstre ligg Fredheim som ble nedlagt og selt i 2011.



Jørstadvåg bedehus Karmel på Ombo, Finnøy.

huset både før og etter at bygda overtok, har det aldri blitt definert som bedehus og fell derfor ut av oversynet vårt. Me står då att med 61 bedehus som var i bruk i 2003.

Dersom ein legg godviljen til, kan ein seja at det er rundt 50 bedehus som er i bruk i dag. Då er også dei med svært liten aktivitet medrekna. På åtte år har altså 12 bedehus slutta av, i snitt mellom eitt og to kvar år. Dei færreste har likevel gjort vedtak om nedlegging. Aktiviteten har berre stoppa gradvis opp, slik at bygningane nå står tote og livlause.

Langt me kjänner til, har berre fire av desse 12 bedehusa blitt offisielt avvikla, og det skjedde i løpet av noko som likna eit "ras" på få månader i år:

- Bedehuset "Fredheim", bygd i 1904 og det eldste i Sauda, med plassering midt i sentrum. Eit privat firma har kjøpt og overtatt eigedomen i 2011. Det var i bruk i 2003.
- "Getsemene" bedehus, Sandanger på Randøy i Hjelmeland kommune, frå 1928, er nedlagt i år. Bygningen står ennå, men fungerer ikkje lenger som bedehus. Var i bruk i 2003.

• Eidssund bedehus på Ombo, Finnøy kommune, bygd i 1950, er lyst ut for sal, men er i skrivande stund (september 2011) ennå ikkje selt. I 2003 er det opplyst at huset ikkje er i bruk, men den formelle avviklinga har altså først skjedd i år.

• Østhusvik bedehus på Rennesøy, bygd i 1962, er omgjort til grändahus i 2011. Var i bruk, men med liten aktivitet, i 2003.

Fleire andre bedehus står meir eller mindre ubrukta. Dei manglar berre eit formelt vedtak om nedlegging. Held denne utviklinga fram, står me om få år truleg att med berre 10 – 15 bedehus i regionen. Til gjengjengjeld vil det vera store og innhaldsrike bygningar med mykje liv og mange aktivitetar.

For kvart bedehus som blir lagt ned, blir det sett punktum for noko av kulturen på staden. Ryfylkemuseet samlar inn og arkiverer bedehusprotokollar for å ta vare på desse for ettertida. Svært mange bedehusstyre har vore flinke til å føra kassabøker og møtebøker, og mykje lokalhistorie og misjonshistorie ligg gjøymt i desse protokollane. Det er derfor viktig at denne dokumentasjonen ikkje går tapt.

#### Å MEINA DET EIN IKKJE SEIER

Det har ofte blitt hevda at alle ryfylkingar har eit bedehus i ryggen. Spøkefuglar har utdjupa utsegna og sagt at dei har det på ryggen. Skal ein seia noko om ryfylkidentiteten, må vegen derfor gå om bedehuset, blir det halde fram. Det er rimeleg å tenka seg at ein kultur som har stått så sterkt i regionen, må ha påverka dei som bur der. Men korleis? På kva måte har verdiane frå bedehuset utkrystallisert seg og lurt seg inn i beinmargen på ryfylkingen? Utan at han eller ho er klar over det sjølv. For når det er snakk om lynne eller identitet, handlar det ikkje om sider ved oss sjølle me er medvitne om. Det stikk djupare enn som så.

John Nessa frå Hetlandsbygda i Hjelmeland har gjort seg nokre tankar om dette. Særleg er han opptatt av språkbruken på bedehuset. Der handlar det mykje om kjensler. Ord som "ånd" og "nånde" er bedehusfolket vane med, sjølv om innhaldet er vanskeleg å fatta. Når det personlege og kjenslevare står i sentrum, må det saklege og korrekte vika. Mykje vert sagt mellom linjene, og ord kan få eit anna innhald på bedehuset enn elles. Til dømes kan ordet "fridom" oppfattast som det motsette i bedehussamanheng. Dobbekommunikasjon

finst det mykje av, meiner Nessa. Verbalt vert det forkjnt at me alle er like store syndarar, medan praksisen i misjonsorganisasjonane syner at nokre, til dømes fråskilte medarbeidarar, er så store syndarar at dei mister jobben sin på grunn av dette.<sup>171</sup> Ryfylkingen har lært seg til å stola på det som ikkje vert sagt, men som likevel vert kommunisert.

*Bedehuset har produsert ein ryfylking som er smålåten i sin språkbruk. Han skryt ikkje over seg sjølv, det lengste han kan strekkje seg til, er å vedgå at det ikkje var så verst, det han gjorde. Ein snusfornuftig nordmann er skråsikker på at 2 pluss 2 alltid er 4, ryfylkingen veit at på åndslivets område kan 2 pluss 2 bli så mangt, men det er sjeldan 4. Ein ryfylking meiner det ikkje alltid slik han seier, for han veit at det går ikkje an å meine det slik ein seier det. Han blir lært på bedehuset at ord kan vere farlege, difor blir han underfundig og tvetydig, på grensa til det småfalske. Dette er ei avansert form for kommunikasjon, og det er det mest særprega ved ryfylkingen. Utan bedehuset hadde vi ikkje hatt dette særpreget.*<sup>172</sup>

Viss det er slik som Nessa hevdar – og det er det kanskje – at kommunikasjon i Ryfylke ofte handlar om det som ikkje blir uttalt, har han rett i at dette er ei avansert form for kommunikasjon. Når ein veit at den ein samtalar med, alltid vil gi uttrykk for at han kan og veit mindre enn han *eigentleg* meiner at han gjer, må ein sjølv plussa på det ein trur at den andre held tilbake. Dermed er det alltid ein fare for at ein kan plussa på for mykje eller for lite. Dette er i sanning ein intrikat måte å kommunisera på! Ein ryfylking som har budd i Vesterålen dei siste 20 åra seier at nordlendingen er *frigjerande ærleg*: han seier det han meiner utan å pakka det inn på nokon måte. Han frå Ryfylke var ikkje van med det.

## SMÅLÅTEN OG AUDMJUK?

Smålåten skal ein vera, som Nessa seier. Sjølvskryt har ikkje høg prestisje. Kanskje har det samanheng med den pietistiske forestellinga om at mennesket er skrøpeleg og syndig. Lykkast det, er det Gud som skal ha æra. Ut frå denne haldninga vert det feil å rosa seg sjølv. Det er Gud ein skal takka om ein oppnår suksess. I samband med bedehusprosjektet ved Ryfylkemuseet, har fleire aktive kristne blitt intervjua om


171 John Nessa, i Njål Tjeltveit (red.), s. 130

172 ibid., s. 131




Bedehusprotokollar som er merkte av flittig bruk og slitasje.

"Reinskapsbog over Sørbø melkeleveranser til Stvgr. meieri den 9de. oktober 1901" står det på den øvste. Det handlar altså om gjenbruk. Dei første sidene er rivne vekk, og frå 1907 har boka vore brukt som bedehusprotokoll.



Bedehusprotokollar fra 1871, 1966 og 2005. Fra penn og blekk via kulepenn, eller "tørrskrivar", til datautskrift.



Frå Forsand bedehus. Opphavleg hang desse bileta på Berge bedehus, som nå er rive.

arbeidet dei har lagt ned på bedehuset. I etterkant har to av dei, begge kvinner og begge uavhengig av kvarandre, tatt kontakt fordi dei var redde for at dei hadde framstilt seg sjølv som *for flinke* og *for sjølvoppofrande*. Dei understreka at dei eigentleg hadde gjort svært lite, og at det var mange andre som hadde vore minst like aktive ... I begge høva var det snakk om eldsjeler som i utgangspunktet hadde fortalt veldig beskjedent og forsiktig om arbeidsinnsatsen sin. Det er tydeleg at ein skal vera audmjuk når ein snakkar om seg sjølv.

Ei bestemor hadde den store gleda å få høyra eit dikt ho hadde skrive i ungdommen bli tonesett og sunge av eit bar-

nebarn på ei tilstelling på aldersheimen der ho budde. Då ho etterpå vart spurt om ho ikkje var stolt over både sin eigen tekst og barnebarnet, omgjekk ho spørsmålet ved å svara: "Det var gildt at det kom så mykje folk."


Det er ikkje alltid ein set grensene ved eigen person. Å skryta av etterkomarane, kan opplevast som sjølvskryt. Derfor skal ein vera forsiktig med det. Ei som var mor til ei biologisk dotter og ei adoptivdotter, sa at det var mykje som var enklare når det gjaldt adoptivdottera: "Henne kan eg skryta uehemma av. Det er jo ikkje mine genar!"

Meir direkte kom det same synet til uttrykk då ei ung jente reagerte på at mormora aldri kunne sei eitt positivt ord om mor hennar – altså om si eiga dotter – og konfronterte mormora med det. Denne slo hendene saman og sa indignert: "Men eg kan då ikkje skryta av mi eijå dotter!"

Slike haldningar er nok på veg ut. Det er sagt at dagens norske foreldre oppmuntrar ungane sine og rosar dei så mykje at dei osar av sjølvtillit. Truleg gjeld det i Ryfylke og, men framleis er det nok lettare å seia rosande ord *til* avkommet enn å gjera det *om* dei. Sikkert er det nok at ein godt vaksen ryfylking kan oppleva det som ubehageleg å snakka om eigne sterke sider i ein jobbsøkarsituasjon. Per definisjon har jo eigne sterke sider vore noko ein *ikke* skulle snakka om. Den yngre garde, som har hatt oppmuntrande foreldre, og som er oppflaska med amerikanske tv-seriar, kan sikkert briljera i ein slik situasjon, til og med om dei er frå Ryfylke.

Eit utfyllande og sant svar på kva bedehuset har gjort med ryfylkingen, er umogeleg å gi. Området vårt er heller ikkje det einaste som har vore prega av lekmenn og bedehuskultur. Heile Sørlandet og Vestlands-kysten har vore "utsett" for det same. Likevel har me klare, stereotype oppfattingar av at sørlendingen er treg og blid, mens sunnmøringen er dyktig i økonomiske spørsmål og i det å grava til seg pengar. Altså heilt ulike, sjølv om dei har mange bedehus i og på ryggen, dei og.

Sunnfjordingen Jakob Sande gav i 1935 ut forteljinga "Ju-belhornet", ei infam og ironisk skildring av ein omreisande emissær. Dryg i kosten var han, og båten låg tungt i vatnet då dei frakta han innover fjorden. Likevel hadde karen nevar kvite og fine som jomfruhendene i biletbibelen. Han kalla seg "evangelist Lauritz P. Olsen", men gjekk under "heidersnamnet" "Jubelhornet". Og han var frå Ryfylke.



Emissærparodi av Arne Nordbø på Bethel, Finnøy.

## FORTELJINGA OM RYFYLKE

I 2006 gjorde Telemarkforskning ei kartlegging av assosiasjonar folk har til regionen Ryfylke<sup>173</sup>. Både folk utanfor regionen og ryfylkingane sjølv fekk ei liste på 18 ulike emne som dei skulle svara på i kva grad dei assosierte med Ryfylke. Eitt av emna var "bedehus og misjon". 44% av dei utanfor regionen og 50% av ryfylkingane assosierte "bedehus og misjon" i stor grad med Ryfylke. Rett nok skora emna "naturopplevingar", "sauedrift" og "kulturlandskap" høgare, men både "industri-

kultur", "laksefiske", "ungkarsfestival" og mange andre emne måtte sjå seg slått av "bedehus og misjon".

Konklusjonen til Telemarkforskning er at emne med høge prosenttal bør vera viktige kulturøkonomiske satsingsområde i regionen. Det spesielle og særegne må trekka fram for å gjera området til noko spesielt, noko som skil seg ut. Identiteten til dei som bur der, vil bli styrka av det, og reiselivet kan aktivt dra nytte av dette særegne i marknadsføring av regionen som reisemål.

Verksemda "Ryfylke Livsgnist" på Finnøy gjer akkurat det når dei tar busslast på busslast med seg rundt øya, på reise i

173 Solveig Svardal.



Frå Bjørheimsbygd bedehus, Strand.

bedehusland. Eitt av innslaga er møte på bedehuset "Bethel" der emissærparodiene får folk til å vri seg av latter. Bedehusfolka sjølv er ikkje dei som ler minst.

*Den gode historia* er eit satsingsområde for reiseliv og næring. Den gode historia løfter fram gullkorna og held dei opp i lyset. Til underhaldning og formidling – og større innsikt.

Når historia om Ryfylke skal formidlast, må bedehuset vera med. Det må plasserast sentralt i biletet slik at lyset fell på den eine sida og skuggen breier seg på den andre. I skuggen sit ei redd lita jente under bordet mens mora sveivar på ein Singer symaskin. Jenta fell ned i avgrunnar av skrekks for-

di ho har kviskra til mora at naboguten har sagt eit stygt ord. Mora sveivar og sveivar og skildrar glovarme helvetesbål der guten skal brenna til evig tid. Ikkje fordi denne mora var eit bedehusmenneske. Men ho visste korleis det var. Ho hadde sin barnelærdom.

På solsida strøymer fredfylte og inderleg tonar ut når bedehusdøra opnar seg. Der inne er det ei stemning av tryggleik og fred. Folk som vil kvarandre vel og hjelper kvarandre på livsvegen, og som hentar inspirasjonen frå Guds ord, slik dei les det i bibelen. Som har hjarta for dei ulykkelege i framande land – og i bygda. Og som har blikket retta utover denne verda.

Bedehuset kan ikkje lenger plasserast så sentralt i forteljinga som før, men det må få ein godt synleg stad. Salmesongen lyder ennå. Tidvis til raske rytmar og glad, høglydt musikk.

## BOKLISTE

- Alsvik, Jan: *Strand bygdebok 1970 – 1940*, Hafrsfjord 1991
- Arneson, Johannes 1: *År eg minnest, menn eg møtte*, Oslo 1961
- Arneson, Johannes 2: *100 år og minnest mangt*, Oslo 1964
- Barkved, Holger: *Soga um Strand*. Stavanger 1975
- Birkelid, Emil: *Liv i vekst. Jubileumsbok for Stavanger krets av Det Norske Misjonsselskap 1846 – 1946*
- Bjørlykke, Liv Randi: *Arne Aano. Med trekspill og bibel*, Bergen 2002
- Brandal, Trygve I: *Hjelmeland bygdesoge I*, Hjelmeland kommune 1997
- Brandal, Trygve 2: *Hjelmeland bygdesoge 2*, Hjelmeland kommune 1994
- Brandal, Trygve 3: *Kyrkje og kristenliv i Hjelmeland*, Hjelmeland sokneråd 2008
- Brandal, Trygve 4: *Fjordafolk. Kultursoge for Forsand*, Forsand kommune 2002
- Brøgger, Jan: *Kulturforståelse. En nøkkel til vår internasjonale samtid*. Oslo 1993
- Bygdekultur i hundre. Rogaland Ungdomslag 1895 – 1995*
- Bygd og by i nær fortid II. Minneoppgåver for eldre*, Oslo 1982
- Drange, Ernst Berge 1: *Erfjord. Gardar og folk*, Suldal kommune 2004
- Drange, Ernst Berge 2: *Jelsa. Gardar og folk I*, Suldal kommune 2010
- Drange, Ernst Berge 3: *Sand. Gardar og folk II*, Suldal kommune 2000
- Drange, Ernst Berge 4: *Rasmus Løland. Barnebokpioneren fra Ryfylke*, Oslo 2007
- Eikeland, Unni: *Deg å få skode er sæla å nå? Guds bilet i trusforteljingar frå bedehusland*. Rapport frå prosjektarbeid etter tildelinga av Olavstipendet 2003
- Fiskå, Arnfinn 1: *Frå bedehuset til Blindern i Olaf Aagedal (red.) 1986*
- Fiskå, Arnfinn 2: *Lågkyrkjeleg teologi i Rogaland* i Erik Fossåskaret og Berge Fur (red.) 1987
- Fjelde, Kristoffer: *Det første bedehuset i landet*, 1995
- Foldøy, Ola: *Suldal kultursoge, Jelsa II*. Suldal kommune 1981
- Fossåskaret, Erik og Berge Fur (red.) *Rogalandskulturen. Mellom religion og politikk. Ei tverrfagleg vandring gjennom 120 år*. Seminarrapport Høgskolesenteret i Rogaland, Stavanger 1987
- Furre, Berge: *Soga om Lars Oftedal*, Oslo 1990
- Fællesstyret for Det Norsk Lutheriske Kinamissionsforbund: *25 aar, 1916*
- Galta, Haakon: *Gamle Haagens memoarer*, Rennesøy 2008
- Golf, Olav 1: *Sven Foldøen*. Oslo 2002
- Handeland, Oscar: *Vaarløysing III*. Bergen 1936
- Hauge, Alfred: *Emissären. I Aagedal (red.) 1986*
- Helle, Knut (red.): *Vestlandets historie. Kultur*, Bergen 2006
- Hoftun, Halvard M.: *Suldal kultursoge. Gamle Suldal*. Suldal kommune 1981
- Hovda, Johan: Artikkel i Stavanger Aftenblad, 23.04. 1959
- Høibo, Roy: *Soga om Sand*. Suldal kommune 1993
- Jøssang, Lars Gaute: *Aks i vind. Misjonssambandet i by og bygd i Rogaland*, Stavanger 2001
- Kleppa, Johannes og Alf Henry Rasmussen (red.): *Reise i bedehusland*, Bergen 2003.
- Knutsen, Annalisa Thelin: *Kvalvåg Kinamisjonslag gjennom 90 år 1913 – 2003*
- Kvamsøe, Arne Dag: *Ryfylkebedehuset sett frå prestegarden i Njål Tjeltveit (red.) 1987*
- Langhelle, Svein Ivar: *Frå religiøst fellesskap til personlege val*, i Knut Helle (red.)
- Lillehammer, Arnvid 1: *Soga om Sauda III*, Sauda kommune 1991
- Lillehammer, Arnvid 2: *Paa en vilsom sti*, Stavanger 1981
- Moen, Ruth Anne: *Dansetradisjonar i Rogaland*. I Rogaland Ungdomslag 1895 – 1995
- Nes, Edle Lerang: *Myke brudd. Endring og kontinuitet i bedehusmiljøet på Finnøy*. Masteroppgåve ved Sosialantropologisk institutt, UiO 2009
- Nessa, John: *Alle ryfylkingar har eit bedehus i ryggen*, Njål Tjeltveit (red.) 1987
- Rennesøy prestegjeld 1837 – 1937, Stavanger 1938
- Risa, Sigurd: *Det brydder då etter plogen*, Finnøy misjonslag 2006
- Rossavik, Tormod: *Historien om Berge bedehus og bygging av nye Forsand bedehus*, 1991
- Sandvik, Sigurd: *Frå Suldal til Sunnhordland*. I Bygd og by i nær fortid II, Oslo 1982
- Seland, Bjørg og Olaf Aagedal: *Vekkelsesvind*, Oslo 2008

Sigmundstad, Åsmund: *Frilyndt ungdomshus brukt som bedehus, grunnfagsoppgåve i kyrkjehistorie 1987*

Svendsen, Anne-Marie og Odd: *På ditt ord. Kvitsøy bedehus 125 år, 2006*

Svendsen, Randi Berge: *Bjørn. En biografi*, Oslo 2007.

Straume, Jakob: *Kristenliv i Rogaland*, Bergen 1956

*Suldal heradstyre 1837 – 1937*

Sørbø, Jan Inge: *Lyset frå fars ansikt. Refleksjonar ved livets slutt*, Oslo 2010

Tjeltveit, Njål 1: *Bedehus og ungdomshus*, i Ætt og heim 1992

Tjeltveit, Njål 2: *Bygda blei omvend. Vekkinga i Kvilldal*, Njål

Tjeltveit (red.) 1987

Tjeltveit, Njål 3: *Fister ungdomshus – samlingsstad for heile bygda*. I Folk i Ryfylke 1/1985

Tjeltveit, Njål (red.) 4: *Bedehuskulturen. Bedehus og bygdeliv i Ryfylke*, Stavanger 1987

Tønnessessen, Elise Seip og Solfrid Vika: *Takk for livet*, Oslo 1983

Veka, Johan: *Glytt frå kristenlivet i Rogaland*, 1952

Vestbø, Nils Ladstein 1: *Bethel 100 år*, Stavanger 1978

Aagedal, Olaf 1: *Bedehusstrategiar mot sekularisering* i Erik Fossåskaret og Berge Furre (red.) 1987

Aagedal, Olaf (red.) 2: *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*, Gjøvik 1986

## **UPUBLISERTE KJELDER**

Fjetland, Ludvig: *Nokre tankar og minner om stevnene paa Geitaflaata*, 1982

Golf, Olav 2: Foredrag 2008 om forfattaren Alfred Hauge

Golf, Olav 3: Kåseri på Omboheia 1998

Rossavik, Andreas. Manuskript om kristenlivet i Forsand, nedskrive kring 1977

Vestbø, Nils Ladstein 2: *Frå kristenlivet på Finnøy gjennom tidene*, nedskrive 1978

## **ANDRE KJELDER**

Johan Veka 2 i NEG, Norsk Etnologisk Gransking, emnenr. 88: Møtestaden (Suldal)


# 102 bedehus, eit oversyn



1837 – ca. 1871, **Tau, Strand**. Bedehuset stod kanskje ved Strandakyrkja. Kjøpt av heradet i 1871. Uvisst om det vart brukt til bedehus etterpå.



1869 – 1911, **Zoar**, Årdal, Hjelmeland. Opphavleg ei stove frå Rennesøy. Rive i 1911 for å gi plass til nytt bedehus. Stod omrent der vegna svingar inn til høgre. I bakgrunnen det nye bedehuset.




1840 – 1940, **Betel**, Hjelmeland. Bedehuset vart tatt av flaum like etter 100-års- markeringa.



1872 – 1960, **Sand**, Suldal. Fungerte som bedehus til 1960 då det nye bedehuset stod ferdig. Bygningen vart riven tidleg på 1980-talet.



1878, "Bethel", Judaberg, Finnøy. Det eldste bedehuset som framleis er i bruk.



1881 – 1997, Kvitsøy. Rive då det nye stod ferdig i nærleiken.



1889 – 1924, Kististova, Kjølvik, Suldal. Huset står framleis og er i dag privat museum. Nytt bedehus bygd i nærleiken i 1924.



1890 – 1907, Sørbø, Rennesøy. Selt til Kloster krins i 1907, då det vart bygd nytt bedehus på Sørbø.



1892 – 1950-talet. **Hanasand, Rennesøy.** Avvikla, men huset står ennå, i privat eige.



1899 – 1905. **Fjelde, Jørpeland, Strand.** Eigentleg skulehus frå 1865. Rive og selt til Heia i 1905. Fotoet er frå 2010 og viser huset slik det står på Heia.



1903 – 1957. **Bjørheimsbygd, Strand.** Rive i 1957 og erstatta av eit nytt.



1904 – 2011. **"Fredheim", Sauda.** Det eldste bedehuset i Sauda. Avvikla og selt i 2011.



1905, "Saron", Saudasjøen, Sauda.



1905 – 1976, Langeland, Jørpeland, Strand. Erstatta Fjelde bedehus. Bedehuskapell frå 1921. Rive då nytt bedehus stod ferdig like ved.



1905, Barkved, Strand. Ikke i bruk. Berre bedehusbasar til vedlikehald av huset.



1905 – 1960, Fiskå, Strand. Opphavleg gammalt bustadhus. Rive i 1959 og selt til Ombo. Nytt bedehus bygd på same staden.



1905, **Mosterøy, Rennesøy.**



1905 – 1962, **Innakleiv/Heggland, Rennesøy.** Skulehus frå 1868. Rive då Østhusvik bedehus stod ferdig i 1962.



1906 – 1975, **Heia, Strand.** Først skulehus på Fjelde, så bedehus på Fjelde, deretter på Heia. Der bygde krinsen nytt i 1975.  
Bygningen står ennå. Privat eige.



1907, **Sørbø, Rennesøy.**



1907 – 1939, **Utstein Kloster, Rennesøy.** Det gamle bedehuset frå Sørbø. Rive i 1939 og selt til sjøhus. Bygde nytt på same staden.



1908, **Byrkjeland, Forsand.**



1908, **Talgje, Finnøy.** Ombygd og påbygd mange gonger. Ingenting att av det gamle i dag.



1909, **Vatland, Strand.**



1910 – 1969, **"Fredtun"**, **Runestad, Fogn, Finnøy**. Huset står framleis. Privat eige.



1910 – 1995, **Sør-Bokn bedehus, Finnøy**. Omgjort til grendahus kring 1995.



1910 – 1959, **"Nain"**, **Hålandsosen, Erfjord , Suldal**. Kombinert bedehus og kommunehus.  
Rive etter at det hadde kome opp nytt bedehus nede ved fjorden.



1911 – 1960, **"Emmaus"**, **Steinnesvåg, Finnøy**. Rive i 1960 for å gi plass til nytt bedehus.



1911 – 1991, **Langeland, Fogn, Finnøy.** Ombygd til bedehuskapell. Avvikla i 1991 då Fogn kyrkje stod ferdig. Rive i 1994.



1911, "Karmel", Jørstadvåg, Ombo, Finnøy. Nesten ingen aktivitet i dag.



1911, "Håpet", Sandsbygda, Suldal. Nesten ingen aktivitet i dag.



1912 – 1987, **Kyrkjebøen, Årdal, Hjelmeland.** Nybygg i 1912, men ei stove stod att frå det gamle og vart innlemma i dette nye. Avvikla i 1987 då nytt bedehus stod ferdig på ny tomt. Rive.




1912, "Betania", Reilstad, Finnøy.



1913 – 1989, Idse, Strand. Rive 1989 då det nye stod ferdig i nærleiken.



1913, "Knut Fossaas Minde", Jøsneset, Hjelmeland.



1915 – 1986, Berge, Forsand. Rive 1986 då Forsand bedehus stod ferdig eit stykke unna.



1916, "Siri og Lars Randas Minne", Randøy, Hjelmeland. Har alltid vore i privat eige. Nesten ikke brukt sidan 1970-talet.



1918, "Betel", Sauda.



1918 – 1997, "Soar", Austarheim, Sauda. Austarheim gamle skulehus. Kjøpt av krinsen i 1918. Flytta og sett opp på Herheim i 1955. Aktiviteten avtok på 1980-talet. Rive i 1997.



1918 – 1970, Tveita, Ropeidhalvøya, Suldal. Rive. Krinsen overtok Bygda skulehus på Tveita i 1970 og brukte då det som bedehus.



1919, **Lauvsnes, Finnøy**. I dag brukt av det kristelege ungdomslaget.



1919 – 2002, **Bru og Sokn, Rennesøy**. Opphavleg eit gammalt skulehus frå Tau. Rive då det nye bedehuset stod ferdig eit stykke unna.



1919, **"Betel"**, Dalen, Årdal, Hjelmeland.



1919, **"Fredheim"**, Viklevåg, Rennesøy. Huset har gjennomgått mange store ombyggingsar. Det er knapt noko av det gamle att.



1919 – 1963, **"Betel"**, **Erøy**, **Erfjord**, **Suldal**. Rive for å gi plass til nytt på same staden.



1921, **Marvik bedehus og kapell**, **Suldal**. Koret blir stengt av når huset skal brukast som bedehus.



1922, **"Betania"**, **Bjergøy**, **Sjernarøy**, **Finnøy**.



1922 – 1998, **"Sion"**, **Halsnøy**, **Finnøy**. Brukt fram til det nye stod ferdig i nærleiken. I dag privat bustad.



1924 – 1980, **"Sion"**, *Fogn, Finnøy*. Avvikla då Fogn bedehus stod ferdig i 1980. I dag i privat eige.



1924, **Kjølvik**, *Ropeidhalvøya, Suldal*. Bedehuset bar tidlegare namnet "Holger Kjølviks Minne".



1925, **"Emmaus"**, *Refsbygd, Ropeidhalvøya, Suldal*.




1928, **Vormedalen**, *Hjelmeland*.



1928 – 2011, **"Getsemane"**, Sandanger, Randøy, Hjelmeland.  
Bedehuset stod først i Kådåvågen, men vart flytta til Gjerde i 1941.  
Avvikla i 2011. Huset står framleis.



1928, **"Betel"**, Nessa , Hjelmeland. Ingen aktivitet i dag.



1928, **Vestre Åmøy**, Rennesøy. Ombygd og vigsla til kapell i  
1953.



1929, **Hellandsbygd**, Sauda. Ombygd og vigsla til kapell i 1956.  
Bedehuset då flytt til kjellaren, men lite brukt dei siste åra.



1934 – 1988, **"Fredtun"**, **Suldal**. Rive då det nye stod ferdig i ved kyrkja i 1988.



1932, **Sundgardane/Sørskår, Strand**.



1934, **Tjøstheim, Strand**. Huset opphavleg bygd som Tau Losje i 1888. Flytt til Tjøstheim i 1934.



1934, **Jelsa, Suldal**.



1934, **Kvilldal, Suldal**. Opphavleg bygd som ungdomshus i 1922



1935, **Meling, Forsand**. Bygningen som står i dag, er fra 1983.  
Det første bedehuset brann ned i 1982.



1936, **Øye, Hjelmeland**.



1937, **Voster, Strand**.



1938, **Askvik, Hjelmeland.**



1939 – 1991, **Hebnes, Suldal.** Rive i 1991. Frå 1990 var møta lagt til det tidlegare Hebnes skulehus, som då vart kalla grrendahus. Dette vart rive kring 2006.



1939 – 1996, **Utstein Kloster, Rennesøy.** Erstattat eit gammalt i 1939. Avvikla og rive i 1996.



1943 – ca. 2000, **"Fredly", Foldøy, Suldal.** Avvikla og selt som hytte.



1949 – 1998, **Kyrkjøy, Sjernarøy, Finnøy**. Avvikla og selt til bustad.



1950 – 2011, **Eidssund, Ombo, Finnøy**. Avvikla og lyst ut for sal i 2011.



1951, **"Betel"**, **Hjelmeland**. Erstattet det gamle som vart tatt av flaum i 1940. På grunn av krigen tok det lang tid å få bygd nytt.



1954, **Fjellet, Erfjord, Suldal**. Opphavleg butikkbygning fra Hålandsosen.



1955 – slutten av 1970-talet, **Skår, Ombo, Hjelmeland.**  
Bygningen vart aldri helt ferdig. Berre kjellaretasjen kom i bruk.



1955, "Betel", **Jøsenfjorden, Hjelmeland.** Bedehuskapell.



1956, **Jøssang, Strand.**



1957, **Bjørheimsbygd, Strand.** Erstattat eit gammalt som stod i nærleiken.



1958, **Tau, Strand**. Påbygd og ombygd mange gonger.



1959, **"Nain", Hålandsosen, Erfjord, Suldal**. Erstattar eit gammalt som stod i nærleiken.



1960, **Fiskå, Strand**. Erstattar eit gammalt som stod på same staden.



1960, **Sand, Suldal**. Erstattar eit gammalt som stod eit stykke frå.



1961, **Helgøysund, Sjernarøy, Finnøy.**



1961, **"Emmaus", Steinnesvåg, Finnøy.** Erstattade det gamla bedehuset som stod på same staden.



1961, **Fister, Hjelmeland.**



1962 – ca. 1972, **Tuftene, Hjelmeland.** Skulehus bygd 1928. Bedehus mellom 1962 og ca 1972. Bygningen står.



1964, "Betel", Erøy, Erfjord, Suldal. Erstatta det gamle bedehuset som stod på same staden.



1966, Fjellgardane/Ingvaldstad, Hjelmeland. Skulehus frå 1909. Bedehus frå 1966.



1962 – 2011, Østhusvik, Rennesøy. Avvikla og omgjort til grendahus i 2011.




1969 – 2001, Høyvik, Jelsa, Suldal. Skulehus frå 1952. Bedehus mellom 1969 og 2001. I dag grendahus.



Ca 1970 – 2008, **Tveita, Suldal**. Skulehus som erstatta det gamle bedehuset kring 1970. Avvikla og selt i 2008.



1972, **Finnvik forsamlingshus, Suldal**. Sett saman av Marvik skulehus og Finnvik skulehus. Ingen aktivitet i dag.



1972 – 1990, **Neset, Fister, Hjelmeland**. Øvrebo skulehus. Avvikla som bedehus kring 1990. Privat eige i dag.



1975, **Heia, Strand**. Erstattade det gamle bedehuset som låg i nærleiken.



1976, **Jørpeland, Strand**. Erstattar Langeland bedehus som låg i nærleiken.



1980, **Fogn, Finnøy**.



1981, **Kvalvåg, Strand**. Skulehus bygd 1911. Bedehus frå 1981.



1986, **Forsand, Forsand**. Erstattar Berge bedehus.



1987, **Årdal, Hjelmeland**. Erstattat bedehuset i Kyrkjebøen.



1988, **Suldal, Suldal**. Erstattat det gamle bedehuset.



1989, **Idse og Idsal, Strand**. Erstattat det gamle bedehuset som låg i nærleiken.



1996, **Kvitsøy**. Erstattat det gamle bedehuset som låg i nærleiken.



1998, **"Sion"**, **Halsnøy, Finnøy**. Erstatta det gamle bedehuset som låg i nærleiken.



2002, **Bru og Sokn, Rennesøy**. Erstatta det gamle bedehuset som låg på Havn.

**Tone Alise Årtun** (f. 1952) har vore tilsett ved Ryfylkemuseet i ei prosjektstilling som er knytt til arbeidet med å dokumentere bedehuskulturen. Ho er cand. philol. med faga sosialantropologi, russisk, bulgarsk og nordisk, og har arbeidd som sendelektor i Moskva og som lærar i den vidaregåande skulen.

# Årsmelding 2010

Vedtatt av styret 16.03.2011

## 0 INNLEIING OG SAMANDRAG

Årsmeldinga til Ryfylkemuseet bygger på ein detaljert resultatrapport som direktøren leverer til styret. På noen punkt er likevel årsmeldinga utfyllande i forhold til resultatrapporten.

Dei viktigaste resultata av strevet i 2010 har vore desse (henta frå resultatrapporten):

### Arbeidet med ordning av samlingane gjer store framsteg:

- I samband med flytting av arkivet frå Nesasjøhuset til nybygget på Sand er det gjennomført eit arkivsikringsprosjekt som har ført til god orden og oversikt over arkivet.
- Ein stor del av samlingane i Hjelmeland og Årdal bygdemuseum er katalogiserte i Primus.
- Den store, testamentariske gåva frå Ruth Kvæstad er ordna, reingjort, merka og registrert.
- Inventaret på Li er registrert.
- 1700 foto er digitaliserte.
- Digitaliseringa av lydmaterialet i folkemusikkarkivet har kome i gang.

### Bygningsvernet er ytterlegare styrka dette året:

- Det er oppnådd omfram støtte som har gitt grunnlag for engasjement av prosjekthandverkar i tillegg til dei fast tilsette.
- Restaureringa av eldhuset på Viga er gjennomført og arbeidet held fram på dei andre husa.
- Det er gjennomført kurs og dokumentasjonsprosjekt for å hente fram, dokumentere og vidareføre den handlingsborne tradisjonskunnskapen.

- Det er gjennomført store vedlikehaldsarbeid på "Brødrene af Sand", Guggedalsloftet og Hustveit.
- Li-tunet bidrar til å styrke profilieringa mot bygningsarven.
- Museet utarbeider ei utgreiing om bygningsvernet på musea i Rogaland for Kulturdepartementet.
- Vi har utvikla eit bygningsarkiv som også inngår som modell for oppbygging av bygningsarkiv ved musea i "Handbok for bygningsvern".
- Staten styrker bygningsvernet med ein million kroner frå 2011.

### Det blir samla og produsert ny kunnskap gjennom fleire prosjekt:

- Første bandet av gardshistoria for Jelsa er ferdig.
- Dokumentasjonsdelen av Bedehusprosjektet er langt på veg gjennomført.
- Dokumentasjonsdelen av prosjektet "Common Ground", om innvandring frå Vest-Europa er gjennomført.

Det fleirkulturelle engasjementet held fram også gjennom drift av internasjonale kafear i Suldal og Sauda.

### Den utoverretta delen av verksemda er i positiv utvikling:

- Det er produsert nye utstillingar i løa på Hustveit. Desse står opne heile døgnet. Her er installert telleverk for publikum. Justert for feilkjelder antar vi at besøket har vore ca. 2.000.
- Med grunnlag i arven frå Kvæstad blei det produsert ei utstilling på Nesasjøhuset kalla "Ein kvinneheim". Samla museumsbesøk på Nesasjøhuset har vore 5.603.
- Vi har på oppdrag frå Suldal Vekst drive turistinformasjon i Nesasjøhuset på Sand.
- Det har elles vore faste opningstider på 8 anlegg.



Det var tett av folk då dei nye utstillingane i løa på Hustveit blei opna den 17. juni. Utstillingane her er døgnåpne. Døra er ikkje låst, og når ein går inn, kjem lyset på seg sjølv.

- Eit forsøk på ambulerande museumsvert har gjort det mulig å ha opningstilbod på ytterlegare 5 anlegg.
- Det er gjennomført 45 større og mindre arrangement.
- Det er gjennomført skulesekkttilbod knytt til "Brødrene af Sand", Røynevarden og Industriarbeidarmuseet.
- Det samla besøket, inklusive besøket i turistinformasjonen, har vore rekordhøge 21.552.

## 1 ORGANISERING AV VERKSEMDA

Museet er sidan 1991 organisert som ei sjølveigande, privat stifting. Styret blir oppnemnd av venneforeininga til museet, kommunane i Ryfylke, Rogaland fylkeskommune og dei tilsette.

### Venneforeininga

Etter endringar i lov om stiftingar blei medlemmane til museet frå 2007 organisert i ei venneforeining. Ved årsskiftet var det 396 som hadde fornya medlemskapen sin i venneforeininga gjennom betaling av årspengar. Det var 16 færre enn året før. Dei registrerte medlemmane fordeler seg slik mellom dei enkelte kommunane i Ryfylke:



Ryfylkemuseet har ei venneforeining med eit eige styre. Her er styret fotografert framfor nybygget på Ryfylkemuseet. Frå venstre Einar Berge, Strand, så Jorunn Strand Vestbø, Finnøy og til høgre Kristoffer Nødland, Sauda.

Kommune	2009	2010
Forsand	2	2
Strand	14	15
Hjelmeland	44	41
Suldal	145	140
Sauda	44	41
Finnøy	31	30
Rennesøy	29	30
Kvitsøy	5	5
Andre	98	92
<b>Sum</b>	<b>412</b>	<b>396</b>

Det blei halde årsmøte for medlemmene på Sand 4. mars. I styret for venneforeininga sit Jorunn Strand Vestbø (leiar), Einar Berge og Kristoffer Nødland. Solveig Sande og Trygve Brandal er varafolk.

Venneforeininga har meldt seg inn i Forbundet for norske museumsvenner og planlegg eit seminar for venner av Ryfylkemuseet i tilknyting til årsmøtet våren 2011.

I tillegg til Venneforeininga til Ryfylkemuseet er det oppretta ei sjølvstendig venneforeining for "Brødrene af Sand". Museet og samarbeider også med ei rekke andre foreiningar. Sjå meir om dette nedanfor.

## Styret

Styret har 13 medlemmar:

*For medlemmene (valde på årsmøtet til venneforeininga):*

Terje Hidle, Finnøy (leiar)	Vara: Audun Rake
Kristoffer Nødland, Sauda	Vara: Lars Olav Fatland

*For kommunane (valde av kommunestyra):*

Thore Håland, Forsand	Vara: Reidar Thu
Einar Berge, Strand	Vara: Birgit Hjelbak
Ingjerd Nicolaysen, Hjelmeland	Vara: Olav Hetland
Tormod Skeie, Suldal	Vara: Kari Vaage Gjuvslund
Gro Voldner Birkeland, Sauda	Vara: Knut Risvold Aalvik
Heidi Skifjell, Finnøy	Vara: Grethe Kolbjørnsen
Bjørg Vestbø, Rennesøy	Vara: Christoffer Hausken
Anders Nordbø, Kvitsøy	Vara: Monika Høie

*For fylkeskommunen (valde av fylkestinget):*

Ellen Solheim	Vara: Rune Tvedt
---------------	------------------

*For dei tilsette:*

Trygve Brandal	Vara: Kjell Johnsen
Åshild Marie Øverland	Vara: Bernd Elmies

Styret har hatt 3 møte og behandla 20 saker.

I arbeidsutvalet sit Terje Hidle, Tormod Skeie, Einar Berge, Ellen Solheim og Trygve Brandal. Arbeidsutvalet har ikkje hatt møte dette året.

## Tilsette

Museet har i meldingsåret hatt desse tilsette:

*Faste stillinger:*

Roy Høibo, direktør  
Sanja Ignjatic, kontorleiar  
Maria Corazon A. Dørheim, reinhaldar (50%)  
Trygve Brandal, førstekonservator/avdelingsleiar formidling og samlingar (80%)  
Bernd Elmies, arkivar, (80%)

Åshild Marie Øverland, formidlar (80%)  
Grete Holmboe, antikvar/avdelingsleiar bygningsavdelinga  
Kjell Johnsen, museumshandverkar/driftsleiar  
Sven Hoftun, museumshandverkar/driftsteknikar  
Ruth Anne Moen, konservator folkemusikkarkivet  
Ernst Berge Drange, førstekonservator/bygdebokforsfattar

*Mellombels stillinger:*

Tone Alise Årtun, prosjektmedarbeidar/vikar  
Kjell Gunnar Haraldseid, prosjekthandverkar, frå 17.08  
Åshild Vetrhus, vikar folkemusikkarkivet, (50%) frå 22.09

Gjennom løyving over statsbudsjettet for 2011 kunne prosjekthandverkaren gå over i fast stilling frå 1.01.2011. Det vil bli tilsett ny prosjekthandverkar.

*Sesongtilsette, ekstrahjelp og korttidsengasjement:*

AmiraMohamaed Abdalla, reinhald  
Anita Svendheim, museumsvert  
Audun Magnus Skjelbreid, omvisar  
Britt Pernille Frøholm, instruktør hardingfele  
Bård Drange, museumsvert  
Conny Rasmus, museumsvert  
Elin Sandvik, museumsvert  
Ellen Synnøve Hoftun, julenisse  
Erling Berstad, instruktør hardingfele  
Felis Mohamud, kokke  
Frode Kristensen, museumsvert  
Hanna Yusuf Hussein, kokke  
Jan Olav Omundsen, omvisar  
Jarle Marvik, museumsvert  
Kadra Barre Yousuf, reinhald

Lajla Renate Buer Storli, instruktør hardingfele  
 Lars Kristian Bakka, ekstrahjelp  
 Laurentsa Wigestrønd, museumsvert  
 Mari Andrea Ness, instruktør folkedans  
 Marian Langenberg, museumsvert  
 Marie Meidell Kristensen, museumsvert  
 Mark James Laurenson, dansespel og praktisk medhjelpar  
 Marthe Hamre Lien, museumsvert  
 Melissa Weerstand, museumsvert  
 Nusreta Softic, kokke  
 Oddgeir Heggland Randa, gartner  
 Peter ten Napel, museumsvert  
 Sabira Berbic, kokke  
 Sigrid Bø Grønstøl, føredragsholder  
 Sigurd Johan Heide, instruktør folkedans  
 Siri Dyvik, dansespel  
 Stojna Pehlivanovic, kokke  
 Sveining Søyland Moen, museumsvert  
 Tomine Jelsa Landsnes, reinhald  
 Torkjell Bruland Lavoll, instruktør hardingfele  
 Vanja Ignjatic, museumsvert og ekstrahjelp


#### Praksisplassar

Aleksander Torsteinbø, Sand skule



Taket på Guggedalsloftet på Kolbeinstveit vart vølt på forsommaren i 2010. Guggedalsloftet er den eldste profane trebygningen i Rogaland, og er datert dendrokronologisk til 1281.

Til saman har museet hatt arbeidsgjevaransvar for 12,9 årsverk, praksisplassane ikkje medtatt. Av desse er 11 årsverk knytt til den ordinære drifta. Dei to prosjektstilingane er da ikkje medtatt. Fordelinga av desse årsverka mellom dei ulike oppgåvene er slik:



Denne modellen gir eit uttrykk for dei personalressursane som er til rådvelde for den ordinære drifta. Innafor avdelinga for samlingar og formidling går om lag eit årsverk til sesongdrift av museumsanlegga. Etablering av nye tilbod i kommunane og oppjustering av eksisterande avdelingar krev nye ressursar til drifta. Det er såleis behov for å styrke formidlinga. Personalressursane i administrasjonen, som også omfattar reinhald, er heller ikkje justert i samsvar med veksten i verksamda.

Sjukefråveret har vore på 8,37%. Det er ein auke frå 2,70% i 2010. Auken skuldast i hovudsak ei langtidssjukemelding.

#### Frivillig arbeid

Summen av den frivillige innsatsen er vanskeleg å dokumentere, men oversynet nedafor viser at han er ganske omfattande:

Venneforeininga for Brødrene af Sand utfører eit stort arbeid for å halde "Brødrene af Sand" i drift. Til arbeidet med rigging/nedrigging og vedlikehald reknar venneforeininga år-



Ryfylkemuseet har stor nytte av frivillige hender på mange område. På mest alle restaureringsprosjekt som museet har gjennomført dei siste åra har Jan Gunnar Helmikstøl frå Strand og Jon Seland frå Nedstrand stilt opp og arbeidd i dagevis på eiga fritid og utan betaling. Dei seier dei gjer det av interesse for bygningsvern, og så "e' de så gildt å vere i lag med dokke". Her driv dei med oppmuring av pipa i eldhuset i Viga.

leg kring 500 dugnadstimer. I tillegg kjem den frivillige delta-kinga i seglingar med fartøyet.

På Kvitsøy har vennegjengen deltatt aktivt i arbeidet med å drive Hummarmuseet. Gjengen er nå i arbeide med planar for utviding av drifta og vidareutvikling av museet.

På Rennesøy har folk frå bygdekvinnelaget og historielaget tatt på seg vertskapet på Bakken.

På Håland har Erfjord grenadautval nemnt opp eit gardsstyre som deltar i arbeidet med tilsyn og stell av hagen.

Bygdekvinnelaga i Hjelmeland, Erfjord og Suldal hjelper oss med hovudreingjering i Viga, på Håland og på Kolbeinstveit.

Museet drar også nytte av frivillig innsats i arbeidet med den frukthistoriske hagen i Viga. Rogaland fruktdyrkarlag står med ein representant i faggruppa for hagen.

I Sauda er det eit museumslag knytt til industriarbeidarmuseet. MuseumsLAGET har den siste tida særleg engasjert seg i arbeidet for vern og bruk av Søndenå kraftstasjon, den såkalla Stasjon 3.

Vi har eit samarbeid med frivillige i Foreininga Suldalsdammen om seglingar med D/S Suldal på Suldalsvatnet.

I arbeidet med etterreising, dokumentasjon og vidareføring av den handlingsborne tradisjonskunnskapen i bygningsfaga er vi heilt avhengige av at tradisjonsberarar og informantar stiller opp og er med oss i arbeidet. I år har det vore stor innsats i restaureringsarbeida på Viga, men det har også vore frivillig deltaking i arbeidet med Guggedalsloftet på Kolbeinstveit.



Museet brukar never til restaurering av alle torvtak. Då må det rivast never på den laglege tida på forsommaren, når bjørka svar. Her er Tore Årtun og Jon Seland i arbeid med å flekkja never i Hellandsbygd i Sauda.

## Kvalitetssikring

Museet driv eit systematisk HMS-arbeid i samarbeid med Ryfylke HMS-senter. Det blir kvart år utarbeidd ein samarbeidsplan som lister opp dei tiltaka ein tar siktet på å gjennomføre.

Museet blei i 2008 meldt inn som IA-bedrift. Innmeldinga er i år følgt opp med kursing og iverksetting av praktiske tiltak. IA-avtalen vil bli fornya i 2011.

Det blir frå overordna styresmakter stilt krav om eit stort utval planar for verksemda. Med grunnlag i slike planar utarbeider vi kvart år rullerande handlingsprogram og årsplanar.

For å vedlikehalde og utvikle kompetansen til dei tilsette prøver vi å delta på møte, kurs, seminar og konferansar innanfor aktuelle fagområde, og vi oppmuntrar dei tilsette til å ta på seg verv i nasjonale og internasjonale organisasjoner for på den måten å få rimeleg tilgang til informasjon og kompetanseutviklende aktivitetar. Alle dei fast tilsette har deltatt på slike aktivitetar i 2010. Detaljert oversyn over deltakinga finst i resultatrapporten til styret.




Også i tilknyting til den frukthistoriske hagen i Viga vert det ytt frivillig innsats. Rogaland fruktdyrkarlag oppnemner ein person til å vera med og ha eit ansvar for hagen, og for tida er det Knut Vadla som har vervet. Her steller han med unge tre i den nye delen av hagen ein tidleg vårdag.

## Rammevilkår

Inntektene til museet er driftstilskott frå Kulturdepartementet, fylkeskommunen, vertskommunen Suldal og andre kommunar i Ryfylke, ulike former for prosjektilskott, tilskott til særlege tiltak, gåver og eigeninntekter i form av billettinntekter, sal av tenester, medlemspengar, varesal, kurs m.v.

Det er særleg Museumsreforma som har gitt grunnlaget for den veksten i løyingane som museet har fått dei siste åra. Museumsreforma er eit statleg program for vidareutvikling av musea. Summen av bokførte inntekter var på vel 10 mill. kr. Av dette utgjord driftstilskotta 7 mill. kr. Fordelinga av inntektene til museet kan framstillast slik:



Kulturdepartementet bidrar med det største tilskottet til drifta, deretter kjem Rogaland fylkeskommune og vertskommunen, Suldal. Eigeninntekten omfattar m.a. sal av bygdeboktenester til Suldal kommune. Prosjektinntekter er omframme gåver og tilskott til særskilte prosjekt eller investeringar.

Kulturdepartementet understrekar i sitt tildelingsbrev at "fylkeskommunane, vertskommunar og kommunar som nyt godt av kompetansen, formidlinga og andre tenester frå musea, har eit grunnleggjande delansvar for finansieringa av musea". Det går fram av figuren at kommunane ikkje tar dette ansvaret inn over seg. På denne bakgrunnen har styret tatt eit nytt initiativ for å få kommunane til å engasjere seg

sterkare i museumsarbeidet i regionen. Med bakgrunn i ein modell for fordeling av eit driftstilskott i forhold til folketal og aktivitet presenterte styret eit forslag som til saman kunne gitt museet ei meirinntekt på 850.000 kroner. Men dette fekk ikkje tilslutning.

Tilskotta til Ryfylkemuseet frå kommunane var i 2010 slik:

Kommune	Driftstilskott
Forsand	0
Strand	50 000
Hjelmeland	48 430
Suldal	1 077 000
Sauda	100 000
Finnøy	0
Rennesøy	30 000
Kvitsøy	0

Hjelmeland kommune har gjort vedtak om betydelege tilskott til restaureringsarbeida i Viga frå 2011. Forsand og Kvitsøy dekker kostnadane med drift av Forsand bygdemuseum og Kvitsøy Hummermuseum direkte.

### Museumsbygg

Museet kunne gle seg over nytt museumsbygg for magasin, verkstad og kontor i 2009. Det er blitt eit funksjonelt og godt bygg som har gitt dei tilsette gode arbeidsforhold. Overflytting av arkiv til nybygget har halde fram også i 2010.

Da det blei klart at nybygget kom på plass innafor dei økonomiske rammene som var føresett, blei det sett i gang arbeid med reising av ein stålhall for lager- og byggeformål. Arbeidet med denne er fullført i 2010.

Med desse bygga har museet tatt eit langt steg for å få dekka nødvendige rombehov for drifta. Det var likevel nøkerne rombehov som blei lagt til grunn for planlegginga, og vi ser at vi har liten reserve for magasinering av gjenstandsmateriale. Det kan, innafor ikkje alt for lang tid, vera behov for å utvide stålhallen. Museet bør ta høgde for dette i disponeringa av sine ressursar.

### 2 MUSEET SOM SAMFUNNSMINNE

Den eine, store oppgåva til musea er å vera samfunnsminne. Dette gjer vi gjennom å drive med innsamling, dokumentasjon, forsking og bevaring.

### Bygningar

Den bygningssamlinga Ryfylkemuseet forvaltar er relativt stor. Ved utgangen av meldingsåret var talet på antikvariske bygningar som museet har fullt eller delt ansvar for 73. Bygningane fordeler seg slik på dei ulike avdelingane:

Kommune	Stad	Eigar	Tal
Forsand	Bergevik	Grunneigar/ Forsand kommune	1
Hjelmeland	Viga	Sjølv	10
Suldal	Håland	Sjølv	3
	Jelsa	Sjølv	1
	Sand	Sjølv	1
	Kvæstad	Sjølv	1
	Ritland	Grunneigarane	4
	Kolbeinstveit	Sjølv	15
	Øystad	Grunneigarane	2
	Lalid	Grunneigarane	1
	Røynevarden	Sjølv	6
	Li	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	13
Sauda	Hustveit	Sjølv/Staten	10
	Åbø-byen	Sjølv	2
	Slettedalen	Sauda kommune	1
Rennesøy	Bakken	Rennesøy kommune	1
Kvitsøy	Grøningen	Kvitsøy kommune	1
SUM			73



Restaureringsarbeidet i Viga blir brukt som ein lærearena. Lokale handverkarar har hjelpt oss med å henta fram kunnskapen om legging av helletak. Her ser me Jens Vestersjø og Arnfinn Olsen saman med museumshandverkar Sven Hoftun.

Den store bygningsmassen reiser utfordringar av to slag: Den eine er å ha tilstrekkeleg kapasitet til å kunne drive eit tilfredsstillande restaurerings-, pleie- og vedlikehaldsarbeid. Den andre er å ha tilfredsstillande kompetanse til å kunne drive ei truverdig forvalting av bygningssamlinga.

Gjennom systematisk arbeid sidan 1995 har vi etter kvart bygt opp god kompetanse på bygningsvern. Vi legg stor vekt på å hente fram, dokumentere og vidareføre den handlingsborne tradisjonskunnskapen som vi ser på som ei verneoppgåve i seg sjølv. Dette er i tråd med UNESCOs konvensjon om immaterielt kulturvern som Norge har sluttat seg til, og der handverkskunnskap er ei av dei prioritære arbeidsoppgåvane.

Kompetansehevinga har ført til at vi har fått eit meir realistisk bilde av tilstanden til bygningane. Denne er dessverre dårlegare enn vi tidlegare har rekna med, og det er avdekkja eit stort etterslep på vedlikehald. Vi ser også at endring mot

eit våtare og mildare klima aukar behovet for vedlikehald og reparasjon av bygningane våre.

Vi er tildelt rolla som ansvarsmuseum for Nasjonalt nettverk for bygningsvern og handverkskompetanse på museum (Byggnettverket). Gjennom rolla som ansvarsmuseum har vi arbeidd for å styrke merksemda om bygningsvernet på musea. Dette har ført til ei prioritering av bygningsvernet i tildeilingane frå Kulturdepartementet, der også vi kunne gle oss over friske midlar i statsbudsjettet for 2011. Som ein lekk i arbeidet med å styrke bygningsvernet på museet har Kulturdepartementet bedt oss utarbeide ei utgjeiring om kulturhistoriske bygningar på musea i Rogaland. Denne blir avlevert i februar 2011.

Med nye handverkarstillingar frå 2007 og 2011 har vi fått ein god auke i kapasiteten. Vi reknar nå med at vi har har ein bygningsavdeling som er rimeleg dimensjonert i forhold til løpende vedlikehald, men det er framleis behov for ekstrainsats for å ta att etterslep.

I 2010 er den største ressursen sett inn på å redde bygningane på Viga i Hjelmeland. Her har vi lukkast med å oppnå omframme midlar i form av gåve frå ein privat givar og tilskott frå Hjelmeland kommune. Arbeida i Viga er ikkje fullfinansiert, og arbeida her vi pågå i fleire år.

## Fartøy

Museet eig 12 mindre båtar og Ryfylke-jekta "Brødrene af Sand".

Venneforeininga for "Brødrene af Sand" har også i 2010 tatt hovudansvaret for drifta av fartøyet og har lagt ned eit stort arbeid med vårpuss og anna vedlikehald, rigging for sesongen og nedrigging og klargjering for vinteropplag. Venneforeininga har tilsyn med fartøyet medan det ligg i vinteropplag.

## Gjenstandar

Museet eig eller disponerer gjennom deponeringsavtalar følgjande gjenstandssamlingar: (Sjå tabellen til høgre.)

Etter at det i fleire år har vore gjort eit systematisk arbeid med katalogisering av gjenstandssamlingane, har katalogiseringsarbeidet i 2010 i hovudsak vore retta mot foto. Men kapasisteten på katalogisering har vore redusert fordi medarbeidaren som arbeider mest med dette har vore engasjert med prosjektarbeid (arkivsikring). Dette året er det katalogi-

Kommune	Stad	Tal gjenstandar	Av desse		
			Registrert	Katalogisert	Kat. I Primus
Forsand	Forsand b.mus. (D) <sup>1</sup>	700	0	640	0
	Bergevik, sjøhuset	500	0	0	0
Hjelmeland	Viga <sup>2</sup>	2192	2192	2192	2170
	Hjelmeland b.mus. (D)	1688	1348	1348	1346
	Årdal b.mus., Høiland <sup>3</sup> (D)	591	225	229	210
Suldal	Håland	854	854	854	854
	Jelsa skulemuseum	67	0	0	0
	Sand <sup>4</sup>	2221	2221	1301	1301
	Kolbeinstveit	1211	1211	1211	1211
	Røynevarden	359	359	359	359
	Kvednahola	44	0	0	0
Sauda	Li (D)	988	988	988	0
	Hustveit	527	527	527	527
	Industriarb.museet	539	539	489	539
Finnøy	Sauda museum	1227	1227	186	186
	Finnøy bygdemuseum (D)	1700	1669	1669	0
Rennesøy	BibMus, Kulturhuset	165	0	0	0
	Bakken	100	0	0	0
	Mosterøy b.mus.	455	455	0	0
Kvitsøy	Hummermuseet (D)	348	348	0	0
Magasinet Åmøy <sup>5</sup>	Åmøy	3084	2784	2784	2784
<b>Sum</b>		<b>19560</b>	<b>15959</b>	<b>13789</b>	<b>11487</b>

1 D: Gjenstandane er deponert til Ryfylkemuseet. Eigedomsretten ligg hos den respektive kommunen.

2 Grunneigar på garden står som eigar av gjenstandane.

3 Samlinga vart huslaus i Årdal i 2010 og måtte flyttast til Sand. Ein del av gjenstandane vart kasserte pga. dårlig tilstand.

4 I utstilling på Nesasjøhuset, i magasin i nybygget og i lagerhall på Gardaneset.

5 Dei største gruppene her er gjenstandar frå Erfjord bygdemuseum og frå samlinga etter Johs. Rasmussen på Sand.



Frå skogdag i Sirdal. Frå venstre Kjell Johnsen, Thomas Finnvik, Sven Hoftun, Bjarte Skipevåg, Steinar Moldal og Ole Martin Eikeland.



Museet fekk i 2009 innbuett i eit hus i Suldal som testamentarisk gavé frå Ruth Kvæstad. Roingjering, merking og registrering av gjenstandane vart gjort det følgjande året, og i det arbeidet ytte folk frå Suldal husflidslag ein stor frivillig innsats. På bildet er det Jorunn Stråpa (til venstre) og Gunnbjørg Kvarstein som registrerer ein tekstilgenstand.

sert 24 gjenstandar i dataprogrammet Primus. Til saman er 11487 av museets gjenstandar katalogiserte i Primus.

Museet fekk i 2009 innbuett i eit hus i Suldal som testamentarisk gavé frå Ruth Kvæstad. I alt dreier dette seg om 522 tilvekstførte gjenstandar. Desse er ordna, reingjort, merka og registrert, og nesten halvparten (252) av dei vart delvis katalogiserte i Primus i 2010. På garden Li i Hylsfjorden, som er kjøpt av Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune, har vi registrert og fotografert gjenstandane, i alt 988 nummer.

I Viga har registreringsarbeidet halde fram, og 2192 gjenstandar der er registrerte. Så godt som alle er fotograferte og katalogiserte i Primus. Diasbilda med gjenstandsfoto er tilført museet sitt fotoarkiv dette året. Det meste av gjenstandane i stabburet, eldhuset, Sisselastova og hovudhuset i Viga er katalogiserte. Arbeidet blir utført av Åse Jensen, som arbeider frivillig for oss. Gjenstandssamlinga i Viga er deponert til museet av tidlegare eigar av bygningane.

Tilveksten til gjenstandssamlingane var elles på 50 gjenstandar frå 15 forskjellige private gjevarar. Gjevarane var Einar Schibevaag, Rennesøy husflidslag, Anna Bjørkenes, Anne Akri Galland, Hallvard Foss, Jon Meling, Tormod Hustveit Mo, Ruth Herabaka, Suldal kommune, Svein Helge Høyvik, Sven A. Svensen, Borghild Mo m.fl., Elfrid Kjølviks dødsbu, Anne Bjørkenes og Mosterøy bedehus. Vi har fått tilbod om gjenstandar frå fleire andre i tillegg, men dei har vi takka nei til av ulike grunnar.

Størsteparten av gjenstandane til museet er plasserte i miljøutstillingar på dei ulike anlegga. Resten er magasinerte på tre ulike lokalitetar: I lagerhallen som Ryfylkemuseet disponerer i fellesmagasinet for musea i Rogaland på Åmøy, i magasinet i nybygget på Sand og i lagerhallen på Gardaneset på Sand.

### Naturhistoriske samlingar og kulturlandskapsvern

Ryfylkemuseet er i hovudsak eit kulturhistorisk museum. Men slik samlingane er lokaliserte, ligg forholdsvis godt til rette for å formidle samanhengar mellom kultur og natur. Det er særleg to stader vi har kome i gang med slikt arbeid.

I samarbeid med Nordisk Genbank og frivillige krefter i Hjelmeland er det bygd opp eit klonarkiv med 130 tre av 93 eldre eple-, pære- og plommesortar frå Ryfylke på Viga i Hjelmeland. Det er gjennomført hogging av ein del av trea i den

eldre delen av hagen for å gi meir plass til dei som står att, og fruktrea vart skorne i april. Så godt som alt tilgjengeleg areal i Viga er nå tilplanta.

Gjennom samarbeid med Sauda kommune, Fylkesmannen i Rogaland og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd har museet i lengre tid arbeidd med restaurering, tilrettelagging og skjøtsel av det eine bruket på Hustveit i Sauda. Gjennom bruk av forkjøpsrett har Staten her sikra seg eit unikt naturområde som strekker seg frå fjorden og opp til høgaste heia. Potensialet for bruk til kultur- og naturhistorisk formidling, undervisning og friluftsformål er stort. Frå museet si side har vi satsa mye på å følgje opp samarbeidsavtalen, og har i år fullført arbeidet med gjenreising av løa på garden. Denne vil gi oss rom både for utstillings- og undervisningsformål. Det er utarbeidd revidert plan for vidare utvikling og drift av anlegget. Denne er lagt til grunn for søknadar om omframme tilskott til gjennomføring av tiltaka.

Gjennom avtale med grunneigaren har Nesflaten skule fått høve til å bruke jord på Røynevarden til poteter og anna. Dette er først og fremst eit skuleprosjekt, men det er også eit bidrag til formidling av bruken av åkerarealet kring husa på plassen.

## Foto

Ryfylkemuseet har ei stor fotosamling som tel vel 95 000 foto. Dette fordeler seg på kulturhistoriske foto frå regionen, spesialsamlingar, eigne opptak og gjenstandsfoto. (Sjå tabellen på neste side.)

Vi har ca. 12 500 kulturhistoriske foto frå Ryfylke (medrekna Archer-samlinga). Størsteparten av desse er reprofoto, avfotograferingar av eldre bilde som er lånte inn frå eigarane av bilda. Museet har hatt slike fotoaksjonar i samarbeid med kommunane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Finnøy og sit med negativar i arkivet. Opplysningar om hovuddelen av dei eldre bilda er katalogiserte og lagt inn i database i programmet Primus. Enno er berre ein mindre del av desse reprobilda digitaliserte, men vi arbeider med å få digitalisert stadig meir.

I 2010 har vi registrert ein tilvekst på 650 kulturhistoriske foto. 620 er analoge foto, som etter ein oppryddingsaksjon i fotoarkivet vart tilvekstførte dette året. 30 foto er digitalisering av nyinnlånte originalfoto. I tillegg til dette kjem ein tilvekst

frå Suldal reiselivslag på 2461 dias- og papirfoto (deponi). Fotosamlinga etter Stavanger-mannen Finn Johannessen har museet hatt i arkivet eit par år, men avtale om overtaking vart signert først i 2010. Her er det ei stor mengde av negativar og papirbilde, anslagsvis 10 000 foto. Johannessen reiste mykje i Ryfylke, særleg i Suldal, men også rundtom i andre delar av fylket. Samlinga er førebels berre delvis ordna.

Av eigne opptak er det tilført 2713 digitale foto. Av gjenstandsfoto er det tilført 1871 diasfoto av gjenstandar i Vigatunet og 437 digitale gjenstandsfoto. Mesteparten av desse er frå Li. Samla tilvekst blir såleis 5671 foto.

Det er dessutan laga digitale kopiar av 1459 foto (dias og negativar) i fotoarkivet. Størsteparten av desse er kulturhistoriske foto frå Suldal frå fotoinnsamling i 1982.

Etter kvart som fotosamlinga blir digitalisert kan heile eller delast av samlinga gjerast tilgjengeleg på internett. Fotosamlinga etter Alice Archer på 633 foto samt knapt 500 reprofoto frå Hjelmeland er publisert på internett på Digitalt Museum, ein felles nettportal for norske museum, [www.digitalmuseum.no](http://www.digitalmuseum.no). Ei tematisk nettutstilling om Archer-samlinga ligg likeins på nettet, på nettsida til Fotonettsverk Rogaland, [www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher](http://www.fotonettverk-rogaland.no/nettutstillingar/alicearcher). Det ligg lenke til desse nettsidene på heimesida til Ryfylkemuseet.



Vi får stadig inn interessante eldre foto. Dette bildet hører til ei avlevering frå Aslaug Eide og syner 17. mai-moro på Sand, truleg ein gong på 1960-talet.

	Tal på foto	Herav digitalisert
<b>Kulturhistoriske foto</b>		
Repro av innlånte originalfoto frå fire kommunar (Sauda, Suldal, Hjelmeland, Finnøy), svart-kvitt film	8318	5878
Digitale kopiar av innlånte originalfoto	721	
Originalfoto	2821	11 860
<b>Spesialsamlingar</b>		
Alice Archer	633	633
Julius Bårdsen, Sand	4100	491
Heradsskogmester Kveim, Sauda	2429	
Gartnerhallen	1242	
Widerøe's Flyveselskap	1035	413
Suldalsposten, reportasjefoto	11685	
Bygningsvernprosjektet	5177	
Bunad- og folkedraktrådet	503	
Frå idé til næring	519	
Finn Johannessen, Stavanger	10 000	231
Suldal reiselivslag	2461	39 784
<b>Eigne opp tak</b>		
svart-kvitt film	8191	
fargefilm	386	
dias	10075	
digitale foto	10325	28 977
Andre digitale foto (Suldal reiselivslag)		4 131
<b>Gjenstandsfoto</b>		
svart-kvitt film	3952	
dias	5398	8054
digitale foto (originalt digitale)	1311	10 661
<b>Sum</b>	<b>95 413</b>	<b>15 824</b>

## **Video og film**

Samlinga av video- og filmopptak er på i alt 157 nummer. Av desse er 55 videoopptak som gjeld aktivitetane ved folkemusikkarkivet. 4 er smafilmar, og av dei 98 andre er fleirtalet opptak som speglar ulike sider ved aktiviteten til museet elles. Tilveksten i 2010 var på 1 nummer.

## **Lydband**

Lydbandsamlinga ved Ryfylkemuseet tel 1091 nummer inklusive opptaka i folkemusikkarkivet. Lyden er registrert på ulike lagringsmedium som spoleband, kasettar, DAT-kasettar, minidisk og digitale lydfiler. Noe over halvparten av opptaka er intervju som også er skrivne av, men teksten er ikkje lagt i noen form for database som kunne gi grunnlag for elektro-nisk søk.

Det er registrert ein tilvekst på 16 lydopptak i meldingsåret. 13 av dei er intervju gjort i samband med ulike prosjekt, som bedehus- og Common Ground-prosjektet.

Ved innsamling av lyd bruker vi nå harddiskopptakar og materialet blir lagra på server som digitale lydfiler. Det har vore ei utfordring å sikre tidlegare opptak som er gjort på ulike typer band. Vi har i år prioritert digitalisering av materialet i folkemusikkarkivet gjennom kjøp av eksterne tenester. Arbeidet var ikkje ferdig ved utgangen av året.

## **Privatarkiv**

Privatarkivsamlinga ved Ryfylkemuseet omfattar 122 arkiv. Noe av materialet er ordna, men det meste ikkje. Privatarkiva utgjer om lag 77 hyllemeter.

Tilveksten i 2010 var på 6 privatarkiv. Arkivskaparar til dei tilvekstførte arkiva var Suldal husflidslag, Borghild Bråtvit, Reidun Ronæs, Kari J. Svenneby Svendsen, Kristian Hylen og Foreininga Suldalsdampen.

Det nye museumsbygget på Sand rommar gode arkivrom der det aller meste av arkivmaterialet nå blir oppbevart. Dette gjeld både foto-, papir- og lydarkiv. I samband med overføring av arkivet til det nye bygget er det gjennomført ei revidering av arkivet som delvis er finansiert av stiftinga UNI.

## **Digitalt arkiv**

Som ein forstår er det eit mål at store delar av arkivmaterialet til museet etter kvart blir digitalisert, både av omsyn til sikring

av materialet og lettare tilgang til det. Dette er eit omfattande arbeid som vil ta tid om vi skal få det til innafor dei ordinære driftsmidlane.


Det digitale arkivet blir sikringskopiert gjennom driftsavtalen for dataanlegget som vi har med Kultur IT på Lillehammer. Her er det behov for utviding av lagringskapasiteten. Dette vil bli gjennomført i 2011.

## **Bibliotek**

Det er i 2010 registrert ein tilvekst på 110 bøker. 66 er innkjøpt faglitteratur til biblioteket, 44 er eldre bøker vi har teke inn til museet. I tillegg kjem ein del eldre årgangar av diverse blad. Gjevarane var Randi Jørgensen, Reidun Ronæs, Kristian Steinsbø, Tor Bergjord, Rune Andreassen, Elfrid Kjølvik og Bjarne Sukka.

## **Dokumentasjon og forsking**

Ryfylkemuseet har eit langsiktig samarbeid med Suldal kommune om skriving av bygdebøker for dei ulike delane av kommunen. I 2010 er det arbeidd med bygdebøkene for gamle Jelsa kommune, og første bandet var ferdig før jul. Det vil bli ytterlegare to band som vil vera ferdig i 2012 eller 2013 av-



Førstekonservator Ernst Berge Drange er tilsett på museet og skriv bygdebøker for Suldal kommune. Her signerer han bøker ved lanseringa av bind 1 av gards- og ættesoga for Jelsa.



Museet har hatt gåande eit bedehusprosjekt over nokre år, med mest aktiv periode i 2010 og 2011. Ein del av prosjektoppgåvene har vore å dokumentera alle bedehus i Ryfylke. Her ser vi interiør frå Voster bedehus i Strand.

hengig av endeleg avklaring av kva gardsnummer som skal med i bøkene.

Arbeidet med oppbygging av kompetanse om tradisjons-handverk omfattar også forskingsoppgåver, men dette er omtala på annan stad i årsmeldinga.

I samarbeid med styret i bedehuset "Bethel" på Finnøy er det utarbeidd plan for og søkt om midlar til eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om bedehuskulturen. Arbeidet med dokumentasjonsdelen av prosjektet har gått føre seg på heiltid hausten 2010 og vil bli avslutta i mai 2011. Det vil etter det bli laga ei utstilling på "Bethel".

Med støtte frå Stavanger 2008 har det vore arbeidd med eit prosjekt for dokumentasjon av innvandring frå Nederland og Tyskland kalla "Common Ground". Dokumentasjonsdelen av prosjektet er avslutta i 2010. Det blir opna ei utstilling om temaet i juni 2011.

### **3 MUSEET SOM MØTEPLESS**

Den andre hovudoppgåva til musea er å vera møtestad og dialoginstitusjon. Musea må kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og opplevingar. Sukesessen til musea blir ofte målt ut frå publikumstalet. Ryfylkemuseet legg stor vekt på å styrke den utoverretta verksemda ved museet.

#### **Vitalisering av publikumstilbodet – "Mitt Ryfylke"**

Ei av dei store utfordringane for Ryfylkemuseet er å vitalisere dei ulike avdelingane som hører museet til. Vi forvaltar eit unikt materiale som kan gi vesentlege bidrag både til kulturtelt medvit og identitetsbygging, og til utvikling av reiselivet i regionen. Etter søknad har Ryfylkefondet gitt tilslagn om eit tilskott på til saman 2,5 mill. kr. for tiltak i dei kommunane som er med i Ryfylke IKS. På dette grunnlaget blir det arbeidd med detaljplanar og tilleggsfinansiering for fleire tiltak under hovudtittelen "Mitt Ryfylke". Prosjektet er ein del av merkevaraprosjektet til Ryfylke IKS.

#### *Følgjande tiltak er under utvikling:*

Det er innleia eit samarbeid med Strand kommune, Mølleparkens venner og Strand bygdemuseum om etablering av eit utstillingstilbod med arbeidstittelen "Mjøl og øl" i Bruksløa på Tau. Det er det gamle brukssamfunnet som vil vera i fokus for utstillinga. Det har vore arbeidd med finansieringa sidan 2009, men vi har så langt ikkje lukkast med å fullfinansiere tiltaket, og m.a. fått avslag på søknad om støtte frå Strand kommune. Førebels har vi samla stoff om historia, og gjorde "Mølleparken" til tema for årboka, Folk i Ryfylke, i 2010.

Det er sett i gang omfattande restaurering av bygningane i Viga. Heller ikkje dette er fullfinansiert, men vedtak om deltaking frå Hjelmeland kommune frå 2011 gjer at arbeidet kan fortsetta. Om vi lukkast ønskjer vi å følgje opp restaureringa med reising av eit servicebygg for publikum og etablering av eit publikumstilbod knytt til levemåte og livsstil i landbruket, med særleg vekt på historia om frukt- og bærproduseringa i Ryfylke.

På Sand er det sett i gang arbeid med ei revitalisering av Nesasjøhuset på Sand der det permanente tilbodet har gjennomgått lita utvikling sidan det blei etablert først på 1990-talet. Det er etablert nytt kjøkken og ny kafe og det blir arbeidd med fornying av lysopplegget i huset. I april 2011 vil det bli opna ei ny utstilling for barn basert på forteljinga "Kvitbjørnen" av Rasmus Løland. Det er vidare planar om å produsere ei med arbeidstittelen "Mitt Ryfylke" i Nesasjøhuset.

På lengre sikt (2012-2013) har vi planar om eit prosjekt for dokumentasjon og formidling av sand- og steinindustrien med utgangspunkt i Forsand, og ei tilsvarende prosjekt for veksthusnæringa med utgangspunkt i Finnøy og Rennesøy.

### Andre utviklingstiltak

I Kvitsøy blei det i perioden 2006-2009 etablert eit museum med høg standard knytt til forteljinga om hummaren og andre fiske. Den store utfordringa her er å få til eit skule-, aktivitets- og publikumstilbod som står i stil med investeringane. Dei driftsressursane som er nødvendige for å få dette til er ikkje til stades.

Etter rekonstruksjon av løa på Hustveit blir det arbeidd med etablering av robuste utstillingstilbod om garden og kulturlandskapet. I meldingsåret er det opna to utstillingar: "Stavkonstruksjonen" og "Folka og garden". Utstillingane er døgnopne. Det er eit eksperiment som så langt har fungert godt. I 2011 blir det opna ytterlegare to utstillingar på Hustveit.

### Lølandsenteret

I samarbeid med stiftinga Rasmus Løland-markeringa har museet tatt på seg å arbeide for etablering av eit senter for nynorsk barnekultur og -litteratur i tilknyting til hovudsetet til museet på Sand. Frå hausten 2008 har det vore arbeidd med finansiering av tiltaket. Dei første løvyingane, frå Suldal kom-

mune og Rogaland fylkeskommune, kom på plass i budsjettet for 2010 og det vil bli opna ei utstilling for barn basert på forteljinga om "Kvitbjørnen" i tilknyting til markeringa av at det i 2011 er 150 år sidan diktaren blei født.

Kulturdepartementet har gitt eit mindre tilskott til markeringa, og det er tatt inn ein merknad om senteret i statsbudsjettet for 2011, men vi har førebels ikkje oppnådd tilsegn om støtte til etablering av eit senter.

### Utstillingar

Museet har hatt desse temautstillingane i meldingsåret:

- 01.01-31.12 *Strandstaden Sand*, permanent utstilling på Nesa-sjøhuset
- 01.01-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Kolbeinstveit
- 01.01-31.12 *BibMus*, permanent utstilling i Kulturhuset Mei-eriet, Viklevåg
- 01.01-31.12 *Frå teine til sølvfat*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 01.01-31.12 *Fiske året rundt*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum
- 01.01-31.12 *Stader i Ryfylke*, permanent punktutstilling på Preikestolen Fjellstue
- 01.01-31.12 *Båten og motoren*, permanent utstilling i Kvitsøy Hummermuseum



Utstillinga "Ein kvinneheim" vart vist på museet i 2010. Det var gjenstandar frå den testamentariske gåva frå Ruth Kvæstad som vart vist på utstillinga.

- 04.06-31.12 *Ein kvinneheim*, mellombels utstilling på Sand  
 17.06-31.12 *Stavkonstruksjonen*, permanent utstilling på Hustveit  
 17.06-31.12 *Garden og folka*, permanent utstilling på Hustveit

Vi er og "medeigarar" i ei vandreutstilling om Rasmus Løland som blir administrert av Nynorsk Kultursentrum. Denne blei vist 6 stader i 2009, 6 stader i 2010 og førebels 2 stader i 2011.

Følgjande anlegg har hatt faste opningstider i sommarsesongen:  
 Sjøhuset i Bergevik, Forsand – heile veka  
 Skulemuseet på Jelsa – laurdag-søndag  
 Nesasjøhuset, Sand – heile veka (vintersesongen ope på kvardagar)  
 Kolbeinstveit – tysdag-søndag  
 Li-tunet – ope i to periodar tysdag-søndag  
 Industriarbeidarmuseet i Åbø-byen, Sauda – daglege omvisingar  
 BibMus, Rennesøy – heile året i oppningstidene til biblioteket Bakken, Rennesøy – søndag  
 Kvitsøy Hummermuseum – søndag



Ei forsøksordning med ambulerande vert sommaren 2010 gjorde det muleg å tilby opning på fem stader ein eller to dagar i veka. Sveinung Søiland Moen gjorde ein god jobb som den ambulerande verten.



Blide damer på internasjonal kafe i Sauda, arrangert av Ryfylkemuseet og Frivilligsentralen i Sauda. Jane Nordhagen Ilistad, leiar for Frivilligsentralen, står i midten med Yodit til venstre og Adjam til høgre.

Gjennom ei forsøksordning med ambulerande vert har det i tillegg vore muleg å tilby opning følgjande stader ein dag eller to i veka:

Viga – tysdag og søndag

Røynevarden – onsdag

Hustveit – torsdag

Håland – fredag

Skulemuseet og kyrkja, Jelsa – laurdag

Ordninga med ambulerande vert var vellukka, og vil bli videreført, med noen justeringar, neste år.

I tillegg til dei faste opningstidene har det vore omvising av grupper og arrangement ved fleire av anlegga.

### Arrangement

Attåt opne anlegg og utstillingar, og ofte i tilknyting til desse, har museet kvart år ei rekke arrangement av ulike slag. Til saman har det i 2010 vore 45 større og mindre arrangement. Mellom desse store arrangement som utstillingsopningar, konsertar, seminar om tradisjonshandverk, folkemusikkhelg, forfattarkafear, internasjonale kafear, turar og nissekveldar.

## Barn og unge

Det er utarbeidd skuleopplegg for fleire av anlegga til museet og for "Brødrene af Sand". I Åbøbyen og Industriarbeidarmuseet i Sauda inngår skulebesøk i skulesekkplanen for Sauda. Her har det dette året vore besøk av tre 9. klasser, tre 10. klasser og fire klassar frå vg. skule. Det er elles skulebesøk på Kolbeinstveit. På Nesajøhuset på Sand er det jamt ein del besøk av skular og barnehagar.

I september var det arrangement med Maria Parr i Folkets Hus i Sauda i samarbeid med Løland-stiftinga og Sauda sogelag.

Den årlege folkemusikkhelga samlar deltakarar på tvers av generasjonane, og det var også i år eit stort innslag av barn og unge på dei ulike kursa.

Det er særlege barneaktivitetar på den internasjonale kafeen.

Det var fullt hus på nissekveldane som blei arrangert på Kolbeinstveit og Hustveit før jul.

## Turistinformasjon

På oppdrag frå Suldal vekst har vi drive turistinformasjon på Sand i sommarsesongen. Dette har vore ein "vinn-vinn-situasjon" der begge partar har fått eit større publikumstilbod for



Den årlege folkemusikkhelga i november samlar deltakarar på tvers av generasjonane. På bildet Mari Andrea Ness frå Sunnfjord, som var lærar på dansekurset for barn, saman med deltakar Tonje Lillehammer frå Sand.

dei same pengane som tidlegare blei brukte på bemanning av to besøksstader. For museet har det ført til meirbesøk på museumsanlegget på Sand.

## Besøk

Statistikken for publikumsbesøk i 2010 samanlikna med tala for 2009 ser slik ut:


Stad	2009	2010
Forsand bygdemuseum	170	341
Dalen skule	820	340
Viga	367	838
Hjelmeland bygdemuseum	168	119
Håland	662	597
Jelsa skolemuseum	637	1 271
Nesa-sjøhuset	4 731	5 603
Kvednahola	28	
Kolbeinstveit	2 518	2 488
Røynevarden	850	816
Li		122
Hustveit	541	2 009
Industriarbeidarmuseet	365	654
Bakken	36	115
BibMus	1 020	1 241
Kvitsøy Hummermuseum	376	1 252
Brødrene af Sand	313	60
Sum museumsanlegg	13 602	17 866
Eksterne arrangement	3 448	645
Suldalsdampen	88	221
Turistinformasjon		2 720
Sum publikum	17 138	21 452

I tillegg til dei tala som kjem fram her, kjem besøk på anlegga våre utanom opningstidene. Vi har heller ikkje tal for besøk på vandreutstillinga om Rasmus Løland.

På Hustveit er det installert automatisk teljing av dei besøkande i døra til løa. Det oppgitte talet er justert i forhold til mulege feilkjelder.

Dette betyr at veksten i besøket held fram. Samla er dette det største besøket vi har registrert, og det stadfestar ei god publikumsutvikling dei siste åra, med unntak for fjaråret.

I ei grafisk framstilling ser besøksutviklinga slik ut:



Den nedste delen av kolonnane er besøket i eigne lokale, den neste besøk andre stader, og toppen på stolpen for 2010 er besøk i turistinformasjonen.

## Elektroniske media

Musea blir i sterk grad oppfordra til å ta elektroniske media og nettbaserte kanalar i bruk i si formidling. Ryfylkemuseet har lenge hatt ei heimeside som blir kontinuerleg oppdatert. I 2010 blei det nødvendig å gjennomført ein meir gjennomgripande revisjon av denne da ABM-utvikling sa opp avtalen om webhotell og vi måtte finne ei ny løysing for distribusjon av lista. Omlegging av heimesida har skjedd i samarbeid med Norsk Plan. Ny heimesida var i drift frå månadskiftet juni/juli.

Det er registrert 5.362 besøk på heimesida frå vi etablerte den nye sida i juli og fram til årsskiftet. Vi har ingen samanlikningstal som kan seia noe om utviklinga av bruken av heime-



Songkveld på Håland i Erfjord har etter kvart vorte ein tradisjon. Ryfylkemuseet står for arrangementet saman med Erfjord bygdekvinnelag.

sida. Etter ein litt forsiktig start har besøket på heimesida vore nokså stabilt frå august og ut året.

Kvar månad har vi sidan 2004 sendt ut eit elektronisk nyhendebrev. Dette hadde i 2010 182 "abonnentar".

Den første nettutstillinga, "Turistens bilder", med fotografie frå samlinga etter Alice Archer, blei publisert på nett i 2009. Utstillinga har i 2010 hatt 321 besøkande.

## Andre publikumstenester

Museet driv ei relativt omfattande rådgiving, både over for kommunar og privatpersonar. Dette året har særleg kommunale saksbehandlarar i Hjelmeland, Rennesøy og Suldal brukt oss som rådgjevarar i bygnings- og vernesaker. Også private huseigarar spør om råd som gjeld bevaring og istandsetting av bygningar. Når rådgivinga omfattar synfaring og skriving av rapportar eller uttale blir slike oppdrag fakturerte.

Fotosamlinga vår har også mange eksterne brukarar som er på leit etter bildestoff til ulike formål. Det er faste satsar for kopiering og ekspedering av fotomateriale.

Arkivet elles har færre eksterne brukarar, men vi rår over ein del privatarkivmateriale som kjem til nytte i ulike samanhengar.

Bygdebokskrivaren har mange besøk av folk som vil ha hjelp med slektsgransking.

Folkemusikkarkivet yter tenester til utøvarar av folkemusikk som er på leit etter materiale til verksemda si, og som, på visse vilkår, kan få kopiert materiale som grunnlag for innøving av nytt stoff.

## **Publikasjonar**

I 2010 har Ryfylkemuseet publisert følgjande materiale i eigne og andre publikasjonar:

Brandal, Trygve: Alice Archer – den engelske ryfylkefotografen, Vindetreet, Sogeskrift for Vindafjord 2010


Drange, Ernst Berge: Jelsa. Gardar og folk I, Suldal kommune

Holmboe, Grete: Jakta på tradisjonshandverk i Hjelmeland, Verd å verne, medlemskrift for Fortidsminneforeningen i Rogaland

Høibo, Roy (red.), Brandal, Trygve, Holmboe, Grete, Svensen, Jan Egil, Øverland, Åshild Marie og Årtun, Tone: Folk i Ryfylke 2010, temanummer om Mølleparken, 144 sider, Ryfylkemuseet



Frammøtet var godt då vi i september 2010 kunne markera avsluttinga av første etappe i det omfattande arbeidet vi er i gang med i Viga, med innviing av det nyrestaurerte eldhuset.



Anna Sæbø frå Hjelmeland er ein framståande tradisjonsberar når det gjeld takkebakst. Her steiker ho potekaker på jernhella i eldhuset i Viga.

Moen, Ruth Anne: Honden og katten og grisene, ei samling songar, småstubbar og regler frå Lund, Lund kommune

## **Takk**

Vi vil takke Kulturdepartementet, Rogaland fylkeskommune, Suldal kommune og andre bidragsytarar for godt samarbeid og for støtte til drifta av museet.

Judaberg, 16. mars 2011.  
Terjer Hidle  
Styreleiar

# Rekneskap 2010

Vedtatt av styret 16. mars 2011

## RESULTATREKNESKAPEN

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Salgsinntekt	1 313 968	1 621 393
Bilettinntekter	141 300	199 739
Driftstilskott	7 283 914	6 579 538
Inntektsført fra bundne midlar	1 340 922	1 009 702
Andre driftsinntekter	110 468	210 548
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>10 190 572</b>	<b>9 620 919</b>
Varekostnad	241 897	230 575
Lønnskostnad	6 518 833	5 887 340
Avskrivning på varige driftsmidler	379 933	313 219
Samlinger	88 946	66 918
Utstillingar, publikasjonar og arr.ment	327 055	406 440
Drift og vedlikeh. bygningar og anlegg	1 005 854	721 472
Kontorutgifter	586 602	549 568
Reise og transport	255 977	254 437
Annen driftskostnad	552 875	529 824
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>9 957 972</b>	<b>8 959 792</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>232 600</b>	<b>661 127</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>		
Renteinntekt	125 267	164 885
Rentekostnad	0	
Netto finansresultat	125 267	164 885
Ordinært resultat	357 867	826 012
<b>Årsresultat</b>	<b>357 867</b>	<b>826 012</b>
<b>Overføringer</b>		
Avsett til annan eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar	-357 867	
Avsett til annan eigenkapital utan sjølvpålagte restriksjonar		-826 012
Overført frå annan eigenkapital utan sjølvpålagte restriksjonar	725 205	
Overført til annan eigenkapital med sjølvpålagte restriksjonar	-725 205	
<b>Sum overføringer</b>	<b>-357 867</b>	<b>-826 012</b>

## BALANSEREKNESKAPEN

<b>Eiendeler</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Anleggsmidler		
Varige driftsmidler		
Historiske bygninger	0	0
Andre bygninger	1 681 614	1 719 620
Driftsløsøre, inventar, biler, kontormaskiner og lignende	818 031	736 552
<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>2 499 645</b>	<b>2 456 172</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>		
Investeringer i aksjer og andeler	53 690	34 639
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>2 553 335</b>	<b>2 490 811</b>
<b>Omløpsmidler</b>		
Varer	78 325	64 211
Fordringer		
Kundefordringer	116 078	722 182
Andre fordringer	2 993 375	3 707 420
<b>Sum fordringer</b>	<b>3 109 453</b>	<b>4 429 602</b>
Bankinnskudd, kontanter og lignende	5 334 234	3 144 819
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>8 522 011</b>	<b>7 638 631</b>
<b>Sum eiendeler</b>	<b>11 075 346</b>	<b>10 129 442</b>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>2010</b>	<b>2 009</b>
Eigenkapital		
Innskutt egenkapital		
Grunnkapital	200 000	200 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>	<b>200 000</b>	<b>200 000</b>
Opptjent egenkapital		
Annен еgenkap. med selvpålagte restriks.	2 471 743	1 388 671
Annен еgenkapital uten restriksjoner	2 084 593	2 809 799
<b>Sum opptjent eigenkapital</b>	<b>4 556 336</b>	<b>4 198 470</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>4 756 336</b>	<b>4 398 470</b>
<b>Gjeld</b>		
<b>Kortsiktig gjeld</b>		
Leverandørgjeld	372 497	287 080
Skyldige offentlige avgifter	293 903	283 549
Avesetning bundne midlar	5 034 242	4 541 888
Annен kortsiktig gjeld	618 368	618 455
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>6 319 010</b>	<b>5 730 972</b>
<b>Sum gjeld</b>	<b>6 319 010</b>	<b>5 730 972</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>11 075 346</b>	<b>10 129 442</b>



# FOLK i Ryfylke

2017  
BEDEHUS

## BEDEHUS



Årets utgåve av FOLK i Ryfylke handlar om lekmannsrørsle og bedehuskultur i Ryfylke. Skriftet er resultat av eit bedehusprosjekt som Ryfylkemuseet har hatt gåande. Eit anna resultat av prosjektet er ei utstilling på galleriet på bedehuset Bethel på Finnøy.

Museet tok i ferde med bedehusprosjektet fordi vi har ei målsetjing om å ta opp tema som har vore og er viktige for utviklinga i Ryfylke. Religion, bedehus og lekmannskristendom er opplagt eit slikt tema. Vi er glade for at vi har fått gjennomført bedehusprosjektet, sjølv om det vart i ei mindre utgåve enn opprinnelig tenkt.

Bedehuset er ein del av Ryfylke-sjela og har sett sterkt preg på regionen. Preget var sterkare før, men bedehus er ikkje berre fortid i Ryfylke, det er også levande notid. Verdiane frå bedehuset har prega tankar og haldningar hos fleire generasjonar av ryfylkingar. Forkynninga på bedehuset var noko folk ikkje kunne stilla seg likegyldige til. Når bedehusrørsla var på sitt sterkeste, var ho ein premissleverandør for folk sine verdial. Alle hadde eit forhold til bedehuset, ingen var likegyldig. Gjennom Tone Årtun si framstilling i denne årboka blir du nærmare kjend med bedehuskulturen i Ryfylke.



RYFYLKEMUSEET